

# Skolehistorisk Årbok

## for Rogaland 2024



Gi helsing  
frå kommunane  
i Rogaland

TEMA:

*Skolemannen Sigmund Sunnanå  
Lærarutdanning for grunnskolen i perspektiv*

# SKOLEHISTORISK ÅRBOK

## for Rogaland 2024

(digital)

Redaktør:  
Sigmund Sunnanå

Redaksjonsnemnd:  
Marta Gudmestad, Ellinor Bryne, Tor Ytre-Arne,  
Ketil Knutsen, Dan Dyrli Daatland

37. årgang

TEMA:  
*Skolemannen Sigmund Sunnanå  
Lærarutdanning for grunnskolen i perspektiv*

Utgitt av  
**SKOLEMUSEUMSLAGET I ROGALAND**  
Stavanger 2024

*Framsidesfoto:*

Tinnfatet og pins med kommunevåpna til alle kommunane i fylket og  
Rogaland fylkeskommune er ei helsing og takk til  
Sigmund Sunnanå for godt samarbeid.

# Innhold

Forord .....	5
Skolemuseumslaget og Skolehistorisk Årbok for Rogaland 40 år. Eit historisk tilbakeblikk .....	6
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Sigmund Sunnanå: Bauta i det norske utdannings- landskapet .....	20
<i>Av Svein Helgesen</i>	
Grunnskolelærarutdanning i Stavanger i 70 år – eit historisk tilbakeblikk .....	39
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Lærarrekruttering – ei historie om fortida for framtida .....	46
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Dårleg søknad til lærarutdanning. Kvífor? .....	50
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Kven ønsker å bli ein avmekting lærar? .....	53
<i>Sigmund Sunnanå</i>	
Korleis gjere lærarutdanninga attraktiv att? .....	54
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Innlegg på seminaret på Stord 9. november 2023 ...	56
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Skisse til ny grunnskolelærarutdanning .....	60
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Korleis forsvann dei praktiske og estetiske faga meir eller mindre ut av skulen? .....	62
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Nokre velmeinte råd til Kunnskapsministeren .....	64
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Flytt heller elevar til skular i distrikta .....	66
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Behov for forsøk i lærarutdanninga .....	67
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Årsmelding 2023 .....	69
Regnskap 2023 .....	71
Referat fra årsmøte 2024 .....	72
Regnskap 2024 .....	74
Artikkeloversikt 2016 – 2024 .....	75
Medlemsliste for Skolemuseumslaget 2024 .....	82
Vedtekter .....	84
Vedlegg:	
Utviklingsdrag i norsk landsskule 1739–1889 slik desse syner seg i Rennesøy prestegjeld .....	85
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	

# Forord

Dette er den siste årboka frå Skolemuseumslaget i Rogaland. Frå 1985 har det blitt gitt ut 37 årbøker i lagets regi – 33 i papirformat og 4 digitale.

Det er publisert skolehistorisk stoff frå 1739 til i dag, men det meste av stoffet er frå tida etter 1985 då laget blei oppretta. I årbøkene er det mange velskrivne og innsiktfulle artiklar om ulike emne av skolehistorisk interesse. Dette er stoff som kan vera nyttig for folk som ønskjer å studera nærmare utviklinga av skole og utdanning i denne tidsperioden, til dømes folk som har ansvar for skole og lærarutdanning, forskrarar, lærarstudentar, politikarar og andre som er interesserte i skole- og utdanningsspørsmål.

Innhaldet i denne årboka dreiar seg for det meste om nåverande styreleiar og redaktør sitt liv og virke. Dei fire første artiklane er relativt lange. Den første gir eit tilbakeblikk på historia til skolemuseumslaget og årboka. Den andre er eit portrett av skolemannen Sigmund Sunnanå. Den tredje er ein artikkel om grunnskolelærarutdanninga i Stavanger frå 1954 til i dag. Artikkelen står i jubileumsboka som Universitetet i Stavanger gav ut i november 2024 i samband med at grunnskolelærarutdanninga var 70 år, barnehagelærarutdanninga og praktisk pedagogisk utdanning 50 og lektorutdanninga 10 år. Den fjerde er ein artikkel om rekruttering til grunnskolelærarutdanninga som står i ein publikasjon til *Virke* der lærarrekruttering er tema.

Deretter kjem fleire relativt korte innlegg som handlar om aktuelle skole- og lærarutdanningsspørsmål. Innlegga har stått i forskjellige aviser og vore retta mot ulike lesargrupper. Dette betyr at mange tema går att i dei ulike innlegga. Innlegga kan derfor ikkje lesast som ei samanhengande framstilling. Dersom ein les innlegg etter kvarandre, kan ein berre hoppa over når det kjem noko som ein har lese før.

Som redaktør har eg vore imponert over kor villige folk har vore til å ta på seg skriveoppdrag utan betaling. Dette har gjort det mogeleg å gi ut årboka i 40 år. Eg takkar hjarteleg for alle bidraga.

Eg takkar også for at eg har fått ha kontorplass på Læringsmiljøsenteret på UiS, og å kunna nyta det tekniske utstyret der. Utan dette, og det gode og stimulerande arbeidsmiljøet ved senteret, hadde det vore vanskeleg å få til dei årbøkene som eg har vore redaktør for.

Redaksjonsnemnda håpar at lesarane vil kunna finna interessant lesestoff i denne årboka, og takkar dei som har vore med på å få årboka i stand.

For redaksjonsnemnda.  
Sigmund Sunnanå.  
Redaktør.

# Skolemuseumslaget og Skolehistorisk Årbok for Rogaland 40 år. Eit historisk tilbakeblikk

AV SIGMUND SUNNANÅ

## Innleining

Den som ikkje kjenner fortida, kan ikkje forstå nåtida og eignar seg ikkje til å forma framtida, skal Simone Weil ha sagt (fransk filosof). Skolehistoria fortel om tankar og tiltak som gjeld oppseding og opplæring av barn og unge til ulike tider. Skolen i dag byggjer på ein lang tradisjon av pedagogiske grunnverdiar og erfaringar. Spørsmål som gjeld formidling av kunnskap, dugleik og danning til nye generasjonar, har alltid vore aktuelle og engasjert til debatt. Skiftande samfunnsforhold kan ha gitt ulike svar, men målet har alltid vore å gi barn og unge eit fundament som dei kan byggja liva sine på. I føremålpagrapen i grunnskolelova 1969 står det at «skolen skal hjelpe til så dei (elevane) kan bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn».

Skolemuseumslaget blei oppretta 3. april 1984 på årsmøtet til Vestlandske skolemuseum (nå Stavanger skolemuseum). Laget skulle vera eit frittståande støttelag for skolemuseet som dreiv ordinær museumsaktivitet, til dømes samla inn inventar og utstyr, lærebøker, lærermiddel og andre ting som var aktuelle frå eit skolemusealt synspunkt. Dette blei presentert gjennom utstillingar, samlingar og ved formidling.

Skolemuseumslaget skulle samla inn skolehistorisk stoff og presentera dette i ei årbok. I vedtekten for

laget, som blei vedteke 30. mai 1985, står det at laget «har til oppgave å samle inn skolehistorisk stoff av så vel eldre som nyere dato, spesielt fra Rogaland. Stoffet forsøkes gjort kjent gjennom utgiving av ei årbok». Dette føremålet har seinare vore gjeldande for laget. Det var mag.art. Kåre Dreyer Dybdahl som tok initiativet til å oppretta skolemuseumslaget. Han blei redaktør, og gav ut den første årboka alt i 1984 og den siste i 1999. Han skreiv i alt 44 artiklar i årbökene.



Kåre Dreyer Dybdahl tok initiativet til å oppretta skolemuseumslaget og var redaktør for årboka i 14 år.


Skolemuseumslaget hadde såleis sitt utgangspunkt i Vestlandske skolemuseum. I åra framover var det stort sett dei same personane som stod for aktiviteten og drifta av desse to institusjonane. Det kan derfor vera naturleg å starta med å nemna litt om Vestlandske skolemuseum.

## Vestlandske Skolemuseum

Omkring hundreårskiftet 1900 var tanken om å oppretta skolemuseum aktuell i mange land. Det var skolefolk og lærarorganisasjonar som var opptekne av å realisera denne ideen. I vårt land fekk vi Norsk skolemuseum i Oslo i 1921, Nordafjelske skolemuseum i Trondheim i 1923 og Vestlandske skolemuseum i Stavanger i 1925. I Stavanger var det lærar, stortingspolitikar og seinare skoledirektør Johan Gjøstein som saman med andre framståande skolefolk fekk oppretta skolemuseet her. Stavanger tok på seg å vera vertskommune, og har i alle år stilt gratis lokale til disposisjon.

Museet fekk først rom på St. Svitun skole, men då skolen hadde bruk for rommet sjølv, måtte det i 1957 flyttast til kjellaren i den nye brannstasjonen. Eg hugsar at eg besøkte museet der og blei vist rundt av Johs Gill. Han var styrar for museet frå 1927 til 1961, og han gjorde på frivillig basis ein stor innsats med å samla inn eldre og nyare lærebøker, læremiddel og andre ting som kunne danna grunnlaget for verksemnda ved museet.

Opphaldet på brannstasjonen varte i 16 år. I 1972 måtte museet igjen på flyttefot. Nå fekk det plass i ein sidebygning til Arkeologisk museum, tidlegare Frue Meieri. Her måtte samlingane og utstillingane monterast på ny. Heller ikkje her blei ein varig stad for museet. Neste stopp blei gamle Kvaleberg skole som var ledig frå 1985. Denne skolen blei bygd i 1920, og var eit typisk skolehus frå den tida. Styret tykte nok at plasseringa var mindre høveleg fordi det kom bort



Vestlandske skolemuseum

frå dei andre musea i sentrum, og at dette kom til å påverka status, publikumsbesøk og fagleg samarbeid, men det var heller ikkje andre laglege bygg å finna. Det blei derfor inngått avtale med Stavanger kommune om å få nyttu dette huset til skolemuseum.

Huset høvde på mange måtar godt som lokale for skolemuseet. Her fekk ein plass til ei stove frå omgangscoletid og eit klasserom frå 1920. Her var også eit rom for naturfag og for sløyd og handarbeid. Alle romma fekk tidstypisk utstyr. Ragnhild Ormøy blei tilsett i ei halv konservatorstilling. Ho hadde det faglege ansvaret for oppbygginga av museet og for plassering av samlingane. Museet hadde etter kvart fått mykje utstyr og ei mengd med læremiddel og anna skolemateriell. Ho gjorde ein imponerande innsats med å få bygt opp skolemuseet slik det er i dag. I dette arbeidet hadde ho god hjelp av ein dugnadsgjeng med Arne Tytlandsvik og Jan Selvikvåg i spissen. Skolemuseet stod ferdig i 1987, og det blei halde ein stor opningsfest 22. mai. Tidlegare skoledirektør Lars Beite stod for snorklippinga.

Jan Selvikvåg og Arne Tytlandsvik var sentrale personar i styringa og drifta av Vestlandske skolemuseum.

*Skoledirektør  
Lars Beite var  
ein god støtte-  
spelar for skole-  
museet.*



Saman med Kåre Dreyer Dybdahl oppretta dei skolemuseumslaget i 1984. I åra frå 1984 til 2008, då skolemuseet blei ein del av Stavanger museum, var det eit nært samarbeid mellom desse institusjonane. Årsmøta blei til dømes lagde opp og gjennomførde på same stad og til same tid. Dei same personane går att i styra til kvarandre, budsjetta blei sedde i samanheng, årsmeldingar og rekneskap for skolemuseet og skolemuseumslaget kom på trykk i dei skolehistoriske årbøkene m.m.



*Arne Tytlandsvik var sentral i alt som hadde med Vestlandske skolemuseum å gjera.*



*Arne Tytlandsvik, Ragnhild Ormøy og Bjørnar Tuftedal. Jan Selvikvåg tok bildet.*

1980-talet var ei god tid for Vestlandske Skolemuseum. Som nemnt ovanfor, hadde museet i 1985 fått eit meir permanente lokale på Kvaleberg gamle skole. Museet hadde også kome inn under Rogaland fylkeskommune si museumsverksemd. Dette betydde auka og sikrare økonomi med mellom anna øyremerkte tilskot frå Kulturdepartementet.

Som nemnt ovanfor, hadde museet også fått Ragnhild Ormøy i halv konservatorstilling. Ho var kunnskapsrik og gjorde ein stor innsats med å planleggja og byggja opp museet, og å leggja grunnlaget for drifta i åra framover. Ho fekk i stand store skolehistoriske utstillingar, til dømes i samband med 250-årsjubileet for den første skolelova i 1739. I Skolehistorisk årbok for 1987 er det teke med ei velkomsthelsing skriven av Ragnhild Ormøy til lærarar og skoleklassar om å koma til skolemuseet. Her kan dei få omvising og få sjå og oppleva korleis skoletilhøva har vore i ulike tider.

I 1996 blei den halve konservatorstillinga utvida til heil stilling, men halve stillinga blei i samsvar med ein samarbeidsavtale disponert av Stavanger museum. Ragnhild Ormøy hadde halv konservatorstilling på skolemuseet frå 1985 til 1994. Elin Tollerud overtok då stillinga. Ho førde arbeidet til Ragnhild Ormøy vidare både når det galdt utstillingar og formidling. Tollerud gjorde ein særleg innsats med å styrkja formidlingssida ved verksemda til skolemuseet. Ho hadde stillinga til 2007. Hege Stormark, som var konservator på Stavanger museum med Barnemuseet som ansvarsområde, overtok då som konservator også for skolemuseet. Alle konservatorane var periodevis med i redaksjonsnemnda og skreiv artiklar i årbøker.

## Skolemuseumslaget i Rogaland

### *Laget blir stifta*

For Kåre Dreyer Dybdahl og dei andre skolefolka som stod for skolemuseet, var det ikkje nok å ha eit museum som samla inn, tok vare på og formidla kunnskap om konkrete ting som hadde vore i bruk i skolen til ulike tider. Ein måtte også samla inn og formidla skolehistorisk stoff. På årsmøtet i Vestlandske skolemuseum 3. april 1984 blei derfor Skolemuseumslaget i Rogaland skipa. Det blei sett ned eit styre med Johan Lindal som formann, Jan Selvikvåg og Bjørnar Tuftedal som styremedlemmer, Liv Dreyer Dybdahl som kasserar, Kåre Dreyer Dybdahl som sekretær og redaktør og Jens Refsland som revisor. Dette styret blei attvalde på årsmøtet i 1986.

Skolemuseumslaget fekk ei anna organisasjonsform enn skolemuseet. Vestlandske skolemuseum blei i 1925 skipa som eit halvoffentleg museum med styrerepresentantar utpeika av lærarorganisasjonane, Stavanger skolestyre og Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Seinare kom også Rogaland fylkesskolestyre med. I 1975 kom museet inn under Rogaland fylkeskommune si samla museumsverkesemd, og i 1999 blei museet ei stifting med eit representantskap som valde styret. Denne organisasjonsforma hadde det til det blei ein del av Stavanger museum i 2008.

Skolemuseumslaget skulle vera ein medlemsorganisasjon der eit årsmøte valde styre, godkjende årsmeldingar og rekneskap og gjorde vedtak i andre saker som var viktige for laget.

### *Styringa av laget*

I dei første vedtektena står det at styret for laget skal ha fem medlemmer. To av desse er formann og nestformann i Vestlandske skolemuseum. Dei andre blir

valde av årsmøtet. I vedtekten blei det gjennom åra gjort mindre justeringar. Då det i 2016 blei slutt på det formelle samarbeidet mellom Stavanger museum og skolemuseumslaget, fall ordninga med representantar frå skolemuseet i styret for skolemuseumslaget bort.

**Johan Lindal** var formann i tidsrommet 1984 – 1999. I hans formannsperiode var det stort sett dei same medlemmene i styret som blei valde i 1984. I 1986 kom Arne Tytlandsvik med i styret, og Arnt Vasshus og Dan Dyrli Daatland blei varamedlemmer. I 1988 kom Art Vasshus med i styret i staden for Bjørnar Tuftedal som hadde bede seg friteken både i styret for Vestlandske skolemuseum og i redaksjonsnemnda. Arne Tytlandsvik og Jan Selvikvåg var styremedlemmer frå Vestlandske skolemuseum. I 1990 kom Heidi Kleppa og Arnold Jørgensen inn som varamedlemmer. I 1996 kom Bjarne Gloppe inn som medlem i staden for Arnold Jørgensen. Peder Lalim blei revisor.

På årsmøtet i 1999 blei Johan Lindal takka av som formann med blomster og takk for stor innsats. På årsmøtet blei det også retta ein stor takk til Liv og Kåre Dreyer Dybdahl. Heilt frå starten hadde dei planlagt og gjennomført det aller meste av arbeidet med å gi ut Skolehistorisk Årbok for Rogaland.

Før Johan Lindal blei lærar, hadde han arbeidd i Stavanger Sparekasse (nå SR-bank). Denne bakgrunnen viser att i årbökene mellom anna ved at han har fått annonseinntekter. Han tok også initiativet til å oppretta Stavanger Skolesparekasse der elevane gjennom konkrete sparetiltak kunne læra å spa.

**Arne Tytlandsvik** blei vald til ny leiar for skolemuseumslaget på årsmøtet 1999. Som styremedlemmer blei Gunvor Selvikvåg valt til kasserar og sekretær og Sverre Meling til styremedlem. Jan Selvikvåg og

Arne Tytlandsvik, med Marta Gudmestad som vara-medlem, blei styremedlemmer valt av Vestlandske skolemuseum. Varamedlemmer: Roar Svendsen og Bente Kvame. Revisorar: Johan Lindal og Peder Lalim.

**Jan Selvikvåg** blei vald til styreleiar på årsmøtet 2001. Arne Tytlandsvik blei takka for godt utført arbeid. Liv Dreyer Dybdahl blei takka for arbeidet som styremedlem og kasserar og fekk ein gavesjekk. Jan Selvikvåg fekk desse med seg i styret: Gunvor Selvikvåg heldt fram som kasserar og sekretær og Sverre Meling som styremedlem. Arne Tytlandsvik og Roar Svendsen var valde av Vestlandske skolemuseum med Marta Gudmestad som varamedlem. Varamedlemmer i styret: Bente Kvame og Sigmund Sunnanå. Johan Lindal og Peder Lalim revisorar.

På årsmøtet 2002 sa Jan Selvikvåg minneord om Kåre Dreyer Dybdahl som døydde 6. mars. I årboka for 2001 er det ein artikkel om denne framståande skole-



*Jan Selvikvåg er lærar for ei gruppe elevar som er på besøk på skolemuseet.*

mannen og historikaren. På møtet blei det referert takkebrev frå Liv Dreyer Dybdahl for pengegåva.

Jan Selvikvåg var styreleiar til 2008. I hans styreperiode skjedde desse endringane: På årsmøtet 2002 blei Sigmund Sunnanå ny styremedlem. Jan Bjarne Bø ny varamedlem. I 2006 fekk Johan Lindal og Peder Lalim gávekort som takk for innsatsen som revisorar. Egil M. Dale og Olav Espedal blei valde til nye revisorar.

**Sigmund Sunnanå** blei vald til styreleiar på årsmøtet i 2008. Han fekk desse med seg i styret: Kjell Espedal, Sverre Meling, Ketil Knutsen og Gunvor Selvikvåg som kasserar og sekretær. Varamedlemmer: Bente Kvame og Jan Selvikvåg. Revisorar: Egil M. Dale og Olav Espedal.

I hans periode skjedde desse endringane: På årsmøtet i 2009 blei Marta Gudmestad og Jan Selvikvåg varamedlemmer. På årsmøtet i 2010 blei Marta Gudmestad styremedlem i staden for Sverre Meling. Tor Ytre -Arne blei ny varamedlem. På årsmøtet i 2014 blei Ellinor Bryne valt til nytt medlem i styret i staden for Gunvor Selvikvåg. Marta Gudmestad tok over som kasserar og sekretær og Sissel Østrem blei ny varamedlem.

På årsmøtet i 2015 fekk Jan og Gunvor Selvikvåg gáver som takk for stor innsats for skolemuseumslaget og skolehistorisk årbok. Jan Selvikvåg hadde då vore med i laget sidan starten i 1984. Han hadde i lange periodar vore leiar av laget, redaktør av årboka og dessutan vore medlem i styret og i redaksjonsnemnda. Ingen har gjort ein lengre innsats for skolemuseumslaget enn han! Jan og Gunvor Selvikvåg blei også takka av med ein middag på restaurant Tango.

På årsmøtet i 2016 blei Tor Ytre-Arne valt som nytt styremedlem i staden for Kjell Espedal som ikkje ønskte attval. Det blei sendt blomster til Kjell Espedal med stor takk for innsatsen i styret og i redaksjons-

nemnda. Egil M. Dale og Olav Espedal ønskte også avløysing. Dei fekk tilsendt blomster som takk for godt arbeid. Kåre Tysland blei vald til ny revisor. På årsmøtet i 2020 hadde Sissel Østrem sluttat som varamedlem. Dan Dyrli Daatland kom inn i staden for henne.

### *Administrasjon*

Skolemuseumslaget har aldri hatt nokon stor administrasjon. På årsmøtet i 1984 blei Liv Dreyer Dybdahl valt til styremedlem og kasserar. Dette innebar at ho fekk ansvaret for arbeidet med budsjett og rekneskap m.m. Då Kåre i 1976 blei utsett for ei ulykke, og etter kvart måtte sitja i rullestol og bli sengeliggjande, gjorde ho ein stor innsats med å hjelpe han i arbeidet som forfattar av artiklar og redaktør av årboka. Ho hjelpte han mellom anna med å reinskriva manus, henta stoff frå arkiv og bøker på bibliotek, levera manus til trykking osv. Utan hennar hjelp hadde det nok vore vanskeleg for Kåre å ha jobben som redaktør.

Gunvor Selvikvåg blei valt til styremedlem og kasserar i 1999. Ho fekk dei same oppgåvene som Liv Dreyer Dybdahl hadde hatt, mellom anna med budsjett og rekneskap. Det var også ei oppgåve for kasseraren å halde orden på medlemslister, senda brev og årbøker



*Gunvor og Jan Selvikvåg.*

til medlemmene, leggje til rette for styre- og årsmøte, skrive referat med meir. Arbeidet med dei administrative oppgåvene var ein viktig funksjon i verksemda til laget. Gunvor Selvikvåg tok seg av desse oppgåvene på ein svært god måte.

Marta Gudmestad tok over arbeidsoppgåvene til Gunvor Selvikvåg i 2010. Arbeidet med dei administrative oppgåvene blei etter kvart endå meir omfattande og krevjande med mellom anna rapportering til Brønnøysundregisteret, kontakt med medlemmen m.m. Som styreleiar og redaktør ville eg ikkje greidd å gjera jobben utan den gode hjelpana Marta!

### Årsmøta

I vedtekten står det at årsmøtet skal haldast innan utgangen av mars månad. Alle personlege medlemmer har møte- og røysterett. Årsmøtet vel styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer. Det skal vidare godkjenna årsmelding og rekneskap, og elles behandla saker som blir lagde fram av styret.

Dei fleste årsmøta i dei første tiåra blei haldne på Vestlandske skolemuseum på Kvaleberg gamle skole. Som nemnt ovanfor, blei årsmøta for skolemuseet og skolemuseumslaget haldne på same stad og til same tid. I 1990 blei møtet halde heime hos Liv og Kåre Dybdahl, og i 2011 på Sør-Fogn skule på universitetsområdet på Ullandhaug. Sør-Fogn skule blei i 1985 flytta med helikopter frå Fogn til lærarhøgskoleområdet. Det blei restaurert og utstyrt med inventar og læremiddel m.m. utlånt frå Vestlandske skolemuseum. Bygget blei i førstninga nytta til undervisning og arbeid i mindre studentgrupper. Då ein fekk høgskole og seinare universitet, blei inventar og utstyr levert tilbake til skolemuseet og bygget blei teke i bruk til andre føremål. I årbøkene 2011 og 2022 er det artiklar om Sør-Fogn skule.

Det var ikkje noko stor tilstrøyming av medlemmer



Siste årsmøtet i skolemuseumslaget.

Frå venstre: Thea Bergsagel (museumspedagog), Dan Dyrli Daatland, Marta Gudmestad, Sigmund Sunnanå, Hege Stormark, Ketil Knutsen, Inge Eikeland (avdelingsdirektør MUST).

til årsmøta. Det var stort sett berre dei som var involverte i arbeidet med skolemuseet og skolemuseumslaget som møtte fram. Av og til dukka det opp einskilde medlemmer som blei godt mottekne! Dessutan kom det personar som var spesielt inviterte fordi dei hadde sagt seg villige til å stilla som styremedlemmer eller vara-medlemmer.

På grunn av pademien blei det i 2021 ikkje halde årsmøte. I eit styremøte 27. mai 2021 blei årsmelding og rekneskap for 2020 gjennomgått og godkjent. Styret tok på seg å ha verva sine vidare.

Fra 2013 blei årsmøta haldne på Stavanger Museum. Konservator Hege Stormark har ordna med møterom og kaffi. I tillegg til behandling av dei ordinære årsmøtesakene fekk deltakarane på møta orientering av Hege Stormark og museumspedagogar om aktivitetane ved skolemuseet og andre aktuelle saker som galdt skolemuseet.

På årsmøtet 14. mars 2024 gjorde møtet vedtak om å leggja ned laget frå 31. desember 2024. Styret fekk i oppdrag å stå for avviklinga av laget og gi ut den siste årboka. Årsaka til nedlegginga var at det minka på trufaste medlemmer og det var minimal nyrekrytting og lite pengar att i kassen. Både styreleiar, redaktør og medlemmene i styret og redaksjonsnemnda syntest at nok fekk vera nok. På møtet fekk styreleiar og redaktør blomster og gode ord for innsatsen av avdelingsdirektør Inge Eikeland ved MUST.

#### *Medlemmer og medlemskontingent*

I den første årsmeldinga for 1984 skriv Kåre Dreyer Dybdahl at «arbeidet har vesentlig gått ut på å verve nye medlemmer som ved utløpet av året var kommet opp i 170, derav 80 personlige. Alle skolene i Stavanger, Sola og Rennesøy er medlemmer». Han gjorde merksam på at boka ikkje blei selt i bokhandelen, men blei utdelt gratis til alle medlemmer som hadde betalt kontingenenten.

Det går fram av dei første årsmeldingane at laget var oppteke med å verva nye medlemmer. Det var lærarar, rektorar og andre skoleinteresserte personar, skolar, bibliotek m.fl. som blei medlemmer. Mange av desse står på medlemslista den dag i dag. I 1985 – 1987 gjorde Bjørnar Tuftedal og redaktør Jan Selvikvåg ein stor innsats for å verva nye medlemmer. Dei var mellom anna på rektorsamlingar både i Stavanger og i andre kommunar og reklamerte for årboka.

I årbökene for 2011 og 2013 er det eit oversyn som viser at medlemstalet var på ca. 300 medlemmer. Av naturlege årsaker fall mange medlemmer etter kvart frå, og tilgangen på nye medlemmer var liten. Det var heller ikkje alle som stod oppførte på medlemslista som betalte kontingenenten. Dei blei etter kvart strokne på lista. I årsmeldinga for 2023 står det at laget hadde

83 adresser på medlemslista. Dette var 22 færre adresser enn i 2022. Dei fleste skolane i fylket var tekne ut av lista. Det same galdt andre med adresser som laget ikkje hadde hørt noko frå på ei stund.

I vedtektena frå 1985 blei årskontingenenten sett til kr 50,-. Ved vedtektsendringar blei kontingenenten i 2003 sett til kr 75,-, i 2013 til kr 100,- og i 2018 til kr 200,-.

#### *Økonomi*

Skolemuseumslaget har aldri hatt nokon blomstrande økonomi. Det hadde ingen tilsette og heller ingen honnurarutgifter. Det var såleis eit relativt enkelt budsjett og rekneskap. Hovudpostane på inntektsida var innbetalt kontingenent og tilskot av ymse slag. Utgiftspostane var trykking av årboka og porto i samband med utsending av boka til medlemmene m.m. Det er nedanfor gitt nokre døme på rekneskapar for somme år som viser inntekter og utgifter.

I årsmeldinga for 1984 er det retta ei takk for bidrag frå Stavanger lærarlag (kr 1000,-) Rogaland lærarlag (kr. 1000,-) og frå Rogaland fylkesskolestyre 5000,-). Innbetalt medlemskontingenent er kr 8600,- og annonseinntekter er kr 2500, -. Desse inntektene hadde gjort det mogeleg å gi ut årboka.

I rekneskapen for 1986 går det fram at tilskotet frå Rogaland fylkesskolestyre er auka til kr. 10 000,-, annonseinntektene er kr. 10 500,- og at det er selt bøker for kr. 375,-. Innbetalt medlemskontingenent er på kr. 15 400,-. Trykking av årboka kosta kr. 25 000,-.

På årsmøtet i 1997 blei det vedteke å retta ei spesiell takk for bidraga frå Rogaland fylkeskulturstyre (kr. 15 000,-, Rogaland lærarlag (kr. 500,-) og Vestlandske skolemuseum ( kr. 7000,-).

Rekneskapen for år 2000 viser at laget har fått kr 12 000,-, frå Fylkeskulturstyret, frå Vestlandske Skolemuseum kr.10 000,- , kontingenter på kr. 17 000,-,

annonser 3 750,-. Trykkingsutgiftene var 43 830,- og frimerke og konvoluttar m.m. ca. 3 500,-.

I eit brev frå Kulturavdelinga i fylkeskommunen datert 09.12.003 til skolemuseumslaget, blei det informert om at tilskotet frå fylkeskommunen nå var lagt inn som del av budsjettauken for Vestlandske skolemuseum. Skolemuseumslaget måtte derfor søkja Vestlandske skolemuseum om tilskot til å gi ut årboka. Det blei også orientert om at budsjettauken ville bli vidareført slik at årboka for framtida kunne støttast via Vestlandske skolemuseums budsjett.

Rekneskapen for 2005 viser at laget har fått kr. 25 000,- frå Vestlandske skolemuseum, kontingent 34 500,- annonser 4 500,-. Trykkingsutgiftene var 26 900,- og konvoluttar og porto ca. 3 500,-.

Som nemnt ovafor, blei Vestlandske skolemuseum i 2008 ein del av Stavanger museum. Dette fekk i første omgang ikkje konsekvensar for tilskotet til skolemuseumslaget. I rekneskapen for 2012 har laget fått eit tilskot frå Stavanger museum på kr. 35 000,-, kontingentar 23 094,- og sal av årbøker kr 3750,-. Trykkingsutgiftene var 34 700,- og porto ca. 3000,-.

Stavanger museum sende 04.04.16 melding om at det nå var slutt på å gi tilskot til å gi ut årboka (sjå meir om dette nedanfor). I rekneskapen for 2015 er tilskotet frå Stavanger museum teke bort. Laget har nå kr 90.740,- inneståande i SR-bank. Kontingentinnbetalinga er kr 33 475,-. Utgifter til trykking er kr 36 550,- og porto 4193,-.

Skolemuseumslaget hadde fått Tor Ytre Arne med i styret. Han hadde hatt stilling i Utdanningsforbundet i Rogaland og ordna med at laget frå 2019 årvisst fekk kr 5000,- i tilskot frå Utdanningsforbundet. (Som nemnt ovanfor var Rogaland lærarlag ein av stiftarane av laget i 1984). Saman med oppsamla midlar i SR-bank gav dette grunnlag for å oppretta ei heimeside og gi ut fire digitale årbøker.

Rekneskapen for 2020 viser at laget har kr 30 473,- inneståande i SR-bank, kontingent innbetaling på kr 11 000,- og bidrag frå Utdanningsforbundet på kr 5000,-. Utgifter til administrasjon og ferdiggjering av årboka er kr 12 500,-.

Rekneskapen for 2023 viser at innskotet i SR-bank har minka til kr 23 252,- og kontingent innbetalinga er kr 5 200,-. Bidrag frå Utdanningsforbundet kr 5000. Utgifter til administrasjon av heimesida og ferdiggjering av årboka er kr 20 000,-

#### *Forholdet mellom skolemuseumslaget og Stavanger skolemuseum/Museum Stavanger (MUST).*

Då Vestlandske skolemuseum, som eit resultat museumsreforma i 2021, blei ein del av Stavanger museum frå 1.januar 2008, fekk det etter ei tid namnet Stavanger skolemuseum. I første omgang fekk ikkje fusjonen med Stavanger skolemuseum så mykje å seia for skolemuseumslaget. Skolemuseet hadde til dømes framleis to medlemmer i redaksjonsnemnda, og laget fekk tilskot til å gi ut årboka.

I 2016 blei det ei forandring på dette. I ein e-post frå avdelingsdirektør Marie Therese Fojuth datert 04.04.16, og i telefonsamtalar med styreleiaren, fekk skolemuseumslaget klar melding om at skolemuseet ikkje lenger hadde behov for noko støttelag. Skolemuseet ville derfor ikkje lenger ha medlemmer i redaksjonsnemnda og heller ikkje gi tilskot til å gi ut årboka. Skolemuseet skulle formidla skolehistorisk stoff gjennom andre kanalar, mellom anna i MUST si eiga årbok. Skolemuseumslaget kunne eventuelt få inn ein skolehistorisk artikkel i denne årboka (MUST si årbok blei lagt ned kort tid etter).

I eit notat datert 18.04.16 til leiinga ved MUST, skreiv eg mellom anna at det ikkje var noko anna skolemuseum som hadde eit støttelag som gav ut ei årbok og som hadde samla så mykje skolehistorisk stoff. Dette

var etter mi meinung ein spesiell kvalitet ved Skolemuseet i Stavanger som burde kunne nyttast i arbeidet og i marknadsføringa av museet. Eg konkluderte med at sidan årboka ikkje lenger hadde nokon funksjon i forhold til skolemuseet, ville eg på neste årsmøte gjera framlegg om at laget blei lagt ned.

Endå om det med dette var slutt på det formelle samarbeidet mellom skolemuseumslaget og Stavanger skolemuseum, heldt det uformelle samarbeidet mellom meg som styreleiar og redaktør og konservator Hege Stormark fram som før. Som nemnt ovanfor, ordna ho med møtelokale for årsmøta, og på møta orienterte ho og dugande museumspedagogar om aktiviteten ved skolemuseet.

#### *Korleis skulle skolemuseumslaget og årboka førast vidare?*

Frå 2013 hadde eg i ulike samanhengar signalisert at eg ønskte avlasting som redaktør. Eg var over 80 år, og hadde andre ting eg arbeidde med. Dette førde til diskusjon om framtida for årboka, og styret prøvde å finna ny redaktør. Det var dessverre ikkje nokon kō av folk som ønskte å overta denne jobben. Som styreleiar var eg i kontakt med fleire, men alle takka høfleg nei til å overta ein slik jobb.

På årsmøtet 9. april 2014 blei framtida for årboka diskutert. Årsmøtet vedtok å be styret arbeida vidare med utgangspunkt i eit notat som eg hadde laga der aktuelle institusjonar som kunne vidareføra årboka, var lista opp. Årsmøtet ønskete at årboka heldt fram i ei eller anna form, og at ein så langt det var råd, tok vare på den profilen årboka hadde hatt.

I eit brev til medlemmene datert desember 2014, blei det orientert om at styret ikkje hadde greidd å finna nokon til å overta redaktøransvaret og å vidareføra årboka. Styret hadde vurdert forskjellige alternativ,

mellanom anna Universitetet i Stavanger, Museum Stavanger (MUST) og Årbok for norsk utdanningshistorie. På UiS blei det halde eit møte der saka blei drøfta. Sentrale personar i historikarmiljøet og to dekanar var med på møtet. Deltakarane såg positivt på den historiereformidlinga som årboka representerte, men såg det som vanskeleg for UiS å føra arbeidet med ei slik bok vidare. Etter styrets vurdering var ingen av dei andre institusjonane som var nemnde i notatet, aktuelle der som ein skulle føra årboka vidare med den profilen ho hadde hatt. Resultatet blei at eg overtok redaktøransvaret for årboka i 2014, og seinare også for årbökene 2015 og 2016.

Sidan skolemuseumslaget ikkje lenger fekk tilskot frå MUST, var det klart at det ikkje var aktuelt med ei årbok i papirformat. Laget hadde ikkje pengar til å trykka ei slik bok. For redaktør og medlemmene i redaksjonsnemnda var det også arbeidskrevjande å få inn og redigera artiklar og pakka og senda ut årbøker. Ei mindre kostbar og arbeidskrevjande løysing var å oppretta ei heimeside. På årsmøtet 2017 blei det vedteke å oppretta ei slik side.

Dette var noko Kjell Petter Bakken i Omega Trykk kunne gjera. Han tok på seg å oppretta ei Webb-side med namnet: [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no). For redaktøren og redaksjonsnemnda var dette ei god løysing. For redaktøren var det lettare å få inn artiklar og få desse lagt ut på heimesida enn redigering av ei papirutgåve. Redaksjonsnemnda slapp alt arbeidet med pakking og utsending av årboka.

Laget hadde i 2015 ca. 90 000,- kroner inneståande i SR-bank. Med kontingentar og eventuelle andre bidrag ville ein kunne få digitalisert årbökene i papirforma frå 2009 til 2016. Dessutan kunne ein samla inn nye artiklar og leggja desse ut på heimesida slik at medlemmer og andre interesserte kunne lesa dei på internett.

### *Andre aktivitetar i skolemuseumslaget regi*

I 2019 inviterte skolemuseumslaget og skolemuseet til eit ope foredrag der Gunnar Roalkvam snakka om : Oppvekst som inspirasjon til dikt og sanger. På arrangementet las Marta Gudmestad dikt av Gunnar Roalkvam. Det var ca. 40 personar som møtte fram. Det var tanken at vi skulle ha fleire slike møte, men koronaepidemien sette ein stoppar for dette.

## **Skolehistorisk Årbok for Rogaland**

Den viktigaste oppgåva for skolemuseumslaget, var å gi ut ei årbok. Her måtte ein ha både ein redaktør og ei redaksjonsnemnd som stod for arbeidet. Det var eit omfattande arbeid å finna artikkelforfattarar, vurdera artiklar, stå for korrekturlesing, gjera årboka klar for trykking og senda henne ut til medlemmene. Det var stort sett medlemmer i styret som også var med i redaksjonsnemnda. Årboka har i 40-års periode hatt tre redaktørar. Nedanfor er eit oversyn over redaksjonsnemndene desse redaktørane har hatt og eit tilbakeblikk på historia til årboka.

### *Redaksjon*

Kåre Dreyer Dybdahl må ha hatt planane klare for ei årbok då laget blei stifta 3. april 1984. Alt same året sende han ut den første årboka. I forordet skriv Johan Lindal, Jan Selvikvåg og Bjørnar Tuftedal at «når det allerede etter mindre enn ett års virksomhet har vært mulig å sende ut den første årboka, viser det at interessen for laget er til stede.»

**Kåre Dreyer Dybdahl** var redaktør i tidsrommet 1984 – 1999. Han hadde med seg Johan Lindal, Jan Selvikvåg og Bjørnar Tuftedal i redaksjonsnemnda. Då Bjørnar Tuftedal i 1988 sa frå seg verva både i styret og i redak-

sjonsnemnda, kom Ragnhild Ormøy inn som medlem. Ho var med i nemnda til 1995. Fram til og med årboka 1999 er Kåre Dreyer Dybdahl redaktør med Johan Lindal og Jan Selvikvåg i redaksjonsnemnda.

**Jan Selvikvåg** blei leiar av redaksjonsnemnda for årboka i år 2000. Med seg i nemnda hadde han Roar Svendsen, Elin Tollerud og Sverre Meling. For årbøkene 2001–2005 har nemnda redaktøransvaret. For årboka 2006 kjem Hege Stormark med i nemnda i staden for Elin Tollerud. For årboka 2007 og 2008 er igjen Jan Selvikvåg redaktør med Sverre Meling og Roar Svendsen, Sigmund Sunnanå og Hege Stormark i redaksjonsnemnda.


**Sigmund Sunnanå** er redaktør for årboka i 2008 – 2024. I perioden er desse med i redaksjonsnemnda: Kjell Espedal (biletdeskripsjon), Marta Gudmestad, Ketil Knutsen, Jan Selvikvåg, Sverre Meling og Hege Stormark. I 2011 overtek Trude Eriksen for Hege Stormark, men i 2013 er Hege Stormark igjen med i nemnda. I 2014 er også Stig Ellingsen medlem.

I 2015 er Jan Selvikvåg gått ut av nemnda. Han hadde då vore redaktør, leiar og medlem i redaksjonsnemnda i periodar frå den første årboka kom ut i 1984. Nye medlemmer blei Ellinor Bryne og Mette Tveit. Då Kjell Espedal ikkje lenger ønskte å vera med i nemnda, kom Sissel Østrem og Tor Ytre-Arne i 2016 inn som nye medlemmer. Til årsmøtet i 2020 hadde Sissel Østrem bedt seg friteken, og Dan Dyrli Daatland kom inni staden.

På årsmøtet 2016 melde Hege Stormark og Mette Tveit frå om at Kulturhistorisk avdeling hadde bestemt at skolemuseet ikkje lenger skulle ha medlemmer i redaksjonsnemnda. Dette medførte at vedtekten blei endra slik at årsmøtet skulle velja styre på fem medlemmer.

# SKOLEHISTORISK ÅRBOK

for Rogaland 2010



TEMA:  
ELEVAR OG LÆRARAR FORTEL OM SKOLEN FØR OG NÅ

## Årboka – papirutgåve

Frå 1984 til 2016 kom årboka ut 33 årgangar i papirformat. Årbökene blei trykte i 500 – 600 eksemplar. Boka blei sendt til medlemmene, til artikkelforfattarane og nokre andre som var interesserte eller kunne ha nytte av henne.

Dei to første årbökene blei trykte hos Gjøstein trykkeri, men alt i 1986 tok Allservice over trykkinga. Frå 2007 til 2016 blei årbökene trykte hos Omega Trykk.

På årsmøtet i 2002 blei det bestemt at laget skulle utveksla gratis årbøker til Stavanger museum, Ryfylkemuseet, Jærmuseet, Dalane Folkemuseum, Karmøy folkemuseum og NMU (Norsk Museumsutvikling i Oslo). Denne utvekslinga av årbøker har ikkje alltid vore like aktiv. Etter det eg har registrert, er det i dei siste åra berre vore utveksling av årbøker med Haugalandmuseet.

## Årboka – digitalutgåve

På årsmøtet i 2017 blei det som nemnt ovanfor, gjort vedtak om at laget skulle oppretta ei digital heimeside og halda fram med å samla inn skolehistorisk stoff. Styret sende i 2017 brev til medlemmene og bad om å få tilsendt innlegg frå deira barndom og/eller skolegang og om arbeid i skolen. Det kom fleire innspel, og redaktøren fekk også inn artiklar om andre skolerelaterte emne. Etter kvart blei det mange artiklar i arkivet. Redaksjonsnemnda vedtok derfor å samla artiklar som galdt minne frå barndom og skolegang i ei digital årbok for 2021. Redaktøren fekk inn artiklar også om andre tema. Dette resulterte i at det blei artiklar i arkivet til digitale årbøker også for 2022, 2023 og 2024.

## Innsamling av stoff – forfattarar

Frå 2009 gjekk ein over til at kvar årbok skulle ha eit tema, til dømes «1814 og demokratisk danning»

## Skolehistorisk Årbok

for Rogaland 2021



TEMA:  
Minne frå barndom og skule

i årboka for 2013, «reform 94» i årboka for 2014 og «lærarutdanning i Rogaland» for 2016. Tema blei bestemt av redaksjonsnemnda og orientert om på års-møta. For redaktøren var det viktig å finna folk som var villige til å skriva artiklar som passa til temaet. Det var imponerande kor mange som tok på seg å skriva artiklar utan betaling. Medan eg var redaktør, var det berre nokre få personar som sa at dei ikkje hadde høve til å ta på seg eit slikt oppdrag. Til og med professor Jacob Jervell og tidlegare statsråd Gudmund Hernes sa ja til å skriva om Reform 94.

Gjennom åra er det etter kvart blitt mange forfattarar og mange artiklar. I årboka for 2005 er det eit oversyn over forfattarar og artiklar frå 1984 til 2005. Tilsvarende artikkeloversikt for 2006 – 2013 er i årboka for 2014. I årboka for 2016 er det artikkeloversikt for 2014 – 2016, og i årboka for 2024 eit oversyn over artiklane i dei digitale årbökene 2016 - 2024.

I desse artiklane er det samla omfattande skolehistorisk stoff av god kvalitet om utviklinga av skolen og lærarutdanninga frå 1739 til 2024. Dette kan gi komande generasjonar innsikt og kunnskap om dei lange linjene i utviklinga av grunnskolen og lærarutdanninga i landet vårt. Dette kan vera nyttig lesnad for dei som skal bestemma den vidare utviklinga av skolen og lærarutdanninga, og for skoleforskarar, skolebyråkratar, lærarutdannarar, lærarstudentar og for andre som er interesserte i skole og utdanningsspørsmål.

### *Interesse for årboka – blei ho lest?*

Interessa for årboka gjennom åra er vanskeleg å vita noko om. Laget har ikkje hatt noko form for brukarundersøking. Redaktøren og redaksjonsnemnda har fått mange positive tilbakemeldingar både frå medlemmer i laget og frå andre som har lese artiklar i bøkene.

Somme artiklar er aktuelle også i dag. I den digitale årboka for 2021 er det til dømes teke med eit innlegg som stod i Stavanger Aftenblad 6.juni 2018 med titelen:» Var 6-årsreforma eit mistak?» I den same årboka er det eit innlegg i Stavanger Aftenblad 30.juni 2020 om «Lærarrekruttering». I boka er det også artiklar om politiske trendar som gjeld spesielle opptakskrav til lærarutdanninga, to- delinga av grunnskolelærarutdanninga med meir vekt på teori, femårig masterutdanning m.m.

Endå om årboka kom ut like før jul, var det nok ikkje denne boka som hadde prioritet under juletreet! Det er også grunn til å tru at det var få årbøker som blei lest frå ende til annan.

Nokre av årbökene i papirformat som vi sende ut, blei nok også berre sette i bokhylla. Då eg var utdanningsdirektør, var eg ein gong på besøk på ein skole som var medlem i laget. Rektor viste meg stolt alle årbökene som stod fint ordna i bokhylla på rektors kontor. Han burde nok heller lagt årbökene ut på lærarrommet, sett dei i ei hylle der eller plassert dei i skolens bibliotek.

Når det gjeld dei digitaliserte årbökene, har vi fått årlege statistikkar som viser talet på besøk. Tala varierer frå ca.13 500 til 16 500. Dei fleste besøka er korte, men det er også mange som er lange. Dette betyr at det er i alle fall mange som er blitt informerte om at det finst årbøker med skolehistoriske artiklar og at somme også har nytta tid til å lesa i bøkene.

### **Avslutning**

Det går fram av framstillinga ovanfor at skolemuseumsLAGET og årboka gjennom 40 år, har hatt sine opp og nedturar. Dei som har stått for laget og gitt ut årboka, har gjort ein imponerande innsats med å samla inn og

gi ut alle artiklane som er i årbøkene. Dette er innsiktstilte, kunnskapsrike og velskrivne artiklar som kan vera nyttige i arbeidet med skole og lærarutdannings-spørsmål i åra framover. Årbøkene inneheld også god lesnad for folk som generelt er interesserte i utdanning.

Styret i skolemuseumslaget set stor pris på at Stavanger skolemuseum har oppretta ein link til skolemuseumslaget si web-side, [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no). Det skolehistoriske stoffet som er samla i årbøkene, kan såleis vera med på å utfylle og supplera aktiviteten ved skolemuseet i åra framover. Vi ønskjer skolemuseet lykke til med den verdifulle verksemda museet driv.

#### *Kjelder og litteratur*

Årsmeldingar og rekneskap 1984 – 2024.

Arne Tytlandsvik: Vestlandske Skolemuseum 1925 - 2000. Skolehistorisk Årbok for Rogaland 2000.

Arne Tytlandsvik: Samanslåing av Vestlandske Skolemuseum og Stavanger museum. Avtale og addendum er vedlegg til artikkelen. Skolehistorisk Årbok for Rogaland 2008.

Sigmund Sunnanå: Skolemuseumslaget i Rogaland og Skolehistorisk årbok er 30 år. Skolehistorisk Årbok for Rogaland 2013.

# Sigmund Sunnanå: Bauta i det norske utdanningslandskapet

AV SVEIN HELGESEN

*Sigmund Sunnanå har i ei årrekke vore ei enorm drivkraft i Skolemuseumslaget i Rogaland, med «Skolehistorisk årbok» som hovudansvar. Eit portrett av han i denne aller siste årboka er derfor på sin plass.*

*Den som er historisk interessert og søker kunnskap om hovudtrekk ved skuleutviklinga både i Rogaland og resten av landet dei siste 70-80 åra, gjer klokt i å ta kontakt med den enno aktive og oppgåande pensjonisten med uvanleg lang fartstid i dei fleste landskapa i utdannings-Noreg. Bonde- og lærarsonen fra Mosterøy med magistergrad i pedagogikk har nemlig vore med på det meste i løpet av den hendingsrike utviklingsreisa som norsk skule har vore gjennom i etterkrigstida. Underveis har han hatt leiarstillingar i utdanningssystemet i 34 år.*

*Ein imponerande kombinasjon av sylskarpt minne, analytisk evne og det vi ofte omtalar som sunt folkevett, gjer det både interessant og spennande å lytta til og samtala med 92 åringen. Trass sin høge alder blir han enno spurt og tar på seg skrive- og foredragsoppdrag, leverer innsiktfulle innspel og er aldri redd for å utfordra i den offentlege utdanningsdebatten.*




## MED SKULE PÅ MATEN

«*Skule har han nå hatt på maten sidan gutedagane på Mosterøy. Faren var lærar, sjølv blei han det same, om han enn venta ei tid med val av yrke*», skreiv journalist Borghild Fiskå i Stavanger Aftenblad i eit intervju med Sigmund Sunnanå då han for femti år sidan starta opp som rektor på dåverande Stavanger lærarskole.

## Oppvekst med garvdsarbeid og snekring

Det var slett ikkje sjølvsagt at yngsteson til Vilhelm Sunnanå – lærar, skulestyrefmann og profilert tillitsvald i lærarlaget – skulle velja å gå i faren sine pedagogiske fotspor. Brørne Olav, Endre og Harald hadde alle reist til Voss på landsgymnas. Men for den yngste, attpåklatten, var dette aldri aktuelt. Han verka meir opptatt av praktisk arbeid enn teori og treivst skikkeleg godt med både gardsarbeid og snekring. Ungdomsåra som arbeidskar heime var mellom dei beste og viktigaste i livet mitt. Dei gav stort og variert læringsutbytte», fortel han. Han listar opp viktige læringsverdiar som plikt og ansvar, praktisk dugleik, å gjera ting skikkeleg, å ta vare på ting, samarbeid, arbeidsfellesskap og tru på eigne evner og krefter.



Ny lœ heime var ein svenneprøve i snekring for Sigmund og systembarnet Lars

Som ungdomar flest kjende han likevel at verda bortanfor dei grøne øyane på Mosterøy lokka. Brørne hadde snakka mykje om Voss, og som syttenåring søkte han og fekk plass på Voss folkehøgskule. Då nabo Tomas Selvik fekk høyra om planane, kunne han ikkje dy seg: «*Eg har høyrt du skal på skule, som brørne dine. Ein så flink arbeidskar som du burde ikkje kasta bort tida di på noko slikt!*»

### I far Vilhelm sine fotspor

Yngstemann Sunnanå følgde likevel utferdstrongen. På folkehøgskulen møtte han lærarar som visste korleis dei skulle inspirera og engasjera ungdom. Ny innsikt i litteratur kveikte tenåringen si leselyst, og kameratskapet blei viktig for ein elles blyg og tilbakehalden ungdom. - Tanken om å bli lærar blei truleg vekt på Voss, seier han: -Møtet med dei engasjerande lærarane gjødsla og modna nok tanken på å følgja i far sine spor.

Terningen var kasta; no var han motivert for å finna



Dreng på Mosterøy.

ein farbar sti fram mot oppfylling av lærardraumen. Men for den som ikkje hadde gymnas, venta fleire tøffe etappar. Det starta med intensivt privat realskulekurs på kveldstid over eitt år med eksamen i absolutt alle fag. Deretter følgde to månader med intensivt «puggekurs» på Solborg folkehøgskole og opptaksprøve til fireårig lærarskule – på Nesna. Men motivasjonen var på topp, og Sigmund passerte alle hindera.

Men før han kunne starta lærarutdanningsreisa si, venta militærtjeneste. Då han hausten 1952 endeleg var klar for å studera, søkte han om å bli flytta over fra Nesna til Stord, som den hausten starta opp med ny 4-årig klasse.

Sigmund ser tilbake på lærarskuleåra på Stord med glede: -Det blei ei gild tid, eg lærte mykje både fagleg og sosialt. Eg har ofte sagt at den gamle lærarutdanninga over fire år var den beste utdanninga vi har hatt i vårt land med det rekrutterings-grunnlaget ein hadde på 1940-, 50- og 60-talet. Kombinasjonen av fag, pedago-



Dei fire åra på Stord blei ei gild og lærerik tid for lærarstudenten frå Mosterøy

gikk og praksis pluss sosialt fellesskap over så lang tid var ei god førebuing som også skapte mental innstilling for lærararbeidet.

### KLATRING I «DEI PEDAGOGISKE ALPANE»

Sigmund kan enno minnast ei formulering frå talen som rektor Auklend heldt til dei ferdig uteksaminerete lærarspirene på Stord ved avslutninga i 1956: «*Heretter skal de begynna å klatra i dei pedagogiske alpane*». Han kom ofte tilbake til desse orda under den lange og innhaldsrike reisa si i tiåra som følgde.

### Lærararbeid og universitetsstudier

Det som skulle bli ein lang «pedagogisk klatretur», starta med lærarvikariat på fram-haldsskulen på Riska utanfor Sandnes. Året saman med dei atten ungdomane, som blei avslutta med skuletur til Oslo med Sigmund som bussjåfør, gav meirsmak. Frå Riska gjekk turen til Jåtten skole i Stavanger, der han fekk ansvar for tjueatte sjuåringar i 1.klasse.



Sigmund fortel om tre glade og gode læringsår saman med første- og andreklassingane på Jåtten skole. – Eg var redd utfordinga kunne bli i tøffaste laget, men det gjekk over all forventning.

Han kjende at lærararbeidet gav motivasjon, men også læringsgnist og lyst på meir kunnskap. Samtidig som han var lærar, tok han derfor kveldsundervisning i fag som førte fram til eksamen artium, blei immatrikulert og tok Examen philosophicum. Dermed var stien klar for universitetsstudium i Oslo.

I første omgang søkte han eitt års studiepermisjon frå Jåtten og reiste til universitetet utan ein klar fagleg plan. Men med lærarutdanning som grunnmur og tre års lærarpraksis i bagasjen blei pedagogikk eit naturleg førsteval. Ambisiøse mål og lange dagar på lesesalen gav løn for strevet; til jul fekk han vitnemål med god karakter til mellomfagseksamen.

Men det stansa ikkje der. Sjølv om han treivst med elevane på Jåtten, kjende han på motivasjon og lyst til å klatra endå høgre. Inspirert av medstudentar som Alfred Oftedal Telhaug og Ingerid og Inge Bø, namn som seinare har vist godt igjen i det nasjonale pedagogikklandskapet, sette han magistergrad som konkret mål. Hausten 1961 tok han derfor farvel med lærarjob-

ben og kasta seg over arbeid med magisteravhandlinga. Seint neste vår stod han med papir på fullført mag.art.-grad i pedagogikk, og kort tid etter fekk han tilbod om lektorstilling i pedagogikk på Stord lærarskule. Då var det gått seks år etter at han hadde reist derifrå som ferdig utdanna lærar. Ringen var dermed på ein måte slutta.

## **Frå lektor i provinsen til nye utfordringar i hovudstaden**

Sigmund og kona Turid fekk fire gode år på Stord, der han underviste i pedagogikk både på 2 årig- og 4-årig linje. Med ansvar for til saman nitti studentar fordelt på ein førsteklasse og to avgangsklassar, fekk han nok av faglege utfordringar. I tillegg hadde han som pedagogikklærar plikt til å undervisa litt i øvingsskolen.

– Eg var nok ikkje nokon stor og veltalande forelesar, men eg trur eg la grunnlaget for solid fagleg arbeid, seier han i dag når han mimrar litt om åra på Stord. Han treivst med utfordringane, men såg nok likevel lektorjobben berre som ein mellomstasjon på reisa: – I lengda opplevde eg det som slitsamt, noko eg ikkje kunne driva med heile yrkeslivet. Men eg trur eg fekk gi studentane god rettleiing. Dei gjorde det i alle fall alltid godt til eksamen, smiler han.

I løpet av desse åra blei han involvert i utvikling av planar for forsøk med 3-årig lærarstudium og arbeid med å sjå nærare på forholdet mellom pedagogisk teori og praksis. Tidleg i 1966 blei han kontakta av Lærarutdanningsrådet med spørsmål om han var interessert i oppdrag i Oslo for å følgja opp forsøksverksemda i lærarskulane.

## **HISTORISK REFORM AV NORSK LÆRARUTDANNING**

Å bytta ut Stord med Oslo var ikkje ei lett avgjerd å ta. Både Sigmund og Turid var blitt glade i både jobb og lokalsamfunn på Stord. Samtidig lokka nye utfordringar. Så det enda med avskjed med provinsen og nye og spennande oppgåver i hovudstaden, på såkalla statleg beording.

### **Konsulent, sekretariatsleiar og vald formann**

Oppdraget som Sigmund takka ja til i 1966, blei meir langvarig og omfattande enn kva han hadde tenkt seg. Berre to år etter at han starta som konsulent i Lærarutdanningsrådet, blei han oppfordra til å søkja og fekk stillinga som sekretariatsleiar. I denne rolla kom han til å bli nøkkelaktør i 10-15 års reform- og utviklingsarbeid som resulterte i ei historisk omforming og fornying av norsk lærarutdanning på alle nivå.

Sigmund kjenner seg i ettertid takksam for at han fekk stå i fremste rekkje i ein periode som i ettertid er kalla ein «gullalder», ei tid då lærarutdanninga tok sju milssteg både strukturelt og fagleg. Forsøksaktiviteten på 1960-talet og arbeidet med å omsetja i praksis iden nye lova og studieplanane på lærarhøgskolane skapte stort engasjement, intense diskusjonar og stor pedagogisk og fagleg aktivitet på høgskolane. Tilgangen på kvalifiserte søkerar var også svært god. Sigmund fortel at det i tida då han var sekretariatsleiar var ca. 6000 søkerar til 2000 plassar. Ein måtte ha toppkarakterar og gjerne tilleggspoeng for å bli teken opp på dei mest populære lærarskulane.

– Det var eit enormt inspirerande og lærerik tid, fortel han: – Arbeid med ny lærarutdanningslov stod høgst på dagsordenen. Lovarbeid er langdryge prosessar og krevjande på fleire måtar. Då lova etter fleire år fram

og tilbake i det politiske systemet endeleg blei vedtatt i 1973, følgde ein krevjande oppfølgingsfase. Arbeidet representerte eit tidsskifte for lærarutdanninga på breitt plan. Regjeringa oppnemnde eit Studieplan – og reglementsutval som skulle gi tilrådingar til departementet om reglement og studieplanar for dei pedagogiske høgskulane. Per Østerud blei formann og Sigmund sekretær i utvalet. I løpet av tre år kom det heile tre NOU-ar: NOU 1974:58 (Lærarutdanning -Dei pedagogiske høgskolane - verksem og skipnad og Studieplan for allmennlærarutdanning), NOU 1975: 65 (Om førskolelærarutdanning) og NOU 1977: 53 (Om faglærarutdanning).

## REKTOR I STAVANGER – FRÅ TEORI TIL PRAKSIS

Verken Sigmund eller Turid såg føre seg eit permanent liv i Oslo. Dei kjende på ei sterk dragning mot familie og vene i Nord Jæren. Då stillinga som rektor på Stavanger lærarskole blei lyst ledig i 1973, blei det derfor til at Sigmund søkte. Han blei tilsett og sa dermed opp leiarstillinga i Lærarutdanningsrådet. For familien – som nå var blitt til fire- var det likevel ikkje berre å pakka og reisa til Stavanger. Det måtte arbeidast meir med Studieplan- og reglementsutvalet i Oslo. Arbeidet med NOU-en om lærarutdanning måtte gjerast ferdig og overleverast til departementet. Arbeidet i utvalet elles måtte også gå vidare. Først hausten 1974 blei det flytting til Stavanger.

### Krevjande oppstartsår

Sigmund starta som rektor den første kvardagen i 1975. På vårparten sa han ja til å bli formann i Lærarutdanningsrådet. Hovudoppgåva for rådet var å implementera den nye lova og dei nye planane og å laga meir permanente studieplanar. Dei første fem åra skulle han



*Sigmund starta opp som ny og entusiastisk rektor på Stavanger lærarskole i januar 1975*

derfor koma til å kombinera rolla som rektor i Stavanger med eit arbeidskrevjande formannsverv som i praksis ført med seg svært mykje reising tur-retur Oslo. Somme tunger sa at det var meir unntaket enn regelen at «Sunnanåen» ikkje var med morgenflyet til Oslo minst to ganger i veka. Han erkjenner i dag at dobbeltrolla som rektor i Stavanger og rådsformann i Oslo til tider var krevjande: – Eg opplevde nok at eg først for alvor blei rektor på 80-talet då eg hadde lagt vervet i Lærarutdanningsrådet bak meg. Den spesielle situasjonen medførte sjølv sagt ekstra belastning på nokre av dei nærmaste kollegaene mine, seier han – og nemner spesielt inspektør Torleiv Skarstad, som måtte ta styringa når rektoren var i Oslo.


### Visjonær og handlekraftig utviklingsaktør

Store faglege og strukturelle utfordringar venta på den nye rektoren. No skulle sekretariatsleiaren og byråkra-

ten ta ansvar for omsetja det nye lov- og rammeverket til praksis.

Reformidéane som gjennomsyra den historiske omforminga av norsk lærar-utdanning, sat naturleg nok i ryggraden hos Sigmund. No skulle han på ein måte ta «svenneprøven» og i rolla som rektor visa at idéane var realistiske og berekraftige i praksis. - Sidan eg hadde vore så sentral i lov- og planarbeidet, var det nok fleire andre høgskolar som såg til Stavanger når dei skulle finna sin måte å byggja den nye utdanninga på», fortel han.

Ingen var i tvil om kva som var rektoren sin visjon for Stavanger lærarhøg-skole (namnet blei endra til Stavanger lærarhøgskole i 1977). Han ville stå i bresjen for ein foregangsinstitusjon mellom dei pedagogiske høgskolane i Norge, verken meir eller mindre. Han las



Mange kom til Stavanger lærarhøgskole for å henta idéar til arbeidet med å utvikla den nye lærarutdanninga. Også ein interessert eks-statsminister var innom.

dei nye «tekstane» i tida, hadde strategisk luktesans og evne og vilje til å snu seg rundt og våga å gå nye stiar. Ein rektor med klare meininger som stod støtt også når han møtte motbør. *«Han fekk gjennomført det meste av det han gjorde framlegg om. Sjølv om han kunne vera usamd med einskilde kollegaer, var han alltid sakleg og raus. Derfor vann han ofast fram»*, sa Ingolv Austad, som blei ein av dei mest betruddde medarbeidarane hans.

Kva konkrete spor sette han så? Korleis framstod Stavanger lærarhøgskole framover på 1980-talet under Sigmund Sunnanå si faste leiing? Her kjem ei kortfatta opplisting av noko av det utanforståande merkte seg når dei var innom for å sjå nærmare på «flaggskipet» hans.

### **Heilskap og samanheng**

Sigmund var opptatt av heilskap og samanheng. – Studentane skal oppleva at dei ulike «brikkene i puslespelet» høyrer saman, meinte rektoren. – Berre slik gjer vi dei godt skikka til å meistra utfordringane i klasserommet, sa han. Konkret var han mest opptatt av å knyta saman pedagogisk teori og praksis og å gi fagdidaktikk ein meir sentral plass i undervisninga.

Å få dette til i praksis, blei likevel vanskelegare enn han hadde tenkt seg. – I forhold til fagdidaktikken hadde vi nok undervurdert utfordringane, seier han i dag: – Eg har i ettertid ofte ergra meg over at eg ikkje gjorde ting enklare og meir konkret. I staden for å prøva å forklara hovudidéen bak det fagdidaktiske perspektivet, skulle eg gitt alle faglærarane eit eksemplar av M74 (Mönster-planen 1974) og utfordra dei til å gå gjennom måla og innhaldet i denne. Det ville gitt dei noko meir konkret å halda seg til.

### **«Fleire vegar til Rom»**

Sjølv om Sigmund av dei fleste kanskje blei sett på som allmennlærarutdanninga sin mann, gjekk han i front for

å gi Stavanger lærarhøgskole fleire bein å stå på. - For å møta utfordringane i skulen, men også i ein veksande barnehagesektor, må vi ha fleire «stiar» fram til pedagogisk utdanning, hevda han. Både forskolelærar-utdanninga, pedagogisk seminar og vidareutdanningstilbod gjennom halvårs- og årseiningar opplevde derfor vekst og utvikling på 80-talet. Rektoren såg verdien av mangfald og meinte det gir ein vinn-vinn-situasjon for alle.

## **FEI – forsking og utviklingsarbeid. Etterutdanning og informasjon**

For å ta på alvor mål og behov for auka merksemld på forsking, utviklingsarbeid og etterutdanning tok Sigmund initiativ til den såkalla *FEI-avdelinga* ved høgskolen. «*Det blei ei nyskapning som snart vart modell for tilsvarande ordningar ved andre høgskolar*», uttala Ingolv Austad, som blei ein av nøkkelaktørane i denne verksemda. Etter kvart fekk den samla etterutdanningsaktiviteten eit stort omfang; FEI opererte med eit årleg totalt deltagarkortal på inntil 4000. Talet blei omrekna til årsstudentar og gav også høgskolen ein viktig økonomisk ekstraressurs.

## **Dynamisk forskingsutvikling**

Sterkare vektlegginga av FoU førte også til større interesse og motivasjon for forsking på høgt nivå. Sigmund såg eit stort potensial og sytte for gode vekstvilkår for eit spesialpedagogisk fagmiljø som styrkte seg framover på 80-talet, med Torleiv Høien og Erling Roland som pådrivarar for dynamisk og målretta arbeid for å utvikla spisskompetanse på høgste nivå innan lese- og atferdsvanskar. I løpet av relativt få år fekk høgskolen to spesialpedagogiske sentra, *Senter for leseforskning* og *Senter for atferdsforskning*. Desse skulle bli viktige faglege lokomotiv då Høgskolen i Stavanger tidleg på 2000-talet sökte om og fekk tildelt universitettsstatus.

## **Desentralisert vidareutdanning**

Sigmund såg verdien av tett kontakt mellom lærarutdanninga og det lokale praksisfeltet og blei døropnar for desentralisering av delar av lærarutdanninga. - Energistraumane må gå i begge retningar, sa han. Studentane skulle koma til høgskolen, men høgskolen skulle også dra ut på grasrota der forskolelærarane og lærarane hadde virket sitt. Egil Gabrielsen var ein av dei som var mest engasjert i desentralisert undervisning. «*I periodar kunne eg oppleva meg mest som omreisande emmisær i faget*», uttala han ein gong.

## **Nyskapande kontakt skule-arbeidsliv**

Sigmund sytte også for at det nye studietilbodet «*Arbeidslivskunnskap*» blei eit fyrtårn på Stavanger lærarhøgskole. Studiet kom opp etter initiativ frå entusiasten Håkon B. Landråk, i tett samarbeid med både NHO og LO i Rogaland. Etter kvart blei det utvikla to halvårseiningar der studentar kunne få plass også etter vurdering av realkompetanse, ikkje berre formell kompetanse. I kjølvatnet kom også ei kraftfull satsing på elevbedriften. – Den største verdien av å kobla skole og arbeidsliv tettare saman var den aktiviteten og dei ringverknadene det førte til, spesielt ute i distrikta», seier Sigmund i dag.

## **Studentliv – meir enn det faglege**

Rektoren var også opptatt av studentane og deira utvikling i brei forstand. «*Å vera lærar er eit sosial yrke, den sosiale og kulturelle sida av funksjonen er viktig. Dei evnene må lærarstudenten utvikla parallelt med faglege kunnskapar*», sa han i et intervju med Stavanger Aftenblad då han starta som rektor i 1975.

Som leiar var han synleg for studentane og oppmuntra dei til å engasjera seg i studentorganisasjonar, interessegrupper og revyarbeid. Fleire som seinare har

gjort karrière på revyscenen, var under hans rektorperiode studentar på høgskolen. Ein av dei mest profilerte, Steinar Lyse, slår i eit intervju fast at revyaktiviteten i lærarutdanninga i Stavanger fekk store ringverknader: «*Jeg vil påstå at uten møtet med Sigmund .... hadde ikke jeg blitt profesjonell artist, og det ville heller ikke vært noe profesjonelt revymiljø i Stavanger*».

Sigmund sine første rektorår fall saman med ein periode prega av student-opprør og spenningar knytt til både utdanning, fag og samfunnsutvikling. Han vedgår at det kunne vera utfordrande å stå i tøffe konfliktar, men seier samtidig at han lærte mykje av konfrontasjonane med dei mest «opprørsker»: - Endå om det kunne skapa bry for meg som rektor, var det i grunnen likevel interessant og spennande å møta studentar som meinte og stod for noko, smiler han i dag. Tidlegare stortingsrepresentant Bjørg Tørresdal, som var studentrådsleiar i denne tida, seier mellom anna dette om kontakten og samarbeidet med Sigmund som rektor: «*Han var en leder og lærer av den gamle sorten. Vi utfordret stadig administrasjonen. Han respekterte og verdsatte studentengasjementet, men var ikke alltid enig. Han var likevel alltid åpen, varm og rolig – en det ikke gikk an å bli sint på.*»

## STATEN SITT OMBOD I FYLKET – TILSYNSMANN I EI REFORMATID

Mot slutten av 80-talet var det ikkje fritt for at Sigmund tenkte oftare og oftare framover. Skulle han avslutta yrkeslivet sitt som rektor på Stavanger lærarhøgskole? Eller skulle han nok ein gong søkja nye utfordringar?

For å få ein puste- og tenkepause søkte han i 1988 eit vikariat som skole-direktør i Rogaland, då Ragnar Stennes blei sjuk. – Helt frå eg var student på lærar-skulen hadde eg tenkt at skoledirektør måtte vera ei interessant stilling. No fekk eg ein sjanse til å prøva meg, smiler han.

Han kjende seg på ingen måte mett på utfordringar. Arbeidslyst og iver etter å læra meir var like sterk som før. Då skoledirektørstillinga året etter blei lyst ut permanent, valde han å søkja. - Eg var nok ikkje sikker i mi sak, men i dag er eg trygg på at eg gjorde rett. Alt har si tid. Å bli sitjande for lenge i same sjefsstolen kan hemma utvikling og nytenking, meiner han.

## Utdanningslandskap i endring

Slik 1980-talet var prega av reformarbeid og endring i lærarutdanninga, skulle 1990-talet bli eit reformtiår av dei sjeldne i alle ledd i utdanningssektoren. Ein dynamisk Gudmund Hernes som statsråd på fagfeltet sytte for at reformene kom tett.

Statsråden erkjente at han trong sterke regionale moderniseringsaktørar, bindeledd og lyttepostar for å følgja opp og setja i verk alle nye lover og planar. Sigmund blei ein av dei desse, og han skulle relativt snart bli den fremste mellom likemenn – hovudkontakt med ansvar for å ivareta den løpende kommunikasjonen mellom departementet og utdanningskontora ute i fylka. For å styrkja det regionale nivået fekk skoledirektørembetet tidleg på 90-talet utvida ansvar, og titelen blei endra til utdanningsdirektør. Sitjande skoledirektørar fekk ikkje automatisk halda fram som leiarar i det nye regimet. Det skapte sjølvsagt spenningar. Men Sigmund var mellom dei som fekk fornøya tillit, etter å ha blitt innstilt av alle sentrale tilsettingsorgan.

I møte med alt det nye fekk Sigmund bruk for si allsidige erfaring med utvikling og endring, både i form av lov- og planarbeid og frå tida som rektor på Stavanger lærarhøgskole. Overgangen frå å vera leiar for 50-60 tilsette med ansvar for 7-800 studentar til å leia eit lite personale på i overkant av 15, var stor i seg sjølv. Ansvaret og arbeidsområdet hans blei derimot både større og meir vidtrekkjande.



Statsråd Gudmund Hernes på besøk. Torleiv Skarstad til venstre.



To skuledirektører i fortrolig samtale.

## Samarbeid – men også litt motstand

Noko av det nye var at også vidaregåande opplæring og vaksenopplæringa no skulle inn under statleg tilsyn. I vaksenopplæringa opplevde ein det som positivt, eit langt steg framover. Men i fylkeskommunen blei det møtt med skepsis. Det skulle prega relasjonen mellom regional stat og fylkeskommunen i Rogaland i alle år seinare. – Skuleadministrasjonen i fylkeskommunen og rektorane i vidaregåande opplæring hadde ingen tradisjon for kontakt med oss, og både i KS og det fylkespolitiske miljøet ville sterke krefter ha minst mogleg med regional stat å gjera, fortel Sigmund. Det spente forholdet toppa seg spesielt med ein brannfakkelen i form av KS-rapporten «*Tem loven*», i praksis eit kampskrift mot staten generelt og regional stat spesielt.

Mens KS som organisasjon møtte regional stat med skepsis, fekk Sigmund mykje positiv respons på måten han fylte rolla si ute på kommunegrasrota i fylket. Sjølv siterer han Grundtvig når han snakkar om det: «*Kun til helved kan der tvinges, men til himlen må det ringes*». – Sitatet blei på ein måte mi rettesnor for samar-

beidet med kommunane, smiler han: – Eg ville unngå å overkjøra kommunane med stivbeint byråkrati og firkanta avgjerder. Overstyring av lokale styresmakter skaper mest frustrasjon og konflikt. Strategien min blei å hjelpe gjennom råd og rettleiing – gå føre, «ringa» og visa veg. Derfor la vi meir vekt på å informera, støtta og «lokka» i forkant enn å koma som kontrollør og «overkikador» i etterkant.

Heime på kontoret har Sigmund ei gave frå kommune-Rogaland som betyr mykje for han. Då han gjekk av som utdanningsdirektør i 2002, fekk han som takk for godt samarbeid eit tinnfat og pins med kommunevåpna til alle kommunane i fylket og Rogaland fylkeskommune. – Denne gåva set eg veldig stor pris på, smiler 92-åringen.

På kontoret heime heng også eit diplom for å ha teke idrettsmerket 50 gonger. Diplomet er tildelt i 2020 av Norges idrettsforbund. I 1997 fekk han Vaksenopplæringsforbundet i Rogaland sin Vaksenopplæringspris for innsatsen på vaksenopplæringsfeltet.

## **Utvikling, utvikling, utvikling!**

Meir enn noko anna skulle Sigmund sine år som utdanningsdirektør koma til å ha *utvikling* i fokus. Ragnvald Riis og Aud Irene Bjørnløw var to av dei mest profilerte skoleutviklarane på kommunenivå i denne perioden. «*Utdanningskontoret sitt sterke utviklingsfokus på 90-talet blei viktig for oss i kommunane. Det gav oss stimulans og støtte i arbeidet med å innføra nye tiltak og reformer*», fortel dei. Vidar Aarhus i Tysvær seier det same: «*Som den nære og kunnskapsrike pedagogen og vidareformidlaren var han avgjerande for kontoret si dåverande oppgåve: Pådrivar i skoleutvikling.*»

Utviklingsfokuset fekk ulike utslag. Målet var trosdig – å skapa både *struktur* og *kultur* for skuleutvikling. Fleire gonger årleg inviterte utdanningskontoret skule-leiarar og lærarar til faglege samlingar, både i Stavanger og ute i regionane. Det blei oppretta regionale samarbeidsnettverk kor interkommunale team sette konkrete utviklingsprosjekt i fokus. Sigmund henta inn ressurspersonar frå kommunane for å styrkja utdanningskontoret med lokal kompetanse og innsikt. Han inviterte også kommunerepresentantar med på studiereiser for å læra av erfaringar og reformer i andre land. Sist, men ikkje minst, var han opptatt av å spela på lag med lærarane sine organisasjonar; det gav forankring ute på skulegrasrota

Då Sigmund runda 70 år og var på veg ut som yrkesaktiv, blei han intervjuav Jarle Natland i Stavanger Aftenblad. Då blei nettopp utviklingsperspektivet eit hovudtema: «*Som statens øverste skulemann i Rogaland har han vore med på å gjera fylket til det fremste utviklingsfylket i landet. «Nye ting lyt få skje, dei og», sa Olav Duun. Det har Sunnanå merka seg, før han no må gje seg til sommaren.*»

## **Det er ei tid for alt!**

Så venta berre avskjeden og overgangen til pensjonistlivet. Det var ikkje slik at Sigmund opplevde seg utdattert og ferdig. Han hadde enno motivasjon og arbeidskraft til å ta tak i ting han var opptatt av. Men no skulle det skje på meir frivillige arenaer. Det ville også gi han ei friare stilling til å seia og skriva om det han var opprett av, utan å vera altfor sterkt bunden opp av lojalitet til dei som styrer i Oslo.

Han såg nemleg med stigande skepsis på fleire utviklingstrekk, både i skole og utdanning generelt og i regional stat spesielt. Han var kritisk og såg fleire ulemper enn fordelar med å leggja utdanningskontora inn under fylkesmannsembetet. Han hadde også lite til



Tildeling av HM Kongens gull var høgdepunktet då Sigmund takka av som utdanningsdirektør i Rogaland. Her er han på slottet for å takka Kong Harald.

overs for signal om å styrkja kontrollperspektivet og bremsa utviklingsaktiviteten ved kontora. Slik sett var det kanskje rette tida for han til å avslutta ei lang yrkesreise. Det er ei tid for alt!

## SKULEHISTORISK DRIVKRAFT

Sigmund blei aldri ein pensjonist som sette seg godt til rette i godstolen for å nyta sitt otium og mimra om gamle dagar. Straks etter at han i 2002 blei heidra med HM Kongens gull for ein uvanleg lang og omfattande innsats for norsk skole og utdanning og gjekk av som utdanningsdirektør i Rogaland, ordna departementet med ein avtale om kontorpllass i avdelinga der Læringsmiljøsenteret på Universitetet i Stavanger held til i dag. Der er han den dag i dag titt og ofte innom kontoret for å arbeida med den skolehistoriske årboka eller andre ting, og for å henta inspirasjon og kunnskap i eit spennande pedagogisk fagmiljø. – Det daglege kontor- og lunsjfellesskapet med dyktige medarbeidarar på sentret har vore gull verdt, og er det enno, smiler han.

Han har i mange år vore styreleiar i Skolemuseumslaget i Rogaland og redaktør for *Skolehistorisk årbok for Rogaland*, ei gullgruve for alle som har interesse for norsk skuleutvikling over tid. – Eg har alltid vore historisk interessert, smiler han - og tar fram frå hylla magisteravhandlinga si i pedagogikk frå 1962, «*Utviklingsdrag i norsk landsskule 1739-1889 – slik desse syner seg i Rennesøy prestegjeld*».

## Mykje å læra av historia

Kvifor har Sigmund ei slik sterk interesse for historie generelt og skolehistorie spesielt? Har historie ein verdi utover å gi oss spennande innblikk i det som ein gong var?

Når vi spør, startar han med å slå fast at han fekk historieinteressa inn mest med morsmjølka: – Både

## Barndomsminne frå Mosterøy krigsåra 1940–1945

Av Sigmund Sunnana



Heimehuset

mor og far var flinke til å fortelja, både om slekt og familie og om lokalsamfunn og storsamfunnet, seier han. Han møtte seinare også flotte formidlarar både på folkehøgskulen og realskulen. Trygve Bakka er ein av dei han minnest best, han minte mykje om far Vilhelm: – Han fortalte så levande og hadde så god oversikt over historiske hendingar at pensumet sat som spikra. Eg trong knapt å opna historieboka.

Sjølv har han skrive ned mykje frå eigen barndom. I «*Skolehistorisk årbok for Rogaland*» hadde han i 2021 på trykk ein innhaldsrik artikkel med minne frå krigsåra, «*Barndomsminne frå Mosterøy krigsåra 1940–1945*». Den blei i ettertid trykt opp og vidareformidla av Rennesøy historielag.

Historieinteressa har for Sigmund likevel alltid vore motivert av langt meir enn å få sjansen til å mimra om det som eingong var. – Historia gir oss erfarings-basert kunnskap og lærdom som er viktig når vi skal staka ut kurs for framtida, meiner han. Eit konkret døme på dette finn vi på UiS-området på Ullandhaug, der vi finn eit gammalt skulehus som han som rektor på Stavanger lærarhøgskole i 1985 fekk flytta med helikopter frå Sør-Fogn i Ryfylke.

Det har vore motivasjonen hans når han dei siste par tiåra har brukt så mykje tid på arbeid med å finna



*Vi treng kontakt med røtene våre, seier Sigmund i samtal med artikkelforfattaren utanfor det gamle skulehuset frå Sør-Fogn.*

aktuelt stoff til dei skolehistoriske årbökene, og når han heilt fram til i dag har tatt ordet for å påverka og seiа si meining i den offentlege skoledebatten. Han åtvarar sterkt mot ei samfunnsutvikling utan forankring i historie og tradisjon: – Vi kan i vår tid lett bli så travle og såkalla innovasjonsivrige at vi ikkje tar oss nok tid til å reflektera over erfaringane vi har gjort så langt, og ta med oss viktig lærdom inn inn i nye tider. Utvikling krev vilje til forandring, men også det nye må prøvast gjennom kritisk refleksjon. Vi treng ein sunn balanse mellom tradisjon og forankring på den eine sida og fornying og endring på den andre sida. Han har sans for det kjende sitatet av den franske forfattaren og filosofen Simone Weil: «*Den som ikkje kjenner fortida, kan ikkje forstå notida og er ikkje i stand til å forma framtida*».

Saman med to tidlegare nestorar og samarbeidspartnerar i lærarutdanninga, Åsolv Frøysnes og Per Østerud, gav Sigmund i 2015 ut boka «*Norsk lærarutdanning i etterkrigstida. Ei utvikling i spenning mellom tradisjon og fornying*». I boka skriv dei om utviklinga i utdanninga frå 1950-talet og bruker det historiske stoffet som utgangspunkt for eit kritisk blikk på norsk skule og lærarutdanning i dag. «*Skolen i dag er en*

*kunnskapsskole som er innsiktet mot et effektivt og framtidig produksjons-samfunn. Vi ønsker å engasjere motkrefter til dagens teoretisering*», uttala Per Østerud i eit intervju med Khrono.

Evna til å knyta fortid og framtid saman var også eitt av poenga som blei trekt fram i grunngjevinga då Sigmund i mai 2023 blei tildelt Rogaland Mållag sin heiderspris: «*Prisvinnaren kan trekka lange historiske linjer; og samtidig har han det skarpe blikket retta mot notida og framtida, noko til dømes innlegget publisert i universitetsavisa Khrono i august 2022 vitnar om. Der viser han til Danmark og Frihedsforsøget og listar opp fleire tiltak som kan forbetra rekrutteringa til lærarutdanninga i Noreg.*»


## MOT TIL Å MEINA

Eit langt og aktivt liv på over nitti år har lært Sigmund at endring er nødvendig for utvikling. – Utvikling har vel på mange måtar vore ein rød tråd i det meste av det eg har arbeidd med gjennom mesteparten av yrkeslivet, smiler han.

Nettopp derfor har han framleis motivasjon og mot til å delta i den offentlege samfunnsdebatten, framfor alt om utviklinga i norsk skule og utdanning. Også dette var eit hovudpoeng i grunngjevinga for å tildela mållaget sin heiderspris til han: «*Eit fyndord i arbeidet til Rogaland Mållag er Mot til å meina. Prisvinnaren har vist og viser mot til å meina og ser aldri ut til å tapa av synet at engasjement, tankens fridom og klare, faglege ytring skal ta sitt offentlege rom. Og det kan like så godt vera i eit innlegg i Stavanger Aftenblad som i utgreiingar i eit direktorat.*»

Sigmund ønskjer ikke å vera ein «sjuande far i huset», men er opptatt av at folk i alle aldrar skal delta i den offentlege debatten: – Det er heldigvis ikkje noko aldersgrense for å seia kva ein meiner, humrar han:

Tildeling av Målprisen ved varaordførar Dagny Sunnanå Hausken på kommunestyremøtet i Stavanger 22. mai 2023.



– Så lenge eg har klare tankar og meininger om saker eg brenn for, vil eg gjerne bruka den teoretiske og erfarringsbaserte kompetansen min til å informera, utfordra og påverka, både gjennom skriftlege innlegg i aviser og tidsskrift og i andre fora der utdannings-politikk står på agendaen. Så får det bli opp til dei som les og lyttar, å ta stilling og seja seg einig eller ueinig.

## Produktiv fram til i dag

Seinast i oktober 2024 kasta Sigmund seg gjennom eit lesarinnlegg i Stavanger Aftenblad inn i den tidsaktuelle debatten om budsjettkutt og skulenedlegging i Rogaland. Her skreiv han mellom anna, med bakgrunn i lang erfaring: «*Spørsmål om nedlegging av skular skaper oftast stort engasjement. Det rører ved identitet og sterke kjensler.*» Han avslutta med ei tydeleg og modig utfording til dei som bestemmer: «*Politikarar og skulebyråkratar bør derfor tenkja seg godt om i slike saker. Med konstruktiv fantasi og kreativ vilje kan det finnast andre løysingar som på lengre sikt er betre, også økonomisk, enn å leggja ned mindre skular. Dette vil i mange tilfelle vera til beste for barn og unge og det*


*lokalsamfunnet dei lever i. Kanskje er desentralisering i staden for sentralisering noko som bør prøvast?*»

Sentralisering er berre eitt av fleire tema som har engasjert han som aktivt arbeidande pensjonist. I artiklane i denne årboka går det fram at han er særleg opprett av rekruttering, struktur og innhald i lærarutdanninga og av ei skuleutvikling som han meiner har gjort grunnopplæringa altfor teoritung. Desse artiklane/lesarinnlegga frå dei to siste åra er døme på dette:

- «*Kven ønsker å bli ein avmekting lærar?*» (Stavanger Aftenblad 13. mai 2023)
- «*Korleis gjere lærarutdanninga attraktiv att?*» (Klassekampen august 2023)
- «*Nokre velmeinte råd til kunnskapsministeren*» (Stavanger Aftenblad oktober 2023)
- «*Dårleg søknad til lærarutdanninga. Kvifor?*» (Utdanningsnytt 26. februar 2024)
- «*Lærarrekruttering – ei historie om fortida for framtida*» (Khrono 9. mars 2024)
- «*Korleis forsvann dei praktiske og estetiske faga meir eller mindre ut av skulen?*» (Utdanningsnytt 17. juli og i Khrono 24. juli 2024)

## Pisa-sjokk og uheldig teoretisering

Om lag eit halvt år før Sigmund gjekk av som utdanningsdirektør i Rogaland, fekk Norge det som er blitt omtala som det store «PISA-sjokket». Då dåverande utdanningsminister Kristin Clemet 4. desember 2001 presenterte resultata frå dei første PISA-testane som norske elevar deltok i, var reaksjonane sterke. «*Norge er skoletaper! Nå er det solid dokumentert*», skreiv Dagbladet. No er «*scenen satt for det store norske oppgjøret om kunnskap i skolen*», skreiv Clemet sin statssekretær Helge Ole Bergesen frå Stavanger. Det blei i praksis startskotet for prosessen som ført fram til ny læreplan for grunnopplæringa, «*Kunnskapsløftet*».



*Var det slik det blei?*

Utdanningsdirektørane var på den tida blant statsråden sine viktigaste frontsoldatar i kampen for å snu kurset og iverksetja tiltak som kunne målast gjennom høgre score på både internasjonale og nasjonale testar, og sjå til at elevane på alle trinn kunne gi norsk skole eit fagleg løft. Dei delte nok Clemet sin ambisjon om å styrkja kvaliteten i skulen, men samtidig kjende mange av dei, inkludert Sigmund som snart skulle bli pensjonist, ei stigande uro for korleis den sterke auken i elevtimetalet i Pisa-faga norsk, matematikk og naturfag ville påverka skolen. Læreplanane fekk omfattande kompetansemål. Dei praktiske og estetiske faga fekk redusert timetal, og 6-åringane teori i staden for leik, som var førestnaden for denne reforma. Ein fekk også eit einsidig test- og rangeringsfokus som i høg grad påverka arbeidet i skolen.

Sigmund hadde sett ein del negative utviklingstrekk heilt sidan *New Public Management* i 1994 blei innført som styringssystem på breitt plan i offentleg sektor. -Det er sjølv sagt både rett og naturleg at politikarane set mål og vurderer resultat. Men vi må alltid vera merksame på faren for å gjera rommet for fagleg for-

ankra refleksjon og forsking blir mindre, åtvarar han. I ettertid har han sett fleire negative utviklingstrekk i kjølvatnet av Pisa-sjokket i 2001. Det kjem fram i mellom anna i sitata under, som er klipt frå artiklar i denne årboka.

«*For mange var dei første Pisa-resultata som kom i desember 2001, eit sjokk. Resultata fortalte om kunnskap i norsk, matematikk og naturkunnskap. Andre viktige sider ved målsetjinga for den norske skulen, til dømes personlegdoms-utvikling og praktisk dugleik, blei derimot ikkje vurderte. ...*

*I det heile har dei praktiske og estetiske fått kummerlege vilkår dei siste tiåra. Desse faga er viktige for å få ein god skule som kan hjelpe elevane til å bli «gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn» (Formålsparagrafen i grunnskulelova frå 1969). Det må sterk politisk vilje og stort pågangsmot til for å kunne byggja opp att det som er avvikla for denne faggruppa. Spørsmålet gjeld prioritering. Både staten og kommunane må visa handlekraft og bruka nødvendige ressursar dersom dette skal skje. ...*

*Kunnskapsløftet i 2006 innførte krevjande læringsmål i dei teoretiske faga. Dette galldt også for 6-åringane som kom inn i skulen i 1997. Dei fekk eit teori-basert opplegg i staden for eit leikbasert, som var føresettet. Det blei dessutan innført eit omfattande test- og vurderingssystem. Alt dette førte til saman til stress både for elevar og lærarar. Mange elevar opplevde skulen som teoritung og kjedeleg der dei gjerne kom til kort i teoretiske fag. Dette kunne i neste omgang føra til utagerande åtférd, mobbing m.m.»*

### Lærarutdanning i krise

Meir enn noko anna har Sigmund gjennom heile si lange reise i skulelandskapet vore opptatt av læraren. Han har ofte sitert Arne Garborg sine kjende ord: «*Det hjelper*

*korkje med timeplanar eller instruksar eller nokon ting; det som gjer skulen til det han er, er læraren.»*

Alt arbeid i lærarutdanninga og som utdanningsdirektør overtydde han om at det må ei fagleg solid og praktisk innretta lærarutdanning til for å utvikla trygge og gode lærarar. Med bakgrunn i eigne erfaringar på feltet gjennom mange tiår er han blitt gradvis meir skeptisk til utviklinga dei siste åra. – Dersom vi ikkje gjer noko med den negative søkjartilgangen til utdanninga, styrer vi mot krise, meiner han. Han trur slett ikkje ei politisk initert reform med utviding til 5 årig lærarutdanning på masternivå er ei god løysing.

– Eg trur det er klokt å sjå med eit kritisk blikk på dei lange linjene når vi skal ta nye grep for å prøve å skapa ny giv for lærarutdanninga, seier Sigmund ettertenksamt. – Frå å vera ei brei og praktisk retta 2 årig utdanning på 1950-talet har vi i dag fått ei fagsentrert 5 årig masterutdanning med akademisk tilnærming. Så må vi spørja: Er det ikkje eit paradoks at utvidinga av utdanninga har gjort ho smalare? Kvifor har ikkje ansvarlege styresmakter opp gjennom tiåra teke dette meir på alvor og gjort meir for å endra utdanninga, mellom anna gitt praksis meir plass, slik studentane har etterlyst? I ein av artiklane om lærarutdanning uttalar han seg svært kritisk om temaet:

«I 2017 blei grunnskulelærarutdanninga gjort femårig med obligatorisk mastergrad. Å ta ein slik grad kan vera nytting for dei ønskjer spesielle stillingar i skuleverket, til dømes innanfor dei spesialpedagogiske hjelpepenestene. For dei som vil bli lærarar i klasserommet, kan dette bli oppfatta som eit langt og krevjande studium som er mindre aktuelt. Den obligatoriske lærarutdanninga bør derfor vera på fire år med høve til påbygging med mastergrad som ei frivillig ordning for studentar og vidareutdanning for lærarar.

*Ein mastergrad i lærarutdanning er heller ingen*

*garanti for å bli ein god lærar. Ein lærarstudent kan ha teke mastergrad i eit fag med svært godt resultat, men likevel mislukkast som lærar i faget fordi han/ho manglar dei pedagogiske og personlege føresetnadene for å kunne formidla fagkunnskapen. Det er skilnad på å ta mastergrad i lærarutdanning og i ingeniørutdanning. Her kan ein mastergrad føra til at ein blir «ekspert» på eit fagområde utan at det er nødvendig å vera ein god formidlar.»*

Lærarutdanningsveteranen veit godt at utfordringane er komplekse, og at det ikkje finst nokon verktøykasse med kvikk-fiks-løysingar. Han erkjenner at den sviktande tilgangen på sökjurar til grunnskulelærarutdanninga har mange årsaker. I tillegg til ein kritisk gjennomgang av utdanninga meiner han det er behov for å sjå med nytt blikk på både læraren si rolle i klasserommet, løn og status i samfunnet. I den kritiske artikelen «*Kven ønsker å bli ein avmekta lærar?* (2023) skriv han mellom anna: «*Læraren i den norske skulen har mista nesten all makt. Han eller ho kan bli krenka og trakasserte av både elevar og foreldre utan særlege høve til å ta til motmæle. Denne avmakta er også ein grunn til at berre få ønsker å utdanna seg til yrket.*» Han viser konkret til inngått samarbeidsavtale mellom Staten, KS og lærarorganisasjonane med sikte på å betra lærarsituasjonen i skulen og oppnå betre rekruttering til lærarutdanninga. «*Vi får håpa at det kjem konkrete og kreative utspel fra dette samarbeidet som gjer skulen til ein triveleg og god arbeidsplass og lærarutdanninga igjen blir eit attraktivt val for sökjurar til høgre utdanning,*» skriv han.

## **Ei konkret skisse til forsøk med ny lærarutdanning**

Saman med to tidlegare lærarutdanningskolleger på Stord, Nils og Atle Bjørn Mæhle, deltok Sigmund i

2023 på eit seminar om utfordringane i lærarutdanninga. På seminaret presenterte han ei konkret skisse til forsøk med ny organisering og endring av innhald og profil i utdanninga og utfordra styringsorgana på Høgskulen på Vestlandet til å setja i gong eit forsøksopplegg med grunnlag i skissa.

Forslaget inneber at høgskolen prøver ut eit opplegg med 4-årig obligatorisk lærarutdanning, men med høve til frivillig påbygging til mastergrad for studentar og vidareutdanning for lærarar. – Den smale og fagsentrerte utdanninga vi har i dag, bør avløysast av ei breiare utdanning med meir praktisk innretning mot lærararbeidet i skulen, I staden for å starta med fageiningar i norsk og matematikk som studentane har hatt i 13 år i grunnskolen og i vidaregåande opplæring, bør det ta til med ei innsføring i og rammene for sjølv lærararbeidet, meiner Sigmund. .

Hovudtrekka i forsøksopplegget er utfyllande presentert og grunngjeve i artikkelen «*Dårleg søknad til lærarutdanninga – kvifor?*» publisert i denne årboka.

#### MED BLIKK MOT FRAMTIDSHORIZONTEN

«*Wenn jemand eine reise tut, dass kann er was erzählen*», skal Matthias Claudius (1740-1815) ha sagt. Sigmund Sunnanå har bak seg ei reise som er både lengre og meir mangfaldig enn dei fleste. Derfor har han mykje både å fortelja om og samtidig kloke reiseråd å gi til dei som skal styra skule- og samfunnsskuta vidare.

Når arbeidet med den digitale 2024-årgangen av «Skolehistorisk årbok for Rogaland» er fullført, er ein epoke slutt. – Eg innrømmer ærleg at det blir vemodig å avslutta eit prosjekt som eg har opplevd som spennande og viktig, og som eg veit har betydd mykje for mange skuleinteresserte i både Rogaland og utover fylkesgrensa. Men alt har si tid, seier Sigmund ettertenkamt.

Det sterke personlege og faglege engasjementet har

han like fullt framleis. Nettopp ordet *engasjement* blei trekt fram av Rogaland Mållag ved tildelinga av heidersprisen i 2023:

«*Det er enkelt å finna, positive karakteriserande ord om mottakarane av prisen til Rogaland Mållag. Men eitt ord må uansett vera med, og det er engasjement. Eit engasjement som har djupe røter i både teori og røynsle og som framstår som det har gjennomsyra heile hans lange virke, der den raude tråden er utdanning. ... Også etter han blei takka av ved oppnådd aldersgrense i 2002, har prisvinnaren markert seg med ei uredd, poengtert og nytenkjande stemme.*»

#### Velmeinte råd til Kari kunnskapsminister

Då Stavangers populære eks-ordførar Kari Nessa Nordtun blei kunnskaps-minister i 2023, nøydde ikkje Sigmund seg med å stilla seg i rekke av gratulantar. Nei, han hadde meir å seia enn «gratulerer» og «til lukke». I eit lesarinnlegg som er publisert på www.skolehistorie.no, gav han frimodig den ferske statsråden konkrete råd med på vegen som ansvarleg statsråd for det han meiner er noko av det som betyr aller mest for framtida for både enkeltmenneske og samfunn.

I innlegget lista han opp 12 punkt som han bad henne sjå nærare på og vurdera å gjera endringar. «*Etter mi vurdering kan dei fleste av desse råda gjennomførast utan større kostnader for staten. Det trengst heller ikkje grundige utgreningar frå «ekspertutval». Departementet kan bestemma det meste, og kunngjera endringane med rundskriv*», skreiv han. Dei konkrete råda er kjernen i artikkelen, som også er publisert i denne årboka.

Sjølv om 2024-årgangen av «Skolehistorisk årbok for Rogaland» blir den siste, vil vi truleg framleis høyra frå den snart 93 årige energiske bautaen i det norske utdanninglandskapet. For så lenge han har helse og krefter, har han enno mangt på hjartet og mot til å meina. Vi

må tru at det framleis vil finnast informasjonskanalar som vil gi han spalteplass til å dela av kunnskapen og klokskapen sin og utfordra til refleksjon og nytenking.

## Visjonar for framtidsskulen

Det er visjonane for den gode skulen også for komande generasjonar som held oppe Sigmund sitt brennande engasjement. Då han runda 80 år, fekk eg gjennom samtalar og skriftleg kjeldemateriale følgja han gjennom hans spennande reise gjennom livet så langt. Det blei til boka «*Vandring mot varden. Sigmund Sunnanå – liv og virke*».

Samtalar med arbeidskolleger i Læringsmiljøsentret, men også personlege erfaringar med å følgja tett dei yngste barnebarna oppover i grunnopplæringa, har lært Sigmund at altfor mange elevar av ulike grunnar fell utanfor i det han sjølv meiner er blitt ein altfor teoritung skule. I ein samtale mot slutten av «*Vandring mot varden*» poengterer han at det er læraren som alltid vil utgjera den store forskjellen mellom den gode og den mindre gode skulen. - Teknologi vil aldri kunna erstatta menneske – og møtet mellom menneske, slår han fast.

Han er meir enn nokon gong før opptatt av å sikra best mogleg rammer for lærararane som jobbar i skulen, slik at dei kan oppleva yrket sitt som gildt og meiningstfullt. Han er framleis glad i formuleringa i føremålsparagrafen i lova frå 1969: - Det er ei stor og viktig oppgåve å formidla kunnskap og dugleik og påverka den sosiale og personlege utviklinga til barn og unge, hjelpa dei til å bli gagnlege og sjølvstendinge menneske i heim og samfunn, slik det blei formulert den gongen, slår han fast.

Visjonane hans for den gode skulen for alle andre elevar, slik han formulerte dei i samtalen i 2012, kan vera passande avslutningsord i denne artikkelen:

«*Eg ønskjer meg ein framtidsskule der alle elevar får glede av å treffa dugande og engasjerte lærarar som ikkje berre er opptatt av og kan faga sine, men som ser og er engasjerte i elevane som menneske i utvikling. Sosiale forhold i klassen, kamerat-skap og samhandling er heilt avgjerande for korleis den enkelte utviklar seg. Eg har hørt altfor mange skremmende historiar om mobbing – historiar som fortel om små og sårbare ungar som tar alvorleg skade av åra i skulen. Dette er uverdig, noko vi aldri kan finna oss i. Det handlar til sjuande og sist om menneskeverd – ei utfordring og ein kamp som kvar skule må ta kvar einaste dag.*»

Vel tala, Sigmund Sunnanå! TAKK for påminninga om at skulen si aller viktigaste oppgåve er nettopp så stort: *Å skapa menneskeverd!*

## Kjelder:

- Svein Helgesen: «*Vandring mot verden. Sigmund Sunnanå – liv og virke*» (2012)
- Sigmund Sunnanå, Åsolv Frøysnes og Per Østerud: «*Norsk lærarutdanning i etterkrigstida. Ei utvikling i spenning mellom tradisjon og fornying*» (2015)
- Sigmund Sunnanå: «*Grunnskolelærarutdanning i Stavanger i 70 år – eit historisk tilbakeblikk*» (Artikkel i Festkrift frå Universitetet i Stavanger: «*Lærer-utdanningene gjennom 70 år: 1954-2024*»)
- Sigmund Sunnanå: Artiklar og lesarinnlegg publisert i Skolehistorisk årbok for Rogaland/på www.skolehistorie.no)
- Rogaland Mållag: Grunngjeving for heiderspris til Sigmund Sunnanå (2023)
- Notat frå private samtalar

## ETTERORD

Ein artikkel som femner om alle sider ved Sigmund Sunnanå si lange reise gjennom snart 93 år, ville krevje langt meir plass enn kva denne artikkelen har gitt rom for. Med sitt sylskarpe minne fortel han i samtalar om interessant og artige minne også på livsområde utanom skule og utdanning. Då kjem ofte erfaringar frå forsvaret og frå opplevingar som bussjåfør ofte på tapeten.

Egentleg såg han på slike praktiske arbeidsoppgåver meir enn berre ein hobby han likte å driva på med. – Då eg lærde om filosofen Rousseau på lærarskulen på Stord, merka eg meg at han i oppsedingsromanen *Emil* meinte at Emil måtte ha eit praktisk yrke praktisk yrke å falla tilbake på dersom noko uventa skjedde. Han skulle derfor læra å vera snikkar. Rousseau hadde kanskje ei kjensle av at det kom til å skje store endringar i det franske samfunnet. Han døydde i 1778, og i 1789 kom den store franske revolusjonen, smiler den aktive pensjonisten. Under presenterer eg eit lite knippe med døme på slike historiar, fortalt av hans eigen munn:

**«Då eg skulle i førstegongstenesta,** blei eg saman med mange andre rekruttar frå Sør Noreg samla på Ulven ved Os utanfor Bergen. Etter tre månader med hardkjør, blei ein del av oss sende til Gimlemoen for befalsutdanning. Eg hadde kjørt bil hos bror min, Arne, på Mosterøy, så eg søkte om utdanning innan transport. Vi skulle ikkje ha lengre tid enn andre som var på førstegongsteneste, men vi skulle vera befat under repetisjonsøvingar. Det var slike øvingar ein månad kvart 4. år. Eg avanserte raskt til transportoffiser med löytnants grad. Repetisjonsøvingane var ei fin avkoping frå arbeidet med skulespørsmål. Eg var på repetisjonsøving i 1977, og måtte ha permisjon ein dag for å reisa til Oslo på møte i arbeidsutvalet i Lærarutdanningsrådet!». Endå om repetisjonsøvingane var hygge-



På repetisjonsøving.

lege avbrekk og kjekke samlingar, kunne eg aldri tenkt meg å vera yrkesmilitær.»

**«Eg kjørte mykje drosje og buss** for Arne på Mosterøy. I åtte somrar var eg også sjåfør på turbuss i dei fleste land og mange byar og hovudstader i Vest Europa. Det var turar til Hamburg, Rhindalen og Holland, til Paris, til Barcelona, Valencia og Madrid, Wien. Den siste turen hadde eg i 1966 til Berlin der vi også var i Aust Berlin.»

**«I 1974 opplevde eg ei litt artig historie.** Eg blei invitert av Lars Beite til å koma til Utstein Kloster der han hadde ei skulesjefsamling. Eg skulle fortelja om arbeidet med planar for lærarutdanninga. Etter foredraget reiste eg heim til mor mi. Arne skulle henta skulesjefane og kjøra dei til ferja på Askje. Han mangla sjåfør, og sende meg avgarde. Då vi stod på kaien på Askje og venta på ferja, var det nokre skulesjefar som gjekk ut for å ta seg ein røyk. Ein av dei skubba i ein annan og sa: – Du, den sjåfören var så grevla lige Sunnanå!»

**«Ei anna artig historie om busskjøringa mi** er då ei gruppe frå departementet og skuledirektørkontora i 1991 skulle på studietur til California for å studera opplæringa av framandspråklege. Der hadde dei nett då fått fleire elevar med anna morsmål enn amerikansk. Dei som stod for opplegget for turen, fann på at for å spara pengar og ha ein buss alltid tilgjengeleg, så skulle



Medarbeidarar i departementet og i utdanningskontora på balkongen utanfor sjømannskyrkja i San Fransisco.



Sigmund på 92 år står framfor ein av bussane han køyrd på 1960-talet. Han køyrd også mange andre bussar i inn- og utland.  
Foto: Bjarte Edland

dei leiga buss og ha meg til sjåfør. Det stod derfor buss på flyplassen i San Fransisco då vi kom dit. Vi kjørte til Sacramento og møtte misnisteren for skulestellet i California. På vegen tilbake til San Fransisco var vi innom Napa Valley (Vindalen). Vi hadde møte på Stanford University i San Fransisco Til møta kjørte til og frå hotellet, og dessutan ut til restaurantar til middag om kveldane. Vi kjørte også rundt i området for å sjå oss omkring.»

# Grunnskolelærarutdanning i Stavanger i 70 år – eit historisk tilbakeblikk

AV SIGMUND SUNNANÅ

## Innleiing

Lærarutdanning er noko av det mest meiningsfulle ein kan驱ra på med. Det er ei stor og viktig oppgåve å utdanna lærarar som skal formidla kunnskap, verdiar og haldningar og påverka barn og unge i deira personlege og faglege utvikling. Lærarutdanninga har stor samfunnsmessig verdi og er omfatta med stor politisk og samfunnsmessig interesse. Det har vore og er ulike meininger og strid omkring lærarutdanninga for grunnskolen. Doktorgradsavhandlinga til Sissel Østrem har tittelen: «En umulig utdanning for et umulig yrke».

Utdanninga har vore stramt styrt gjennom lover, studieplanar, forskrifter, budsjettvedtak og tildelings-/ oppgåvebrev frå departementet. Lærarutdanninga i Stavanger har, som dei andre lærarutdanningane i vårt land, mått innretta seg etter dei politiske «vindane» til kvar tid. Historia om den nasjonale utviklinga av lærarutdanninga er også historia om utviklinga av denne utdanninga i Stavanger.

I dette oversynet har eg prøvt å nemna litt om formelle rammer, innhald og organisering av lærarutdanninga og om forholdet mellom lærarutdanninga og grunnskolen. Den historiske utviklinga har eg delt i fire periodar: Stavanger lærarskole 1954 – 1975, Stavanger lærarhøgskole (SLH) 1975 – 1994, Lærarutdanninga

ved Høgskolen i Stavanger (HiS) 1994 – 2005 og Lærarutdanninga ved Universitetet i Stavanger (UiS) 2005 -.

## Stavanger lærarskole 1954 - 1975

I åra etter krigen var det stor auke i barnetalet. Det kom styrkingstiltak i folkeskolen, og framhaldsskolelova frå 1946 førte til at dei fleste unge gjekk meir enn sju år på skole. Dette førte til stort behov for lærarar. I tillegg til dei eksisterande lærarskolane oppretta derfor regjeringa Statens lærarskoleklassar i ei rekke byar. Etter initiativ frå Bystyret i Stavanger blei også Stavanger tidelt slike klassar. I budsjettproposisjonen rekna departementet med at ordninga ville vara i fire år.

Statens lærarskoleklassar i Stavanger blei opna med ei enkel tilstelling i Ynglingens lokale på Madlaveien 1. september 1954. Konstituert rektor Frik Hougen, nokre få lærarar, 60 studentar og nokre gjester var til stades. Dette var den første opninga av ein offentleg utdanningsinstitusjon i Rogaland som bygde på examen artium.

Lærarutdanninga fekk først to klasserom og eit rom til kontor på Kannik skole. Undervisninga i fleire fag, til dømes praktiske og estetiske fag, måtte leggjast til andre folkeskolar i byen. I dei først åra hadde lærarut-

danninga eit omflakkande tilvære før ho i 1961 fekk ei meir fast plassering på Nylund skole. Då Stortinget i 1965 vedtok at lærarskoleklassane skulle bli permanente lærarskolar, blei det i Stavanger aktuelt å få eige bygg. I 1972 kunne lærarutdanninga flytta inn i nytt bygg på Ullandhaug. Rektor Hagbard Line gjorde ein stor innsats for å få reist dette bygget som i dag har namnet: Hagbard Line Huset.

Departementet hadde lagt stramme restriksjonar på utforming og pengebruk. Skolen hadde fått utvida oppgåver med førskolelærarutdanning og vidareutdanningseiningar i fleire fag. Seinare kom også praktisk-pedagogisk utdanning. Alt ved innflyttinga var derfor bygget for lite, og ein måtte ta i bruk brakker og ha undervisning både på dag- og kveldstid. Først i 2005 blei bygget utvida slik at lærarutdanninga fekk meir føremålstenlege lokale. I 1985 blei det gamle skolehuset på Sør Fogn flytta med helikopter til lærarhøgskoleområdet. Det har ennå plass blant universitetsbygga.

Lærarskolelova frå 1938 og undervisningsplanar frå 1939 la detaljerte føringar for mål, innhald, organisering, arbeidsmåtar og vurdering, inkludert eksamen. Utdanninga skulle kvalifisera for undervisning i den 7-årige folkeskolen etter Normalplanen frå 1939. Det kunne opprettaast 2-årige studentliner som bygde på examen artium og 4-årig line som bygde på opptaksprøve for elevar utan examen artium. Studentlinene kunne vera anten ei vanleg line eller ei line med engelsk som spesial fag. Studentane/elevane skulle få opplæring i alle fag og oppgåver for lærarane som var nemnde i Normalplan for folkeskolen frå 1939.

For lærarutdanninga var det detaljerte reglar om organiseringa av utdanninga og om det faglege og pedagogiske opplegget. Det var til dømes bestemt kor mange timer med undervisning det skulle vera i kvart fag, obligatorisk frammøte for studentane/elevane til

36 timer i veka, oppgåver som skulle leverast i kvart fag og retningslinjer for vurdering og eksamen. Lærarutdanningsrådet arrangerte nasjonal skriftleg eksamen i norsk og pedagogikk. På 4-årig var det også eksamen i rekning og romlære. Lærarutdanningsrådet stod for trekking av fag og oppnemning av sensorar til munnleg eksamen ved lærarskolane.

På landsbasis var det svært god søknad til lærarutdanninga. Til studentlinene var det årleg ca. 6000 søkerar til ca. 2000 plassar. Ein måtte ha topp karakterar frå examen artium og gjerne tilleggspoeng for å bli teken opp til dei mest populære lærarskolane. Opptaket til den 4-årige lina blei gjort lokalt på den enkelte skole. Det møtte jamt over ca. 120 til opptaksprøva som konkurrerte om 30 plassar. På 1960-talet kom det mange nye gymnas rundt omkring i landet. Dette gjorde at grunnlaget for den 4-årige lina etter kvart fall bort.

Forsøkslova frå 1954 og folkeskolelova frå 1959 la grunnlaget for å drive forsøk med å utvikla ein felles obligatorisk 9-årig grunnskole. Denne skolen skulle erstatta folkeskolen, framhaldsskolen og realskolen. På slutten av 1950-talet og på 1960-talet kom det derfor ein intens forsøksperiode med å prøva ut ulike opplegg for den nye grunnskolen. Erfaringane frå forsøka gav grunnlaget for ny lov om grunnskolen i 1969. Hovudmønsteret for skolen blei eit barnesteg, 1 – 6 og eit ungdomssteg, 7 – 9. Dette medførte at mange av dei små gredeskolane blei lagde ned og elevane overførde til nybygde skolar på sentrale stader. I somme kommunar fekk ein eigne skolar for barnesteget og for ungdomssteg, i andre fekk ein skolar som hadde både barnesteg og ungdomssteg, 1 – 9. I byane og større tettstader blei det vanlege mønsteret eigne barneskolar og ungdomsskolar.

Også i lærarutdanninga kom det forsøk med å tilpassa lærarutdanninga til ein obligatorisk 9-årig skole.

Forsøka omfatta både struktur og innhald i den 2-årige utdanninga og 3-årig samanhengande utdanning. Det var stort behov for lærarar på ungdomsseget. Mange lærarar med 2- eller 4-årig utdanning i folke- og framhaldsskolen ønskte å ta vidareutdanning som kvalifiserte for undervisning på ungdomsseget. Mange lærarskolar utvikla derfor planar for forsøk med årseiningar (60 poeng) i teoretiske og i praktiske og estetiske fag.

Stavanger lærarskole hadde først berre 2-årig vanleg line, men fekk etter kvart også 2-årig line med engelsk som spesial fag og 4-årig line. Rektor Hagbard Line hadde hovedfag i engelsk, undervist i faget og gitt ut lærebøker. I 1964 fekk han utvikla planar for eit forsøksopplegg med årseining i engelsk. Seinare på 1960-talet blei det laga planar for årseiningar i kristendomskunnskap, musikk, norsk og spesialpedagogikk. På 1970-talet fekk ein i tillegg halvårseiningar (30 poeng) i dei fleste teoretiske og praktiske og estetiske faga i grunnskolen.

Ved lærarskolane var det stor sosial og kulturell aktivitet. Dette blei sett på som ein del av lærarutdanninga fordi mange lærarar fekk sosiale og kulturelle oppgåver i bygd og by.

### **Stavanger lærarhøgskole 1975 – 1994**

1960-, 1970- og 1980-tallet er av somme kalla «gullalderen» i norsk lærarutdanning. Den nye lærarutdanningslova frå 1973 medførte eit tidarvende i norsk lærarutdanning. Utdanninga skulle nå kvalifisera for undervisning i heile den 9-årige obligatoriske skolen. Det var god tilgang på kvalifiserte sokjarar, og stor konkurranse om studieplassane. Lova opna for større autonomi og råderett i interne administrative og faglege spørsmål, til dømes utarbeiding av lokale fagplanar som bygde på offentlege rammeplanar, vurdering og eksamen. Lova bestemte at utdanninga skulle vera på

høgskolenivå, ha eit omfang på tre år og byggja på examen artium/vidaregåande opplæring eller tilsvarande grunnlag. Dette gjorde at studenttalet auka, lærarutdanninga fekk mange nye dugande lærarar, nye planar og organiseringsmåtar av utdanninga skulle etablerast. Dette medførte mange intense diskusjonar om aktuelle spørsmål som galdt utdanninga og stor fagleg aktivitet ved lærarskolane. Dei økonomiske rammene var gode.

Eit regjeringsoppnemnt utval, Studieplan- og reglementsutvalet, laga opplegg for organisering av utdanninga og rammeplanar for lærarutdanningsfag for faga i grunnskolen. Utvalet la erfaringane frå den omfattande forsøksverksemda i lærarutdanninga til grunn for arbeidet sitt. Opplegget for organisering av allmennlærarutdanninga og rammeplanane for faga er trykte i NOU: 1974:58 og blei gjort mellombels gjeldande frå 1976. Utdanninga skulle ha ein utprøvingsperiode og vera grunnlag for ein meir permanent studieplan som kom i 1980.

I allmennlærarutdanninga skulle pedagogisk teori og praksis ha eit omfang på eitt år og ei fagleg didaktisk innføring i faga i Mønsterplanen for grunnskolen. Fagstudia var ordna i kvartårseiningar (15 poeng), halvårseiningar (30 poeng) og årseiningar (60 poeng). Kristendomskunnskap, norsk og eit praktisk eller estetisk fag skulle til vanleg vera obligatoriske. Studentane skulle kunne velja fagstudium med tanke på undervisning på barnesteget eller ungdomsseget, dvs. dei kunne koma ut med ein fagkrins frå 4 – 6 fag. Vitnemålet skulle gi informasjon om kva for undervisningsoppgåver den enkelte var best skikka til å ta seg av. Utdanninga skulle vera mest mogeleg samordna og innsikta mot undervisning i grunnskolen.

Stavanger lærarhøgskole hadde ei populær utdanning med god tilgang av kvalifiserte sokjarar. Høgskolen hadde også eit godt kvalifisert personale som nå

fekk mange nye og dugande medarbeidarar. På 1970-talet blei det gjort eit omfattande arbeid med å laga til studieopplegg for den 3-åriga utdanninga og lokale fagplanar med utgangspunkt i lova og rammeplanane i NOU 1974:58. Dette omfatta mellom anna tilbod om års- og halvårseiningar både som grunn- og vidareutdanning. På desse einingane kunne ein såleis ha både lærarstudentar og erfarne lærarar som tok vidareutdanning. Både fagleg og pedagogisk var dette ein god kombinasjon.

I spesialpedagogikk blei det utvikla planar først på 2. avdelingsnivå og seinare på hovudfagsnivå. Hovufagtilboden blei godkjent av departementet i 1986. Dette var det første hovufagtilboden ved ein offentleg utdanningsinstitusjon i Rogaland. Torleiv Høien og Erling Roland var dei første med tilknyting til lærarutdanninga som tok doktorgrad. Seinare har mange i lærarutdanninga teke ein slik grad.

I samarbeid med LO og NHO blei det laga eit studietilbod i Arbeidslivskunnskap på 30 studiepoeng der prosjektarbeid var sentralt. Somme lærarar som tok dette studietilboden, laga elevbedrifter saman med elevar på sine skolar. Dette blei seinare utgangspunktet for eit nasjonalt prosjekt om elevbedrifter og entreprenørskap som blei satsingsområde både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Entreprenørskap er i dag eit emne i læreplanane for begge skoleslaga.

På slutten av 1970-talet tok nokre studentar med Per Inge Torkelsen, Steinar Lyse og Dag Schreiner med fleire initiativ til å laga revyar. Dette var grunnlaget for det seinare så kjende *Løgnaslaget*.

### Forsking og utviklingsarbeid

I lærarutdanningslova frå 1973 står det at lærarhøgskolane skal gi etterutdanning og driva forsøks- og utviklingsarbeid i lærarutdanninga og i skoleslag som

dei utdannar lærarar for. Ved SLH blei det oppretta ei eiga avdeling som skulle ta seg av denne oppgåva (FEI-avdelinga). Særleg på 1980-talet dreiv denne avdelinga ei omfattande verksemد som årleg omfatta etterutdanning i form av kurs/konferansar om faglege og pedagogiske emne for 3500 – 4000 grunnskole- og forskolelærarar. Det meste av etterutdanninga og utviklingsarbeidet skjedde ved høgskolen i Stavanger, men mykje blei også lagt til kommunar og enkelskolar. Innleigde førelesarar og lærarar på høgskolen stod for undervisninga. Lærarane på høgskolen kunne på denne måten få nær kontakt med lærarar i barnehage og skole. Gjennom denne kontakten kunne dei få praktisk kunnsskap om kvardagen i barnehagen og skolen og ta med seg problemstillingar som kunne nyttast i undervisninga på høgskolen.

For å styra og koordinera den utoverretta aktiviteten hadde høgskolen eit kontaktutval der Skoledirektøren i Rogaland, Fylkesopplæringssjefen i fylkeskommunen, og ein representant for kommunane og ein frå lærarorganisasjonane var med.

Avdelinga stimulerte til forsking og utviklingsarbeid internt på høgskolen og gav rettleiing til slikt arbeid, også på doktorgradsnivå. Det blei også gitt ut eit informasjonsblad med lærar- og studentarbeid som kunne vera nyttige for lærararbeidet i barnehage og skole. Denne avdelinga blei eit mønster for tilsvarande avdelingar ved andre lærarhøgskolar. Senter for Lese-forskning og Adferdforskning starta ved denne avdelinga. Dei blei seinare «bein» for etableringa av Universitetet i Stavanger. I dag er dei store spesialpedagogiske senter som driv forsking, utviklingsarbeid og formidling på høgt nivå både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

SLH gav også tilbod om desentralisert grunn- og vidareutdanning fleire stader i fylket. Lærarar og andre kunne med dette få utdanning kombinert med jobb på

heimstaden. Samtidig fekk lærarane ved høgskolen gjennom dette nær kontakt med lærarar i grunnskolar ulike stader i fylket.

I 1992 bestemte Stortinget at allmennlærarutdanninga skulle vera 4 år. Dei lokale planane blei fornya og tilpassa den nye ramma. Høgskolen hadde ry på seg for å gi ei aktuell og god lærarutdanning med mange kvalifiserte søkerarar. Men utover på 1990-talet gjekk talet på kvalifiserte søkerarar ned og lærarutdanninga gjekk inn i ein meir turbulent periode.

#### *Forholdet mellom Stavanger lærarhøgskole og Rogaland distrikthøgskole (RDH).*

Tilrådingane frå Ottosen komiteen om etablering av *distrikthøgskolar* ført til stort politisk engasjement for å få ein slik institusjon til eige fylke. Stortinget vedtok i juni 1969 at det skulle vere prøvedrift med distrikthøgskolar mellom anna i Stavanger.

Det første studietilbodet ved distrikthøgskolen her var ei 2-årig økonomisk/administrativ utdanning. Men talet på studietilbod auka raskt. SLH hadde årsstudium i engelsk og norsk. I 1971 blei det gjort ein avtale mellom SLH og RDH om eit samarbeid om desse studia. Begge institusjonane skulle bidra med lærarkrefter, og ein skulle samordna faglege opplegg. SLH skulle ta opp lærarar som ønskte vidareutdanning. RDH skulle ta opp andre studentar som fylte dei generelle opp-takskrava. I praksis betydde dette at studiet ved SLH hadde ei litt anna innretning ved at metodikk og praksis var ein del av studiet. Særleg i engelsk blei det etter kvart eit nært samarbeid mellom lærarane ved dei to institusjonane.

Eitt problem ved dette samarbeidet var at lærarane ved dei to institusjonane hadde ulike arbeidsvilkår. I samband med tilsetjing blei søkerarar til lærarstillingar ved RDH vurderte av sakkunnige komitear på same

måten som ved universiteta. Dette gav høgare prestisje enn den vanlege tilsetjingsmåten i offentleg verksemد som ein hadde ved SLH. Dessutan låg det i stillingane ved RDH at lærarane kunne driva forsking. Dei hadde også eigne kontor i nybygg medan lærarane på SLH hadde kontor i brakker. Arbeidsmåtane var også forskjellige. Ved RDH kunne ein førelese for store grupper. Lærarutdanninga føresette tettare oppfølging i mindre studentgrupper. Alt dette gjorde at det blei stor skilnad i undervisningsbyrda for lærarane ved dei to institusjonane. For nokre lærarar ved SLH var derfor «graset grønare på andre sida av gjerdet».

Dei to institusjonane hadde også ulike faglege ståstader. RDH hadde universitetsambisjonar og la seg tett opp mot akademiske standardar ved universiteta. Ved SLH var lærararbeid i barnehage og grunnskole målet. Det faglege måtte derfor balanserast mot fagdidaktikk, metodikk og praksis. Særleg opplevde engelskseksjonen ved SLH at det faglege kom altfor mykje i bakgrunnen i forhold til yrkesinnrettinga. Dei hadde meir sans for det akademiske opplegget ved RDH. I 1986 sende engelskseksjonane ved SLH og RDH eit framlegg til Det regionale høgskolestyret om at lærarane ved dei to institusjonane skulle samlokalisera. Høgskolestyret aviste dette mellom anna ved å visa til at det kunne bli aktuelt med ein fusjon av alle høgskolane i Rogaland.

#### **Lærarutdanninga ved Høgskolen i Stavanger 1994 – 2005**

Statsråd Gudmund Hernes sette på 1990-talet i gong omfattande reformer i heile skole- og utdanningssystemet. Innanfor høgre utdanning var det 98 større og mindre høgskolar. Stortinget vedtok at talet på høgskolar ved samanslåingar skulle reduserast til 26. For Sør-Rogaland betydde dette at lærarhøgskolen skulle saman med seks andre inngå i *Høgskolen i Stavanger*.

Dei to høgskolane i Nord-Rogaland gjekk saman med Høgskolen på Stord og etablerte *Høgskolen Stord/Haugesund*. Det regionale høgskolestyret skulle senda tilråding til departementet om korleis dei nye høgskolane skulle organiserast.

Høgskolestyret gjorde framlegg om at den nye høgskolen i Stavanger skulle ha sju avdelingar. Det store problemet for høgskolestyret blei korleis avdelingane for humanistiske fag og lærarutdanning skulle organiserast. Lærarutdanninga hadde over 1000 studentar og 54 fagleg tilsette. Det som kunne bli ei humanistisk avdeling, hadde litt over 400 studentar og eit fagpersonele på ca. 40. Fleirtalet i høgskolestyret, som bestod av eksternt politisk oppnemnde representantar, vedtok at det skulle overførast studentar og fagpersonale i krisztendomskunnskap, norsk, engelsk og samfunnsfag frå lærarutdanninga til avdeling for humanistiske fag for å få nokolunde jamstore avdelingar. Det var eit sterkt mindretal som stemde mot dette vedtaket. Nokre av dei reiste til Stortinget for å prøva å få Jon Lilletun, som var formann i Kyrkje- og undervisningskomiteen, til å få endra vedtaket. Det blei likevel godkjent av departementet.

Avdeling for lærarutdanning skulle ha ansvaret for allmennlærarutdanninga, førskolelærarutdanninga og den praktisk-pedagogisk utdanninga, men det blei konfliktar mellom dei to avdelingane når personale og ressursar skulle fordelast. Allmennlærarutdanninga kom därlegast ut av dette. Dei to spesialpedagogiske sentra blei direkte underlag styret for HiS, og Fei-avdelinga blei etter kvart avvikla. Lærarutdanninga stod nokså ribba tilbake.

På 1990-talet var det på nasjonalt nivå mange utgreiingar og nye studieplanar for allmennlærarutdanninga. For dei som arbeidde i lærarutdanninga, blei det mykje arbeid med å tilpassa gjeldande planar til kvar tid. På

lærarutdanningane var det ei stund allmennlærarstuderantar som fylgte ulike planar. Planen som Kristin Clement fekk laga i 2003, var etter mi meining den beste.

Då «PISA- sjokket» kom i desember 2001, blei det viktig for regjeringa, med Kristin Clemet som statsråd, å styrkja det faglege nivået på alle område i skole – og utdanningssystemet. Det var særleg viktig å skjerpa krava i «PISA- faga» norsk, matematikk og naturfag. I 2005 bestemte regjeringa at det skulle stillast krav om karakteren 3 i norsk og matematikk frå fullført vidaregåande opplæring for å kunna bli oppteken til allmennlærarutdanninga. Kravet blei endå meir skjerpa då det seinare blei bestemt at i matematikk skulle kravet vera 4. Flinke lærarar i Rogaland har fortalt at dei ikkje kunne ha blitt lærarar med desse opptakskrava.

## **Lærarutdanninga ved Universitetet i Stavanger 2005 –**

Då UiS blei etablert i 2005, blei allmennlærarutdanninga igjen samla i eit eige institutt. Dette gav eit godt grunnlag for vidareutvikling av utdanninga. I 2010 gjekk regjeringa Stoltenberg inn for å dela allmennlærarutdanninga i ei for barnesteget, 1 – 7, og i ei for ungdomssteget, 5 – 10. Dette skulle gi eit betre fagleg grunnlag for undervisning på anten barnesteget eller ungdomssteget. Det blei presisert at grunnskolelærarutdanninga skulle vera forskingsbasert. Todelinga var eit grunnleggjande brot med den lærarutdanningstradisjonen ein alltid hadde hatt om at lærarutdanninga skulle førebu studentane til å kunne arbeida i heile den obligatorisk fellesskolen.

Lærarutdanninga skifte nå namn frå *allmennlærarutdanning* til *grunnskolelærarutdanning*. Utdanninga for barnesteget skulle omfatte minst fire undervisningsfag i grunnskolen, der eitt av faga skulle vera på 60 studiepoeng og dei andre faga på minimum 30. Mate-

matikk og norsk var obligatoriske og begynnarpplæringa skulle vektleggjast. Utdanninga for ungdomsstget skulle omfatta tre undervisningsfag, kvar på 60 studiepoeng. Ingen fag var obligatoriske. Hovudvekta skulle vera på fagleg fordjuping. Begge studieretningane skulle omfatta pedagogikk og elevkunnskap og variert opplæring i praksis. Særleg for små og mellomstore grunnskolar blei dette ei smal utdanning. For å dekka undervisninga i alle faga i grunnskolen må ein lærar med denne utdanninga ofte måtta undervisa i fag som han/ho ikkje har utdanning i.

I 2017 blei grunnskolelærarutdanninga gjort femårig med obligatorisk mastergrad. Ved UiS hadde ein alt hatt ei ordning frå 2011 om at lærarstudentar kunne ta mastergrad i sentrale fag i grunnskolen + spesialpedagogikk. Det hadde blitt stilt spesielle krav for å ta ei slik utdanning. At mastergrad nå blei obligatorisk, kunne medføra at somme studentar fekk vanskar med å fullføra studiet. At utdanninga blei femårig med mastergrad, kunne også påverka søkeratgangen ved at ho blei oppfatta som lang og krevjande. For somme kan det vera eit spørsmål om læraryrket passar med personlege føresetnader og om det er eit yrke ein kan trivast i.

I utviklinga av grunnskolelærarutdanninga ved UiS er det blitt lagt vekt på å involvera studentane i forskingsaktivitetar. Det er også blitt lagt vekt på å styrke samanhengen mellom teori og praksis, og samarbeidet mellom fagutdanninga og praksisfeltet. Det er mellom anna etablert «universitetsskolar» ved grunnskolar etter avtale med kommunar.

Til liks med andre lærarutdanningsinstitusjonar har ein også ved UiS opplevd sviktande søker tilgang og studieplassar har stått tomme. Dette er eit omfattande problem som har mange årsaker. Det finst dessverre ikkje noko kvikk-fiks løysing på problemet, men IGIS ved UiS har med den historiske forankringa si gode føresetnader for å tilpassa seg nye og endra behov for grunnskolelærarutdanninga. Den nære kontakten med praksisfeltet er ein sentral faktor i dette arbeidet.

## Litteratur:

Torleiv Skarstad, red: Stavanger lærarskole 25 år. 1954 – 1979.

Martha Lea, red: Vekst og utvikling. Lærarutdanninga i Stavanger 50 år. Tidvise skrifter. Humaniora, Kunst og Estetikk nr. 54. Universitetet i Stavanger.

Pedagogen, nr. 2 1986. Spesialnummer om Stavanger lærarhøgskole redigert av Sigmund Sunnanå.

Skolehistorisk Årbok for Rogaland 2016.

Tema: Lærarutdanning i Rogaland. Utgitt av Skolemuseumslaget i Rogaland. Stavanger 2016.

Per Østerud, Sigmund Sunnanå, Åsolv Frøysnes: Norsk lærarutdanning i etterkrigstida. Ei utvikling i spenning mellom tradisjon og fornying. ABM-media a/s. 2015.

Dette er manuset til ein artikkel i festskriftet til lærarutdanningsjubileet ved UiS 2024. Tittelen på artikkelen er: Grunnskolelærarutdanning i Stavanger i 70 år – eit historisk tilbakeblikk.

# Lærarrekruttering – ei historie om fortida for framtida

AV SIGMUND SUNNANÅ

Rekruttering til lærarutdanning er eit aktuelt tema både i vårt land og i andre europeiske land. Årsakene til sviktande rekruttering kan vera mange. I vårt land har lærarutdanninga for grunnskulen på om lag 70 år gått frå å vera eit av dei mest populære studia til å bli eit av dei minst populære. I dette innlegget har eg peika på nokre av årsakene til dette.

## God sokjartilgang 1950 – 1990

Eg var sekretariatsleiar i Lærarutdanningsrådet frå 1968 til 1973. Rådet hadde mellom anna ansvaret for opptaket til lærarutdanninga. Det var då mest like vanligeleg å koma inn på lærarstudiet som medisinstudiet. Konkuransen var hard, ein måtte ha toppkarakterar frå examen artium for å få plass på dei mest populære lærarskulane. Lærarutdanning blei sett på som ei god utdanning for eit viktig yrke. Som leiar av sekretariatet fekk eg ofte besøk av folk, til dømes stortingsrepresentantar og toppfolk i nærings- og kulturliv, som hadde barn, barnebarn eller venner med barn som var sterkt motiverte og hadde spesielle talent for å bli lærarar, men som dessverre ikkje hadde dei karakterane frå examen artium som det var krav om. Spørsmålet var om eg kunne hjelpe til slik at dei fekk studieplass.

Dei fleste skjøna at det var uråd å gjera unntak frå opptaksreglane. Dette kunne føra til oppslag i Dagbla-

det! I staden fekk dei informasjon om kva ein kunne gjera for å ha betre sjanse til å kunne bli oppteken neste år, til dømes ved å få tilleggspoeng ved å ta eit års vikariat som lærar, få betre karakterar ved å ta fag som privatist til examen artium eller eit grunnfag ved eit universitet. Faktisk var opptaket av så pass stor nasjonal interesse at eg eit par gonger blei intervjuet på Dagsrevyen om kor mange som hadde søkt, kor mange som ikkje hadde kome inn og kva dei som ikkje kom inn, kunne gjera for å stå sterkare i konkurransen neste år!

## Frå 1990-talet begynte sokjartilgangen å gå ned

Den gode sokjartilgangen heldt seg utover på 1970- og 1980-talet, men gjekk noko ned på slutten av 1990-talet. Dette hadde mellom anna samanheng med at det blei konkurranse med distrikthøgskolane om sokjarane, og dessutan at talet på gode stillingar i oljeverksemda auka. Kring hundreårsskiftet tok ein opp nesten alle som sökte, og ved lærarutdanningsinstitusjonane merka ein at ikkje alle studentar var like godt fagleg kvalifiserte som tidlegare. Då «Pisa sjokket» kom i desember 2001, blei det viktig for regjeringa med Kristin Clement som statsråd å styrkja det faglege nivået på alle område i skulesystemet.

I 2005 bestemte regjeringa at karakteren 3 i norsk

og matematikk frå vidaregåande opplæring var eit minstekrav for å kunna bli oppteken til allmennlærarutdanning. Eg hugsar at det var flinke lærarar i Rogaland som fortalte at med desse krava hadde ikkje dei blitt lærarar. Krava blei endå meir skjerpa då det blei bestemt at i matematikk skulle kravet vera 4. Dette påverka i høg grad søkjartilgangen, og mange studieplassar blei ståande tomme.

Så vidt eg veit, er det ikkje påvist nokon samanheng mellom karakterar i vidaregåande opplæring og lærardugleik. Det bør vera lærarutdanningsinstitusjonane som tek standpunkt til om lærarstudentar – gjerne undervegs i studiet- har dei fagleg og personlege kvalifikasjonane som trengst for å bli godkjende som lærarar. Det er vanskeleg å forstå at skiftande regjeringar ikkje har gjort noko med dei spesielle opptakskrava. Sidan det var mangel på lærarar i grunnskulen, ville det vore meir fornuftig og fylt opp studieplassane med studentar endå om dei ikkje oppfylte krava i norsk og matematikk. Ein kunne i alle fall gjort forsøk med ulike krav til opptak for å kunne vurdera om det var krav som var meir nødvendig enn andre for å kunne bli gode lærarar.

Først i år (2024) blei det opna for at lærarutdanningsinstitusjonane kunne få høve til å gå bort frå krava i norsk og matematikk og ta opp søkjrarar som berre fylte dei generelle opptakskrava. Dette førte til at 7 – 800 hundre fleire søkerarar kunne takast opp. Fleire lærarutdanningsinstitusjonar fekk med dette fleire studentar, men mangelen på søkerarar var likevel så stor at lærarutdanningsinstitusjonane ikkje greidde å få nok studentar til dei planlagde studieplassane.

## Nye planar for grunnskulelærarutdanninga

På 1990-talet var det mange utgreiningar og nye studieplanar for grunnskulelærarutdanninga. På lærarutdan-

ningsinstitusjonane hadde dei ei stund lærarstudentar som fylgte ulike planar. Planen som statsråd Kristin Clement fekk laga i 2003, var etter mi meinung den beste. Av ein eller annan grunn tok Stoltenberg regjeringa i 2010 fram eit tidlegare Høgre standpunkt om å ha ei delt lærarutdanning – ei for barnesteget og ei for ungdomssteget. Ein skulle ikkje lenger ha allmennlærarutdanning, men ei faglærarutdanning konsentrert om få teoretiske fag, særleg norsk og matematikk. For somme studentar blei dette opplevd som ei vidareføring av dei teoretiske faga i vidaregåande opplæring og ei teoritung og kjedeleg utdanning som var lite attraktiv.

Dette hadde uheldige konsekvensar – særleg for rekrutteringa til 1 -7. At ein alt ved søknad om opptak måtte velja utdanning anten for å kunne bli lærar på 1.- 7. eller 5. – 10. klaskesteg kunne vera så pass vanskeleg at somme let vera å søkja. Få søkerarar veit truleg lite om kva for krav som blir sett til lærarar på desse stega. For somme kunne det også vera eit spørsmål om dei skulle velja ei lang utdanning for eit yrke som dei kanskje ikkje hadde dei personlege føresetnader for å kunna meistra.

I 2017 blei grunnskulelærarutdanninga gjort femårig med obligatorisk mastergrad. Å ta ein slik grad kan vera nytting for dei ønskjer spesielle stillingar i skuleverket, til dømes innanfor dei spesialpedagogiske hjelpetenestene. For dei som vil bli lærarar i klasserommet, kan dette bli oppfatta som eit langt og krevjande studium som er mindre aktuelt. Den obligatoriske lærarutdanninga bør derfor vera på fire år med høve til påbygging med mastergrad som ei frivillig ordning for studentar og vidareutdanning for lærarar.

Ein mastergrad i lærarutdanning er heller ingen garanti for å bli ein god lærar. Ein lærarstudent kan ha teke mastergrad i eit fag med svært godt resultat, men likevel mislukkast som lærar i faget fordi han/ho man-

glar dei pedagogiske og personlege føresetnadene for å kunne formidla fagkunnskapen. Det er skilnad på å ta mastergrad i lærarutdanning og i ingeniørutdanning. Her kan ein mastergrad føra til at ein blir «ekspert» på eit fagområde utan at det er nødvendig å vera ein god formidlar.

## **Lønns- og arbeidsvilkåra for lærarane bør betrast**

Lærarane har i dei siste åra generelt vore misnøgde med lønns- og arbeidsvilkåra. Det har vore streikar som ikkje har ført til betre resultat. Dette har skapt frustrasjonar og medieoppslag som har gitt inntrykk av at lønna er låg og arbeidsvilkåra i skulen vanskelege. Dette har også vore med på at interessa for å søkja lærarutdanning er gått ned.

## **Grunnskulelærarutdanninga har låg rangering**

Det siste årlege Studiebarometeret viser at grunnskulelærarutdanninga igjen er lågast rangert når det gjeld studentane si vurdering av eiga utdanning. Denne rangeringa har vore den same sidan 2016. Det er vanskeleg å forstå at departementet, med skiftande statsrådar, ikkje har teke dette signalet meir på alvor. Studentane etterlyser mellom anna meir og betre praksis. Det kunne til dømes blitt gjort forsøk med alternative opplegg og organisering av utdanninga. Sike forsøk kunne gitt lærarutdanninga auka merksem og såleis hatt positiv innverknad på rekrutteringa.

Det er grunn til å tru at den nåverande grunnskulelærarutdanninga verkar lite tiltrekkjande på søkerar. I tillegg til pedagogisk teori og praksis er utdanninga sentrert om få teorifag. Ho startar med at studentane må velja ei studieeining i norsk eller matematikk på 30 eller 60 poeng.. Dette er fag studentane har hatt i 13 år i grunnskule og vidaregåande opplæring. Praktiske og

estetiske fag som tidlegare var viktige i denne utdanninga, er det lite att av.

## **Forslag om eit forsøksopplegg med ei alternativ utdanning**

På eit seminar på Stord 9. november 2023 la eg fram ei skisse til eit forsøksopplegg med ei 4-årig obligatorisk lærarutdanning med høve til frivillig påbygging til mastergrad for studentar og vidareutdanning for lærarar. I staden for den smale og fagsentrerte utdanninga vi har i dag, ønskjer eg ei breiare utdanning med meir praktisk innretning mot lærararbeidet i skulen.

**Det første studieåret** skal gi ei innføring i arbeidet til ein lærar i dagens skule. Pedagogisk teori og praksis og lover, regelverk og læreplanar for grunnskulen er sentrale studieemne. Det bør også vera plass til ei studieeining i eit praktisk eller estetisk fag.

**Heile det andre studieåret** skal studentane vera i ein kommune/ kommunar der dei skal vera i praksis ved ein eller fleire skular. Lærarutdanningsinstitusjonen gjer avtale med ein kommune/kommunar i nærområdet om dette. Studentane kan her få følgja undervisninga til erfarte lærarar, sjølve undervisa på ulike klassesteg og få rettleiing. Saman med lærarar på skulen kan dei også få oppleva starten og slutten på eit skuleår, vera med på planleggingsdagar, møte med foreldre og hjelpester m.v. Lærarutdanningsinstitusjonen kan gjennom studieåret arrangera faglege og pedagogiske seminar for studentane.

**Det tredje og fjerde studieåret** skal nyttast til fagstudium. Studentane skal kunna velja fageiningar med skulerelatert innhald på 15, 30 eller 60 poeng og såleis kunne innrette studiet mot undervisning på barnesteget eller ungdomssteget. Studentane bør ha fra 4 til 6 fageiningar i studiet sitt. Ei studieeining i norsk og i eit praktisk eller estetisk fag bør vera obligatorisk. På

[www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no) er dette forsøksopplegget presentert meir detaljert.

### Forslag om nokre tiltak:

#### Grunnskulen

Læreryrket blir dessverre av mange oppfatta som eit tøft, krevjande og därleg betalt yrke. Mange tiltak kan vera aktuelle for å få til ein god skule for elevane og ein triveleg arbeidsplass for lærarane. Desse tiltaka kan i den samanheng vera aktuelle:

- For å dempa stressnivået kan ein redusera kompetansemåla i læreplanane for grunnskulen og gjera dei rettleiande i staden for bindande.
- Timetalet i teoretiske fag kan reduserast og aukast i dei praktisk og estetiske faga
- Talet på lokale og nasjonale prøver bør reduserast.
- Elevane bør sleppa å stadige vera i ein vurderingsituasjon.
- Arbeidet med å styrkja læraren sin autoritet i klasserommet bør halda fram, og lærarane sine sosial-pedagogiske og administrative oppgåver bør reduserast.
- Lærarane bør få betre lønns og arbeidsforhold og større fridom til å planleggja og gjennomføre undervisning som er interessevekkjande og tilpassa elevane sine føresetnader og lokale forhold.
- Det bør utarbeidast ei brosjyre om samarbeidet mellom heim og skule der det mellom anna står noko om kva forventningar foreldra kan ha til skulen og skulen til foreldra.

#### Lærarutdanninga

For grunnskulelærarutdanninga bør det utarbeidast overordna planar som gir rammer for mål, pedagogisk og fagleg innhald, organisering og vurdering. Innanfor rammene i slike planar kan lærarutdanningsinstitusjonane laga ulike opplegg for lærarutdanning som er tilpassa lokale forhold. Det treng ikkje vera lik utdanninga på Nesna og i Oslo. Lærarutdanningsinstitusjonane bør oppfordrast til å laga kreative opplegg som kan verka tiltrekkjande på søkerarar til høgre utdanning. I ein slik samanheng kan kanskje modellen som er skissert ovanfor, vera eit utgangspunkt. Sosiale og kultuelle aktivitetar bør vera ein del av utdanninga.

#### Inga kvikk-fiks løysing

Den sviktande tilgangen på søkerarar til lærarutdanninga for grunnskulen er eit omfattande problem som har mange årsaker. Det finst nok heller ikkje noko kvikk-fiks løysing på dette. Som kjent har Staten, KS og lærarorganisasjonane laga ein samarbeidsavtale som skal arbeida for å betra lærarsituasjonen i skulen og få betre rekruttering til lærarutdanninga. Vi får håpe at det kjem konkrete og kreative utspel frå dette samarbeidet som gjer skulen til ein triveleg og god arbeidsplass og lærarutdanninga igjen blir eit attraktivt val for søkerarar til høgre utdanning.

Dette er manuset til ein artikkel i *Virke* sitt hefte med tittelen: *Rekruttering til læreryrket*. Hvordan skal vi nå målet om flere lærere i barnehage og skole? Oslo 2024.

# Dårleg søknad til lærarutdanning. Kvifor?

AV SIGMUND SUNNANÅ

Det kan vera mange årsaker til at altfor få søker lærarutdanning. Dette er eit problem også i andre land. I denne samanhengen vil eg peika på to årsaker: Den eine er korleis skulen i dag er blitt for mange lærarar. Den andre gjeld lærarutdanninga.

Regjeringa har saman med ei rekke organisasjoner lagt fram ein strategiplan for å få fleire søkerarar til lærarutdanninga. I planen er det mange gode intensionar og også forslag til konkrete tiltak. At så mange samfunnsinstitusjonar står bak planen, betyr at det etter kvart kan koma fleire konkrete tiltak.

For å få fleire til å sökja lærarutdanning må lærarane sin status og autoritet i klasserommet styrkjast. Lønns- og arbeidsvilkåra for lærarane må også bli betre. Det same gjeld for å få lærarar til å bli verande i yrket.

I Utdanning nr. 4 2023 var det eit oppslag om at det året før var kome inn 20000 meldingar om vald, trugs- mål og krenkingar mot tilsette i skular i landets tjue største kommunar. Dette betyr at mange tusen elevar har sett lærarane deira bli utsette for vald og krenkingar utan at lærarane har kunna nytta høveleg reaksjonsmåtar. Slike opplevelingar skaper nok inga lyst eller motivasjon til å bli lærarar.

Tidlegare hadde lærarane det meste av «makta» i klasserommet. Nå er ein hamna i den motsette grøfta der elevane har stor «makt». Vi les og høyrer om at lærarar blir slått, bitt, skjelt ut og trua av elevar. Elevar og foreldre kan skjella ut og trakassera ein lærar utan

at lov og regelverk legg til rette for reaksjonar frå læraren si side. Til og med irtettesetting og rettleiing kan bli oppfatta som krenking og føra til melding til rektor. For ein lærar kan ei slik melding opplevast som eit nederlag og vera ei psykisk påkjenning. Læraren kan missa energi, motivasjon og pågangsmot. Prosessen rundt ei slik sak vil også vera energi- og tidkrevjande. Vi kan ikkje ha det slik at ein lærar gruar seg for å gå på jobb og er engstedeleg for å kunna koma til å seia noko i klasserommet som ein elev «føler» som ei krenking.

I tillegg til å gi undervisning må læraren i dag vera psykolog og sosialarbeidar og dessutan ta seg av grunnleggjande oppseding som eigentleg høyrer heimen til. Somme foreldre ser på skulen som ein serviceinstitusjon. Dei kan ha unrealistiske forventningar og krav til kva for oppgåver læraren og skulen kan ta seg av. Lærarane må også gjera mange andre ting som har lite med sjølve undervisningsarbeidet å gjera I Utdanning nr.10. 2023 er det fleire lærarar som fortel om dette.

Lærarane blir også pressa av krevjande kompetanse- mål i læreplanane og av eit omfattande test- og vurderingssystem. Rapportering og administrative oppgåver tek mykje tid som elles kunne ha blitt brukt til fagleg og pedagogisk oppdatering og førebuing til undervisning.

Læraryrket har dessverre fått ord på seg å vera eit tøft og dårlig betalt yrke. Altfor mange lærarar har opplevd å bli krenka og å stå makteslause i møte med

utagerande elevar og kravstore foreldre. Eg har møtt lærararar som seier at dei ikkje vil rá eigne barn eller venners barn til å bli lærarar i dagens skule. Somme seier at dei gjerne ville ha slutta dersom dei fekk ein annan jobb eller kunne blitt førtidspensionert. Statistiken viser at svært mange med lærarutdanning i dag er i andre yrke.

Framstillinga ovanfor gjeld heldigvis berre ein del av lærarane og skulane i vårt vidstrakte land. Eg trur at fleirtalet av lærarane trivst i arbeidet og har eit godt arbeidsmiljø og positivt forhold til elevar og foreldre. Vi må derfor ikkje tapa av synet at det å vera lærar er eit av dei viktigaste yrka i samfunnet vårt. Det å kunna påverka den faglege og personlege utviklinga til barn og unge er noko av det mest meiningsfulle arbeidet ein kan ha. Styresmaktene må derfor leggja til rette for at lærarane kan utføra samfunnsoppdraget sitt. Dei må sikrast eit trygt og godt arbeidsmiljø som skaper motivasjon og trivsel, og kjensle av å bli verdsette for det viktige arbeidet dei gjer.

## Lærarutdanninga for grunnskulen

Det årlege Studiebarometret viser at grunnskulelærarutdanninga igjen er lågast rangert når det gjeld studentane si vurdering av eiga utdanning. Denne rangeringa har vore den same sidan 2016. Det er vanskeleg å forstå at departementet, med skiftande statsrådar, ikkje har teke dette signalet meir på alvor. Studentane etterlyser mellom anna meir og betre praksis. Det kunne til dømes blitt gjort forsøk med alternative opplegg og organisering av utdanninga. Slike forsøk kunne gitt lærarutdanninga auka merksemd og såleis hatt positiv innverknad på rekrutteringa.

Det er grunn til å tru at den nåverande grunnskulelærarutdanninga verkar lite tiltrekkjande på søkerarar. I tillegg til pedagogisk teori og praksis er utdanninga

sentrert om få teorifag. Ho startar med at studentane må velja ei omfattande studieeining i norsk eller matematikk. Dette er fag studentane har hatt i 13 år i grunnskule og vidaregående opplæring. Praktiske og estetiske fag som tidlegare var viktige i denne utdanninga, er det lite av. At ein alt ved søknad om opptak må velja mellom ei utdanning anten for å bli lærar på 1. – 7. eller 5. – 10. klassesteg kan også vera så pass vanskeleg at somme let vera å søkja.

På eit seminar på Stord 9. november 2023 la eg fram ei skisse til eit forsøksopplegg med ei 4-årig obligatorisk lærarutdanning med høve til frivillig påbygging til master for studentar og vidareutdanning for lærarar.

**Det første studieåret** skal gi ei innføring i arbeidet til ein lærar i dagens skule. Pedagogisk teori og praksis og lover, regelverk og læreplanar for grunnskulen er sentrale studieemne. Det bør også vera plass til ei studieeining i eit praktisk eller estetisk fag.

**Heile det andre studieåret** skal studentane vera i ein kommune/ kommunar der dei skal vera i praksis ved ein eller fleire skular. Lærarutdanningsinstitusjonen gjer avtale med ein kommune/kommunar i nærområdet om dette. Studentane kan her få følgja undervisninga til erfarte lærarar, sjølv undervisa på ulike klassesteg og få rettleiing. Saman med lærarar på skulen kan dei også få oppleva starten og slutten på eit skuleår, vera med på planleggingsdagar, møte med foreldre og hjelpester med vidare. Lærarutdanningsinstitusjonen kan gjennom studieåret arrangera faglege og pedagogiske seminar for studentane.

**Det tredje og fjerde studieåret** skal nyttast til fagstudium. Studentane skal kunna velja einingar på 15, 30 eller 60 poeng og såleis kunne innrette studiet mot undervisning på barnesteget eller ungdomssteget. Ei studieeining i norsk og eit praktisk eller estetisk fag

bør vera obligatorisk. På [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no) er dette forsøksopplegget presentert meir detaljert.

I 2005 bestemte regjeringa at det skulle stillast krav om karakteren 3 i norsk og matematikk frå vidaregåande opplæring for å kunne bli oppteken til allmennlærarutdanninga. Eg hugsar at det var flinke lærarar i Rogaland som sa at med desse krava hadde dei ikkje kome inn på lærarutdanninga. Krava blei endå meir skjerpa då det blei bestemt at i matematikk skulle kravet vera 4. Desse krava påverka i høg grad talet på studentar i lærarutdanninga, og mange studieplassar ved lærarutdanningsinstitusjonane blei ståande tomme.

Så vidt eg veit, er det ikkje påvist nokon samanheng mellom karakterar i vidaregåande opplæring og dugleik som lærar. Det bør vera lærarutdanningsinstitusjonane som tek standpunkt til om lærarstudentar – helst undervegs i studiet – har dei faglege og personlege kvalifikasjonane som trengst for å bli godkjende som lærarar. Det er vanskeleg å forstå at skiftande regjeringar ikkje har teke bort dei spesielle krava i norsk og matematikk. Sidan det har vore mangel på lærarar, burde det vore meir fornuftig og fylt opp studieplassane ved lærarutdanningsinstitusjonane med studentar som oppfylte dei generelle opptakskrava. Det kunne i alle fall blitt gjort forsøk med ulike opptakskrav.

## Forslag om tiltak

Paragraf 9 A i grunnskulelova bør utformast slik at lærarane sin rettstryggleik og deira arbeidsmiljø blir ivaretake.

Lærarar som blir melde for krenking av elevar, bør få juridisk hjelp frå kommunen.

Det bør utarbeidast ein brosjyre der det blir nærmere omtala kva forventningar foreldra kan ha til skulen og forventningar skulen kan ha til foreldra.

Lærarutdanningsinstitusjonane bør driva forsøk med profesjonsretta lærarutdanning der praktisk lærararbeid blir styrkt.

Dei spesielle krava til karakterar i norsk og matematikk bør falla bort i samband med stortingsmeldinga om opptakssystemet i høgre utdanning.

Dette er manuset til eit innlegg i Utdanningsnytt  
26. februar 2024.

# Kven ønsker å bli ein avmekting lærar?

SIGMUND SUNNANÅ

**Lærarutdanning:** Læraren i den norske skulen har mista nesten all makt. Han eller ho kan bli krenka og trakasserte av både elevar og foreldre utan særlege høve til å ta til motmæle. Denne avmakta er også ein grunn til at berre få ønsker å utdanna seg til yrket.

Samordna opptak melder også i år om sterk nedgang i talet på søkerar til lærarutdanning. I fjerde nummer av bladet Utdanning er det eit oppslag om at i fjor kom det inn over 20000 meldingar om vald, trugsmål og krenkingar mot tilsette i skulane i landets tjue største kommunar. Dette betyr at tusenvis av elevar har opplevd at medelevar har trakassert lærarane deira med slag, spark, kloring og utskjelling utan at lærarane har kunna nyttja høvelege reaksjonsmåtar. Mange lærarar føler seg uthygge på arbeidsplassen. Med slike arbeidsforhold står ikkje læraryrket fram som ein framtidig attraktiv arbeidsplass for ungdom som skal velja utdanning.

## Frå ei grøft til ei anna

Tidlegare var det lærarane som stod for all «makt» i skulen. Dette kunne vera uheldig. Nå har ein hamna i den andre grøfta. Lærarane har nesten ingen «makt». Elevar og foreldre kan trakassera ein lærar på det grovaste utan at lov og regelverk legg til rette for særlege reaksjonar. I forslaget til ny opplæringslov er dette problemet dessverre berre omtalt i vase formuleringar. Stortinget har her ein jobb å gjera med å få inn formule-

ringar i lovteksten som tryggjer rettsvernet og arbeidsvilkåra for lærarane.

I bladet Utdanning tredje nummer, kan vi lesa at tal frå Studiebarometeret viser at aldri før har så mange lærarstudentar vore misnøgde med utdanninga si. Sidan 2013 har lærarutdanninga vore blant dei lågast rangerte utdanningane når det gjeld studentane si vurdering av eiga utdanning. Det er underleg at ansvarlege styresmakter ikkje har registrert dette signalet og gjort noko for imøtekome studentane sine ønskje.

## Meir praksis må inn

Når skulen er blitt ein utrygg og vanskeleg arbeidsplass, og lærarutdanninga lite interessant og tiltrekjande, er det dessverre forståeleg at dette kan påverka ungdom som skal velja utdanning. Studentane etterlyser mellom anna meir praksis. Etter mi mening bør lærarutdanninga for grunnskulen igjen bli fire år med påbygging til master som frivillig tilbod for studentar og vidareutdanning for lærarar. I eitt av dei fire åra bør studentane vera praktikantar på ein eller fleire skular i ein kommune der dei kan få praktisk erfaring med lærararbeid saman med kvalifiserte lærarar. Ved ei slik ordning kan studentane også representere ein ressurs ved skulane i kommunen.

Dette innlegget stod i Stavanger Aftenblad  
13. mai 2023

# Korleis gjere lærarutdanninga attraktiv att?

AV SIGMUND SUNNANÅ

Det er mangel på lærarar, særleg i distrikta. Samtidig er det sviktande rekruttering til lærarutdanninga. Samordna opptak melder om ledige studieplassar ved mange lærarutdanningar for grunnskolen. Lærarutdanning er ikkje lenger eit populært studium. På 1960-, 1970- og 1980-talet var det om lag 6000 søkjavar til ca. 2000 plassar. I løpet av ca. 50 år har det skjedd mykje i lærarutdanninga og i grunnskolen som har hatt konsekvensar for rekrutteringa.

Frå å vera ei relativ kort utdanning som kvalifiserte for stillingar med rimeleg lønn, er utdanningstida i lærarutdanninga for grunnskolen auka - først til tre, så fire og til slutt til fem år med obligatorisk mastergrad. Frå å vere ei samordna utdanning som kvalifiserte for *heile* grunnskolen, blei utdanninga i 2010 delt i ei utdanning for 1. – 7. klassesteg og ei for 5. til 10. Særleg rekrutteringa til 1- 7 har vore vanskeleg. Opp takskrava blei i 2005 skjerpa med karakterkrav i norsk og matematikk.

Frå å vera ei brei utdanning som inneholdt teorfag, pedagogikk, praksis og praktisk estetiske fag har vi nå ei smal utdanning med hovudvekt på teoretiske fag. For femti år sidan var lærarutdanninga kjend for å vera miljøskapande gjennom eit aktivt sosialt og kulturelt liv som var med og gjorde studiet attraktivt. Det er visst lite att av dette ved lærarutdanningane nå.

I 1997 blei grunnskolen 10-årig ved at skolestarten blei seinka frå sju til seks år. Intensjonen var at sek-

såringane skulle få ein smidig overgang frå barnehage til skole med mellom anna læring gjennom leik. Med Kunnskapsløftet i 2006 kom det krav om opplæring i sentrale teorfag alt i første klasse.

Pisa «sjokket», fagplanar med krevjande kompetansemål, kunnskapskontroll og rapportering ført til eit omfattande system med prøver, testar og offentleggjering av resultat. Det blei liten plass til praktisk estetiske fag og valfag. For somme elevar – særleg gutar – blei skolen lite meaningsfull, teoritung og kjedeleg. Dette førte mellom anna til mobbing, trakassering, skolevegring og vald både mot medelevar og lærarar. Lærarane har mist autoritet, dei har ikkje fått følgt med i lønnsutviklinga og fått ein vanskeleg arbeidssituasjon med høge krav frå elevar, foreldre og styresmakter. For mange unge er ikkje lærarbeid blitt eit yrke dei vil satse på.

Nokre forslag. I lærarutdanninga kan mellom anna desse tiltaka vere aktuelle:

- Mastegrads blir eit frivillig tilbod for studentar og vidareutdanning for lærarar.
- Den todelte utdanninga blir erstatta av ei brei 4-årig samanhengande utdanning der studentane undervegs i studiet kan velje studium innretta mot undervisning på barnesteget eller ungdomsseget.
- Praktisk lærararbeid blir styrkt.
- Sosiale og kulturelle aktivitetar blir ein del av studiet.

I grunnskolen kan mellom anna desse tiltaka vere aktuelle:

- Mål- og resultatstyringssystemet blir redusert.
- Kompetansemåla i fagplanane blir erstatta med andre målformuleringar.
- Prøver, testar, vurdering og rapportering blir redusert eller tekne bort.
- Dei praktisk estetiske faga og valfaga blir styrkt.
- Meir vekt på praksisorientert faginhald og undervisning.
- Skolen får meir ressursar, og lærarane betre lønns og arbeidsforhold.
- Lærarane får større fridom til å planleggje og gjennomføre undervisning som er interessevekkjande og tilpassa elevane sine føresetnader og lokale forhold.

I sju kommunar i Danmark er dei i gang med «Frihetsforsøket». Føremålet er mellom anna å redusere byråkrati og detaljstyring, og å finne ut korleis kvar dagen i skolen blir dersom lærarane får bestemme det meste ved sin skole innanfor dei lover og læreplanar som gjeld. Forsøket har gitt «frihetsfølelse» hos danske lærarar og skapt stort engasjement. Vår regjering har ei tillitsreform på sin agenda.

Kanskje kan det vera inspirasjon og idéar å hente frå Danmark?

Innlegg i Klassekampen 15. august 2022.

# Innlegg på seminaret på Stord 9. november 2023

AV SIGMUND SUNNANÅ

Rekruttering til lærarutdanning er eit aktuelt tema både i vårt land og i andre europeiske land. Årsakene til sviktande rekruttering kan vera mange. I vårt land har lærarutdanninga for grunnskulen på om lag 70 år gått frå å vera eit av dei mest populære studia til eit av dei minst populære. I innlegget mitt har eg prøvt å peika på nokre av årsakene til dette.

Til grunn for innlegget mitt hadde eg sett opp nokre punkt på eit papir. Det er vanskeleg å hugsa nøyaktig kva eg sa. I denne oppsummeringa har teke med noko utfyllande stoff i tilknyting til enkelte punkt.

Innleiingsvis nemnde eg at det alltid var gildt for meg å koma til Rommetveit. Her har eg nyttat åtte år av mitt liv. Først lærarutdanning 1952 – 1956, seinare lektor i pedagogikk 1962 – 1966. Eg gav også nokre glimt frå eg starta som gards- og bygningsarbeidar etter sju år på ein tredelt folkeskule på Mosterøy og min vidare veg gjennom utdanning i skule- og utdanningssystemet. Eg sa vidare noko om ulike stillingar eg hadde hatt i dette systemet. I denne samanhengen vil eg nemna noko om då eg frå 1968 og nokre år var sekretariatsleiar i Lærarutdanningsrådet og mellom anna hadde ansvaret for opptaket til lærarutdanninga.

På den tida var lærarutdanning for folkeskulen eitt av dei mest populære studia. Det var like vanskeleg å koma inn på lærarstudiet som medisinstudiet. Konkur-

ransen var hard, ein måtte ha toppkarakterar frå examen artium for å få plass på dei mest populære lærarskulane. Lærarutdanning blei sett på som ei god utdanning for eit viktig yrke. Som leiar av sekretariatet fekk eg ofte besök av folk, til dømes stortingsrepresentantar og toppfolk i nærings- og kulturliv, som hadde barn, barnebarn eller venner med barn som var sterkt motiverte og hadde spesielle talent for å bli lærarar, men som dessverre ikkje hadde dei karakterane frå gymnas-set som det var krav om. Spørsmålet var om eg kunne hjelpe til slik at dei fekk studieplass.

Dei fleste skjøna at det var uråd å gjera unntak frå opptaksreglane. Dette kunne føra til oppslag i Dagbladet! I staden fekk dei informasjon om kva ein kunne gjera for å ha betre sjanse til å kunne bli oppteken neste år, til dømes ved å få tilleggspoeng ved å ta eit års vikariat som lærar, få betre karakterar ved å ta fag som privatist til examen artium eller eit grunnfag ved eit universitet. Dei aller fleste takka for opplysingane, men det hende at somme mumla noko om at eg kom nok ikkje til å sitja lenge i denne stillinga sidan eg ikkje hadde forstand nok til å ta opp motiverte og talentfulle søkjrar! Faktisk var opptaket av så pass stor nasjonal interesse at eg eit par gonger blei intervjuet på Dagsrevyen om kor mange som hadde søkt, kor mange som ikkje hadde kome inn og kva dei som ikkje kom inn

,kunne gjera for å stå sterkare i konkurransen neste år!

Den gode sokjartilgangen heldt seg utover på 1970- og 1980-talet, men gjekk noko ned på 1990-talet. Dette hadde mellom anna samanheng med at det blei konkurranse med distriktshøgskolane om sokjarane, og dessutan at talet på gode stillingar i oljeverksemda auka. Kring hundreårsskiftet tok ein opp nesten alle som søkte, og ved lærarutdanningsinstitusjonane merka ein at ikkje alle studentar var like godt fagleg kvalifiserte som tidlegare.

Då «Pisa sjokket» kom i desember 2001, blei det viktig for regjeringa med Kristin Clement som statsråd å styrkja det faglege nivået på alle område i skulesystemet. I 2005 bestemte regjeringa at det skulle stillast krav om karakteren 3 i norsk og matematikk frå vidaregåande opplæring for å kunna bli oppteken til allmennlærarutdanninga. Eg hugsar at det var flinke lærarar i Rogaland som fortalte at med desse krava hadde ikkje dei kome inn på lærarutdanninga. Krava blei endå meir skjerpa då det blei bestemt at i matematikk skulle kravet vera 4. Dette påverka i høg grad talet på studentar i lærarutdanninga, og mange studieplassar blei ståande tomme.

Så vidt eg veit, er det ikkje påvist nokon samanheng mellom karakterar i vidaregåande opplæring og lærardugleik. Det bør vera lærarutdanningsinstitusjonane som tek standpunkt til om lærarstudentar – gjerne undervegs i studiet- har dei fagleg og personlege kvalifikasjonane som trengst for å bli godkjende som lærarar. Det har vore uforståeleg for meg at skiftande regjeringar ikkje har gjort noko med opptakskrava. Sidan det var mangel på lærarar i grunnskulen, ville det vore meir fornuftig og fylt opp studieplassane med studentar endå om dei ikkje oppfylte krava i norsk og matematikk. Ein kunne i alle fall gjort forsøk med ulike krav til opptak for å kunne vurdera om det var krav som var

meir nødvendig enn andre for å kunne utdanna gode lærarar.

På 1990-talet var det mange utgreningar og nye studieplanar for grunnskulelærarutdanninga. På lærarutdanningsinstitusjonane hadde dei ei stund lærarstudentar som fylgte ulike planar. Planen som statsråd Kristin Clement fekk laga i 2003, var etter mi meinung den beste. Planen likna på mange måtar planar frå Arbeidarpartiet frå 1970-talet. Av ein eller annan grunn tok Stoltenberg regjeringa i 2010 fram eit tidlegare Høgre standpunkt om å ha ei delt lærarutdanning – ei for barnesteget og ei for ungdomssteget. Dette hadde uheldige konsekvensar – særleg for rekrutteringa til barnesteget, 1 – 7. Det kan vera vanskeleg nok for unge å prioritera lærarutdanning når dei skal velja utdanning. Nå måtte dei i tillegg ta standpunkt til om dei ville bli lærarar anten på barnesteget eller ungdomssteget. Få sokjarar veit truleg lite om kva for krav som blir sett til lærarar på desse stega. For somme kan det også vera eit spørsmål om dei skal velja ei lang utdanning for eit yrke som dei kanskje ikkje har dei personlege føresetnader for å meistra.

I 2017 blei grunnskulelærarutdanninga gjort femårig med obligatorisk mastergrad. I første omgang påverka ikkje dette sokjartilgangen, sjå Asle Holthe sine kurver, men i det siste har talet på kvalifiserte sokjarar gått kraftig ned. Etter mi meinung er det ikkje nødvendig at alle lærarar i grunnskulen har mastegrad. Å ta ein slik grad bør vera ei frivillig ordning for studentar og vidareutdanning for lærarar. Ein mastergrad i lærarutdanning er heller ingen garanti for å bli ein god lærar. Ein lærarstudent kan til dømes ha teke mastergrad i eit fag med svært godt resultat, men likevel mislukkast som lærar i faget fordi han/ho manglar dei pedagogiske og personlege føresetnadene for å kunne formidla fagkunnskapen. Det er skilnad på fullført mastergrad i til

dømes ingeniørutdanning og lærarutdanning. I ingeniørutdanninga blir studenten «ekspert» på eit område som han/ho kan bruka i yrket sitt utan at det er spesielle krav til personlege føresetnader.

I bladet Utdanning nr. 3 2023 kan ein lesa at Studiebarometeret viser at frå 2013 har lærarutdanninga vore blant dei lågast rangerte utdanningane når det gjeld studentane si vurdering av eiga utdanning. Dette er eit signal som departementet, styrt av skiftande statsrådar, burde gjort noko med. Studentane etterlyser mellom anna meir og betre praksis. Det burde mellom anna blitt gjort forsøk med alternative opplegg og organisering av lærarutdanninga som betre imøtekom studentane sine ønskje. Slike forsøk kunne også hatt positiv innverknad på søkjartilgangen.

Eg trur at den nåverande grunnskulelærarutdanning har lite appell til mange unge søkerar. Utdanninga er sentrert om få teorifag. Ho startar med anten ei eining i norsk eller matematikk + pedagogisk teori og praksis. Norsk og matematikk har studentar hatt i 13 år i grunnskule og vidaregående opplæring. Praktiske og estetiske fag, som tidlegare var ein viktig del av utdanninga, er det lite av. Etter mi mening er det nå tid for å prøva ut nye opplegg for lærarutdanninga som kan motivera og stimulera unge til å sökja denne utdanninga.

Lærarane har i dei siste åra generelt vore misnøgde med lønns- og arbeidsvilkåra. Det har vore streikar som ikkje har ført til betre resultat. Dette har skapt frustrasjonar og medieoppslag som har gitt inntrykk av at lønna er låg og arbeidsvilkåra i skulen vanskelege. Dette har nok også vore med på at interessa for å sökja lærarutdanning er gått ned.

Den viktigaste grunnen til at så få vil bli lærarar, trur eg ligg i dei tilhøva lærarar opplever i dagens skule. Læraryrket er for mange lærarar blitt eit tøft yrke. Det er store krav frå elevar, foreldre rektor og styresmakter.

Det er sagt at ein lærar i dag må vera både lærar, psykolog og sosialarbeidar. Med store klassar er det ikkje lett for ein lærar å ta individuelle omsyn, og å møta den enkelte elev sine behov og ønskje. Dette kan føra til frustrerte og kanskje valdelege elevar.

I bladet Utdanning nr. 4 2023 er det eit oppslag om at i fjor kom det inn over 20000 meldingar om vald, trakkassering, trugsmål og krenkingar mot tilsette i skulane i landets tjue største kommunar. Dette betyr at tusenvis av barn og unge har opplevd at medelevar kan trakassera læraren deira på det grovaste med slag, spark, kloking og utskjelling utan at læraren kan nyitta hovelege reaksjonsmåtar. Mange lærarar føler seg utrygge på arbeidsplassen sin. Med slike arbeidsforhold står ikkje læraryrket fram som ein framtidig attraktiv arbeidsplass for ungdom som skal velja utdanning.

Heldigvis gjeld ikkje tilstanden som er skildra ovanfor fleirtalet av norske skular og klasserom. Eg trur fleirtalet av skular er prega av gode og trygge samarbeidsforhold mellom alle partar i skulesamfunnet. Mange lærarar føler lærargjerninga som ei viktig og meiningsfull oppgåve.

Lærarutdanninga på Stord har i mange år hatt relativt få lærarstudentar. Komiteen som har teke initiativet og laga programmet for dette seminaret, har ønskje om at lærarutdanninga på Stord igjen skal bli ein attraktiv studiestad. Vi meiner derfor at det kan vera aktuelt med eit forsøk om ei ny lærarutdanning som kan setja lærarutdanninga her på «kartet». Eg har laga ei prosjektskisse til eit forsøksopplegg som er sendt til deltakarane på seminaret. Sjølve skissa legg ved dette referatet.

Spørsmålet om det skal setjast i gang forsøk med lærarutdanninga på Stord, må sjølv sagt avgjerast av styringsorgana ved HVL. Vi vonar at høgskulen tek utfordringa!

Vedlegg: Stord – forsøk. Tilrådd litteratur:

Heimesida: [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no).

Per Østerud, Sigmund Sunnanå og Åsulv Frøysnes. Norsk  
lærarutdanning i etterkrigstida. Ei utvikling i spenning  
mellan tradisjon og fornying. ABM-media as. 2015.

Svein Helgesen: Vandring mot varden. Sigmund Sunnanå –  
liv og virke. Forlaget Horisont 2012.

# Skisse til ny grunnskulelærarutdanning

AV SIGMUND SUNNANÅ

Vi har mange gode lærarutdanningsinstitusjonar med godt kvalifisert vitskapleg personale. Innanfor dei ramme som departementet har fastsett, kan lærarstudentar få ei god utdanning som kvalifiserer for arbeid på ulike steg i grunnskulen. Mange lærarstudentar synest at dei får ei god utdanning som førebud dei for lærararbeidet.

Endå om studentane har fått oppleva inspirerande førelesarar og fått vore med på interessante og spennande prosjekt både i fag og i pedagogisk teori og praksis, er det relativt mange som meiner at dei nasjonale planane for grunnskulelærarutdanninga bør endrast.

I dei siste åra har talet på søkjavar til grunnskulelærarutdanninga gått ned. I år har mange lærarutdanningsinstitusjonar vanskar med å fylla studieplassane.

Det er mange årsaker til dette. Ei årsak kan vera at utdanninga har fått dårlig omdømme, og at ho har eit innhald og organisering som er lite tiltrekjkjande. I Utdanning Nr. 5, 2023 kan vi lesa at Studiebarometret viser at aldri før har så mange lærarstudentar vore misnøgde med utdanninga si. Sidan 2016 har lærarutdanninga vore blant dei lågast rangerte utdanningane når det gjeld studentane si vurdering av eiga utdanning. Det er utruleg at ansvarlege styresmakter ikkje har registrert dette og gjort noko for å endra utdanninga i tråd med studentane sine vurderingar.

I eit innlegg i Khrono 11. juni etterlyser leiar for Pedagogstudentane, Lars Strande Syrrist, ei meir profesjonsnær og yrkesretta lærarutdanning med stor vekt

på praksis av god kvalitet. Nedanfor er det presentert ei skisse til ny grunnskulelærarutdanning der mellom anna dette er vektlagt.

## **Skisse til innhald og organisering av ei ny grunnskulelærarutdanning.**

Den obligatoriske femårige masterutdanninga bør erstattast av ei obligatorisk utdanning på fire år med påbygging til master som frivillig tilbod til studentar og vidareutdanning for lærarar.

Det **første studieåret** kan innehalda ein gjennomgang av lover og regelverk for grunnskulen og gjeldande læreplanar. Pedagogisk teori og praksis må vektleggjast, og studentane må læra om arbeidsmåtar og oppgåver for lærarar i dagens skule. Pedagogisk filosofi og den historiske utviklinga av skulen i landet vårt må vera med. Studentane skal dessutan kunne velja minst ei eining på 15 poeng i eit praktiske eller estetiske fag, kunst og handverk, musikk, kroppsøving eller drama.

Heile det **andre studieåret** bør studentane vera praktikantar ved ein skule/skular i ein kommune, til dømes i heimkommunen. Saman med erfarne lærarar skal dei få oppleva starten og slutten på eit skuleår. Dei skal få vera med på planleggingsdagar, møte med foreldre, hjelpetenester m.m. Saman med kvalifiserte lærarar skal dei få følgja undervisning og arbeidet til ein lærar/lærarar på ulike klassetrinn. Dei skal sjølve praktisera som lærarar og få rettleiing av kvalifiserte lærarar som arbeider på barnesteget og på ungdomsseget. Det

bør dessutan arrangerast møte mellom studentane og personalet på lærarutdanningsinstitusjonane der ulike tema blir tekne opp og faglege og pedagogiske problemstillingar blir drøfta. For kommunar som får lærarstudentar, vil denne ordninga kunne utgjera ein ressurs for skulen/skulane i kommunen.

Det **tredje og fjerde studieåret** bør nyttast til fagstudium av ulike omfang og på ulike nivå. Studentane skal kunne velja einingar på 15, 30 eller 60 poeng. Dei kan såleis innretta utdanninga si mot lærararbeid anten på barnesteget eller ungdomssteget. Metodikk og praksis i faga dei vel, inngår i studiet. Ei studieeing i norsk og i eit praktisk eller estetisk fag bør vera obligatorisk. Der det høver, kan ein organisera tverrfaglege opplegg, gjerne i samarbeid med pedagogisk teori og praksis. Studentane må velja fagstudium slik at dei kjem ut med frå tre til seks fagstudium for å få godkjent lærarutdanninga.

Den enkelte grunnskule må rekruttera lærarar med fagleg og pedagogisk bakgrunn som dekkjer best mogeleg fagkrinsen og arbeidsoppgåvene i grunnskulen, og skulen bestemmer sjølv kva for undervisningsoppgåver og andre oppgåver den enkelte lærar skal ha.

## Etterord

Det har blitt drive mykje forsking i lærarutdanninga, men lite praktiske forsøk med å endra innhald og organisering. Forsøka på 1960- og 1970-talet skapte stort engasjement og aktivitet ved lærarhøgskolane for å gjera lærarutdanninga aktuell og betre tilpassa utviklinga i grunnskulen. Innanfor nasjonale målsetjingar, rammer og kvalitetskrav bør departementet leggja til rette for større fridom for lærarutdanningsinstitusjonane til å prøva ut eit anna innhald og andre måtar å organisera lærarutdanninga på enn det som er fastsett i dei nasjonale planane. Vi kan då få opplegg som mellom anna imøtekjem behov og interesser i ulike landsdelar. I den samanhengen kan kanskje skissa ovanfotana som grunnlag for forsøksopplegg, til dømes ved mindre lærarutdanningsinstitusjonar i distrikta?

Dette er manuset til eit innlegg som blei publisert i Khrono 13. juni 2023 og i Utdanningsnytt 16. juni 2023.

# Korleis forsvann dei praktiske og estetiske faga meir eller mindre ut av skulen?

AV SIGMUND SUNNANÅ

Dei praktiske og estetiske faga har i dei siste tiåra fått kummerlege vilkår i grunnskulen. Det er lite att av kunst og handverk, musikk, dans, kroppsøving, husstell/mat og helse og drama. I Mønsterplanen frå 1974 (M74), Mønsterplanen frå 1987 (M87) og Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen (L97) var dette sentrale fag og emne. Då Kunnskapsløftet kom i 2006, blei desse faga meir eller mindre borte. I det følgjande skal eg peika på nokre årsaker til dette.

## Mål- og resultatstyring

På 1990-talet blei New Public Management innført som styringssystem også i skule og høgre utdanning. Politikarane skal setja mål og vurdera resultat. Dette førte mellom anna til at dei faglege råda, til dømes Grunnskulerådet og Rådet for vidaregående opplæring, blei lagde ned. I desse råda hadde det vore med personar frå ulike delar av landet som representerte ulike område innan skule- og samfunnsliv. Råda hadde mellom anna til oppgåve å gi statsråden faglege råd og innspel i saker som var oppe i tida. Dei var sentrale når det galdt framlegg til læreplanar m.m. Råda la vekt på at skulen skulle ha eit breitt undervisningstilbod der mellom anna at dei praktiske og estetiske faga skulle utviklast og spela ei viktig rolle i den faglege og personlege utviklinga for barn og unge. Då desse råda blei borte,

er det blitt mange med statsvitakapleg, juridisk og økonomisk bakgrunn som gir råd til statsråden. Det er blitt færre med pedagogisk bakgrunn.

## Pisa sjokket

Dei første Pisa-resultata som kom i desember 2001, plasserte vårt land lågare på rangstigen enn nokre andre land, til dømes Finland. For mange var ei slik plassering eit sjokk. Pisa undersøkingane galdt kunnskap i norsk, matematikk og naturkunnskap. Andre viktige sider ved målsetjinga for den norske skulen, til dømes personlegdomsutvikling og praktisk dugleik blei ikkje vurderte. Pisa-rangeringa førte til krav om at landet vårt måtte opp på rangeringsstigen. Vi fekk derfor Kunnskapsløftet i 2006 med krevjande læringsmål i dei teoretiske faga. Dette galdt også for 6-åringane som kom inn i skulen i 1997. Dei fekk såleis eit teoribasert opplegg i staden for eit leikbasert som var føresetnaden. Det blei dessutan innført eit omfattande test- og vurderingssystem. Alt dette førte til stress både for elevar og lærarar. Mange elevar opplevde skulen som teoritung og kjedeleg der dei gjerne kom til kort i teoretiske fag. Dette kunne i neste omgang føra til utagerande åtferd, mobbing m.m.

For å styrkja Pisa faga blei timetalet i desse faga auka på kostnad av dei praktiske og estetiske faga. Dei

kom etter kvart til å bli meir eller mindre raderte ut. Dette ført igjen til at det blei mindre behov for lærarar som kunne undervisa i faga og for utdanning av lærarar.

Denne satsinga påverka ikkje plasseringa på Pisa-rangstigen noko særlig. I åra framover blei Noreg liggjande på nokolunde same nivået, og den siste rangeringa som kom i 2024, viste at dugleiken i både lesing og i matematikk var gått ned.

### **Skulesentralisering**

I dei siste tiåra er stadig fleire mindre skular blitt lagde ned og elevane overførde til større sentrale skular. Skular med gode spesialrom for praktiske og estetiske fag er blitt ståande tomme medan sentrale skular har fått mangel på undervisningsrom. Ved mange skular er derfor spesialrom for praktiske og estetiske fag blitt ombygde til undervisning i teoretiske fag. Ved somme grunnskular har dei greidd å ta vare på spesialromma og gitt litt undervisning, ved andre utan spesialrom er det blitt gitt litt undervisning i desse faga i vanlege

rom. I det heile har dei praktiske og estetiske fått kummerlege vilkår i dei siste tiåra.

### **Kan noko gjerast?**

Dei praktiske og estetiske faga er viktige for å få ein god skule som kan hjelpe elevane til å bli «gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn»(formålsparagrafen i grunnskulelova frå 1969). Det må sterk politisk vilje og stort pågangsmot til for å kunne byggja opp att det som er avvikla for denne faggruppa. Spørsmålet gjeld prioritering. Både staten og kommunane må visa handlekraft og bruka nødvendige ressursar dersom dette skal skje. Vi har heldigvis fått Kari Nessa Nordtun til Kunnskapsminister. Ho har vist ambisjonar, idear og verkelyst til å løysa utfordringar som er i skulen. Kanskje kan ho også gjera noko for dei praktiske og estetiske faga?

Dette er manus til innlegg i Utdanningsnytt 17. juli og i Khrono 24. juli 2024.

# Nokre velmeinte råd til Kunnskapsministeren

AV SIGMUND SUNNANÅ

Eg stiller meg i køen av gratulanter for Kari Nessa Nordtun som kunnskapsminister. Det er flott at ho tek på seg denne oppgåva. Utfordringane for henne er mange, og forventningane store. Eg tillet meg å koma med nokre råd for grunnskulen og lærarutdanninga som ho kan vurdera i departementet.

- Kompetanse måla i læreplanane for grunnskulen bør gjerast rettleiande i staden for å vera krav om kva elevane «skal kunne og forstå ...».
- Timetalet i teoretiske fag bør reduserast og aukast i praktiske og estetiske fag.
- Talet på lokale, nasjonale og internasjonale prøver bør reduserast. Elevane bør sleppa å stadig vera i ein vurderingssituasjon.
- Lærarane sin autoritet i klasserommet bør styrkast. Lærarane må kunna kjenna seg trygge på jobb. Dei må unngå å bli slått, sparka og trua (sjå Utdanning nr. 9, 6. oktober 2023). Lærarane må til dømes kunna irettesetja og rettleia ein elev/elevvar utan å risikera å bli melde for krenking og trakassering.
- Ta bort kravet om at ein lærar må ha 30 poeng i norsk og matematikk for å kunna undervisa i desse faga på barnesteget, og 60 poeng for å kunna undervisa i dei

same faga på ungdomsseget. Det bør vera ei sak for rektor og skulen å kunna avgjera korleis den samla kompetansen i personalet best kan nyttast.

- Lærarane bør få betre lønns og arbeidsvilkår, og større fridom og hove til å planleggja og gjennomföra undervisning som er interessevekkjande og tilpassa elevane sine føresetnader og lokale forhold.
- Den obligatoriske lærarutdanninga bør vera fire år med hove til å ta mastergrad som frivillig ordning for studentar og vidareutdanning for lærarar.
- Lærarutdanningsinstitusjonane bør få større fridom til å organisera utdanninga, til dømes bør studentane i 1 - 7 og 5 – 10 kunne utgjera ei samla gruppe der studentane kan velja fagsamansetjingar som er innretta mot undervisning på barnesteget eller ungdomsseget. Det bør gjerast forsøk med nye modellar for innhald og organisering av lærarutdanninga som er tilpassa lokale forhold.
- Dei praktiske og etsetiske faga bør styrkast i utdanninga.
- Praktisk lærararbeid bør styrkast, til dømes ved at studentane nyttar eitt av studieåra til praktisk lærararbeide med rettleiing ved ein skule eller skular i ein kommune.

- Sosiale og kulturelle aktivitetar bør vera ein del av lærarstudiet.
- Det bør setjast i verk spesielle tiltak for å få betre rekruttering til lærarutdanninga.
- Tilrådingane frå utvalet som har vurdert nye opp-taksreglar, bør gjennomførast.

Etter mi vurderinga kan dei fleste av desse råda gjen-nomførast utan større kostnader for staten. Det trengst heller ikkje grundige utgreiingar frå «ekspertutval». Departementet kan bestemma det meste, og kunngjera endringane med rundskriv.

Dette er manuset til eit innlegg som stod i nettavis til Stavanger Aftenblad 21. oktober og i papiravisa 31. oktober 2023.

# Flytt heller elevar til skular i distrikta

AV SIGMUND SUNNANÅ

I desse dagar går det ei skulesentraliseringssølgje over landet. Pengar skal sparast for å få neste års kommune- og fylkeskommunebudsjett til å gå opp. For å spara pengar er det alltid aktuelt å leggja ned mindre skular og overføra elevane til større sentrale skular. Kvifor kan ein ikkje heller tenkja omvendt? Kvifor kan ein ikkje heller overføra elevar frå større til mindre skular?

Utgiftene til skuleskyss vil vel vera dei same? Utnyttinga av skulebygga i kommunen/fylkeskommunen vil ein kunne sjå i samanheng og kunne nyttast slik at ein sparer pengar på eventuelle nybygg/påbygg. Det er eksempel på at mindre grunnskular med gode rom for praktiske og estetiske fag blir lagde ned og elvane overførde til større skular. For å gi plass til fleire elevar blir rom for praktiske og estetiske fag ombygde til klasserom for teoretisk undervisning.

Mindre skular har ofte eit betre miljø som gir høve til tettare kontakt mellom elevane og mellom elevane og lærarane. Dette kan gi betre trivsel, læringsmiljø og læringsresultat, mindre mobbing, trakkassering og utgifter til lovpålagt spesialundervisning og uheldig sosial utvikling og kriminalitet. Kanskje kan det ein sparer på skulenedlegging i dag koma att som større utgifter på seinare sosialbudsjett og for NAV?

Engasjementet kring nedlegging av skular viser at dette rører ved identitet og skaper sterke kjensler hos folk. Politikarar og skulebyråkratar bør derforvara varamt fram i slike saker. Dei bør bruka fantasi og kreativitet for å finna andre løysingar enn å leggja ned skular når pengar skal sparast. Det er skuffande at statsministeren og kunnskapsministeren meiner at skulestrukturen i landet ikkje er eit ansvar også på regjeringsnivå.

Pisa-sjokket kom i 2001 og førte til Kunnskapsløftet i 2006. Timetalet til elevane i Pisa-faga norsk, matematikk og naturfag fekk ein stor auke, delvis på kostnad av dei praktiske og estetiske faga. 6-åringane fekk teori i staden for leik. For mange elevar førte dette til ein teoritung, kjedeleg og lite motiverande skule der dei kom til kort. Satsinga førte ikkje til betre Pisa-resultat. Kvifor ikkje gå tilbake til det elevtimetalet ein hadde i Pisa-faga og i dei praktiske og estetiske faga før Kunnskapsløftet? Det er ikkje timetalet, men elevane sin motivasjon og lærerlyst og kvaliteten på lærarens undervisning som fører til læring og betre læringsresultat. Her kan det kanskje vera pengar å spa slik at ein slepp dei opprivande debattane om skulesentralisering?

Dette er manuset til eit innlegg i Nationen 18. novemer 2024.

# Behov for forsøk i lærarutdanninga

AV SIGMUND SUNNANÅ

I den siste tida har det vore mange oppslag i media om lærarmangel og sviktande rekruttering til lærarutdanninga. Det er positivt at lærarutdanninga er på agendaen. Kanskje kan engasjementet og merksemda stimulera søkjartilgangen til våren?

Årsakene til manglende rekruttering er mange. Dei kan førast tilbake til både status og arbeidsforholda for lærarane i grunnskolen og til lærarutdanninga. Går vi tilbake til 1960-, 1970- og 1980-talet var lærarutdanninga for grunnskolen eitt av dei mest populære studia. Konkuransen var hard, berre om lag ein av tre søkerar kom inn. Ein måtte ha toppkarakterar frå gymnas/vida-regåande opplæring og gjerne tilleggspoeng for å bli teken opp ved dei mest populære lærarskolane.

På 1960-talet var det omfattande forsøk i samband med innføringa av obligatorisk 9-årig skole. I lærarutdanninga galdt forsøka tilpassing av lærarutdanninga til den nye grunnskolen. Dette førte til stor fagleg og pedagogisk engasjement ved lærarskolane. Styresmaktena stimulerte denne forsøksverksemda med initiativ, råd og økonomisk støtte. Lærarar og andre tilsette i grunnskolen og lærarstudentar var med på utarbeidings- og gjennomføringa av forsøksopplegga. Dette opplegget blei vidareført ved gjennomføringa av lærarutdanningslova frå 1973 og dei nye studieplanane for lærarutdanninga på 1970-talet.

## **Behov for ein ny forsøksperiode i lærarutdanninga**

Universitets- og høgskolelova har ein forsøksparagraf som gir departementet høve til å gjera avvik frå gjeldande lover og regelverk. Den enkelte lærarutdanningsinstitusjon kan derfor søkja departementet om å få gjera forsøk med studieopplegg som er tilpassa situasjonen i grunnskolen og med lokale forhold. Utarbeiding av forsøksopplegg bør også nå skje i samarbeid med tilsette i grunnskolen og med lærarstudentar.

På eit seminar på Stord i november 2023 la eg fram ei skisse til eit forsøksopplegg som er meir innretta mot praktisk lærararbeid enn det studieopplegget som gjeld i dag. Eg trur mellom anna at det vil vera meir tiltalande å søkja opptak til eit studium som går rett på lærarfunksjonen.

**Hovudpunkta i framlegget er skissert nedanfor**  
Den obligatoriske femårige masterutdanninga blir erstatta av ei obligatorisk utdanning på fire år med påbygging til master som frivillig tilbod til studentar og vidareutdanning for lærarar. Den fireårige utdanninga må godkjennast som fullført lærarutdanning, og det må klårgjerast kvar desse lærarane skal plasserast på lønnsstigen.

**Det første året studieåret** bør starta med ei drøfting av kor viktig læraren er for den faglege og personlege utviklinga for barn og unge, og dei oppgåver og utfordringar lærarar står overfor i dagens skole. Lover og regelverk og gjeldande læreplanar som gjeld grunnskolen må studerast. Pedagogisk teori og praksis må vektleggjast, og studentane må læra om og praktisera arbeidsmåtar i grunnskolen. Pedagogisk filosofi og den historiske utviklinga av skolen i landet vårt må vera med. Studentane må dessutan kunne velja minst ei eining på 15 poeng i eit praktiske eller estetiske fag, (kunst og handverk, musikk, kroppsøving, drama, mat og helse).

Heile det **andre studieåret** bør studentane vera i praksis ved ein skole/skolar i ein kommune. Saman med lærarar der kan dei då få oppleva starten og slutten av eit skuleår. Dei kan få vera med på planleggingsdagar, møte med foreldre, hjelpetenester m.m. Saman med erfarte og kvalifiserte lærarar kan dei få følgja undervisning og arbeidet til ein lærar/lærarar på ulike klassetrinn. Dei må sjølve praktisera som lærarar, og få rettleiing av kvalifiserte lærarar som arbeider på barnesteget og ungdomsseget.

Lærarutdanningsinstitusjonen må gjennom året arrangera kurs/seminar for studentane der pedagogiske og faglege tema blir drøfta. For kommunar som får lærarstudentar, vil denne ordninga kunne vera ein ressurs for skolane i kommunen.

Det **tredje og fjerde studieåret** kan nyttast til fagstudium av ulike omfang og på ulike nivå. Studentane må kunne velja einingar på 15, 30 eller 60 poeng.

Dei kan såleis innretta utdanninga si mot lærararbeid anten på barnesteget eller ungdomsseget. Metodikk og praksis i faga dei vel, inngår i studiet. Ei studieeinining i norsk og i eit praktisk eller estetisk fag bør vera obligatorisk.

Der det høver, kan ein organisera tverrfaglege opplegg, gjerne i samarbeid med pedagogisk teori og praksis. Studentane må velja fagstudium slik at dei kjem ut med frå tre til seks fagstudium for å få godkjent lærarutdanninga.

Utdanninga må gi rett til tilsetjing både på barnesteget og ungdomsseget, og lærarar med denne utdanninga bør kunne tildelast undervisningsoppgåver i norsk og matematikk utan spesielle krav til utdanningsnivå i desse faga.

## **Sluttord**

Departementet bør invitera til og stimulera forsøksaktivitet ved lærarutdanningsinstitusjonane med mellom anna økonomisk støtte. Forsøksverksemda kan om nokre år gi grunnlag for ei lærarutdanninga som er meir interessevekkjande enn den ein har i dag.

Med kloke tiltak som gjer grunnskolen til ein trieveleg, utfordrande og meiningsfylt arbeidsplass for lærarar, og ei lærarutdanning som er eit spennande, kreyjande og yrkesretta studium for studentar, vil nok søkjartilgangen til lærarstudiet ta seg opp att.

*Dette er manuset til ein kronikk som stod i Stavanger Aftenblad 15. januar 2025.*

# Årsmelding

## for Skolemuseumslaget i Rogaland 2023.

Årsmøtet for skolemuseumslaget 2023 blei halde 23.mars på Stavanger Museum. 8 personar møtte. Årsmelding og rekneskap for 2022 blei gjennomgått og godkjent.

Valet fekk følgjande utfall:

Leiar: Sigmund Sunnanå.

Kasserar: Marta Gudmestad.

Andre styremedlemmer: Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne.

Varamedlem: Dan Dyrli Daatland.

Revisor: Kåre Tysland.

Redaksjonsnemnd: Sigmund Sunnanå, Marta Gudmestad, Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne, Dan Dyrli Daatland..

Styret har hatt to møte. Styret har arbeidd vidare med å utvikla heimesida for skolemuseumslaget. Artiklar frå arkivet er samla i ei digital årbok for 2023 med tema: *Skulemannen Kjell A. Jensen. Skulesentralisering. Spesialpedagogiske senter ved Universitet i Stavanger.*

På heimesida ligg nå 11 digitale årbøker, frå 2009 til 2023 + artiklar i arkivet. Her er også ein artikkelloversikt frå 1984 til 2016. Statistikken viser at heimesida i 2023 hadde 13406 besøk. Adressa til heimesida er [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no)

Skolemuseumslaget hadde i 2023 83 adresser på medlemslista. Dette er 22 færre adresser enn i 2022. Dei fleste av skolane i fylket har vi stroke frå lista, det same med andre addressar som vi ikkje har høyrt frå på ei stund. Vi har 54 e-postadresser til medlemmer, av desse er 8 nye. Brev om innbetaling av årskontingenget blei sendt til medlemmene i november 2023. Ved årsskiftet hadde 21 medlemmer betalt, det er 50 færre enn året før. Laget fekk 2023 eit tilskot frå Utdanningsforbundet på kr 5000,- til drift av heimesida. Fordi ikkje alle medlemmer har e-post, vil framleis korrespondanse pr. post vera nødvendig.

Stavanger 07.02.2024

Sigmund Sunnanå

Marta Gudmestad

# SKOLEMUSEUMSLAGET FOR ROGALAND

## REGNSKAP FOR 2023

### INNTEKTER:

SR-BANK 31.12.2022	23.252.57
KONTINGENT 10.01-25.09	1.400.00
KONTINGENT 14.12-31.12	3.800.00
RENTER	1.00
UTDANNINGSFORBUNDET, støtte	5.000.00
	<hr/>
	33.453.57

### UTGIFTER:

WEB-SIDE oppdatering og ÅRBOK	20.000.00
PORTO-KONTORREKVISITA	364.00
VELFERDSTILTAK	950.00
ÅRBOK, Haugalandingen	199.00
	<hr/>
	21.513.00

### BEHOLDNING 31.12.2023

INNTEKTER	33.453.57
UTGIFTER	21.513.00
INNSKUDD , SR-BANK	11.940.57

STAVANGER 07.02.2024

Marta Gudmestad  
kasserer

REFERAT FRA ÅRSMØTET I SKOLEMUSEUMSLAGET FOR  
ROGALAND 14.03.2024,  
STAVANGER MUSEUM, MUSEGATA 16, KL 16-18.15

Det var 9 frammøtte til møtet.  
Det ble servert kaffe og kringle.

Skolemuseumslaget for Rogaland har vært i drift i 40år.Det var et historisk møte siden det ble lagt opp til en avvikling av laget. Stavanger Museum får en link til Skolemuseumslaget sin web-side, [www.skolemuseumslaget.no](http://www.skolemuseumslaget.no), der 11 årbøker er digitalisert samt flere artikler. Prisen for linken er 410.- pr år. Videre vil Stavanger Museum sørge for at alle årbøkene blir digitalisert ved depotbiblioteket i Mo i Rana.

Avdelingsdirektør Inge Eikeland takket for verdifullt nedlagt arbeid og for godt samarbeid med Skolemuseumslaget og berømmet Sigmund Sunnanå sin innsats gjennom flere tiår , helt tilbake til 1980- tallet. Arbeidet vil bli videreført på en god måte av konservator Hege Stormark, Stavanger Museum. Sigmund Sunnanå takket for den store blomsterbuketten og sa at arbeidet hadde vært en interessant hobby. Han takket for godt samarbeid med Skolemuseet og en spesiell takk til Hege Stormark for et utmerket samarbeid gjennom mange år.

Maria Vaka ble presentert. Hun ble tilsatt som museumspedagog i januar og overtar etter Thea Bergsagel og har Skolemuseet som del av arbeidet. Maria Vaka er lærerutdannet, har erfaring som barnehageforsker ved UIS og litteraturformidler for barn og unge på Sølvberget.

Thea Bergsagel har hatt Skolemuseet som en del av arbeidet sitt i 3år. Stavanger Maritime Museum blir nå hennes hovedarbeidsområde. Hun la fram en oversikt over skolebesøkene på Skolemuseet, 709 elever og 80 lærere fra 16.03.2023 – 9.11.2023. Noen skoler har prioritert at hele klassetrinnet får komme på besøk, flest fra Stavanger, men også fra Egersund og

Sola. Thea Bergsagel sa at hun har hatt stor nytte av årbøkene utgitt av Skolemuseumslaget i arbeidet sitt. På Skolemuseet finnes det fortsatt trykte utgaver, og de blir gitt til skolene som kommer på besøk. Bygningen som rommer Skolemuseet, er kaldt og dårlig vedlikeholdt og må helst benyttes vår og tidlig høst.

Når områudeutviklingen av Rogaland Teater og Stavanger Museum planlegges, et 3 milliard- prosjekt, forteller Inge Eikeland at utstillingsarealene også vil omfatte skolehistorie, men det er ikke ønskelig å kvitte seg med Skolemuseet som ligger ved Kvaleberg skole.

#### ÅRSMØTESAKER :

Det var 5 deltakere på denne delen av årsmøtet.

1. Innkalling og sakliste ble godkjent.
2. Årsmeldingen ble godkjent.
3. Regnskapet ble godkjent.
4. Styret, redaksjonsnemnd og revisor ble gjenvalgt:  
Leder: Sigmund Sunnanå  
Kasserer: Marta Gudmestad  
Andre styremedlemmer: Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne.  
Varamedlem: Dan Dyrli Daatland.  
Redaksjonsnemnd: Sigmund Sunnanå, Ellinor Bryne, Dan Dyrli Daatland, Marta Gudmestad, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne.  
Revisor: Kåre Tysland.
5. Det ble vedtatt å legge ned Skolemuseumslaget i Rogaland 31.12.2024. Styret gir ut den digitale årboka og tar seg av den praktiske avviklinga av laget.
6. Eventuelt:  
Neste styremøte blir lagt til tidlig høst. Rammen for den siste Årboka er allerede lagt , jfr. Skriv utsendt av Sigmund Sunnanå til styremøtet 13.02.2024.

# SKOLEMUSEUMSLAGET FOR ROGALAND

## REGNSKAP FOR 2024

### INNTEKTER :

SR-BANK 31.12.2023	11.940.57
KONTINGENT 01.01- 31.05	2.400.00
TILBAKEBETALING – GIRO	294.00
UTDANNINGSFORBUNDET- STØTTE	5.000.00
TILSKUDD – S.SUNNANÅ	1.590.00
KREDITTRENTER	7.00
	<b>21.231.57</b>

### UTGIFTER:

BANKTJENESTER	242.75
PORTO	322.00
GIROBETALING	294.00
VELFERDSTILTAK	364.00
ÅRBOK og oppdatering av webside	20.000.00
	<b>21.222.75</b>

### BEHOLDNING 31.12.2024

INNTEKTER	21.231.57
UTGIFTER	21.222.75
INNSKUDD, SR-BANK- SØR-NORGE	<b>8.82</b>

STAVANGER 18.01.2025

*Marta Gudmestad*  
kasserer

# Artikkeloversikt 2016 – 2024

## Årbok

Barndom og oppvekst i Etne . . . . .	2021
<i>Av Gunnar Berge</i>	
Kroppsøvingsfaget i lærerutdanningen . . . . .	2016
<i>Av Gro Næsheim Bjørkvik</i>	
Må ha sildret stille inn . . . . .	2021
<i>Av Marie Rein Bore</i>	
Koss me kom oss te og fra skolen. . . . .	2021
<i>Av Inge Bø</i>	
Da freden brøt ut - en dag for tidlig. . . . .	2021
<i>Av Inge Bø</i>	
Bør elevene bruke lærernes etternavn – ikke kun fornavn? . . . . .	2022
<i>Av Inge Bø</i>	
Dialekter og sosiolekter i bruk bevegelse. . . . .	2022
<i>Av Inge Bø</i>	
Historiefag, historiedidaktikk og historiebevissthet . . . . .	2022
<i>Av Jan Bjarne Bøe</i>	
Tanker om naturfag i lærerutdanningen. . . . .	2016
<i>Av Inge Christ</i>	
Førskolelærerutdanninga med vekt på HiS-tida . . . . .	2016
<i>Av Dan Dyrli Daatland</i>	
Blekkhuset. . . . .	2022
<i>Av Jorun Espedal</i>	
Fra kunnskap til praksis; endring i fokus i matematikkfaget i lærerutdanningen. . . . .	2016
<i>Av Janne Fauskanger og Reidar Mosvold</i>	
Soga om «Kirsten den glupe» . . . . .	2021
<i>Av Reidar Frafford:</i>	

En sang til Kampen skole av Ernst Lidar . . . . .	2021
<i>Av Reidar Frafjord</i>	
Skoleminne . . . . .	2021
<i>Av Reidar Frafjord</i>	
Historisk og politisk utvikling av samspillet mellom grunnskolen og lærerutdanning . . . . .	2022
<i>Av Åsolv Frøysnes:</i>	
Utdanningspolitiske skillelinjer i skole og lærerutdanning . . . . .	2022
<i>Av Åsolv Frøysnes</i>	
St. Olav videregående skole 100 år . . . . .	2022
<i>Av Finn Gabrielsen</i>	
Grunnleggende lese-, skrive og matematikk- ferdigheter (GLSM) i lærerutdanningen . . . . .	2016
<i>Av Egil Gabrielsen</i>	
Desentralisert allmennlærerutdanning i Dalane regionen 1988-1993 . . . . .	2016
<i>Av Egil Gabrielsen</i>	
Veien fram til 4-årig allmennlærerutdanning i 1992. Omlegging av allmennlærerutdanninga ved SLH . . . . .	2016
<i>Av Egil Gabrielsen</i>	
Har vi etablert et «testregime» i norsk skole? . . . . .	2023
<i>Av Egil Gabrielsen</i>	
Et skrålbiikk på de 30 første årene til de Spesialpedagogiske sentrene ved Universitetet i Stavanger . . . . .	2023
<i>Av Egil Gabrielsen</i>	
Bør alle lærerstuderter bli lærere? . . . . .	2016
<i>Av Egil Gabrielsen</i>	
Barnehagelærerutdanning i endring og utvikling . . . . .	2016
<i>Av Rudy Garred</i>	
Eit lokallag blir borte – litt lærarlagshistorie frå Rennesøy . . . . .	2022
<i>Av Sølvi Ona Gjul</i>	
Rettleing av nyutdanna lærarar i Rogaland – eit problemløysande tiltak . . . . .	2016
<i>Av Brit Hanssen og Sissel Østrem</i>	
Oppvekst på Opstad Tvangsarbeidsanstalt . . . . .	2021
<i>Av Sigmund Harbo</i>	
Reformer i lærarutdanninga 1976-2016. . . . .	2016
<i>Av Peder Haug</i>	

Læraren – meir «enn noe større hode» . . . . .	2016
<i>Av Svein Helgesen</i>	
Sigmund Sunnanå: Bauta i det norske utdanningslandskapet . . . . .	2024
<i>Av Svein Helgesen</i>	
Pedagogisk språk som sovemedisin . . . . .	2022
<i>Av Tom Hetland</i>	
Kampen for dei små skulane – forsvar for det gamle eller kimen til det nye? . . . . .	2023
<i>Av Tom Hetland</i>	
Gir stordrift ein betre skule? . . . . .	2023
<i>Av Tom Hetland</i>	
Praksisskoler og praksislærere . . . . .	2016
<i>Av Bjarte Hope, Anne Katrine Bø Hveding og Hilde Riis Kvalvåg</i>	
Slutt på «Nytt på nytt»?	
– Fra kristendomskunnskap til KRLE i skolefag og KRL til religionsstudier i studiefag . . . . .	2016
<i>Av Dag Husebø og Geir Skeie</i>	
Da Storhaug skole ble «bombet» . . . . .	2021
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Da freden kom til Nylund skole maidagene 1945 . . . . .	2021
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Muntre minner fra skolen . . . . .	2021
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Spritduplikatoren . . . . .	2021
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Hei, rektor . . . . .	2023
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Johanna . . . . .	2023
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Barnekunst . . . . .	2023
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Vogts Bibelhistorie for folkeskolen . . . . .	2023
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	

Rolfsens lesebøker . . . . .	2023
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Pugging før og nå . . . . .	2023
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Hjemmeundervisningen har endret seg radikalt -gjennom årene . . . . .	2023
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Da lærere og elever i Stavanger ble grepst med «kryssordbasillen» . . . . .	2023
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Koronapedagogikk . . . . .	2023
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Utdanning av øvingslærere 1964-1965 . . . . .	2016
<i>Av Kjell A. Jensen</i>	
Mine erfaringer som lærerstudent ved UiS . . . . .	2016
<i>Av Louise D. Johannessen</i>	
Historiefaget og lektorutdanningen ved UiS i lys av NOU 2015:8 «Fretidens skole» . . . . .	2016
<i>Av Ketil Knutsen</i>	
På skulepulten 1946 –1953 . . . . .	2021
<i>Av Enok Lauvås</i>	
Tale ved avslutningen av Stavanger lærarhøgskole . . . . .	2022
<i>Av Martha Lea</i>	
Lærerutdanning kan heldigvis brukes til så mangt . . . . .	2016
<i>Av Steinar Lyse</i>	
Eg fekk med meg ein eigen ballast . . . . .	2021
<i>Av Magnhild Meltveit Klepa</i>	
Fra allmennlærer til grunnskolelærer til master for grunnskolelærere . . . . .	2016
<i>Av Elaine Munthe og Elin Thuen</i>	
Målvinarlaget ved Stord lærarskule . . . . .	2021
<i>Av Nils Mæhle</i>	
10 dramatiske år for norskfaget . . . . .	2016
<i>Av Nils Mæhle</i>	
Fag og didaktikk – ulike partnere. Høgskolestudier i engelsk i Stavanger 1964-1990? . . . . .	2016
<i>Av Arne Neset</i>	

Kommentar til Arne Nesets artikkel . . . . .	2016
<i>Av Deborah L. S Larssen og Jon Drew</i>	
Å bygge Babels tårn. Erfaringer som leder av Senter for fremmedspråk, SLH (1991-94) og kontorsjef ved Humanistisk avdeling, HIS (1994-1995) . . . . .	2016
<i>Av Arne Nesi</i>	
Minne frå skulegangen min på Hognestad skule . . . . .	2023
<i>Av Tarald Oma</i>	
En gammel skole – full av nytt . . . . .	2022
<i>Av Gunnar Roalkvam</i>	
Etablering og ledelse av Senter for Adferdsforskning de første årene . . . . .	2023
<i>Av Erling Roland</i>	
Utviklingstrekk ved praksisopplæringa i allmennlærerutdanninga . . . . .	2016
<i>Av Hermann Skogsholm</i>	
Lærarutdanning ved Stavanger lærarskole 1954 – 1975 . . . . .	2016
<i>Av Torleiv Skarstad og Sigmund Sunnanå</i>	
Lærarutdanningstiltak i Rogaland før 1954. . . . .	2016
<i>Av Torleiv Skarstad og Sigmund Sunnanå</i>	
Russebuss anno 1957 . . . . .	2022
<i>Av Asbjørn Simonsen</i>	
Lesesenteret . . . . .	2023
<i>Av Ragnar Gees Solheim</i>	
Den gløymde sentraliseringa: Rasering av bygdeskulen . . . . .	2023
<i>Av Karl Jan Solstad</i>	
Danning og utdanning i informasjonssamfunnet . . . . .	2016
<i>Av Petter Steen jr.</i>	
Frå Stavanger lærarhøgskole (SLH) til Høgskolen i Stavanger (HiS). . . . .	2016
<i>Lærarutdanninga delt på to avdelingar</i>	
Av Sigmund Sunnanå	
Gullalderen i norsk lærarutdanning. Lærarutdanninga ved Stavanger lærarhøgskole 1975–1989 . . . . .	2016
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Frå skulehus til pilegrimsgard. . . . .	2022
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	

Sør Fogn skule . . . . .	2022
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Viktig å ha motiverte sjukepleiarar og lærarar . . . . .	2022
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Tvil om det nye fellesfaget vil kunne bli ein suksess . . . . .	2022
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Lærarutdanning for grunnskolen . . . . .	2022
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Rekruttering til lærarutdanning – litt historie og nokre synspunkt . . . . .	2022
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Var 6-årsreforma eit feilsteg? . . . . .	2022
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Barndomsminne fra Mosterøy krigsåra 1940 –1945 . . . . .	2021
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Lesebokstriden i 1860–1870-åra med særleg omtale av striden i Rennesøy prestegjeld . . . . .	2022
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Nedlegging av skular, skulesentralisering og lærarutdanning . . . . .	2023
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Intervju med Kjell A. Jensen . . . . .	2023
<i>Intervjuar: Sigmund Sunnanå</i>	
Skolemuseumslaget og Skolehistorisk Årbok for Rogaland 40 år. Eit historisk tilbakeblikk . . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Grunnskolelærarutdanning i Stavanger i 70 år. Eit historisk tilbakeblikk . . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Lærarrekruttering – ei historie om fortida for framtida . . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Dårleg søknad til lærarutdanning. Kvifor? . . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Kven vil bli ein avmektig lærar? . . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Korleis gjere lærarutdanninga attraktiv att? . . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	

Innlegg på seminaret på Stord 9. november 2023 . . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Skisse til ny grunnskulelærarutdanning. . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Korleis forsvann dei praktiske og estetiske faga meir eller mindre ut av grunnskulen? . . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Nokre velmeinte råd til Kunnskapsministeren . . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Flytt heller elevar til små skular. . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	
Drama som fag og læringsform i lærerutdanning. . . . .	2016
<i>Av Aud Berggraf Sæbø</i>	
Bruddstykker av skolemøtets historie. . . . .	2022
<i>Av Tor Ytre Arne</i>	
Studentdemokrati i lærerutdanninga – glimt fra 70-åra. . . . .	2016
<i>Av Tor Ytre-Arne</i>	
Den utskjelte allmennlæraren . . . . .	2022
<i>Av Per Østerud, Sigmund Sunnanå og Åsulv Frøysnes</i>	
<i>Nils Olav Østrem:</i> Skulen i det gamle bygdesamfunnet – fra motvilje til godvilje. . . . .	2022
Mine første skoleår på Bjølsen skole i Oslo . . . . .	2021
<i>Av Sissel Østrem</i>	
Lekser og ukeplaner i dagens skole . . . . .	2022
<i>Av Sissel Østrem</i>	
Lærarar i framtida – lydige lakeiar eller kritiske aktørar? . . . . .	2016
<i>Av Sissel Østrem</i>	
Pedagogikkfaget i lærarutdanninga . . . . .	2016
<i>Av Sissel Østrem</i>	
Utviklingsdrag i norsk landsskule 1739 –1889 slik desse syner seg i Rennesøy prestegjeld . . . . .	2024
<i>Av Sigmund Sunnanå</i>	

# Medlemsliste

## *Skolemuseumslaget i Rogaland – 2024*

1. Almaas, Gunveig
2. Areklett, !ngmar
3. Birkeland, Trygve
4. Bjelland, Bjørn Egil
5. Bjørløw, Aud Irene
6. Borsheim, Aase-Brit
7. Brandal, William
8. Bryne, Ellinor
9. Bø, Inge Brigt
10. Bøe, Jan Bjarne
11. Clausen, Harald
12. Dalane folkemuseum, Egersund
13. Daatland, Dan Dyrli
14. Egeland, Margot
15. Ellingsen, Stig
16. Endresen, Helge
17. Fatland, Lars Olav
18. Figved, Signe Godeset
19. Frafjord, Reidar Sverre
20. Frøyland, Elin
21. Galtvik, Eivind
22. Gjesdal folkebibliotek, Ålgård
23. Gjul, Sølvi Ona
24. Graasvold,Sigrid
25. Gudmestad, Marta
26. Hadland, Bente Kvame
27. Harbo, Bård
28. Haugalandmuseet AS, Haugesund
29. Hodnefjell, Åse Marit
30. Hå kommune, Varhaug
31. Hågensen, Kjell Helge
32. Haave, Rigmor
33. Jacobsen, Anndi Lomeland
34. Jensen, Kjell A.
35. Karmøy folkebibliotek
36. Knutsen, Ketil
37. Kolbeinstveit, Njål
38. Kooyman, Siri
39. Kronstad, Tor
40. Lid, Harald
41. Lunde Nilsen, Anne Lise
42. Løkken, Arne
43. Messel, Åsta L. Kvamme
44. Moe, Erik
45. Moksheim Lehmann, Torunn
46. Nilsen, Magne Arne
47. Offerdal, Ester
48. Ognedal, Anna
49. Osnes, Jostein
50. Ottøy, Peder Harald
51. Pedersen, Trond Roy
52. Roalkvam, Gunnar
53. Sand skule, Suldal
54. Sandnes historielag

55. Sevikvåg, Gunvor  
56. Simonsen, Asbjørn  
57. Sinnes, Ingjerd Bull  
58. Skeie, Anne Berit Castren  
59. Skigelstrand, Olav M.  
60. Statsforvaltaren i Rogaland  
61. Stavangerlærernes Pensjonistlag  
62. Sunnanå, Odd Sigmund  
63. Surnevik, Kristin  
64. Særheim, Inge  
65. Thu, Kari  
66. Time kommune, biblioteket-Bryne
67. Totland, Eldar Mariero  
68. Tveit, Oddvar  
69. Tysland, Kåre  
70. Tønnessen, Gunnar  
71. Tørresdal, Sverre  
72. Utdanningsforbundet i Rogaland  
73. Vandvik, Ottar  
74. Ytre-Arne, Tor  
75. Øksnevad, Odd Håland  
76. Østerhaug, Reidar Scott  
77. Østrem, Nils Olav

# Vedtekter

vedtatt på årsmøte 30.5. 1985, med endringer vedtatt på årsmøte 22.4 2008 og 31.3.2011

## §1

Skolemuseumslaget er et frittstående støttelag for Vestlandske Skolemuseum, som fra 1. januar 2008 er en del av Stavanger Museum. Det har til oppgave å samle inn skolehistorisk stoff av så vel eldre som nyere dato spesielt fra Rogaland. Stoffet forsøkes gjort kjent gjennom utgiing av ei årbok.

## §2

Laget ledes av et styre på 5 personer som velges av årsmøtet. Styret godkjenner og tilsetter: Sekretær, kasserer, redaktør og revisor. Den daglige ledelse har lederen i samråd med sekretæren. Styret kan ellers oppnevne de utvalg det finner ønskelig.

Styret holder møte når lederen finner det nødvendig. Det kan ellers innkalles til møte når minst 2 styremedlemmer forlanger det. Styret er vedtaksført når lederen (ved hans forfall nestlederen) og minst 2 styremedlemmer er til stede. I tilfelle stemmelikhet har lederen dobbelstemme.

Årsmøtet holdes innen utgangen av mars måned. Alle personlige medlemmer har møte- og stemmerett. Årsmøtet velger styreleder og 4 styremedlemmer og 4 varamedlemmer.

Det godkjenner årsmelding og regnskap. Ellers behandles saker som er lagt fram av styret.

## §3

Årskontingensten er kr. 200,-. Alle som har betalt kontingensten, får boka tilsendt gratis. Endring av kontingensten må foretas av årsmøtet.

## §4

Årskontingensten skal så langt som mulig brukes til å finansiere utgjingen av årboka. Det forutsettes ellers at størrelsen av årboka blir avpasset etter de midler laget til en hver tid disponerer, slik at utgiftene ikke fører til underskott på lagets regnskap.

## §5

Innsamlet stoff overlates Vestlandske Skolemuseum til registrering og oppbevaring.

## §6

Opplösning av laget kan bare skje etter vedtak av årsmøtet og da med  $\frac{3}{4}$  flertall av de frammøtte medlemmer. Ved en eventuell opplösning tilfaller lagets midler i sin helhet avdelingen Vestlandske Skolemuseum ved Stavanger Museum som et legat for skolehistorisk formidling.

## §7

Endring av vedtekten kan foretas av årsmøtet med simpelt flertall. Endringsforslag må sendes gjennom styret.

**VEDLEGG:**

# Utviklingsdrag i norsk landsskule 1739–1889 slik desse syner seg i Rennesøy prestegjeld

AV SIGMUND SUNNANÅ

Sigmund Sunnanå

## **Utviklingsdrag i norsk landsskule**

**1737-1889**

**slik desse syner seg i Rennesøy prestegjeld.**



Hovedoppgåve til magistergraden i pedagogikk.

- Våren 1962 -

© Sigmund Sunnanå - 2019

Trykket hos Omega Trykk, Stavanger

Lay-out: Sigmund Sunnanå

Framsida: Vaula skule, Mosterøy 1884

Sigmund Sunnanå

**Utviklingsdrag i norsk landsskule**

**1737-1889**

**slik desse syner seg i Rennesøy prestegjeld.**

Hovudoppgåve til magistergraden i pedagogikk.

- Våren 1962 -

## Forord

Våren 1962 tok eg magistergraden i pedagogikk ved Universitetet i Oslo. Tittelen på magistergradsavhandlinga var: *Utviklingsdrag i norsk landsskule 1739 – 1889 slike desse syner seg i Rennesøy prestegjeld*. Prøeforelesinga hadde tittelen: *Læreplanarbeid i skulen frå 1889 til i dag*. Prøeforelesinga er trykt i Norsk Pedagogisk Tidskrift, hefte 7, 1963.

Arbeidet med innsamlinga av stoffet til avhandlinga var omfattande. Det laut finnast i ulike arkiv og skriftlege kjelder, til dømes kommunearkivet på Rennesøy, statsarkiva i Kristiansand og Stavanger og Riksarkivet i Oslo. Ein del av arkivstoffet var skrive med hand i gotisk skrift, til dømes meldingar til og frå prestar i Rennesøy. Far min, lærar Vilhelm Sunnanå, var heldigvis flink i gotisk skrift, så han hjelpte til med å skriva av dokument. I nokre dokument kunne handskrifta somme stader vera meir eller mindre uleseleg. I vedlegga der dokument er siterte, kan det derfor vera opne linjer der ord eller delar av setningar manglar.

Kåre Dreyer Dybdahl var 1984 - 1997 redaktør for Skolehistorisk årbok for Rogaland. På 1990-talet tok han inn dei fleste kapitla frå avhandlinga som artiklar i årbøkene.

På 1960-talet var ikkje dei tekniske hjelpebidala så gode som i dag. Skrivinga blei ordna ved at eg skreiv kladd på papir, og kona, Turid, skreiv av kladden på ein enkel reiseskrivemaskin. Produktet hadde derfor ikkje dagens standard. Eg fekk derfor min utmerka kontorfullmektig, Anne Brit Johannessen på Statens utdanningskontor i Rogaland til å ta på seg som ekstra arbeid å skriva avhandlinga inn på data. Dette gjorde det mogeleg for meg i 2019 å gå gjennom avhandlinga og gjera nødvendige språklege rettingar og mindre redaksjonelle endringar.

For å gjera avhandliga tilgjengeleg også for fleire, har eg fått Omega Trykk til å prenta eit lite opplag som eg kan gi til bibliotek og andre instansar, og til familie, venner og kjente som kan ha interesse av ein publikasjon som dette.

I Skolehistorisk årbok for Rogaland 2011 har eg skrive ein eigen artikkel om skoleanlegga på Mosterøy, sjå [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no).

Stavanger, april 2019.

Sigmund Sunnanå.

## Innhald

Innleiing.....	side 5
SKULEFRAMVOKSTEREN 1739-1860.....	side 8
Innleiing.....	side 8
Skulelovgjevinga 1739 og 1741.....	side 11
Skulefundasane og skuleordninga i prestegjeldet framover til 1860.....	side 13
Presteskapet, bøndene og skulen – rasjonalistiske skuletiltak.....	side 29
Omgangsskulen og omgangskulelærarane.....	side 43
Fastskule ved hovudkyrkjene – lova av 1827.....	side 55
SKULEN TEK FORM 1860-1889.....	side 63
Innleiing.....	side 63
Verknader av 1860-lova.....	side 66
Lesebokstriden.....	side 70
Overgang til faste skular-skulehusbygging.....	side 97
Ymse vanskar med fastskulen.....	side 85
Skuleplikt og skuleforsøming.....	side 89
Utdaning og lønsvilkår for lærarane.....	side 94
Indre tilhøve i skulen.....	side 101
Kveldsskulane.....	side 112
NY LOV 1889 – UTSYN OG AVSLUTNING:.....	side 116

TILVISINGAR.....	side 121
UPRENTA KJELDER.....	side 133
BIBLIOGRAFI.....	side 136
Skolehistoriske aktstykker.....	side 140
VEDLEGG.....	side 140
1. Plan for skuleordning i Rennesøy prestegjeld 1742.	
2. Skulefundas 1754.	
3. Distriktsinndeling og krinsskipnad.	
4. Utdrag av nokre skulebudsjett.	

## INNLEIING

Rennesøy prestegjeld høyrde administrativt til Stavanger prosti til 1925. Då vart prostiet delt, og Rennesøy kom seinare til å høyre til Hetland prosti. Til Stavanger prosti høyrde Hetland (Frue), Høgsfjord (Høle og Forsand), Strand, Finnøy, Rennesøy, forutan Stavanger.(1) Prostiet høyrde til Kristiansand bispedøme (stift) til 1925 då Rogaland vart eige bispedøme.

Til Rennesøy prestegjeld høyrde annekса Sørbø, Mosterøy og Kvitsøy. I tida før 1899 høyrde Utstein Kloster kyrkje med til annekskyrkjene, men vart då skilt frå som annekskyrkje og sokna lagt til Mosterøy.

Prestegjeldet er ei øygruppe ytst i Boknafjorden med havet til grense sør og vest av Kvitsøy, og med Boknafjorden mot nord og vest. Mellom øyane i prestegjeldet er breie fjordar.

Kvitsøyfjorden mellom Mosterøy og Kvitsøy er om lag 10 km brei, og Mastrafjorden mellom Mosterøy og Rennesøy er om lag 2-3 km brei. Elles er det smale sund mellom holmar og øyar, men alle kan vera stormfulle og vanskelege for segl- og robåtar når stormråser og tungsjø set inn. Sjølve lægjet har såleis alltid skapt visse vansker for ei praktisk ordning av skulestellet i prestegjeldet.

Rennesøy, som har gitt prestegjeldet namn, er største øya. Om lag 42 km<sup>2</sup> i flatevidd og om lag 20 km lang, aust vest. (2) Øya er skogberr og snau, som dei andre øyane i prestegjeldet, og heller låg. Største høgda er 254 m. Om lag midt på øya er det eit par viker med eit smalt eid mellom, Hausken-eidet. På vestsida av øya går bergsidene heller bratt ned mot Mastrafjorden. Berre nokre få stader er det her høve til busetnad, på Dale, Hausken, Helland, Litladal og Asmarvik. På nordsida er flatlendt og slakt hall ned mot Boknafjorden. Her ligg gardane Reianes, Galta, Risa, Bø, Sørbø, Hummervoll i Sørbø-sokna og Ertenstein, Nordbø, Austbø, Dalaker, Håvardstein, Berge og Vik i Hausken-sokna.

Eit høgderes med ei bratt kleiv opp frå Hausken-eidet lagar eit naturleg skilje med den austlegaste grenda på øya. Til dagleg vert alle gradane aust om dette høgdereset kalla "Innakleivs" (gardane innanfor kleiva). I møtebøkene for skulekommisjonen er dette skuledistriktet kalla "Hauskeneidet Østre Indre" eller berre "Østre Indre". Ein har likevel i oppgåva kalla dette skuledistriktet for Innakleivs. Seinare då skulehuset vart bygd på garden Hegland, vart dette distriktet kalla Hegland skulekrins.

Av heiegardar var det heller få. Mellom dei kan nemnast Seglem, Steinsland og Stokdal i Sørbø sokna, men mest einbølt låg Asmarvik på vestsida av øya og ned mot sjøen.

I Hausken sokna låg Sel, Skjørvestad, Roaldstad og Førsvoll oppe i heia. Dale på vestsida av øya ned mot Mastrafjorden og Eltarvåg og Rennaren på austsida låg også einbølt til og skapte vanskar for ei praktisk skuleordning før det vart bygt vegar. Vegbygginga tok til først ved hundrearsskiftet 1800/1900.

Brimsøy høyrde naturleg til skuledistriktet Innakleivs. Denne øya skapte også vanskar for den praktiske skuleordninga.

Mosterøy er den nest største øya i prestegjeldet, om lag 11 km<sup>2</sup> og 10 km lang. Øya ligg om lag parallelt med Rennesøy med Mastrafjorden mellom. (3) Mosterøy herad var ikkje berre ei, men mange øyar. Mot vest Fjøløy og Utstein Kloster øya. Smale sund skil desse øyane frå einannan og frå Mosterøy. Bruer bind i dag øyane saman. Mot aust ligg øyane Sokn, Bru og Åmøy. Åmøy er delt mellom Hetland herad og Mosterøy. Vestre Åmøy høyrer til Mosterøy. At Mosterøy er så oppdelt i øyar, har alltid skapt vanskar for skuleordninga. På sjølve Mosterøy låg gardane i grender eller krullar, skilde med myrar og utmarker til vegen kom langs øya kring 1900 og batt alt saman. Gardane er Aske, Vaula, Dysjaland, Voll, Hodnefjell, Kåda, Haugvaldstad og Finnesand. På Aske står kyrkja. Klosterkyrkja på Utstein var, som nemnt, soknekyrkje for Kloster sokna. Hodnefjell og Kåda høyrde då med til Kloster sokna.

Som på Rennesøy ligg gardane på nordsida mot fjorden. Øya er heller låg. Høgste punktet er 154 meter. Her er mykje typisk morenejord, som strandlinjer og strandmorener den eine etter den andre inn over øya.

Lengst mot sør og vest ligg Kvitsøy. (4) Kvitsøy er ei samling av øyar, holmar og skjer. Det vert rekna med om lag 360 i alt, men det er heller få som er busette. Dei fleste husa står kring Ydstebøhamn og Leiasundet. Høgste punktet er godt og vel 10 meter over havet.

På Kvitsøy var ein av dei eldste tollstasjonane i landet. Kring 1720 vart Kvitsøy "Lodsolermanskab" skipa. Og i året 1700 vart første fyret reist der ute, ei fyrvippe. Seinare bygde staten eit stort fyrtårn, ein av sterkeste fyrane på kysten.

Tidlegare høyrde den borgarlege administrasjonen til Ryfylke Fogderi, med Hauske skipreide og Aske skipreide som gamle inndelingsgrunnlag. Såleis høyrde både Austre Åmøy av Hetland og Hidle i Strand med til Aske Skipreide.

I rettsstellet høyrde prestegjeldet til Karmsund og Hesby Sorenskriveri til året 1892. Det vart då endring på skrivardøma i Stavanger Amt. Til 1855 budde sorenskrivaren i Karmsund og Hesby på Mosterøy, på garden Voll. Etter 1838 fall grensene for Rennesøy prestegjeld og Rennesøy herad saman. Frå 1842 fekk Kvitsøy eigen skulekasse og vart eigen skulekommune. I 1884 vart Mosterøy og Kvitsøy skilt ut som eige herad. Og i 1923 vart Mosterøy og Kvitsøy skilde og vart to sjølvstendige herad.

I denne oppgåva har ein gitt eit oversyn over skulestellet i heile prestegjeldet fram til 1842. Etter den tida har ein serleg tatt føre seg utviklinga i Rennesøy skulekommune. Ein har likevel også tatt med stoff frå Kvistøy der dette høvde.

Kor stort folketalet var i Rennesøy prestegjeld i 1740 kan ein ikkje seia med full visse. Etter ei folketeljing året 1801 var det då 1349 menneske, i året 1900 hadde folketalet auka til 2179

mot 2401 i 1875. Nedgangen må ein truleg sjå i samanheng med utvandringa til Amerika i tida fram mot hundreårsskiftet.

Jordfunn frå steinalder og bronsealder vitnar om gammal busetnad, likeeins mange hustufter frå folkevandringstida. Kring år 900 skal Harald Hårfagre ha hatt kongsgard på Utstein. Seinare vart det reist eit Augustinerkloster på denne garden. Klosterbygningane er haldne ved lag til seinare tider. Dei er nå restaurerte (1965).

Næringsvegane har vore jordbruk og fiske, og slik er det den dag i dag (ca. 1960). Jordsmonnet er godt, og jorda ber godt. Verlaget er temperert og årvisst for gode avlingar. Uår med frostskadd åker og eng har vore ukjent i dei tider ein nemner slikt frå soga. Korndyrking og fehald, kyr og sauер, har vore det sentrale innslaget i jordbruksdrifta frå gammalt av. Seinare kom potetene til, og i dei siste åra dei mange veksthusa, men desse kom etter den tidsperioden ein her skal skriva om.

Med sjøen rundt på alle leier er det naturleg at sjøen har vore ei god matbu, både til dagleg livberging og til inntekt ved sida av jordbruket. Serleg har vårsildfisket vore ei god inntektskjelde gjennom tidene. Vårsildsesongen, januar-mars, fall inn i ei tid på året då det var mindre å ta seg til på garden. Det var alltid så pass mange att heime at krøterstellet kunne ordnast.

Hummarfisket på førejulswinteren var også eit godt sesongfiske for mange. Dertil kom småfiske med handsnøre, line og garn etter husfisk. Notfiske etter mort, makrell og sei vart å rekna for sportfiske etter dagsarbeidet om sommarkveldane, men det gav ofte bra inntekt også. Alt dette har gjort at dei økonomiske tilhøva i prestegjeldet har vore jamt gode.

Det jamne slitet på land og sjø har vore med og skapt ein roleg, tenksam folketype, med eit visst konservativt huglag som ikkje har så lett for å hoppa på alt nytt. Dei gamle slektene bur på gardane, og mange kan rekna opp eigalar langt tilbake i tida.

Saman med gode økonomiske tilhøve gjev dette ein viss støleik i framferd og omgang med andre menneske. Det religiøse grunnsynet har jamt over vore konservativt. Interessa for misjonsarbeidet har vore stor, likeeins anna sosialt hjelpearbeid. Det kan i denne samanhengen nemnast at John Haugvaldstad var sentral i skipinga av Det Norske Misjonsselskap i 1842, og Asbjørn Kloster tok initiativet til å skipa Det Norske Total Avholdsselskap i 1859. Begge har namna sine frå Mosterøy. Ei sak eller eit tiltak folket fekk godhug for, vart bore fram, utan ofse, men med den trygge støleik som fylgte med eit gjennomtenkt standpunkt. Dei økonomiske sidene vart vurderte med omhug. Dette galdt både privat og i det offentlege.

Dette huglaget sette sitt merke på arbeidet for betre skule fram gjennom tidene. Utgiftene vart gjennomtenkte og utbyttet vurdert. Det var ikkje alltid like lett å måla utbyttet av utlegga i skulesektoren. Frå det breie lag finn ein difor ikkje mange som skuva på ei betre

skuleordning. I den tidsbolken det her gjeld, var det serleg prestane som gjorde innsatsen. Ein kan nemna sokneprest Oftedahl i tida kring 1814, og sokneprest Lange i 1860-åra.

I skulen, som i alt liv elles, er det ein viss rytme med tiltakstider og med ro. Ein merkar at båreslaga frå dei ulike pedagogiske ordskifta i landet elles får innverknad på utviklinga i skulen i Rennesøy prestegjeld også. Noko av føremålet med denne utgreiinga er å syna korleis tidstankar og lovgjevinga har forma skulevoksteren i ei lita bondebygd, og samstundes gje ei noko fyldigare skildring av skulestellet i Rennesøy prestegjeld i tida 1739 til 1889.

## **Skuleframvoksteren 1739-1860**

### **Innleiing**

"Det store interregnum", har Høverstad kalla tida mellom 1739 og 1827 i "Norsk skulesoge". Med dette namnet vil han karakterisera det stillstandet som rådde i norsk skule i denne tida. Det var ei tid då det var få endringar i skuleskipnad og opplæringsmåtar. Tankar og idear om reformer i skulen var nok oppe til ulike tider, men av forskjellige årsaker vart dei ikkje gjennomførde. Difor finn ein ofte liten skilnad på skulestellet i 1740-åra og hundre år seinare.

Serleg for landsskulen er dette eit karakteristisk trekk. I mange bygder vart det ingen retteleg snunad før i 1850-60 åra. Dette synest å vera tilfelle også for Rennesøy. Tankar om betring av skulestellet var nok framme her også i denne hundreårsbolken, men heller lite vart gjort. Dette synest å gjelda både den ytre organiseringa og det indre livet i skulen.

Likevel kan ein merka ein viss framvokster i denne tidsperioden, serleg med omsyn til vurdering av og synet på skule og folkeopplysning. Skulen hadde for mange vore sett på som noko folk vart tvinga til å ta imot av framande embetsmenn, og nøydde til å betala for. Etter mange si meining gav han ikkje borna meir opplæring enn dei sjølve kunne gje dei. Skulen vart difor sett å på som noko unyttig, noko som førde eit framandt språk og ein framand kultur inn i ei elles roleg bondebygd. I dette synest det å bli ein snunad i 1850-60 åra. Skulen som institusjon glei inn i folks medvit. Han var komen for å bli, og bli til gagn for folket. Somme tok vel også til å øygna at han kunne verta ein veg til vidare kunnskap enn Pontoppidan-forklaringsa var, og at han også kunne gje kunnskap om verda utanfor bygdesamfunnet. Skulen skulle ikkje vera til berre for kyrkja, men for heile livet.

Skulen har sitt opphav i kyrkja. Både tida før og etter reformasjonen var det kyrkja som første rekkje tok seg av undervisnings- og opplysningsarbeid (1). Skulen var difor frå først av ein kyrkje- og kristendomsskule som skulle gje borna så mykje kristendomskunnskap som det var turvande for eit kristent menneske. Naturleg nok vart det presten som gav opplæringa, og då helst i kyrkja om sundagane. Han las føre Fadervår, boda o.a., og kyrkjelyden tok etter.

Folk vart spurde i barnelærdomen før dei fekk ta del i kyrkjelege handlingar. Ved kyrkjeordinansen frå 1607 fekk presten deknen (klokkaren) til hjelp i opplysningsarbeidet. "Sogne degnen skal undervise det unge Bondefolk udi Børnelærdommen, Catekismus, en Sinde om Ugen, udi Sted og Stund som sognepresten dennem i foreskrive". (2) Til hjelp hadde deknen Luthers katekisme omsett og forkorta av biskop Peder Palladius i 1537. Seinare kom også andre omsetjingar.

Ved innføring av konfirmasjonen i 1736 vart dette prøva på om borna hadde fått den kristendomskunnskapen dei skulle ha. Konfirmasjonen var ein føresetnad for å ta mot dei gaver Kyrkja delte ut, t.d. sakrament, vigslig ved giftarmål o.a. Barnelærdomen skulle ikkje berre vera ei oppramsing av Luthers katekisme. Kunnskapane skulle også tileignast av borna og kunne overførast på det praktiske livet. Biskop Pontoppidan fekk i oppdrag av kongen å skriva ei forklaring til Luthers katekisme. I den vart barnelærdomen utlagt for praktiske situasjonar ved hjelp av spørsmål og svar. Denne boka vart sett som mål for det barnet skulle kunna til konfirmasjonen. Men for å greia dette og for seinare å vinna større innsyn ved hjelp av Bibelen og religiøse skrifter, måtte også borna læra å lesa. Difor vart det turvande med ei meir ordna undervisning enn den klokkarane gav. Lova av 1739 om "Skolerne på Landet i Norge og hvad Klokkerne og Skoleholderne derfor må nyde" skulle leggja tilhøva til rette for ei slik undervisning.

I 1730-åra hadde den pietistiske åndsretninga blitt rådande i Danmark. Den dansk-norske kongen, Kristian VI, 1730-46, var sterkt gripen av dei pietistiske tankane. Innan kyrkja kom pietismen til å avløysa ortodoksiens som åndsretning. I Noreg vart presten Thomas von Westen sterkt gripen av denne rørsla. Han tok opp arbeidet for finnemisjonen i Noreg. Og saman med prestelaget 7-stjerna sende han ei melding til kongen om fåkunna og den åndelege nauda i Noreg med krav om rådbøter. Dette skrivet kom til å fremja kravet om betre folkeopplysning.

Pietismen kom i Noreg til å leggja vekt på eit religiøst og fromt liv. Mennesket skulle søkja alt som kunne fremja dette, og halda seg mest mogeleg unna alt som hadde med denne verda å gjera. Difor vart alt som høyrd til det såkalla adiafora rekna som synd. Konfirmasjonen skulle vera ei stadfesting av at borna visste kva som var kristeleg "rett og gale". Ved forordninga i 1739 vart det skulen som skulle førebu borna for konfirmasjonen. Dette vart også det viktigaste målet for skulen heilt fram til 1860-åra. Opplæring i lesing tok såleis sikte på å læra borna til å lese i Bibelen og andre religiøse bøker. Skriving og rekning var derimot verdsleg kunnskap. Desse faga kom difor i andre rekke. Pietismen vart såleis det viktigaste grunnlaget for den første dansk-norske skulelova. Dette sette merke på lova av 1739, og kom på mange måtar til å føra inn ein tradisjon i norsk skule, ein tradisjon som har merkt norsk skulelovgjeving seinare også.

I første omgang fekk ikke Pietismen så stor framgang hos allmugen. Til det var den allmenne opplysninga altfor liten. Likevel var det vesle grannet litteratur som vart kjøpt av allmugen i det 18. hundreåret, pietistiske bøker. Det var serleg Johan Arnt: Sand Kristendom og

Christian Scriever: Sjeleskatt som forutan Bibel og salmebok vart mest kjende og brukte. Salet av biblar auka på 1700-talet då prisen vart sett ned til 1 riksdalar i 1717 (3). Bøkene av Arnt og Scriever saman med Pontoppidans forklaring kom etter kvart til å verka oppsedande i pietistisk retning. Dei ulike prestane si innstilling og forkynning fekk også mykje å seia for det religiøse livet rundt omkring i bygdene. Det var presten som hadde kunnskap og autoritet, og hans ord fekk difor ofte avgjerande vekt.

Ein veit lite om den allmenne folkeopplysninga i Rennesøy på 1700-talet. Målt med vår tids mål var ho nok ikkje serleg stor. Den åndelege påverknaden gjekk i pietistisk lei, og det pietistiske livssynet synest å ha vore sterkt grunnfest kring år 1800. Den rasjonalistiske åndsrørsla på denne tida hadde vanskeleg for å vinna fram. Det var såleis ein liknande tendens her som elles i landet (4). Endå det i Rennesøy var prestar med rasjonalistisk innstilling., syntest ikkje folk flest å verta påverka i serleg grad. Derimot kom Hans Nilsen Hauge og hans rørsle til å få ei heilt annan makt i distriktet. Hauge-rørsla samsvara på mange måtar med pietismen. Leiande haugianarar på Vestlandet kom frå Rennesøy. Best kjend er John Haugvaldstad. Haugianismen kom såleis til å slå rot i Rennesøy. Rørsla fekk innverknad på det religiøse livet i lange tider. Og ved den nære samanhengen det alltid har vore mellom religiøst liv og skule, kom denne rørsla til å få stor innverknad på skuleframvoksteren i prestegjeldet.

Ein kan tala om særleg tre åndsretningar i tida 1739-1860 som kom til å gjera seg gjeldande i Rennesøy. Alle kom både direkte og indirekte til å få mykje å seia for skulen. Ein finn på det lokale planet sterke innslag frå dei religiøse straumdraga i tida. I Rennesøy var det serleg pietismen og haugianismen som kom ned til det breie laget av folket her. Rasjonalismen og politiske retningar som stod fram etter den store franske revolusjonen i 1789, syntest å få størst inngang hos overklassen i byane. Den vanlege opplysninga stod nok ikkje så høgt at desse retningane kunne få noko innverknad på folk flest. Det vart difor berre overklassen og dei styrande som i nokon mon slutta seg til desse åndsretningane.

I det heile var det stor skilnad på kunnskaps- og danningsnivået hos embetsmenn og bønder i tida 1739-1860. Embetsmennene hadde mykje betre høve til å orientera seg i samtidene enn bøndene. Embetsmennene hadde kunnskap og innsikt i styre og stell, og det var dei som gav lover og skulle gjennomføra dei. Denne skilnaden i opplysning mellom embetsmenn og bønder førde på mange måtar til lite forståing og til spaning mellom desse samfunnsklassane. Vi finn såleis at lover som vart vedtekne, var lite førebudde ute blant folk. Lover som skulle vera med og betra allmugen sine kår og lyfta deira kunnskaps-og dannelsesnivå, vart sett på med uvilje og forakt. Serleg gjeld dette skulelovene. Dei var heller ikkje førebudde, og heller ikkje tilmåta det vanlege kunnskaps- og dannelsesnivået på bygdene. Folk skjøna difor ikkje nytten av lovene. Og når dei attåt kom med krav om nye pengeutlegg, kom skulelovene i dei fleste bygder til å møta uvilje og motstand. Serleg den første dansk-norske skulelova i 1739 skaut langt over målet i så måte. Difor møtte denne skulelova stor motvilje og let seg lite gjennomføra på den tida ho kom.

## Skulelovgjevinga 1739 og 1741

Vi veit ikkje med visse korleis opplæringsarbeidet var ordna i Rennesøy ved byrjinga av 1700-talet. Truleg har også folk her lært noko kristendomskunnskap og lesing av prest og klokkar. Magister Thomas Løv var prest i Rennesøy frå 1686-1737. Han var også prost i Stavanger prosti og sikkert ein mykje lerd mann (1). Ein kan difor gå ut frå at dei ymse forordningane som var komne utover frå 1600-talet (2), stort sett vart fylgde i den grad tilhøva gjorde det mogeleg. Mellom anna har nok deknen av og til samla borna til kristendomsopplæring. Og det er også rimeleg å tru at dei foreldra som sjølve kunne lesa, underviste borna sine sjølve. Andre gjekk kanskje saman om å få ”en vis Mand” til å undervise borna i lesing og kristendomskunnskap. Etter Jørgensen si meining var såleis ein viss leseduglik nokså vanleg i Noreg kring år 1700 (3). Men dette var nok ulikt frå bygd til bygd, og frå stift til stift. Etter biskop Kærup si meining var den åndelege tilstanden i Kristiansand stift helst god (4), og ein kan ikkje rekna med at Rennesøy låg tilbake i så måte. Prestegjeldet hadde heilt sidan reformasjonen stort sett hatt dugande prestar (5). Og eigarane av Utstein Kloster som var av dansk adelsætt, hadde kanskje også verka stimulerande på den allmenne opplysninga.

Likevel var det ikkje noko ordna skulestell i bygda. Både klokkarane og foreldra si undervisning var nok både därleg og tilfeldig. Det går fram av meldingane frå bispane i tida 1735 til 1739 at det var få stader det var ordna med skular i Noreg på den tida (6). I somme bygder på Austlandet og i Trøndelag var det bygt nokre få skulehus. Det var interesserte prestar eller rikfolk som hadde fått desse i stand. I somme bygder var der også ”omgående skoleholdere”. Men etter Jørgensen si meining var det ikkje i noko bygd ordna med undervisning for alle. Dei skulane som fanst, var privatskular. Det vart såleis mange som ikkje fekk noko undervisning i det heile. Serleg galdt dette den fattigaste delen av allmugen.

Desse meldingane frå bispane var ein lekk i det arbeidet riksstyret hadde sett i gong for å få i stand ei sams skulelov for både Danmark og Noreg. Det vart såleis sett i gong somme fattigskular i København og i fleire andre byar under Fredrik den IV. Også i somme landdistrikt var det oppretta skular (7). Det var innverknaden frå pietismen som her gjorde seg gjeldande. Tanken til Kristian IV var å få i gang skular overalt på landet. For å få greie på korleis opplæringa var ordna i dei ulike stifta, vart det sendt rundskriv til bispane i 1732. Bispane fekk her pålegg om å senda melding om skuletilhøva i kvart stift, og om å koma med framlegg om betring. Bispane sende reskriptet til prostane og prestane i stifta og ba om svar.

I Kristiansand var Jacob Kærup biskop frå 1733 til 1751. Han sende ikkje rundt førespurnader før i 1735. Vi har ikkje svaret frå sokneprest Løv i Rennesøy. Men av ”Extract” av meldingane frå prosten og prestane som Kærup og stiftsamtmann With sende til riksstyret 16/3-1736, går det fram at dei fleste deknane var (ustuderte) bondesøner (8). Desse hadde därleg løn og dreiv difor med gardsbruk eller fiske ved sida av. Dette gjorde at skulen vart forsømt. Slik var nok også tilhøva i Rennesøy. Dei mange øyane og breie fjordane her gjorde det heller ikkje lettare for deknen å samla borna til skule. Så dekneundervisninga har nok her som dei fleste andre stader, vore heller tilfeldig (9).

I 1736 vart det bestemt at ingen kunne verta konfirmert utan først å ha gått i skule eller blitt undervist på annan måte. Ved eit nytt reskript i 1738 vart det pålagt prostar og prestar å koma med framlegg om korleis det kunne oppretta skular for alle born i kvart prestegjeld. Desse framlegga skulle så riksstyret leggja til grunn for ei sams skulelov.

Men medan bispane heldt på og samla inn desse framlegga, vart lova i mellomtida laga. Ho bygde difor for det meste på danske tilhøve. Biskop Kærup sende svar på reskriptet same dagen som lova kom (10). Lovgjevarane i København kunne difor ikkje ha teke omsyn til meldinga hans. Ein tek likevel med her nokre av opplysningane om Kristiansand stift og litt av framlegget hans. Det var 46 hovudkyrkjer på landet og 4 i byane, 105 annektskyrkjer, 50 sokneprestar, 15 kapellananar og 77 deknar. Berre 7 av deknane var studentar. Det kunne byggjast 54 skular og deknubustader i stiftet. Desse ville somme stader kosta 50, andre stader 100 rdl. Deknane skulle også vera skulemeistrar. Dertil trøngst 60 bygeskulemeistrar (12). Løna for omgangsskulehaldaren burde vera 24-30 rdl. Inntektene til skulestellet skulle dekkast ved kollekt.

Kærup sitt framlegg til skuleordning i stiftet var ikkje så radikalt (13). Han var nok klår over kor vanskeleg det var å få folk til å yta pengar til skulestellet. Han fortel sjølv i framlegget kor mykje han hadde streva for å få "godvillige Gaver" til same føremålet, men oftast med "liden Frugt" (14).

Derimot var lova radikal. Ho gjekk på mange måtar så langt at ho ikkje kunne gjennomførast på dei fleste stader. "Begge Dele, både loven og Instruxen vare udarbeidede baade med Dygtighet og Omhu, ja kunne kaldes fortrinlige, men staa som et advarande Exempel paa, at Love og Bestemmelser kunne i og for sig være ypperlige og tage sig godt ud paa Papiret, men dog lidet udrette, naar de ei ere forberedte og passe for Tiden og de stedlige Forhold" skriv biskop Kærup (15).

"Der er meget godt derudi anordnet, men ei overalt at faa i stand", sa biskop Kærup om lova. (16). Og han merka snart at det ikkje var lett å få lova gjennomført. I ei melding til Generalkyrkjeinspektionen i 1740 skriv han (17) at det berre er bygt ein deknubustad i stiftet. Uår har gjort det vanskeleg å få inn skatt. Han har berre funne 30 "bekvemme" skulehaldarar. Desse skal gå rundt og undervisa ungdomen, men det er vanskeleg å få pengar til å løna dei. For "af Mulkter og ved Kollekter er lidet indkommet".

I det heile syntest det å vera uråd å få gjennomført lova i stiftet trass i at bispen og mange prestar gjorde det dei kunne (18). Liknande vanskar gjorde seg også gjeldande overalt i landet. Det var ikkje råd å få bygt faste skular, og det var ikkje mogeleg å få brukande lærarar. Dette var dei to store klagemåla (19). Også i Danmark vekte lova motstand. Riksstyret fekk klager frå dei fleste lag av folket, både i Danmark og Noreg. Adelen og godseigarane var redde utlegga, og at dei skulle missa serrettane sine. Embetsmennene var òg redde utgiftene og dertil pliktene og oppgåvene som fylgde med lova. Bøndene var hardt

skatta frå før og sette seg difor mot alle utlegg. Noko skjøn for at lova var meint til fordel for dei sjølve, hadde nok dei færraste bønder i denne tida (20).

Denne allmenne uviljen mot lova førde til at riksstyret sende ut "Placat og nærmere Anordning angaaende skolerne på landet i Norge" 5. april 1741. Året før hadde ein liknande plakat blitt gjeven for Danmark. Ved plakaten blir lova (og instruksen) frå 1739 omgjort til ei mørnsterlov som bygdefundasane kunne byggje på. "Hvert Præstegjeld skal have sit Skolevæsen for sig selv og sin egen Skoel- Casse" (21). Bygdene fekk såleis sjølve ansvaret og makta over skulespørsmåla. Det var opp til kyrkjelyden på kvar stad å "bringe et Forstag til Ungdommens Opplærelse og de Middel som med begge Deele bedst kan passe" (22). Og bygdene skulle sjølve ordna med utlegga til skulen slik som dei fann det mest høveleg. Det skulle difor arbeidast ut ein skulefundas for kvart prestegjeld. Etter denne skulle skulen i bygda ordnast. Amtmann og prost saman med lensmann og prest og 4 av dei beste menn i bygda skulle få i stand ei skuleordning for kvart prestegjeld. Lova av 1739 skulle berre tena til "Veyledelse, men ingenlunde til Hinder" (23).

Ved plakaten fekk bøndene den avgjerande makta i skulen. Dette var det første opptaket til kommunalt sjølvstyre i Noreg (24). Presten skulle nok ha den daglege leiinga og ansvaret for skulestellet i bygda. Og alle vedtaka i skulekommisjonen skulle godkjennast av bisp og amtmann. Men likevel kunne ikkje vedtaka kom i stand utan at allmugen i prestegjeldet var viljug. Denne retten kom folk i bygdene til å nyta seg av heilt fram til den første norske landskulelova kom i 1827. Det vart difor ofte ein strid mellom prestar og embetsmenn på den eine sida og allmugen på den andre. Embetsmennene freista å få skuleordningane rundt i bygdene i så nøyne samsvar med lova av 1739 som råd var, medan bøndene stod i mot (25). Denne århundrelange striden førde kanskje på mange måtar til ein tradisjonsbunden motstand mot skulen som ein finn att langt inn i det 20.hundreåret, og kanskje endå lenger med?

Endå om skulelova frå 1739 ikkje vart landslov, så vart ho likevel rettesnor for skulearbeidet frå 1739 – 1827. Alle skuleplanar frametter til 1827 speglar såleis meir eller mindre av lova. (26) Dei mange skulefundasane er på mange måtar ei tillemping av lova etter lokale tilhøve. Ein finn såleis att meir eller mindre av lov og instruks frå 1739 i skulefundasar for alle bygder. Desse viser også prestane sin iver og folket sin vilje til å få i stand ei god skuleordning i bygdene. Skuleframvoksteren framover til 1827 vert difor ei serskild soge for kvar bygd.

### **Skulefundasane og skuleordninga i Rennesøy framover til 1860**

Etter plakaten skulle skulestellet i Noreg vera ordna innan hausten 1742. Prostar og prestar var ansvarlege for at kvar bygd fekk sin skulefundas til fastsett tid. Framlegget til skuleordning skulle utarbeidast saman med fire "af de kyndigste og beste Mænd udi hver Præstegjeld". Framlegget skulle deretter sendast inn til stiftsdireksjonen til godkjenning.

Oftast var det presten åleine som forma framleggget. Somme prestar la det deretter fram for bygdefolket til godkjenning. (1) Andre prestar tok ikkje omsyn til bygdefolket i det heile. Dei rekna med at godkjenning av bisp og amtmann var nok. I Rennesøy ser det ut til at Søren Hielm som var sokneprest frå 1737 til 1748 har arbeidd ut framleggget til skuleordning åleine. (2) Det er berre han som har skrive under, og det går heller ikkje fram av føreliggjande kjelder at han har fått noko godkjenning av bygdefolket.

Det vart berre Kristiansand- og Akershus stift som hadde skulestellet ordna til fastsett tid. (3) Jacob Kærup var på den tida ein drivande biskop i Kristiansand. (4) Likevel var det berre i namnet at skulestellet i dei fleste bygdene var ordna. Gjennomføringa av skuleplanane viste seg i dei fleste bygder å vera svært vanskeleg og ofte umogleg. Dei fleste stader stranda gjennomføringa på økonomiske vanskar. Folket brydde seg ikkje om reglane i fundasane om skuleskatt og liknande. (5) Mange av skuleplanane frå 1740-åra var utarbeidde med lova av 1739 som føredøme. Mange av dei sette opp ei god skuleordning, men ein må i heller få tilfelle rekna med at skulestellet vart ordna i samsvar med desse.

Kor mykje av planane som skulle verta gjennomførte, var avhengig av presten. Dersom han var interessert og hadde evne til å få folk med seg, kunne skulestellet verta ordna på ein bra måte. Dersom han var giddlaus og lite interessert, vart lite og ingen ting gjort(6).

Skulefundasane frå 1740-åra var i stor mon presteskapet sitt verk. Dei ymse fundasane som vart laga, var ulike frå stift til stift, og frå prosti til prosti. Også innan prestegjelda i same prostiet kunne dei vera ulike. Dei er merkte av skuleinteressene til dei einskilde prestane, og deira vurdering av kva som kunne gjennomførast i praksis. Skulefundasane kan såleis ymsa frå stor optimisme til stor varsemd.

Presten Søren Hielm i Rennesøy syntest ikkje å vera optimistisk når det galdt den nye skuleordninga. Han var klar over at eit radikalt framlegg ikkje let seg gjennomføra i Rennesøy. Framlegget hans til skuleordning synest å vera merkt av varsemd.

Til innleiing tek han til med den vanleg brukte lovprisinga av Kongen og dei lovane han gjev. Men denne nye lova meiner han likevel kan vera vankeleg å gjennomføra i praksis. I framlegget grunngjev han vanskane med å få til ei ny skuleordning for Rennesøy prestegjeld. Han skriv at »Rennesøe Kald som bestaar af 5 sogne, alle paa plasserede Øer Beliggende, og med vanskelige Fiorde omringede». Desse naturtilhøva gjorde det vanskeleg for ein omgangskulelærar å koma frå stad til stad, serleg om vinteren.

Av andre vanskar nemnde han ”indbyggernes faste modvillighed til at forunde saadan Carl med fornøden Kost og Brændefang etc”. Dertil hadde folk vanskar med husrom og ”ingen Udgifter for og Trang til Schole”. Elles minte presten om dei økonomiske vilkåra. Skattane var tunge og inntektene små. ”Så er det hvor Bonden skal tage sin Skat, Landskyld og finde fornøden til det daglige Huusholdningsudkomme”.

Første delen av framlegget til Hielm vitnar om at han kjenner tilhøva til folket i prestegjeldet. Vanskane med naturtilhøva var vel kanskje litt overdrivne i denne samanhengen. Folk levde av jordbruk og fiske, og var godt vane på sjøen. Det skulle såleis ikkje vera så stor vanske med skyss for læraren utan veret var altfor ufyse. Men at folk var uhuga på å halda ein lærar med løn, kost og losji, var nok heilt rett. Folket var opptekne med praktisk arbeid. Det var det som gav levemåten. Skule- og opplæringsarbeid vart sett på som noko unyttig. Skattane var også tunge i denne tida. (17) Einvaldkongane brukte mykje pengar. Kanskje kjendest skattane endå tyngre fordi folk ofte ikkje skjøna kva dei skulle betal skatt for. Det synte lite att av skattepengane i den tida.

Hielm har nok vore lita huga på å leggja nye utgifter på allmugen. Han gjorde difor ikkje framlegg om noko radikal skuleordning. I dei 4 soknene Hauske, Sørbø, Aske og Utstein Kloster ville han halda på den gamle ordninga at prest og klokkar sytte for undervisninga. Nokon fast omgangsskulelærar hadde ikkje folk råd til å halda. Foreldra undreviste også borna sine sjølve, fortel han, og i kvar sokn vart det sytt for at fattigborna fekk noko opplæring. Endå om ikkje alle av den "tilvoksede Ungdom" kunne lesa i bok, så trudde han likevel at presten saman med ein "habil og vigilant Degns hielp gandske vel kand overkommer deres Undervisning naar til befalt Confirmation skal præpareris".

Sokneprest Hielm føreslo difor at presten skulle leggja opp ei rute for deknen så han heldt skule onsdag og laurdag frå "Michaelidag til 1.Søndag i Fasten". Deknen skulle halda skule på onsdagen i eit distrikt (ei sokn) og laurdagen i eit anna. Dei fire soknene skulle delast slik at ungdomen fekk ein skuledag for månaden. "Efter slig inddeling bliver ichkun et Møde maanentlig til ingen Hindring for Ungdommen eller deres Forældre og Husbonden". Det vart difor berre om lag ei veke med undervisning på kvart born pr. år. Borna i Rennesøy skulle såleis berre få 1/12 av den undervisningstida det var gjort framlegg om i lova. Ein kan såleis ikkje på nokon måte seia at Hielm her tok sterkt i. Men han rekna likevel med at borna i tillegg skulle få opplæring i kyrkja om sundagane. Borna skulle då møta til katekisasjon etter preika. Her skulle dei svare for det dei hadde "læst og lært", og presten skulle gje ei utgreiing om det dei skulle læra til neste gong.

Presten skulle ha tilsyn med opplæringa. Det skulle vera plikt for han å møta fram på den "Gaard som Ungdommen var tilraadet at møde, haade for ad høre Degnens Methode til at informere, saa og animere de Unge til Lydighet og Lærvillighed". Truleg meinte han ikkje med dette at han skulle møta fram kvar gong der var skule på ein gard. Men dette viser likevel at Hielm legg både ansvar og arbeid på presten. Han skuvar ikkje på nokon måte frå seg arbeidet med skulen.

Røynsla var, meinte Hielm, at ungdomen gløymde fort den kristendomskunnskapen dei hadde lært. Overhøyring i kyrkja ville difor vera god repetisjon for dei som alt var konfirmerte, og elles for andre "Ugifte som har været til Guds Bord". Han gjorde difor

framlegg om at dei som ikkje møtte til katekisasjonen, måtte betal 2 skilling i mulkt. I dette hadde han også reskriptet av 2/12-1740 å stø seg til. (8)

Når det galdt løn til deknen for skulearbeidet, viste presten til at han før hadde hatt 2 skilling av kvar gardbrukar. Men sidan skuleordninga nå skulle bli meir fast, føreslo han 4 skilling av kvar. I tillegg skulle deknen ha dei faste skillingane "af hvert Barn som hand til dets forestaaende Confirmation hidtil med møie har faaet ind". Korleis deknen skulle få inn skuleløna si, går ikkje presten nærmare inn på. Og dette var nok eit viktig spørsmål i Rennesøy som andre stader. Ein må gå ut frå, av det som presten skriv, at deknen tidlegare har hatt vanskar med å få inn løna si. Vanskane vart ikkje mindre då bøndene skulle betala endå meir enn før i dekneløn etter presten sitt framlegg.

Dersom dette framlegget om deknen som skulehaldar i dei 4-fire soknene vart vedteke, meinte presten at både bisp og prost skulle "paa sine Visitatser deraf fornemme Frugterne".

For Kvitsøy sokn hadde han eit særskilt framlegg. Denne øya låg så langt borte frå hovudsokna at det ville bli for lang veg for deknen å reisa dit ut og halda skule. Prest og klokkar kom berre ut det kvar femte eller sjette veke. Og dei hadde ikkje høve til å gje noko "manuduction" i mellomtida. I dette høvet meinte presten at borna fekk for lite undervisning. Han gjorde derfor framlegg om at "Øvrigheden" gav han løyve til å tilsetja ein lærar der ute. Denne læraren skulle og vera klokkar og ha katekisasjon og skriftlesing i kyrkja dei helgedagane der ikkje var preik. Han skulle få klokkarløn, og dersom denne vart for lita, skulle presten og folket på Kvitsøy verta samde om eit tillegg. Elles kunne "Han udenom Shcole-Tiderne have god Jelp til Næring af fiskerier".

Presten meinte elles at folket på Kvitsøy låg framfor dei andre soknene i allmenn opplysning. Dei har «Guds Kundskab og Kiærlighed, saaledes ogsaa hvad got exempel, gavnlig formaninger og betimelige forelægninger indplantes i deres Børn». Borna fekk dessutan kunnskap ved å høyra på forteljingar av framande som kom til øya. Han siktar her til losar og folk som passa på fyrvippa, (9) og til mannskap på party som låg verfaste der ute. Dette sambandet med omverda har verka stimulerande på interessene for kunnskap og opplysning på Kvitsøy. Presten Oftedahl (ca. 1814) fann også at folket på Kvitsøy hadde eit anna lynne enn folket i dei andre soknene. (10) Hielm har rekna med at folk var meir i stand til å ta imot ei betre skuleordning på Kvitsøy enn dei som budde i dei andre soknene. Det er interessant å sjå at Hielm berre for Kvistsøy gjer famlegg om ei ordning som er nokolunde i samsvar med plakaten. Ordninga hans i dei andre soknene er i stor mon berre ei vidareføring av kyrkleordinansen frå 1607. (11) Hielm har likevel ikkje sett opp noko skuletid for læraren i Kvitsøy. Men det skulle vera rimeleg å tru at han har rekna med lengre skuletid her enn i dei andre soknene, sidan han ville ha eigen lærar.

Klokkaren i hovudsokna skulle likevel ikkje missa noko av inntektene sine om Kvitsøy fekk eigen dekn. Det klokkaren i hovudsokna miste i inntekt ved denne ordninga, skulle han få att av skulekassen som løn for skulearbeidet.

Skulekassen skulle få inntektene av kyrkjeeigarane (2 ort av Hausken kyrkje og 16 skilling av dei andre). Dertil kom kollekt, bidrag av presten o.a. Rekneskapen skulle førast ”af nogen af Sognets betryggende Mænd som kan skrive”. Dei skulle bytast om arbeidet og ikkje ha noko løn for det. Årsrekneskapen skulle leggjast fram for presten.

Ordninga med skulekassen var såleis i samsvar med plakaten. Men han har ikkje namngitt kven som skulle stå for rekneskapen eller kven som skulle krevja inn pengane.

På mange måtar kan ein seia at framlegget til Hielm var varsamt og lite konsist forma. Andre framlegg både i Rogaland (12) og andre stader (13) var mykje klårare og meir presise. Dette gjeld både korleis skulen skulle ordnast, t.d. kor lenge han skulle vera på kvar gard, fagkrins og liknande. Den varsame og upresise forma var nok eit uttrykk for kor usikker presten kjende seg. Han var nok redd for å koma med eit altfor radikalt framlegg. Han kjende folket og visste kva han kunne få dei med på av reformene. Dessutan var han også ein snill og godlynt mann. (14) Han hadde sikkert ikkje hug til å leggja store byrder på allmugen. Dette viste også att i framlegget der han klaga over dei skattebyrdene folket hadde.

Framlegget til skuleordning for Rennesøy gjekk til prosten Winther i Stavanger. I ei tilskrift på framlegget 12. sept. 1742. skreiv prosten at det sikkert var korrekt når ”gode Mænd” rådde til at det vises ”Skaansomhed” ved gjennomføringa av plakaten. ”Det ikke kand anderledes være i henseende til Situationen” skreiv han. Hielm fekk såleis ein viss stønad av prosten for den varsame lina han hadde fylgt.

I det heile var alle fundasane i Stavanger prosti merkte av varsemd. Ein har såleis ikkje funne at skuleplanane skapte nokon strid i dette prostiet i 1740-åra. I Strand- og Høle prestegjeld vart det ikkje forma ut nokon plan i det heile. Folk gav her lovnad om at dei sjølve skulle syta for undervisninga. ”Obligere underdanig Strands og Hølles Menigheder selv at drage Omsorg for deris Børns og Tieners Undervisning”, heiter det i ei fråsegn til prosten (15). I Finnøy ville presten Thysen prøva å få ein ”Studions” som saman med klokkaren skulle ta seg av undervisninga. Klokkaren kunne undervisa borna for lite betaling. Han kunne både lesa og skriva og var ”vel bevandret i sin Christendom”. I Frue prestegjeld (Hetland) skulle borna gå på skule i Stavanger. I Hetland var på den tida ”37 Gaardmænd og 87 Deckimantes”. Dei fleste var så fattige og ”forarmede så at de næppe kand betale skat”.

Samanliknar ein framlegga i Stavanger prosti med planane i Ryfylke og Karmsund prosti, så var nokre av framlegga i desse prostia meir optimistiske. Presten i Skudesnes t.d. forma i 1741 eit framlegg på 15 foliosider. (16) Han gjorde her mellom anna framlegg om å byggja skulehus ”hvorudi 20-30-40-50-Børn kunde Compareres til Undervisning i Halft til  $\frac{3}{4}$  Aar”. Men i eit møte med bygdefolket på Ferkingstad same året vart den økonomiske sida av planen drøfta, og ein fann her ingen utveg til å få planen realisert.

I Ryfylke kom prestane saman på Jelsa 13. des. 1741, for å laga skulefundas for heile prostiet. (17) Her var presten Nagel i Skjold den drivande krafta. Han var utan tvil interessert og radikal når det galdt skulen. Han hadde såleis alt i 1738 kome med framlegg om at det skulle byggjast 2 skulehus i Skjold. (18)

Det var nok med tanke på å få meir einskap i skulestellet at prestane møttest. Med unntak av lærarlønene vart planane for skulehaldet like i dette prostiet. Som nemnt, var denne fundasen klårare utforma enn den for Rennesøy. Her vart sett opp kva borna skulle læra. Dei skulle læra å lesa i bok, kunne utanåt Luthers katekisme og den 7. Davidssalmen. Ville foreldre at borna skulle læra å skriva og rekna, skulle dei betala ekstra for det (2 ½ sk.). Vidare vert nemnt skuletid, straff for fråvære og kva kvar bonde, husmann, tenarar o.a. skulle betala i skuleskatt. I Skjold vart lærarløna sett til 16 rdl. Dette var den høgste løna i prostiet. I dei andre prestegjelda vart løna sett til om lag 10 rdl. I det heile ser det ut som om lærarløna blei sett til om lag 10 rdl. i mange fundasar på Vestlandet. (19)

Som nemnt, vart svært mange av fundasane skrivne med lova av 1739 som føredøme. På same måten som lova kom dei difor til å byggja på økonomiske og kulturelle føresetnader som ikkje var rådande i bygdene på den tida. Dei fleste av fundasane vart difor ståande som eit vitnemål om korleis prestane hadde tenkt seg skulen ordna og korleis han skulle vore etter lov og plakat. Men gjennomføringa av dei støytte på ein vegg av motstand som ikkje var til å vinna over.

Kva var så grunnane til motstanden? Årsakene skifte nok frå prestegjeld til prestegjeld og frå landsdel til landsdel. Men dei avgjerande grunnane var nok, som ein alt har vore inne på, dei økonomiske. Etter 1660 ser det ut som bøndene vart skattlagde heller hardt sett i forhold til andre samfunnsklassar. Prisnivået var lågt. Det følgde med naturalhushaldet at det var vanskeleg for bøndene å få omsett jordbruksvarer i kontante pengar. Skattane kjendest harde. (21)

Skuleordningane kravde utlegg i reie pengar i tillegg til skattetyngslene som kjendest tunge nok frå før. Folk tykte difor ikkje at dei kunne ta på seg utlegga til skulen. Dertil kom den kulturelle sida. Folk hadde ikkje skjøn for verdet av kunnskap og opplysning. Det var einaste det praktiske arbeidet som vart sett på som noko verdfullt. Det var det som gav mat og klede, noko alle bønder kava for. Når så uår og misvekst kom til, var det ikkje lett for folk å få nok til det daglege brødet. I Rogaland var det uår i 1740-åra nett då den nye skuleordninga skulle gjennomførast. (22) Serleg galdt nok dette søre delen av fylket og på Jæren. (23) Truleg har vokstertilhøva vore betre på Rennesøy. Verlaget var meir stabilt enn i innlandsbygdene, og attåt hadde folk fisket å ta til. Det er grunn til å tru at fisket var eit godt næringsgrunnlag for prestegjeldet framover på 1700-talet. Vårsildfisket på Boknafjorden var svært godt, og elles fanga folk mykje hummar som dei selde. (24) Ein kan difor rekna med at

her ikkje var noko direkte naud slik som det var i mange innlandsbygder der årvoksteren slo feil.

Dei økonomiske tilhøva har vel heller vore nokså stabile. Sokneprest Hielm skriv såleis i framlegget sitt at "Her i mit Kald er ikkun faa gandske fattige Børn". Dette skulle tyda på at dei økonomiske tilhøva i Rennesøy stort sett var bra.

I det heile var bøndene dei fleste stader i mot å binda seg til ei fast utgift til skulen. Presten i Torvastad skreiv såleis at "thi stirrer ikke og støder de sig paa at det skulde være en aarlig Continuerlig Udgift". (25) Bøndene var redde for å binda seg til ei utgift som kunne bli vanskeleg å greia i framtida. Skuleplanane til sokneprest Hielm i Rennesøy kravde ikkje store økonomiske offer av bøndene. Ein har ikkje døme på at framlegget hans møtte motstand i prestegjeldet. Men ein veit ikkje om dette er eit vitnemål om at bygdefolket kom til å betala deknen for opplæringa av borna, eller om det tyder på at planane ikkje vart gjennomførde.

Kva vart så gjennomført av dei første skulefundasane? Ein har som nemnt, ikkje noko kjelde som viser korleis skuleplanane til Hielm vart gjennomførde i praksis. Framlegget vart godkjent av amtmannen, de, Fine, 13. sept. 1747. Det har nok også blitt godkjent av stiftsdireksjonen, og skulle såleis vera gjeldande lov for prestegjeldet. Men ein har ikkje i kjeldetilfanget funne at presten har sett opp noko skulerute for klokkaren i kyrkjesoknene på Rennesøy og Mosterøy. Heller ikkje veit ein om Kvitsøy fekk eigen klokkar og lærar. Noko serleg endring i opplæringa av barna i prestegjeldet kan ein difor ikkje rekna med at skulefundasen til Hielm førde med seg. Truleg har presten og klokkaren drive med litt tilfeldig undervisning i kristendomskunnskap slik som før. Dei har gitt opplæringa si i kyrkja om sundagane, og kanskje har også deknen gitt litt undervisning i kristendomskunnskap rundt i heimane somme andre dagar i veka.

Kva kunnskap deknen i Rennesøy hadde, veit ein heller ikkje. I 1738 fekk deknen det skussmålet av bispen at han var "bædre end før", (26) kva så dette tyder. Skal ein døma etter namna på klokkarane i åra framover, så synest dei alle å vera fødde på Rennesøy. (27) Ein kan difor ikkje rekna med at dei hadde stort meir kunnskap enn bygdeklokkarane flest på den tida. (28)

Noko ordning med skulekasse ser det heller ikkje ut til å ha blitt. Det går såleis fram seinare at kyrkjeeigarane ikkje betalte lyshaldspengar til skulekassen. (29) Sidan lyshaldspengane var ei av dei viktigaste inntektskjeldene til skulekassen, kan ein rekna med at det økonomiske grunnlaget for ei ordna undervisning ikkje kom i stand. Utan at det er noko kjelde å halda seg til, må ein difor gå ut frå at lovgjevinga i 1739 og 1741 førde til små resultat i Rennesøy i første omgang.

I andre bygder i Stavanger amt syntest det like eins å ha gå trått med gjennomføringa av skuleplanane i 1740-åra. I eit brev til amtmannen i Stavanger i 1748 skreiv prost Meidell i Dalane at i dette prostiet var ikkje skulestellet kome i stand. (30) Allmugen hadde ikkje råd til å gje skulehaldarane løn eller gje dei kost og husvære. Og i eit brev frå biskop Kærup og

stiftamtmann Barner til amtmannen i Stavanger datert 9/3 1748 går det fram at stiftsdireksjonen har fått klage frå prestar og prostar i amtet. (31) Klagemåla gjekk ut på at folk ikkje ville betala løn til deknar og omgangsskulelærarar for skulehald. Det var difor uråd å få skulehaldarar i dei fleste bygdene så skulestellet var difor ikkje kome i gang. Stiftsdireksjonen ba difor amtmannen om å koma med framlegg om ”hvorledes nævnte Hindringer best kunde afverges, og tjenligere Midler foreslaaes til dette vaklende Skolevesens beste”. I det heile gjorde Kærup sitt beste for å ordna skulestellet stiftet. Men han såg ikkje lyst på viljen og evna hos allmugen til å få i stand ei rimeleg skuleordning. I visitasmeldinga (32) frå 1745, der han først rosar prestane og lærarane, skreiv han m.a. ”Men det som mest beklages er at hvad af Almuen paa Landet efter de to Kgl. Forordninger og placat er udlovet til de paa Bygdene omgaaende Skolemestere paa Landet enten af Uformuenhed til største Deel eller Uvillighed tilbageholdes og ikke uden Tvang og Ecsecution kand bekommes hvor uover mange af de andtagne Bygdeskolemestere nødes til at kvittere Embedet”. Det er elles av interesse å merka at han i denne meldinga ber Kongen om at det kan takast pengar frå dei 6 futekassane i stiftet til å løna lærarane med. Men det kom til å gå lang tid før Kærups tanke om statsløyvingar til skulestellet vart gjort til røyndom.

Biskop Paludan (1751-59) vart bisp etter Kærup i Kristiansand. Det var ei vanskeleg tid for kyrkja då han var bisp. (33) Noko framgang for skulestellet i stiftet synest det ikkje å ha blitt. I ei melding (34) i 1753 skreiv såleis bispen at dei mange gode skuleplanane hadde blitt liggjande i skuffene hos høgare autoritatar. Heile skulestellet var ”irregulært. Ikke faste og visse omløbende Skoleholdere som i Akershus Stift. (55) Forældre paastaar selv at vilde lære sine Børn”. Nå så borna skulle konfirmerast, fekk dei ein eller annan til å bu hos seg og gje borna opplæring, skreiv han. Elles nemnde han at han på visitasreisa dette året hadde kalla til seg gode menn i kvart prestegjeld og prøvd å få lovnad om å få skulen ordna, men han hadde litra tru på at det ville verta noko resultat.

Skulen i Rennesøy veit ein som nemnt lite om på denne tida. Men det er liten grunn til å tru at han var betre ordna enn skulestellet elles i stiftet. Skulefundasen til Hielm hadde nok ikkje vore nokon framskuv i så måte.

I 1750-åra vart elles arbeidet for større einskap i skulestellet teke opp i Stavanger amt. Amtmann Tillisch var ein ivrig skulemann. (36) Den 3. sept. 1754 kalla han inn representantar frå Stavanger prosti for å laga ein sams skulefundas for prostiet. (37) På dette møtet var prosten Claus Winther, prestane i prostiet og futen i Ryfylke, Christoffer Garmann som budde på Utstein Kloster til stades. På møtet vart det sett opp framlegg til skuleplan for heile prostiet. Prestane tok avskrift og sende planen inn til godkjenning, kvar frå si bygd.

I føreordet til denne sams fundasen vart det streka under at dei tidlegare skuleplanane i prostiet var ”ganske utilstrækkelige”. Dei oppfylte korkje lova av 1739 eller plakaten av 1741. På dette møtet vart det difor rádlagt om ”hvorledes det saa fornødne Skolevæsen paa bedste Maade kune indrettes og sættes i stand udi Stavanger Prosti, saaledes at i dette Provsties Præstekald kunde have saa megen Egalite og Lighed i Ungdommens Undervisning

saavel i at læse som at lære at kiende den Treenige Gud til siden at være præparerende i Den Hellige Daabes Køfte at dette kunde siges frem. Og paa samme tid give efterfølgende Præster til Minde at indstudere og fastsætte”.

I dette føreordet får ein såleis presisert målet for skulen i prostiet. Borna skulle læra å lesa og læra utanåt så mykje kristendomskunnskap som kvar måtte ha for å verta konfirmert. Det var minstekravet i 1739-lova planen her sette opp. Men dette målet for skulen hadde ikkje blitt slått fast i dei tidlegare planane i dette prostiet. Denne nye planen skulle også sikra einskaps i skulestellet innan prostiet og innan kvart prestegjeld. Einskaps i skulestellet innan prestegjeldet skulle også lettare haldast ved eventuelle prestebyte.

Denne skuleplanen er sett opp i fire hovudavsnitt med fleire underpunkt. Målføringa er klår og grei. Ordninga av innhaldet ber merke av øving i å skriva dokument. I første avsnitt vart det fastsett kor mange skulehaldarar det skulle vera i kvart prestegjeld. Rennesøy skulle såleis ha to. Dessutan vart det sett opp løn for omgangsskulelærarane. Denne blei sett til 10-12 rdl. årleg, men i visse tilfelle måtte lærarane ”lade sig afinde med mindre Løn eftersom Sognepræsten finder billig”. Skulehaldarane skulle elles ha dei rettar og plikter som var fastsett i instruksen og forordninga av 1739. Dette galldt både hus, kost, fritaking frå verneplikta og liknande.

I andre avsnitt var reglar om ”Skolecassens aarlige Indkomster”. Det vart her bestemt at kvar gardbrukar skulle betala 10 sk. til skulekassen. Det var det same om dei hadde born eller ikkje. Husmenn og Inderstar skulle betala 4 sk. ”Proprietærar” skulle gje etter ”enhvers Gavmildhed og yndelige Hiertelag:” Eigaren av klostergarden på Utstein fekk såleis ikkje fast skuleskatt, men stod heilt fritt om han ville gje noko til skulen. Korleis dette verka på folks innstilling, veit ein ikkje noko om, heller ikkje utslaget av klostereigaren sitt ”yndelige Hiertelag”. Men i ei påskrift amtmann Scheel gjev til rekneskapen for Rennesøy skulekasse 1793, seier amtmannen m.a. at dersom presten gjev sin riksdaalar til skulekassen, så vonar han ”Eieren af Udsteens Kloster vil, saa ikke tvivle om, ogsaa for Fremtiden erlægge sin Rigsdlr. aarlingen”. Denne påskrifta ser ut til at det var tvil om tilskotet frå eigaren av klosteret. Det var nok også andre storbønder som ikkje gjorde så mykje for skulestellet i distrikta sine. (38) Dette gjorde det ikkje lettare å få vanlege husmenn og bønder til å betala skuleskatt.

I same avsnittet vart også sett opp kor mykje kyrkjeeigarane skulle betala i skuleskatt. Eigaren av hovudkyrkja skulle såleis betala ”2 ort” og eigaren av annektskyrkjene 16 skilling. Dessutan skulle kyrkjeeigarane betala lyshaldspengane frå 1740 til dato. Desse hadde ikkje blitt betalte. Etter Kongl. reskript (1/7 1757) vart desse fastsette til ein viss sum. (39) Dei fleste kyrkjeeigarane var så fattige at det vart ikkje så mykje kvar fekk å betala. (40)

Elles vart det i dette same avsnittet i skuleplanen sett opp kor mykje kvar prest skulle betala. Rennesøypresten skulle såleis betal 2 rdl. Dessutan skulle mulkt for dei som viste seg "gienstridige og modvilligen i at tage imod Skolevæsenet", tilfalla skulekassen.

Trede avsnitt tek for seg skulehaldarane og "deres Plikt og Embede". Presten og prosten skulle godkjenne læraren. Vilkåret for å verta tilsett var: "Læse rent og tydelig inden Bøgerne, have en enfoldig dog tydelig Forstand paa Catechisme Forklaring og Salighedens Orden og tillig kand nogenledis skrive samt findes beqvem til at lære og undervise. Dernæst maa hand være af Christeligt og ustraffet Liv og Levnet og bevandt til den Kost og Levemåde som holdes paa Landet". Desse krava er mykje lik dei ein finn i lova. Den skilnaden ein serleg kan merka, er at i dette framleggget vart det ikkje sett opp noko aldersgrense nedover for læraren. Lova sette denne til 20 år. Det vart heller ikkje kravt at læraren skulle kunna rekna. Røynsla hadde vel kanskje vist at reknekunsten for læraren kunne vera heller ulike for dei ymse fundasane frå 1750-åra. (41)

Vidare heitte det i dette avsnittet at presten skulle kunngjera frå prekestolen ei skulerute. Denne skulle læraren retta seg etter. Læraren skulle også føra bok over dei som ikkje møtte fram til skulen, og meld frå om foreldre som nekta å senda borna sine dit. Skulehaldaren skulle heller ikkje ta i mot løn av elevane utan at han gav dei serskilt undervisning i skriving og rekning. Om sundagane skulle han møta fram med borna i kyrkja til katekisasjon. Skuletida skulle vera frå Mikkelsmess til påske eller våronna. Sidan skulle det vera skule frå "Vaaren indtil Slaatten".

Framleggget gjekk ikkje inn på kor lang skuletid kvart barn skulle ha. Dette kunne difor verta ulikt i dei ymse prestegjelda alt etter storleiken på prestegjeldet og talet på omgangsskulelærarar. I Rennesøy t.d. ville to omgangsskulelærarar ha vanskeleg for å koma over dette store prestegjeldet, noko som måtte føra til at kvart barn ikkje kunne få så svært mange veker med undervisning i året. Som ein seinare vil sj, vart difor talet på lærarar auka til tre heller snart i Rennesøy.

Fjerde avsnitt gav reglar om presten sitt tilsyn med skulestellet. Han skulle ta ut skulehaldarar og hjelpe dei med råd og dåd. Presten skulle dessutan «flittig besøge Skolerne for at erfare Skoleholdernes Flid og Windskibelighed» og ha ansvaret for skulestellet i bygda. Presten skulle dessutan ha nokre medhjelparar i kvar bygd. Desse skulle hjelpe han med å krevja inn skuleskatt, føra rekneskap og liknande.

Framleggget vitnar om grundig kjennskap til lov og instruks frå 1739 og plakaten 1741. Ein kan såleis seia at framleggget byggjer stort sett på dei viktigaste punkta i desse, tilmåta etter lokale tilhøve. Det er ikkje tale om faste skular i framleggget. Det var minstekrava i lova og instruksen denne fundasen freista å oppfylla. Likevel sette fundasen for store krav til mange bygder. Motstanden mot denne skuleordninga kom snart til å melda seg.

Skulefundasen for Stavanger prosti vart same året vedteken som skuleordning også for dei andre prostia i amtet. Som før nemnt, var det amtmann Tillisch som stod for denne samordninga av skulestellet i amtet. Han var sikkert blitt tilskunda til dette av bisp og stiftamtmann. (42)

Men motstanden mot dei nye skuleplanane reiste seg straks dei skulle setjast i verk. Alt i november 1754 melde prosten i Dalane (43) at han hadde gjort skuleordninga kjent frå preikestolen i Helleland kyrkje. Skulen skulle ta til på Svalestad 4. nov. Læraren hadde møtt fram, men alle borna heldt seg borte. Bygdefolket ville ikkje ta i mot læraren og heller ikkje betala skuleskatt. Læraren hadde difor meldt frå til presten slik han var plikta til å gjera etter skulefundasen. Prosten fortel vidare at overalt både i Helleland og Bjerkeim sette folk seg i mot den nye skuleordninga. Han ba difor om støtte frå amtmannen så ”de uvillige befinnes villige til at etterleve den gjorde Foranstaltning om Skolevæsenet”. Elles er det i statsarkiva i Stavanger (44) og i Kristiansand (45) mange andre prestemeldingar som fortel om vanskane med å iverksetja dei nye skuleplanane i 1750-60-åra.

I Rennesøy møtte også skuleplanane motstand. I eit skriv (46) datert 23/9-1766 melde sokneprest Steenbloch (1748-1773) frå om at ”somme Gaardmænd” tok imot skulen og betalte skuleskatten, men andre nekta begge deler. Fleire stod til rest med skuleskatten for 1765, og dei påstod at dei hadde søkt til kongen om å sleppa både skulen og skuleskatten. Presten såg seg ikkje i stand til ”at bringe de modvillige til lydighed”. Han hadde prøvt med ”Lemfeldighed, men til Dato nærmest forgiæves”. Han ba difor amtmannen om råd for korleis han skulle gå fram for å få inn skuleskatten for 1765.

Kva råd presten fekk frå amtmannen, veit ein ikkje, men den 17. okt. 1766 sende han eit nytt brev. Av dette går det fram at amtmannen har kravt ei liste over dei ”gienstridige” slik at han kunne gå til inndriving av skatten. Presten fortel elles i same brevet at han «18. søndag efter Trinita» hadde tillyst skule i Hausken sokn. Men bygdefolket ”fremturede udi deres Modvillighed med at modtage Skolemesteren”. Han kravde nå at desse folka blei straffa. Det burde ikkje lenger tolast, skreiv han at ”Lovens bud saaledes reent skal foragtes og de giøre hvad dem lyster”. Dei ”gienstridige” skulda på at dei hadde søkt kongen om å bli ”befriet for Omgangsskolen”. Men presten meinte likevel at forordninga burde stå ved lag til kongen kalla lova attende, ”thy skal dette længere have fremgang saa bliver Prästen slæt intet agtet, og hans Ord usandfærdige, da de snart Publiq tør siige at det iche er Lovens Villie, thy hvis saa var, blev noch giort meere derved”. Han hadde vore tolmodig og vona at alt skulle bli betre, men nå syntest han ikke at han kunne venta lenger, fortel han. Dersom han nå ikkje fekk hjelp, måtte han seia frå seg alt ansvar. Han skriv til slutt at han kan «med en goed Samvittighed svare baade for Gud og min Øfrighed at jeg har giort alt hvad som har staataet i min magt”.

Det var elles ikkje så rart at Steenbloch møtte motstand hos bøndene på denne tida. Over heile Vestlandet var 1760-åra ei uroleg tid med mykje strid mellom bøndene og embetsmennene. Det var såleis i 1765 at den såkalla Strilekrigen gjekk føre seg i Bergen. (47) Bøndene kring Bergen samla seg då i byen for å protestera mot "Ekstraskatten". Denne uroa spreidde seg og langs kysten til Stavanger kanten. Bøndene samla seg her i Stavanger for å be amtmann Lachmann ta skatten bort. (48) Sidan dette futedømet låg til sjøen, hadde folk her best samband med Bergen. Amtmannen vart redd at oppstyret kring Ekstraskatten skulle føra til regulært opprør. Han kalla difor saman herfolk i Stavanger og tok elles andre rådgjerder. Mellom anna sende han ut skriv til prestane i amtet at dei skulle "tilholde Almuen deres Pligter mod Kongen".

Etter kjeldene å døma var mange frå Rennesøy med i dette oppstyret. Folket her hadde godt samband med Bergen og fekk kjennskap til striden der. Det går såleis fram av brevbytet mellom amtmannen og lensmannen, Jørgen Woufle, at lensmannen serleg skal få greie på kven som har vore i Bergen eller tenkjer seg dit. (49) Futen i Ryfylke futedøme budde også i prestegjeldet. I det heile går det greitt fram at bygdefolket kjende godt til skattestriden.

Denne striden har også verka inn når det galdt betalinga av skuleskatten. Det er såleis berre i denne tida at ein, etter dei føreliggjande kjeldene, finn at folk i Rennesøy manjamnt har sett seg mot skulen og nekta å betala skuleskatten. At folk orsaka seg med at dei hadde søkt kongen om å sleppa både skuleskatten og skulen, hadde truleg samanheng med søkeraden om å sleppa "Ekstraskatten". Det vart nemleg søkt om å sleppa denne skatten, og kongen gjekk med på søkeraden. (50)

Gjennomføringa av skulefundasen frå 1754 fall såleis saman med politisk strid mellom bønder og embetsmenn i amtet. Dette vart til stor skade for skulen. Bygdefolket kom til å sjå å presten sine skuletiltak som noko embetsmennene ville tvinge inn på bygdene. Skulen vart i mange høve sett på som ein institusjon for embetsmennene som førde nye krav og nye pengeutlegg med seg for bygdefolket. At skulen var meint til gagn for allmugen, hadde nok dei færraste skjøn for.

Likevel ser det ikkje ut til at motstanden mot skulen har vart lenge i Rennesøy. Det syntest heller som om skulen kom godt i gang utover i 1770-åra. Ei melding frå soknepresten til biskopen i 1776 fortel at det var tre skulehalarar i prestegjeldet. (51) Etter namna å døma var ein frå Sørbø, ein frå Innakleivs og ein, Knud Johannesen Nordbø, anten frå Hausken eller Kvitsøy. Korleis prestegjeldet har blitt delt mellom desse lærarane, veit ein ikkje noko om. Men dersom Knud Johannesen Nordbø var frå Kvitsøy, er det rimeleg å tru at han var lærar der. Einar Reianes kan då ha vore lærar i Sørbø og Kloster soknene, og Knud Olsen Hanasand i Hausken og Aske. Kanskje har også klokkaren, Aad Johnsen, (52) hjelpt til med skulehaldet i Hausken sokn. Han er nemnd som skulehalar i prestegjeldet då han vart utnemnd til klokkar. (53) Det heitte elles i tilrådinga frå prosten i 1762 at Aad Johnsen las godt og kunne sin barnelærdom. (54)

Men denne skuleordninga som her er skissert, er som nemnt, berre ein hypotese. Det er likevel av interesse å merka at det alt i 1776 var tre lærarar i prestegjeldet. Fundasen frå 1754 hadde berre sett opp. Dette skulle tyda på at motviljen mot skulen ikkje lenger var så stor. Det må ha vore presten som har fått bygdefolket med på denne ordninga. Både han og bygdefolket har sett at to lærarar var for lite i dette vidstrakte distriktet.

Ordninga med tre lærarar i prestegjeldet var ikkje blitt godkjent av nokon høgare embetsmann. Såleis gav amtmann Scheel ei påteikning til skulerekneskapen i 1792. (54) Han gjorde her merksam på at presten ikkje hadde retta seg etter "vaar Paategning i Skoleregneskabsbogen 29.April 1789" om å "indskrenke Skoleholernes Antal frå 3 til 2". (x) Amtmannen gjekk ut frå talet på skulehaldarar som var fastsett i fundasen frå 1754 fordi han spør, "hvad der mere nu, end ved Skolevæsenets første Indretning, der gjøres fornødent, at fleere end 2 de Skoleholdere underholdes i Rennesøe Kald, og om ikke 2 omflyttede Skoleholdere kan være ganske tilstrekkelig forsaavidt Præstegjældets maadelige Vidløftighed".

(x) *Det har såleis vore ei rekneskapsbok før 1792. Denne boka har ein ikkje funne. Ho må vera kumen bort. Boka kunne truleg gjeve opplysningar om kva tid fundasen frå 1754 vart gjennomførd i Rennesøy, og elles gjeve opplysningar om skuleordninga i prestegjeldet før århundreskiftet.*

Amtmannen har halde seg til det formelle vedtaket frå 1754. Han fann også at «kassens Udgifter tilsyneladende nødvendiggjør at indskrænke Skoleholderenes Antal». Elles har han meint at etter talet på dei skattepliktige i prestegjeldet, (etter rekneskapsboka 135 Gaardmænd og 14 Husmænd) skulle det vera nok med to skulehaldarar. Det er likevel av interesse å merka seg at presten ikkje har brydd seg om denne påteikninga. Etter rekneskapsboka å døma har det framleis blitt betalt ut løn til tre skulehaldarar i åra framover.

I 1801 sende sokneprest Heiberg inn framlegg til ny distriktsinndeling. (55) Ein må sjå dette framlegget i samanheng med eit rundskriv frå biskop Hansen om ordninga av skulestellet og distriktsinndelinga. (56) Etter Heiberg sitt framlegg skulle prestegjeldet delast i 4 distrikt med ein lærar i kvart. I framlegget vart det også sett opp kor lang skuletida skulle vera på kvar gard. Tida kunne ymsa frå ei til seks veker alt etter kor mange husstandar som sokna til garden. Til saman skulle skulen det vera 37 veker med skule i kvart distrikt.

Denne ordninga var ikkje godkjent. Styremaktene har nok meint at fire lærarar i dette prestegjeldet var for mykje. Og det ser heller ikkje ut til at sokneprest Heiberg har gjort noko meir for å få framlegget sitt om ny distriktsinndeling og fire skulehaldarar i prestegjeldet gjennomført.

Tanken om betre distriktsinndeling og fleire lærarar i prestegjeldet vart teke opp att av presten Oftedahl. I ei melding til bispen i 1810 skreiv han at tre skulehaldarar i Rennesøy var altfor lite. Det laut minst vera fire dersom dei skulle nå rundt til alle gardane på eitt år.

Ein veit heller ikkje om Oftedahl har fått løyve av høgare embetsmenn til å ha fire lærarar i prestegjeldet. Men frå 1813 vart det betalt ut løn til fire lærarar av skulekassen. Han må derfor ha fått prosten si godkjenning i ei eller anna form. I referat frå prostimøtet i Stavanger 20/10-1816, er det såleis nemnt at Rennesøy hadde fire lærarar. (57) Prestane skulle på dette møtet saman med prosten koma fram til "faste Bestemmelser i henseende til Skolelærernes Dannelse og Lønningsmaade" i kvart prestegjeld. Lærarlønene vart sette til 10 rdl. for Frue og Randaberg, 8 rdl. for Rennesøy og Finnøy og 6 rdl. for Strand (Høgsfjord).

Det var eii forordning frå 1816 om lærarane si utdanning og løn som fekk prosten til å kalla saman dette prostimøtet. (58) Same året hadde det også kome ei ny lov om økonomi og styre i allmugeskulen. (59) Etter denne lova skulle prosten kvart år på visitasen kalla saman presten, lensmannen og valmennene i prestegjeldet til eit møte. På dette møtet skulle dei setja opp budsjett for skulestellet i prestegjeldet, koma med framlegg om lærar, skuletid og liknande. Alle vedtaka skulle så sendast inn til stiftsdireksjonen til godkjenning.

Men til noko framhjelp for skulestellet i landet vart denne lova ikkje. (60) I eit skriv frå departementet til biskop Sørensen (9/8-1816) sendt vidare til skulekommisjonane i bispedømet (61), vart det såleis berre mint om tidlegare lover og prestanse sitt ansvar når deg galde skulestellet. Ein kan likevel gå ut frå at den administrative ordninga av skulestellet i prestegjelta fekk ei fastare form. Såleis synest det i Rennesøy å ha vorte ei fastare ordning når det galde kven presten skulle rádføra seg med i skulespørsmål. Det blir frå no av også årlege møte i skulekommisjonen. Dette var nok med på å skapa interesse for skulen blant bygdefolket og medlemmene i skulekommisjonen. Møta og vedtaka i kommunen kunne skapa diskusjon og engasjement om skulespørsmål.

Skulekommisjonen i Rennesøy kom i første omgang til å halda på den skuleordninga som var i prestegjeldet. Såleis heiter det i eit referat frå skulekommisjonen sitt møte 6. juli 1819 at "den hele Forsamling ærklærede sig i alle deler enige med Sognepræsten i at Præstegjældets Skoler som hidan til, at de andsatte 4. omgaaende Skoleholdere var tilstrækkelige og at de lønnedes paa samme Maade som avvigte og foregaaende Aar".

I 1823 gjorde presten Salvesen (1817-1826) framlegg om at Kvitsøy fekk eigen lærar. Skulekommisjonen var samd i dette framlegget. Det vart difor vedteke at prestegjeldet frå neste år skulle ha i alt fem lærarar. Av skulerekneskapen i 1824 går det også fram at prestegjeldet har hatt fem skulehaldarar. Lærar Reimers får såleis 8,5 spann korn og ein spd. i løn for sitt "Skolehold i Hviddingsøe Sogne". Etter løna å døma kan ikkje skuletida ha vore lang.

Men vedtaket om fem lærarar vart ikkje godkjent av amtmannen. Det går fram av drøftingane på møte i skulekommisjonen 1. aug. 1825 at ”amtet i Skrivelse af 9. December 1824 har tilskrevet Skolekommissionen at det ei fandt det mulig at afgive til Præstegjældet flere end 3 de Skoleholdere”. Dette ville ikkje skulekommisjonen gå med på. Det vart gjort vedtak om at det skulle søkjast stiftdireksjonen om å få ha fem skulehaldarar.”Præstegjældet kand ei være tiendt med mindre Antal af Skoleholdere end de nuværende, nemlig 5”, heiter det i møteboka.

Søknaden vart ikkje imøtekomen av stiftsdireksjonen. I svaret heitte det at dersom prestegjeldet ville ha meir enn tre lærarar, måtte det søkjast riksstyret om løyve. Og i eit møte i skulekommisjonen same året vart det vedteke å senda ”underdanigst Ansøgning til at et 4. Subject maatte vorde tilstaaet dette Præstegjæld til Omgangsskoleholder”. Etter møteboka 28/8-1826, må kyrkjedepartementet ha gitt dette løyvet. Prestegjeldet kom såleis til å ha fire lærarar.

Det er av interesse å merka at det i Rennesøy i byrjinga av 1800-talet stadig har vore ein lærar meir enn styresmaktene har godkjent. Såleis var det kring hundreårsskiftet tre lærarar medan amtmannen berre ville ha to. Kring 1814 har det vore fire, medan den formelle godkjenninga syntest å lyda på tre. I 1820 åra då kravet om fem lærarar vart fremja, heldt amt og stift fast på den formelle godkjenninga av tre lærarar. Truleg var det folketalet i prestegjeldet (i 1815 1349) (62) som gjorde at amt og stiftdireksjon ikkje ville gå med på å auka talet på lærarar. Elles meinte kanskje styresmaktene at skulekassen i Rennesøy vanskeleg kunne greia utlegga til fleire lærarar. Lærarlønene var så små at amt og stiftsdireksjon kanskje meinte at lønene til dei lærarane ein hadde, måtte aukast før prestegjeldet fekk endå fleire lærarar.

Det synest det som om prestane har hatt folket med seg i kravet om å auka talet på lærarar. Etter skulerekneskapane å døma har skuleskatten kome godt inn, og det er ikkje døme på nokon serleg motstand mot den rådande skuleordninga. Berre kvar gong det var tale om å auka lærarlønene, vart det usemje mellom presten og bygdefolket. Det var dei økonomiske utlegga bygdefolket sette seg imot. Dei ville ha ei så billeg skuleordning som råd. Av same grunn sette dei seg også i mot lovkravet frå 1827 om fastskule i hovudsokna. Men når det galdt talet på omgangskulelærarar, syntest det ikkje å vera usemje i skulekommisjonen. Her syntest jamvel prestane og bygdefolket å arbeida for ei betre ordning av skulestellet enn den amt og stiftsdireksjon gjekk inn for. Dei mange øylene i prestegjeldet og den spreidde busetnaden her gjorde det turvande med mange lærarar dersom ein skulle få ei nokolunde bra skuleordning. Kanskje var dette lokale vanskar som presten og bygdefolket hadde betre skjøn for enn embetsmennene i byen?

Det vart førebels ikkje fremja krav i skulekommisjonen om fleire lærarar. Først i 1833 kom saka opp att. Det var då kome bøn frå lærarane om at det måtte verta fem lærarar i prestegjeldet. Dei store distrikta gjorde arbeidet deira vanskeleg. Skulekommisjonen var samd, ,men tykte at skulekassen vanskeleg kunne bera fleire utlegg. Det vart likevel vedteke

at sokneprest Bessesen skulle søkja riksstyret om ”at et 5. Mandskab maa blive at afgive til Skolemester i Præstegjældet”.

I 1835 låg det etter føre klage frå lærarane i prestegjeldet. Dei klaga over at undervisningstida -38 veker- på kvar var for lang. Helsa lei av denne lange tida, og interessa for skulearbeidet vart mindre fordi dei ikkje kunne få høve til å tena noko ekstra. Vart ikkje tilhøva lettare, såg dei seg nøydde til å slutta etter få års teneste. Skulekommisjonen vedtok då at prestegjeldet skulle delast i fem skuledistrikt frå komande år (1836), og det skulle tilsetjast ein ny lærar med ei løn på 15 spd. Soknepresten skulle førebels ta på seg 1/3 av denne løna. Resten skulle takast av skulekassen. Det vart igjen vedteke å søkja riksstyret om å få løyve til å tilsetja ein femte lærar i prestegjeldet. Og denne gongen vart søknaden imøtekomen. I åra framover er det såleis betalt ut løn til fem lærarar i prestegjeldet.

Av ei melding til stiftsdireksjonen frå sokneprest Bessesen (dat. 27/2-1837) går det fram at vedtaket om fem lærarar ikkje førde til noko endring i skuletida i kommunen. Dei fire distrikta vart nå delt på fem lærarar slik at kvar lærar fekk 30 vekers skule. Endå om ikkje den samla skuletida i kommunen auka, så kunne likevel kvar rode nå gjerast mindre. Borna fekk kortare veg til skulen, og betre høve til å fylgja læraren rundt på gardane i lengre tid. Ein kan også rekna med at lærarane makta betre enn før å halda den fastsette skuletida. Med 38 vekers skule hadde dette vore vanskeleg. Dei fleste lærarane hadde viktige gjeremål utanom skulen som kravde mykje tid t.d. onnearbeid. Men kor mange effektive skuledagar kvar lærar hadde i året, har ein ikkje oppgåver over i Rennesøy før i 1860-åra.

I 1841 vart sokneprest Salvesen sin tanke om at Kvitsøy skulle få eigen lærar gjort til røyndom. Det vart dette året vedteke at Kvitsøy skulle ha eigen skulekasse og eigen skulekommisjon. Som grunn for dette vedtaket vart nemnt at Kvitsøy hadde eigen fattigkasse, (63) og at sokna låg så langt borte frå dei andre soknene i prestegjeldet.

Året etter vart det første møtet halde i skulekommisjonen for Kvitsøy. Det vart i dette møtet vedteke at omgangsskuledistriket på øya skulle delast i tre roder. Skuletida skulle til saman vera på 35 veker og fire dagar. Det er elles av interesse å merka at skulekommisjonen på dette møtet vedtok at lærarløna skulle vera 28 spd. For dei andre lærarane i prestegjeldet var ho framleis berre 15 spd. I tillegg skulle også læraren i Kvitsøy vera klokkar og ha løn for dette arbeidet. Dette skulle tyda på at folket på Kvitsøy låg framom dei andre øyane når det galdt interesse for og pengeytingar til skulen.

Då Kvitsøy vart skilt ut som eige skuledistrikt, laut og skuledistrikta i resten av prestegjeldet omordnast. Det vart på eit møte i skulekommisjonen i 1842 vedteke ei distriktsinndeling som så nokolunde svara til soknegrensene. Det vart såleis lagt nokre gardar i Sørbø til omgangsskuledistriket i Kloster. Og omgangsskuledistriket i Sørbø vart tillagt nokre gardar frå Hauske sokn. Denne distriktsinndelinga vart nyttatil førstninga av 1850-åra då fastskulen i Hausken kom i stand.

Fastskulen førde m.a. med seg at dei fire indre soknene (Hausken, Sørbø, Aske og Kloster) vart delt i fem skuledistrikts. Det vart frå no av fem lærarar i desse soknene. Dette førde igjen til ny distriktsinndeling. Omgangsskuledistrikta på Mosterøy kom til å fylgja soknegrensene både for Kloster og Aske. På Rennesøy vart Innakleivs skilt ut frå Hausken som eige skuledistrikt. På Sørbø kom omgangsskuledistriket i stor mon til å fylgja grensene for sokna.

Skuledistrikta vart såleis etter kvart gjort mindre. Skuletida i kvart distrikt vart sett til 36 veker då denne nye skuleordninga tok til. Kvart distrikt var delt i tre roder. Såleis fekk kvar rode 12 veker skule frå 1850-åra og utover. Dette svara til kravet om skuletid i lova frå 1827.

At rodene vart gjort mindre, gjorde skulevegen for borna kortare. Kring 1860-åra vart det meir vanleg at skulen fekk fast tilhald på ein gard som låg sentralt. Skulekommisjonen tok etter kvart på seg å betala leiga for slike stover. Såleis vart etter kvart grunnlaget lagt for overgangen til faste skular i prestegjeldet. Denne overgangen kom til å skyta fart med kravet i 1860-lova om krinsinndeling og fastskule for krinsar med 30 born. I byrjinga vart rodene grunnlaget for krinsinndelinga. Men etter kvart som overgangen til faste skular skreid fram, vart krinsane gjort større. Og grensene kom i stor mon til å fylgja grensene for dei gamle omgangsskuledistrikta.

Med 1860-lova starta ein ny epoke for landsskulen i Noreg. Mykje nytt kom til å gjera seg gjeldande både når det galdt den ytre organiseringa og dei indre tilhøva. Når det galdt styre og ansvar for skulen, fekk folket sjølv meir å seia.

Presten kom likevel til å halda fram som fast formann i skulekommisjonen. Men han hadde ikkje lenger den makta og det ansvaret han hadde hatt i den tidlegare skuleframvoksteren. I heile perioden frå 1739-1860 var det i stor mon presteskapet som hadde makta og ansvaret når det galdt skulespørsmål på bygdene. Skuleutviklinga i dei einskilde prestegjelda og i dei einskilde bispedøma var avhengig av presteskapet si interesse og deira arbeid for skulen. Det var prestestandet som måtte ta initiativet og få bøndene med dersom skulen skulle ha framgang.

### **Presteskapet, bøndene og skulen – rasjonalistiske skuletiltak**

Både lov (1739) og plakat (1741) slo fast den makta og det ansvaret presteskapet hadde i skulespørsmål. Dette var ei naturleg fylgje av at skulen var stått fram av kyrkja. Den viktigaste oppgåva til skulen var å hjelpe kyrkja med kristendomsopplæringa. Det vart difor gjort til ei embetsplikt for presteskapet å få i stand skulestellet kvar på sin stad (1). Ein prest kunne såleis gå inn for eit godt skulestell fordi han var ærekjær og plikt-trugen, ein annan fordi han var ivrig opplysningsven. Andre prestar gjorde ikkje meir for skulen enn dei var nøydde til, for det var ofte det lettaste. Sidan pengane til skulestellet skulle gjevast av bygdefolket, var det ikkje alltid lett for prestane å få dei pengane som trongst. Ofte måtte dei sjølve bera utgiftene til skulen dersom dei ville få til eit skikkeleg skulestell. Mange

prestar synte stor offervilje i så måte (2). Spørsmål som galdt utgiftene til skulestellet skapte konflikt mellom prest og allmuge i mange bygder. Di betre skulestell presten ville ha, di meir penger trøngst det, og di meir motstand vart det. Bøndene vart skulefiendar, skriv Høverstad (3).

Kvifor vart så bonden skulefiende? Den viktigaste årsaka var det økonomiske. Folk syntest ikkje dei hadde råd til å leggja ut pengar på noko så unyttig som skule. Det kom til å gå over 100 år etter skulelovgjevinga i 1730-40 åra før interessa for skule og opplysning i noko mon syntest å vakna hos allmugen på landet i Noreg. I lange tider ikkje skulespørsmåla til å ha noko verd for folk flest. Innstillinga om at prestar og embetsmenn tok seg av alle teoretiske spørsmål, var sterkt grunnfest. Den som var fødd til bonde, skulle og vera bonde. For dei fleste syntest det ikkje å vera noko om å gjera å arbeida seg oppover i "høgare" samfunnsklassar. Slik streving vart sett på som noko unaturleg i det gamle bondesamfunnet. Enda om dei fleste hadde vyrnad for prest og embetsmann, så såg den vanlege allmugen på desse stillingane som noko som ikkje var å oppnå for bonden og som dessutan var av lita interesse. Difor såg folk flest ikkje på embetsmenn sin kunnskap som noko verdfullt å ha for seg. Bøndene hadde bruk for å læra praktisk arbeid. Det var det dei levde av, og det var det borna skulle leva av. Kunnskap og opplysning kunne berre vera med på å setja ned respekten for kroppsarbeidet, og det var ingen tent med. I det heile var nok den innstillinga rådande at kunnskapen førde til unatur og narreskap, medan opplæring i praktisk arbeid gjord borna dugande til å klara seg i livet. Og den praktiske opplæringa meinte bøndene å kunne klara like godt sjølve. Borna trøng ikkje meir opplæring enn dei fekk i heimen.

I det heile var livet på bygdene så einfelt at bøndene kunne ha rett i at kunnskapen var "unyttig". Det var naturalhushaldet som var rådande, og kvar gard greidde seg i stor mon med si avling. Handel og samkvem med folk utanfor bygda var det ofte lite av. Einvaldsstyret kravde også lite kunnskap og opplysning av folk (4). Di mindre allmugen visste, di lettare hadde han for å godta dei påboda makthavarane gav. Aviser fanst stort sett ikkje på bygdene før i 1850 åra. Lesetamen var såleis berre nyttig så langt det galdt å lesa i Bibelen og i salmeboka og i religiøse bøker. Bøker av anna innhald var det svært lite av. I alle høve vart ikkje desse kjøpte og lesne av vanlege bønder. Lærdomen hadde såleis berre verdi som støtte for dei religiøse interessene. For heimar utan slike interesser var difor ofte skulen noko som det galdt å koma seg unna på lettaste måten. Det var berre presten sine krav til konfirmasjonen det galdt å stetta. For konfirmasjonen hadde praktiske konsekvensar. Var ein ikkje konfirmert, kunne ein t.d. ikkje få lov til å gifta seg. For mange galdt det difor berre om å koma gjennom konfirmasjonen. Greidde ein det, var alt vel. Meir skule og meir kunnskap trøng ikkje bondeborn.

Ein kan såleis gjera seg tankar om kva som var årsakene til bøndene sin motvilje mot skulen. Likevel kan ein ikkje her finna eit allment og eksakt svar. Ein kan berre tenkja seg til ymse grunnar ut frå dei politiske, kulturelle og økonomiske tilhøva i landet på denne tida. Skulesoga framover på 17- og 1800 talet byggjer på prestemeldingane og offentlege

dokument. Om desse gjev både eit sant og godt bilet av opplysningstilstand og skuletilhøve rundt på bygdene, så er dei også merkte av embetsmennene sitt skjøn og deira miljøbakgrunn. Ein har få dokument der ein får bøndene sitt syn på desse spørsmåla. Det var utan tvil ein stor skilnad på bønder og embetsmenn i denne tida. Denne skilnaden går både på miljø, og på åndelege og materielle verdinormer. Difor hadde embetsmenn og bønder vanskar med å skjøna kvarandre. I skulespørsmål kunne til dømes ikkje prestane skjøna at bøndene ikkje forstod sitt eige beste. På den andre sida syntes bøndene å meina at prestane var urimelege som kravde både tid og pengar av dei til skuleføremål, noko som dei ikkje hadde skjøn for å verdsetja. Mange prestar sette nok også for store krav andsynes skulen, krav som bøndene ikkje fann det var fullgod grunn for. At krava kom frå embetsmenn, kjendest som krav "ovanfrå" og møtte motstand kanskje nett av den grunn.

Dette syntest å vera tilfelle i Rennesøy. Dei prestane som sette seg sjølve opp som autoritetar, hadde vanskeleg for å få krava sine gjennomførde. Derimot har andre "folkelege" prestar hatt lettare for å få folk med seg. Dei ulike prestane si framferd, deira måte å føra seg på i samvær med folket, hadde mykje å seia for korleis folk såg på krav og idear dei kom med i skulesektoren og i andre tilhøve.

Som det går fram av innleiinga er Rennesøy prestegjeld eit heller stort prestekall. At prestegjeldet var oppdelt i mange øyar med verharde fjordar mellom øyane, gjorde at sjøreisene ofte vart ei hard påkjenning med segl og robåtar. Serleg kunne sjøferda til Kvitsøy by på vanskar. Det hende at presteskissen kollsigla på heimveg frå Kvitsøy (5). Eit slikt prestekall var nok ikkje trakta etter av dei mest dugande prestane. Likevel har det vore prestar som har sett merke etter seg både i Rennesøy og der dei kom seinare (6).

Den presten som først fekk til oppgåve å få skule i stand i prestegjeldet, var Søren Hielm (1737-1748). Han var som før nemnt både ein gild og velmeinande mann som ikkje hadde hug til å leggja bører på bygdefolket. Ettermannen hans, Steenbloch, må ha vore meir ærekjær. "En ung Mand som attraar at forette sitt Embede vel", seier biskop Paludan om han (7). Biskop Tidemand seier at han var «en redelig og velmenende Mand, men med middelmådige Gaver» (8). At han prøvde å gjera si embetsplikt når det galdt skulen, skulle også brevet hans til amtmannen vera vitnemål om (9). Kanskje er det denne pliktkjensla som har gjort at han kom i strid med bygdefolket om skuleskatten. Han har gjerne ikkje gått klokt fram i denne saka, noko som kanskje attesten frå bispen skulle tyda på, endå om bispen også klagar over «Bøndernes egenmæktige Bevegelse i et og andet Kald» (10). Det var såleis i 1765 at det store oppstyret var kring ekstraskatten i Stavanger. Som før nemnt, var truleg mange frå Rennesøy med i dette «opløpet». Steenbloch fekk merka motstanden mot skuleutgiftene. I den urolege tida har han kanskje sett denne motstanden som ein fare for presten sin autoritet. Det galdt difor om å «bringe de Gienstridige til Lydighed» (11). Om han greidde å tukta bøndene, veit ein ikkje så visst. Dei kjeldene som ligg føre, tyder ikkje på at spaningstilhøvet mellom prest og allmuge i 1760 åra heldt fram. Då Røtting vart soknetprest i Rennesøy, var det i alle høve ei roleg tid i så måte.

På slutten av 1700-talet tok dei rasjonalistiske tankane til å gjera seg gjeldande i Noreg. Serleg innan presteskapet fekk rasjonalismen stor innverknad. Mange prestar såg det som si oppgåve å gje folk opplysning. Difor kom mange av dei til å tala om jordbruksmetodar, matlaging, helserøkt og liknande frå prekestolen. Serleg freista mange å få folk til å dyrka poteter. Difor fekk dei også utnamnet «potetprestane».

Ein betre skule vart likevel ei av dei viktigaste oppgåvene for rasjonalistane. Somme av dei kom med nye radikale skuleplanar, t.d. Wilse i Spydeberg (12). Andre kom til å til å gjera mykje for skulestellet rundt om i bygdene. Ein kan såleis nemna Dahl i Eivindvik, Hertzberg i Hardanger o.a. (13). Likevel kom ikkje dei rasjonalistiske skuletankane til å føra til store reformer innan skulestellet. Endå mange av dei leiande rasjonalistane hadde store planar om ein betre allmugeskule, så vann dei ikkje fram med planane sine. Dette hadde mange grunnar. Den viktigaste var kanskje den, som Høverstad har peika på, (14), at styresmaktene i København arbeidde mot all opplysning av allmugen i Noreg. Dei ville på denne måten kua alle nasjonale frigjeringstankar. Ein annan viktig grunn var også at dei rasjonalistiske tankane ikkje vann inngang hos allmugen. Når det var folket sjølv som ytte pengane til skuletiltaka, så hadde folket makt til å hindra alle reformer. Mange av dei rasjonalistiske skuleframlegga vart difor ikkje gjennomførde i praksis. Likevel førde planane til meiningsskifte kring skule- og opplysningsspørsmål i mange bygder. Folk vart engasjerte til å ta stode for og mot framlegga. Dette førde til samtale og diskusjonar, og kom til å vera med og førebu eit aukande skjøn for skule og opplysning på bygdene i byrjinga av 1800-talet.

I Kristiansand stift kom biskop Hansen (biskop 1798-1804) til å stå som serleg eksponent for den rasjonalistiske åndsretninga. Han var på mange måtar ei eldsjel, full av idear og med evne og vilje til å setja ideane sine ut i livet. Han var fødd i København. Og etter presteksamen hadde han vore på studieferd til Jena og Halle. Her hadde han lært dei filantropiske skuletankane å kjenna. Skule- og opplysning kom alle dagar til å vera ei av hjartesakene hans (15). Då han kom til Kristiansand i 1798, gav han eit heller mørkt bilet av opplysningstilstanden i byen. (16) Og han gjekk straks i gang med å få skikk på skulen der. Han fekk folk til å yta pengar, laga skuleplanar som han fekk godkjende av Kanseliet og lærde opp lærarar. Fagkrinsen var tydeleg merkt av dei filantropiske skuletankane. Det skulle såleis bli gitt opplæring ikkje berre i religion og lesing, men også i skriving, rekning, song, geografi og noko astronomi, om borgarlover, antropologi, kosthald og liknande nyttige emne, etter ei tillaga encyklopedisk lærebok (17).

På same tid tok han opp arbeidet for å betra skulestellet i heile stiftet. Han samla inn opplysningar om korleis skulestellet var ordna i dei ymse prestegjelda (18), og han gjorde framlegg om betring både ved rundskriv og på visitasar. I 1799 var han på visitas i vestre delen av bispedømet. Han fann skulen til nedfalls overalt. Berre i ei bygd fann han 80 menneske mellom 17-30 år som ikkje kunne lesa og difor var konfirmerte (19).

I Rennesøy var ikkje biletet så mørkt. I visitasmeldinga frå 1802 heiter det såleis (20) "Den konfirmerede Ungdommen, ligesom i Aaret 1799, ualmindelig god", "Skoleungdommen

fandtes ligesaa". Dette skulle tyda på at han fann opplysningstilstanden i Rennesøy tilfredsstillande. Ein kan difor rekna med at borna har nytta seg av og hatt utbytte av den skuleordninga som var kring århundreskiftet. Ein må også rekna med sterke religiøse interesser i prestegjeldet på denne tida. Dette har også vore til bate for opplysningsarbeidet.

Det var på grunnlag av slike positive inntrykk han fekk frå somme bygder at han kunne skriva "at Landalmuens Ungdom for den største Deel er skjøn, ædel og god". (21) Det var berre meir kunnskap som vanta. Skulle opplysningsnivået stå på høgd med andre land, så måtte ein få i stand ei ny skulelov, meinte han. Difor tok han på seg å arbeida ut "Plan for Skolerne paa Landet i Christiansand Stift". (22). Dette framlegget vart ikkje godkjent av Kanselliet i København. Som før nemnt, meiner Høverstad at Kanselliet førde ein medveten politikk mot alt opplysningsarbeid i Noreg på denne tida. Likevel gjev framlegget eit godt innsyn i bispen sine skuletankar og dei retningslinjene han arbeidde etter når det galdt skulestellet i stiftet.

Han arbeidde såleis for å gje lærarane betre lønsvilkår og betre utdanning. For at lærarane skulle få betre løn, ville han kombinera klokkar- og lærarstillingane. Lærarane skulle få både lærar- og klokkarløn. Dei gamle klokkarinntektene skulle gå som inntekt til skulekassen som så skulle betala ut løn til lærarane. Denne ordninga kom i stand i Rennesøy. Bispen hadde alt på visitasen i 1802 konstituert ein av lærarane til klokkar i Hausken og Sørbø. Den gamle deknen var då så "forskrækkelig angrebena af Radesygen" at biskopen fann å måtta konstituera ein skulehaldar til "herefter at forette Embedet paa hans vegne". I 1803 sokneprest Heiberg til bispen om å få godkjent dei 3 omgangsskulelærarane til "Forsangere". Ein skulle vera klokkar på Rennesøy, ein annan på Mosterøy og den tredje på Kvitsøy.

Desse 3 lærarane var svært dugande skal ein døma etter utsegner om dei. Stiftredaksjonen hadde sendt ut eit spørjeskjema om skulestellet i stiftet. Som svar på dette, skreiv sokneprest Heiberg at han "finder alle Lærerne høist fortrinlige". Dei hadde også vore på lærarkurs hos bispen i Kristiansand i 1800. Dei hadde derfor meir utdanning enn lærarar flest i den tida.

Bispen hadde i åra 1799-1803 i alt 5 lærarkurs. Elevane fekk her opplæring i ei mengd med fag (23). Av bylækjaren fekk dei t.d. opplæring i helselære og fekk med seg heim oppskrifter på medisin mot ymse sjukdomar. Bispen sjølv hadde førelesingar om "at opføre sig smukt og sømmelig". (24) I det heile syntes visst både elevane og bispen at dei fekk mykje ut av kursa. Biskop Hansen skreiv såleis at «Hvad der lærtes i denne korte Tid, overgikk enhvers forventelse og forestilling som derved ikke har været vidne». (25)

Kanskje var fagkrinsen altfor stor til at elevane kunne tileigna seg all kunnskapen dei fekk på så kort tid (6 veker). Faye meiner såleis at mange av lærarane kom heim att med den innstillinga at dei hadde fått all verdens kunnskap, og at dette kom til å »forskue og latterliggjøre dem». (26) Høverstad meiner likevel at dei fleste kom til å nytta det dei hadde lært på ein god måte (27) og at mange av elevane kom til å gjera ein stor innsats for skule- og opplysningsarbeidet på bygdene. I alle høve har ein ikkje noko som skulle tyda på at dei 3

frå Rennesøy kom til å oppføra seg unaturleg. Det synest heller å gå fram at dei jamt over har vore dugande lærarar, og at kurset har vore til gagn for arbeidet deira. Dette må i alle høve ha vore bispen si meining. I visitasmeldinga frå 1802 (28) heitte det såleis at lærarane "bleve prøvede den 18de Juni, af hvilke to saa vel havde nytte sin stilling, at bleve tildelt en liden Præmie".

I det heile hadde bispen god tru på nytten av å gje "Oppmuntringspremier" til dugande skulehaldarar. Dette skulle vitna om påverknad frå filantropinismen (29). Han sende såleis ut Kleves forskrifter om skriving til utdeling blant omgangskulelærarane. Lærarane skulle bruka desse til å øva seg i skriving. Prestane skulle gje lærarane eit høveleg stykke å øva seg på. Når presten tykte dei var dugande nok, skulle han gje dei eit nyt stykke. Skriftprøvene skulle så leggjast fram ved visitasen. I eit promemoria av 16. august 1802 gjev han prosten Heiberg ordre om at han skal få inn skriftprøver frå lærarar i kvart prestegjeld. Prosten skal så senda inn dei beste. Dei som då hadde gjort størst framgang, skulle bispen gje premie. Det skulle vera ein premie på 3 på 2 og 1 rdl. Ingen av lærarane i Rennesøy fekk premie på dei innsende skriftprøvene (30).

Likevel skulle den ovannemnde premieringa tyda på at lærarane i Rennesøy også hadde gjort framgang i skriving. Bispen hadde såleis i eit "Monitum" (dat. 11/5-1802) til omgangsskulelærarane i Rennesøy før visitasen (1802) oppmoda dei til å øva seg i dette faget. Dei skulle så leggja fram alle skrivebøker dei hadde ved visitasen. Då skulle dei også leggja fram skrivebøkene dei hadde fått med frå Kristiansand. Lærarane fekk oppmoding om å skriva desse ut før bispen kom.

På visitasen skulle lærarane også prøvast i det dei hadde lært i Kristiansand, og om dei var "gået videre frem i Kundskab". For av alle kunnskapar, seier han, "i hvilket der er givet Undervisning, fordres da og stadig, at det lærte er bevaret og forstaaet". Ein kan difor rekna med at lærarane nytta tida til øving både i skriving og andre fag i dagane før visitasen. Og at i alle høve 2 av dei fann nåde hos bispen.

Elles arbeidde biskop Hansen for å få innført Balles lærebok og Den evangeliske salmebok i staden for Pontoppidans forklaring og Kingos salmebok. I Rennesøy prøvde han såleis å få innført salmeboka. Etter det han sjølv fortel i visitasmeldinga av 1802, så "fandtes Folket almindelig stemt til at ville fra nu af anskaffe sig den og bruge den ved den offentlige Gudstjenesten". Ein kan likevel ikkje rekna med at boka vart teken i bruk. Ho hadde eit rasjonalistisk innhald og med den sterke stoda haugianismen fekk her i desse åra, kan ein ikkje rekna med at ho kom så mykje i bruk. Pontoppidans forklaring var det så vidt ein veit, aldri tale om å skifta ut i dette prestegjelder før i 1890 åra. Det var derfor heller få kyrkjelydar som fylgte bispen sitt råd når det galldt desse bøkene. (31) Som ein før har nemnt, kom ikkje dei rasjonalistiske tankane til å appellera til allmugen på same måte som haugianismen.

Ei anna sak som også biskop Hansen stridde for, kom heller ikkje til å få den framgangen han hadde vona. Han hadde ved skipinga av såkalla "Selskaber til Opplysning og gode Seders Udbredelse" i bygdene vona å gje "nyttig" opplysning til kyrkjelydane. Desse selskapa skulle kjøpa inn bøker og låna ut til medlemene. På visitasane tok han opp arbeidet for å skipa slike lag. Og det vitnar litt om bispen si evne til å få folk med på framlegga sine at han greidde å skipa 34 lag i dei 54 prestegjelda i stiftet (32).

På Rennesøy vart det og skipa eit slikt lag. Her var Heiberg sokneprest. Han var også prost i Stavanger prosti, og var ein ivrig rasjonalist (33). Heiberg var ein mann som bispen lika godt. Han var «en flittig og værdig Mand i sitt Embede», skriv bispen om han (34). Truleg vart leselaget skipa på første visitasen bispen hadde i prestegjeldet i 1799, eller så har Heiberg skipa det like etter. I alle høve var det oppretta ved visitasen i 1802 (35). I visitasmeldinga fortel bispen at «et høitideligt Møde blev holdt den 18de Juni med Leeseskabet der var ligesaa talrigt som det av Prästen, med hans Omsorg var vedligeholdt». Om lag 30 mann vart teikna som medlemmer i dette laget. Dei betalte 1 ort i årspengar, og dersom nokon gav noko ekstra, skulle namna deira innførast i ein protokoll og lesast opp på årsmøtet (36). Også her skulle det bli gitt ros etter eit filantropisk mønster. Bøkene som vart innkjøpte til selskapet, har eit tydeleg "rasjonalistisk" innhald. Ein kan nemna "Staals Wisdomsbog for den christelige Landmand", Halagers "Midler til Overtroens udryddelse", Fleishers "Agerdyrkningens Katekismus" o.s.v.

Leselaget i Rennesøy fekk likevel ikkje den framgangen som sokneprest Heiberg hadde vona. Skriftene han hadde kjøpt inn til selskapet, vart lite lesne. Dette skulda han på den aukande innverknaden som Hans Nilsen Hauge og venene hans fekk i prestegjeldet (37). Han sende difor klage på haugianarane til bispen. Dette skrivet sende biskop Hansen til Kanselliet i København. Han sende med eit fylgjeskriv der han går sterkt mot forkynninga til Hauge og meiner at Kanselliet må finna åtgjerder til å stogga verksemda hans (38). Dette skrivet fekk så Kanselliet til å senda førespurnader om Hauge og rørsla hans i Noreg. Dei innkomne svara førde til at Hauge vart fengsla.

Sokneprest Heiberg sende óg svar på denne førespurnaden (dat. 2/8-1804) (39). Av dette svaret går det fram at han ikkje såg med blide auger på arbeidet til haugianarane i bygda. Han hadde teke John Haugvaldstad i forhøyr og set forbod mot møteverksemda hans (40). John Haugvaldstad vart seinare den leiande for haugianarane på Vestlandet, og sette djupe merke på denne rørsla. Han vart også ein drivande mann innan næringslivet i Stavanger. Nokon motstandar av skule- og opplysning var han ikkje. Han gav såleis pengar til å få i stand ein lærde skule i Stavanger (41). I 1842 gjekk han i brodden for å skipa Det norske misjonsselskap.

I svaret sitt namngav Heiberg også andre som han rekna til haugianarane. Såleis nemner han to blinde på garden Hodnefjell, Willum Willumsen og Knud Jakobsen. Desse to var kjende lekpreikarar i Rogaland i desse åra. (42). Knud Jakobsen vart også fengsla for forkynninga si, men straks sleppt laus at.

Ein annan som óg vart nemnd, var Nils Trulsen Bru. Han vart vald som tingmann til omframstortinget i 1814, men fekk ikkje møta på stortinget. Han var komen opp i ei rettssak med soknepresten i Skudeneshavn om fisketiendet året før (43). Dette gjorde at han fekk ikkje ta sete i stortinget før saka var avgjord. Han vann saka, og vart vald til stortingsmann att i 1821.

Det var såleis sterke motstandarar Heiberg hadde. Alle fire var lekpreikarar og stod sterkt både i bygda og distriktet elles. Dei fekk alle mykje å seia for det kristelige livssynet for folket i bygda, og for synet på skule og opplæring i lange tider. Mange av tilhengarane deira kom til å halda strengt på skulen som kristendomsskule og religiøs oppsedar. Det var såleis på garden Hodnefjell dei budde dei som kom til å gå i brodden mot Jensens lesebok i 1860-70-åra.

Førarane for lekmannsrørsla var ikkje imot skule og opplysningsarbeid i prestegjeldet. Motsetningstilhøvet til Heiberg syntes heller å ha personlege årsaker. Heiberg var ein autoritet blant prestane i samtidene, og han prøvde å styra prestekallet med makt og mynde. Dette var nok ei av årsakene til at han fekk folket mot seg. Dei såg sitt eige livssyn truga. Difor arbeidde dei imot skule- og opplysningsstiltaka hans t.d. leseselskapet. At han melde Hauge, var sikkert ei anna årsak til at folket var mot han.

Ettermannen hans, presten Oftedahl, kom til å få ein heilt annan posisjon i bygda endå om han var like ivrig rasjonalist som Heiberg. Han syntest å ta omsyn til dei religiøse motsetningane i prestegjeldet, og han vann tiltru hos alle lag av bygdefolket. Han kom også til å få dei med på skuletiltak som var både radikale og sermerkte i samtidene.

Oftedahl var fødd i Danmark. Han var lærar på latinskulen i Kristiansand medan Hansen var bisp (44). Han har nok vorte sterkt påverka av den skuleinteresserte bispen. Oftedahl var ein lærde mann, og han var svært god til å tala (45). Det var såleis han som heldt talen i Domkyrkja i Stavanger på Universitetsfesten 1811 (46). Det vitnar litt om den rasjonalistiske tida at han her tala i kyrkja om vitenskapen utan å nemna Bibelen og Guds ord i det heile. Likevel var denne talen ein av dei beste og mest nøkterne som var halden på denne dagen som elles vart høgtida overalt i landet. (47)

Oftedahl stod ikkje i motsetnad til haugianarane i distriktet. Tilhøvet mellom han og John Haugvaldstad og Nils Trulsen Bru t.d. synest heller å vera svært godt. (48). Oftedahl vart såleis valt til valmann frå Sørbø sokn i 1814. Og mellom dei andre valmennene får prestegjeldet finn ein fleire haugianarar, t.d. John Haugvaldstad. (49) Det er truleg at desse var med og fekk Oftedahl vald til stortingsmann frå amtet. Om det heiter at "man hørte ofte Dahl, men aldri Oftedahl" på riksunderskrifta, så viser likevel det han sa at han hadde klårt skjøn for oppgåva til denne forsamlinga. (50).

I dei åra Oftedahl var på Rennesøy, arbeidde han ivrig for å få til ei betre skuleordning. Han arbeidde for å få fleire lærarar og betre utdanning for dei. Det vart 4 lærarar i prestegjeldet i hans tid. Dette gjorde distriktsinndelinga betre. Kvart barn kunne dermed få lengre skuletid. Oftedahl hadde også ofte ungdomar hos seg for å gje dei opplæring med tanke på å få dei til

skulehaldarar. Ungdomane meinte at han var ein flink lærar. (51). Han greidde også å få lærarløna opp, og fekk til ei ordning med alderstillegg for dei som hadde arbeidd lengst i skulen. I det heile vitnar skulerekneskapen om stor iver for skulespørsmål. Grøgaards lesebok vart kjøpt inn til lærarane i prestegjeldet i 1816, same året som ho kom ut. Papir til skriving vart også kjøpt inn for skulekassen si rekning for første gong. Og inntektene i kassen auka i takt med utgiftene. Oftedahl sjølv gav opptil 4 rdl. til skulekassen. Det var mykje meir enn Heiberg hadde gjeve. Han hadde berre ytt 3 ort. Det var mindre enn det han var pliktig til etter fundasen. At presten var eit føredøme når det galdt å gje pengar til skulen, har også verka inn på dei andre i bygda. Proprietær Garmann på Utstein Kloster gav såleis i fleire år 2 rdl. mot før berre 3 ort. Og dei friviljuge gåvene ved tavlepengar og liknande auka også monaleg. Skuleskatten vart også auka. I det heile ser det ut som om presten har fått folk i bygda med seg til å lyfta skulestellet i åra før 1814.

Det mest sermerkte skuletiltaket Oftedahl freista å få i stand, var likevel ein slags sommarskule for ungdom. I Rennesøy er det denne planen som serleg ber merke av det rasjonalistiske straumdraget i skulesektoren som gjekk over landet i byrjinga av 1800 talet. At Oftedahl sin plan ikkje vart gjennomført, er korkje presten eller bygdefolket si skuld. Det var motstand frå styresmaktene og økonomiske vanskar som til slutt gjorde det av med planen.

I eit skriv som han kallar "Underdanigst Forslag til Fast Skoles Anlæg paa Rennesøy i særdeleshed samt Skolevæsenets tilstand i almindelighed" (52) formar Oftedahl ut skuleplanane sine. Som det går fram av overskrifta, har skrivet to avsnitt. Det eine handlar om skiping av ein fast skule og det andre om betring av omgangsskulen. Han byrja skrivet med ein karakteristikk av den rådande skulereforma. Han skreiv såleis at han lenge hadde vore klår over at "Omgangsskolen ickke magter at give den Aandsdannelse som livet har trøng for". Han meinte at det som gjorde omgangsskulen så dårlig, var den korte undervisningstida. Serleg var det uheldig at det var så lange mellomrom mellom kvar gong barnet kom i skule. Dette at ingen gav borna bokleg opplæring i den tida læraren var annan stad, «standser Undervisningens Frugter», skriv han. At folk hadde så liten vørtnad for skulehaldaren var óg til skade for heile skulen. Han skriv at «Den vulgariserende Form Skoletiden fra Tid til Tid omgives med og muligens den Raadighed som alle tillader sig over Skoleholderen i hans stadige Færdsel, er til Krænkelse for ham og foragt for Børnene». Alt dette gjorde nytten av undervisninga liten. Ein må vera «glad ved at daarlig Læsning i Bog og Kundskab i halvhed maa blive dennes Frugt». Skulle difor tilhøva bli betre, måtte lærarane få betre utdanning og løn. Dette var det viktigaste vilkåret for å få i stand ein betre skule. Dette synet var han ikkje áleine om. Men det var vanskeleg å få noko endring på grunn av den gjeldande skulelova (53).

Oftedahl skreiv også at det var ynskeleg at "videlystne og velbegavede" born kunne få betre utdanning. Dette skulle straks og utan større vanskar gå i orden i Rennesøy, skreiv han. Han hadde lenge hatt ein plan for ei slik undervisning, men "fordi den mulig kunde afvige alt for

meget frå det som meir vise afgjør”, så hadde han halde sitt ”noget umodne Forslag tilbage”. Men han fann nå at tankane hans samsvara med eit rundskriv frå biskop Keyser. I dette skrivet nemnde bispen dei krava ein burde setja til omgangskulelærarane. Han minte også prestane om at dei under konfirmasjonsførebuinga måtte leggja merke til ungdomar som hadde evne og hug til å bli lærarar. Prestane skulle ta seg av utdaninga av dei, anten i prestegarden eller på annan stad og prøva og gje dei opplæring som svara til den dei kunne få på eit seminar. For Keyser hadde ikkje noko tru på seminaropplæring i byane. Det same meinte også biskop Bugge i Trondheim (54).

Oftedahl har truleg tenkt seg at skulen hans skulle gje vidare utdanning for gåverik ungdom i bygda. Presten skulle på denne skulen plukka ut dei flinkaste og gje dei opplæring slik at dei kunne verta dugande omgangskulelærarar. Han kan ha meint at lærarane burde få opplæringa i den bygda dei var ifrå og skulle arbeida i seinare. Mange prestar var imot å få seminarutdana lærarar på bygdene. Dei meinte at lærarane frå byseminar ville få vanskar med å tilpasse seg tilhøva i bygdene både med kost og arbeidsvilkår. ”Eg har frabedt mig saadanne amfibiers ansættelse her i prestegjeldet”, skreiv såleis ein prest i Trøndelag. (55).

Oftedahl skreiv nøye og detaljert om korleis planen hans skal gjennomførast i Rennesøy. Han ville byggja skulehuset på prestegarden. Huset skulle vera i 2 høgder slik at læraren og elevar som hadde lang veg, kunne bu i huset. Han rekna nok med at naturtilhøva ville hindra mange elevar frå å koma heim kvar dag. Klasserommet skulle vera 10 alner langt og 8 alner breitt. Læraren skulle få ein husmannsplass under prestegarden der han kunne fø 2 kyr og 10-12 sauер, men han skulle vera fri det vanlege pliktarbeidet på prestegarden. Løna hans skulle dessutan vera om lag 20 rdl.

Talet på elevar skulle vera om lag 20. Dei skulle betala 48 skilling månaden i skulepengar. Det skulle vera 4 gratisplassar for fattige. Skulen skulle helst vera for gutter. Det var dei som hadde mest bruk for opplæring. Men var det plass, kunne også jenter få gå på skulen. Ingen kunne bli elev før han var 11-12 år og ”færdigen kunde læse i Bog”. Undervisninga skulle gjevast i dei 5 sommarmånadene frå mai til september. Då sparde ein brenselsutgiftene, og elles var det eit meir ”hiertelig” samband mellom foreldre og born i heimen om vinteren, meinte Oftedahl.

På skulen skulle det gjevast opplæring i rekning, skriving, kunnskap om naturen, fedrelandet og andre ”nyttige Kundskaber som den tænkende Almuesmand kand og bør vide”. Undervisning i morsmålet skulle gjevast i samband med skriving, og i rekning skulle det gjevast serleg vekt på hovudrekning. Og ”Megen Tid burde tillige Øvelse i at læse med rigtigt Tonefald”, skreiv han.

I skrivet kom han også med framlegg til timeplan. Det skulle gjevast opplæring i 7 timer dagleg. Dagen skulle byrja med ei salme, og i dei 2 første timane skulle det gjevast undervisning i barnelærdomen. Elles vart dagen inndelt frå klokka 7 om morgonen til 6 om

kvelden med fritid og matpausar mellom timane. (56). Dagen skulle så avsluttast med bøn og salmevers.

Skulen skulle haldast frå mai til september. Men elevane skulle ha fri i våronna, slåtonna og haustonna (i alt 6 veker) slik at dei kunne hjelpe foreldra heime på gardane. Læraren trong også fritida til å gjera unna arbeidet på garden sin. Han skulle elles ha eit omgangsskuledistrikt om vinteren. Det ser såleis ikkje ut til at Oftedahl tenkte å bruka huset til skulestad for småborna. Noko avløysing for omgangsskulen skulle såleis ikkje denne fastskulen vera.

Dette var nokre av hovudpunktene i framlegg til Oftedahl om fast skule for gåverik ungdom i Rennesøy. Eg kjenner ikkje til andre slike framlegg i samtidene. Men både fagkrins og skuleskipnad liknar lærarkursa til biskop Hansen i Kristiansand. Det er difor truleg at Oftedahl har hatt desse kursa som føredøme. Elles hadde det kring hundreårsskiftet blitt sett i gang ymse lærarseminar både i Tønsberg, på Toten og i Trondheim. (57). Truleg har han også kjent til dei. Tidlegare styrar av seminaret i Tønsberg, Langberg, var prost i Stavanger på denne tida. Kanskje har Oftedahl hatt planar om eit lærarseminar i Rennesøy. Men sidan desse seminara hadde møtt så store vanskar, ville han i staden få i stand ein vidaregåande skule for den mest gåverike ungdomen i bygda, og så heller ta seg serleg av dei som skulle bli skulehaldarar. Det var i 1817 434 born under 16 år i prestegjeldet (58). Han ville såleis ha eit godt utval til ein klasse på 20 elevar. Derimot kunne det berre bli aktuelt for nokre få av desse å bli lærarar. Det er difor grunn til å tru at Oftedahl bygde på Ideane i samtidene om å skipa lærarkurs, men at dette kurset i Rennesøy også skulle gje vidare opplæring også til bygdeungdomen.

Bygdefolket må ha fått tru på skuletiltaket til Oftedahl. Same året som han forma framleggget (1812), kom det inn 24 rdl. i "Collect til skolen". Dette var heller mykje når ein samanliknar med heile skuleskatten i prestegjeldet. Denne hadde kvart år vore om lag 14 rdl. Folk gav såleis meir i kollekt enn dei betalte i skatt. På same tid vart også skuleskatten sett opp med 8 sk. utan at ein finn døme på at nokon har nekta å betala.

Denne offerviljen viser at folk i bygda var viljuge til å betala til eit skuletiltak dei hadde tru på. Om mange kanskje var usamde med presten sitt rasjonalistiske livssyn, så har dei utan tvil lika han og hatt tru på han. Han var nok også i stand til å overtyda dei om kva gagn dei kunne ha av ein betre skule. Sjølv gjekk han som nemnt i brodden for yta til skulen. Og ein har før vore inne på at dei friviljuge ytingane, t.d. tavlepengar og liknande auka monaleg då Oftedahl var prest. Dette kan få ein til å tru at folk i Rennesøy ikkje var så redde for å stø heller radikale skuletiltak i denne tida og gje økonomisk stønad når det vart appellert til offerviljen deira. Sympati og antipati mot presten eller dei som bar ideane fram, har vore ein viktig faktor for korleis folk stilte seg til skuletiltaka.

Kanskje har også haugianismen verka stimulerande på kunnskapstrøngene hos mange i bygda på denne tida. På møta kom dei saman med folk frå andre bygder og landsdelar. Sambandet

mellan haugianarane rundt omkring i landet vart i stor mon halda oppe ved brev (59). Dette auka trøgen deira etter å læra å skriva. På same tid var mange haugianarar dugande forretningsmenn. Eit yrke som kravde kjennskap til rekning. Lekmannsforkynninga kravde også eit visst mål av kunnskap hos forkynnaren. Dei mange lekpreikarane og haugianarane på Rennesøy kan difor ha sett dette skuletiltaket til Oftedahl som verdfullt for seg og sitt syn. Oftedahl hadde også gjeve kristendomsopplæringa ein så brei plass at det var ingen grunn for lekfolket å gå mot skuleplanane fordi dette faget hadde fått for lite rom. Mange faktorar kan såleis ha vore medverkande årsaker til at så mange syntest å gå inn for skuletiltaket til Oftedahl.

Oftedahl fekk ikkje godkjenning på framlegget sitt hos nokon offentleg instans. I ei melding han sende til stiftsdireksjonen (dat. 28. mai 1815) (60), går det fram at han hadde sett i gang skulehusbygging så ungdomen kunne "lære noget meer end i Omgangsskolerne". Han hadde funne lærar, Maarthen Olsen Stølen, som han "til dette fandt bekvemmelig". Læraren hadde også fått ein husmannsplass av prestegarden. (Bygselbrevet ligg ennå i privat arkiv). (61)

Maarthen Olsen Stølen stod for bygginga av skulehuset. I ei påskrift til skulerekneskapen 1813 står det at "da Skoleholder Maarthen Olsen Stølen har faaet 3 Maaneders Frihed til at arbeide paa sin Bolig med det til Fast Skole bestemte Huus, saa falder, efter forening med ham selv for dette halve Aar hans halve Løn Skolekassen til Indtægt".

Stølen må ha vore svært interessert i tiltaket sidan han ofra halve årsløna si på det. Rett nok arbeidde han samstundes på eigen bustad som skulle vera i skulehuset, men likevel er dette eit vitnemål om kor oppglødde Oftedahl kunne få folk til å gå inn for planane sine. Stølen vert elles nemnt som lærar i omgangsskulen i Aske sokn 1811-1818. Han døydde ung.

Før ein under arbeidet med denne oppgåva kom over den ovannemnde meldinga i Statsarkivet i Kristiansand, har det ikkje vore kjent korleis det gjekk med skuletiltaket til Oftedahl. I Rennesøyboka (s. 50) vert det såleis rekna med at skulen var i gang i åra 1813-1819. Dette må vera feil, sidan det går fram av skrivet frå Oftedahl at fastskulen aldri kom i gang. Men huset vart reist, og grunnmurane på Longemann nedanfor Hausken prestegard har like til våre dagar stått som eit vitnemål om dette skuletiltaket.

Skulestova vart bygt i samsvar med framlegget frå 12. oktober 1812, men huset vart ikkje heilt ferdig. Det går såleis fram av den før nemnde meldinga til stiftsdireksjonen i 1815 at huset stod ferdig, men var utan vindauge og innbu. Det var likevel ikkje meir som stod att enn at huset kunne «alligevel giøres i denne Vinter brugbart til Øyemedet». Men fordi han ikkje har fått godkjenning av det offentlege, kan han ikkje gjera meir, skriv han, "uden høiere Autoritet, da jeg ønsker, hvor vilig jeg er til snarlig Opofrelse, at bygge paa offentlig Grund". Han hadde heller ikkje meir pengar, og skulekassen var også "fattig". Han gjorde difor framlegg om at skulekassen fekk låna pengar av fattigkassen. Av dette skulle noko nyttast til å gjera skulehuset ferdig. Resten skulle brukast til å dyrka opp eit stykke av prestegarden, og

inntektene av dette stykket skulle så skulekassen få. Skulekassen skulle på denne måten få jamne inntekter og betala attende lånet av fattigkassen med renter.

Dette har utan tvil vore ein altfor original måte å skaffa pengar til skulekassen. Amtmann Krogh skreiv såleis i eit fylgjeskriv at sidan ”der forestaar Landets Skolevæsen Reformer, og at den Faste Skolen, som er bragt i Forslag skulde føre til større Udvidelse end den som allerede er anlagt paa Rennesøy, synes det raadeligst at der for Tiden ikkje anvendes mere Pengar paa dette indskrænkede Lokale, men at videre omkostninger indstilles, inndtil hans Høyerværdighed Herr Biscoppen har indtruffet under Visitas og da taget dette Anlæg i Øyensyn”. (62). Såleis enda planane Oftedahl hadde om fastskule for ungdomen på Rennesøy. Dette var nok eit hardt slag både for Oftedahl og bygdefolket.

Tiltaket som både prest og kyrkjelyd hadde hatt så stor tru på, vart det såleis ikkje noko av. Det er grunn til å tru at dette førde til ein reaksjon mot alle nye skuletiltak i bygda. Kanskje finn ein att noko av denne reaksjonen i striden mot fastskulen seinare. Kring 1814 vart det også økonomiske nedgangstider for heile landet. (63). Dei dårlege økonomiske tilhøva fekk konsekvensar for skulen. Såleis går det fram at skulerekneskapen i Rennesøy vog jamt med om lag 26 spd. i 1816. Det var ikkje eingong nok pengar til å betala løn til lærarane. Til samanlikning kan ein nemna at i 1812 hadde heile rekneskapen vore på om lag 100 rdl. Skuleskatten vart også sett ned i 1816 til 10 sk. på kvar gardbrukar. I det heile kom det til å gå lang tid før skulebudsjettet kom opp i same storleik som det var då Oftedahl var prest.

Oftedahl vart ikkje verande så lenge på Rennesøy. I 1817 vart han utnemnd til prest i Kristiansand og vart seinare stiftsprost der. Medan han var i Rennesøy, skreiv han ei katekismeforklaring. Ho kom ut i 1814, men vart aldri nytta. Ho var rasjonalistisk, og Oftedahl hadde oversett Luther sine tekstar heller fritt. (64)

Før han reiste frå Rennesøy, skreiv Oftedahl ei interessant skildring av natur og folkeliv prestegjeldet. (65). Serleg gjev denne eit godt inntrykk av næringslivet i den tida. Elles skildra han folkekarakteren og lynnet hos folket i prestekallet. Ein tek med eit lite utdrag her (66). ”Almuens charakteer er i det Hele godmodig, og skjøndt boende nær ved en Bye, synes den ei at være smittet af udsvævende laster. Den er paaholdende, sparsom og i det daglige Liv meget tarvelig, men røber Vedhængenhet ved alt det som er gammelt, og som den er vandt til. Hviddingsøes Beboere have et mer frit Væsen, hvilket vel er en Følge af deres jevnligere Omgang med Fremmede”. Vidare heiter det at «drukkenskab i daglig Levemaade er sjeldent bland denne Almue».

Denne karakteristikken av bygdefolket kan høva også når det gjeld deira forhold til skulespørsmål i åra framover. Utviklinga her ”røber Vedhængenhet ved alt som er gammelt, og som den er vandt til”. Ein finn ikkje døme på liknande krafttak for skulen som då Oftedahl var prest. Det vart heller sterkt motstand mot alle nye skuletiltak heilt fram til 1860-åra. Kanskje var denne varsemda som nemnt også ei fylgje av krafttaket og nederlaget då Oftedahl var prest.

Av andre prestar i Rennesøy framover mot 1860-åra kom både Salvesen og Bessesen til å vera interesserte skulemenn. Andre av prestane gjorde berre det som vedkom skulen som ei embetsplikt. Ved lova av 1827 vart det sett opp visse reglar og normer for skulestellet med serlege minstekrav. Det vart såleis ei plikt for bygdene å oppfylla minstekrava i lova.

Prestane fekk difor betre stønad i lov og reglement enn prestane før hadde hatt. Dei kunne meir med lova i hand krevja tiltak gjennomførde. Her stod prestane heilt frå 1739 til 1827 i ei anna stode. I dette tidsrommet var det meir opp til presten kva han greidde å gjennomføra. Plakaten hadde gitt bøndene så stor makt i skulespørsmål at det dei ikkje var med på, kunne heller ikkje gjennomførast.

Gjennomføringa av skulelova frå 1827 vart likevel i stor mon avhengig av presten sin innsats. Di betre han kunne overtyda folk om nytten av lova, di lettare gjekk det med gjennomføringa. Folk såg ofte skulekrava frå presten som noko spesielt. Også etter lova av 1827 var konfirmasjonen det endelege målet for skulen. Kravet til kunnskap kunne skifta frå prest til prest. Kanskje hjelpte det for den som var mest tungnæm eller lite arbeidsviljug, å gje ei gåve til presten (67). I Rennesøyboka er det fortalt om presten Bessesen at han var strid med konfirmantane. Dette førde til at det kom mange smørholkar og liknande til prestegarden ved konfirmasjonstider. Også plasseringa på kyrkjegolvet kunne vera avhengig av slike gåver. (68).

Somme prestar hadde heller ikkje den moralske standard som bygdefolket venta av ein prest. Det vart fortalt om presten Rode i Rennesøy (1840-1851) at han ikkje kunne tala i kyrkja utan at han var full. Han laut også ofte ha to menn til å halda seg oppe på hesteryggen når han skulle til kyrkja så han ikkje skulle detta av. Han vart til slutt avsett (69).

Om slike prestesoger er heilt sanne, kan nok vera uvisst. Likevel gjev dei ei viss mening om kvifor folk ikkje alltid brydde seg så mykje om dei krava og framlegga presten kom med. Kanskje hadde dei ikkje alltid kjensle av at saka var i heilt trygge hender hos han. På den andre sida hadde nok prestane sine vanskar med å skjøna bygdefolket. Mange av dei var vaksne opp i eit helt anna miljø enn bygdemiljøet på Rennesøy. Og omstillinga kunne nok vera vanskeleg. Prestane kjende seg sikkert ofte einsame i det likeglade eller i det tronge pietistiske miljøet- Dei såg liten trøng til opplysning blant folk flest. Prestane kom alt i alt til å vera berarane av skuleframgangen i prestegjeldet. Mange av dei laut strida for å få gjennomført krava som lov og styresmakter sette. Somme møtte større vanskar på grunn av si personlege overtyding eller av personlege forhold, men alle var på ein eller annan måte med på å auka bygdefolket sitt skjøn for verdet av kunnskap og opplysning.

Frå 1860 blei ikkje presten åleine om å arbeida for skule og opplysning i Rennesøy. Det vart etter kvart menn av folket som kom til å hjelpa han i dette arbeidet. Framleis var det han som var formann i skulekommisjonen og hadde ansvaret for skuleutviklinga, men han stod ikkje lenger åleine. Mange av bygdefolket hadde etter kvart øygna verdet av kunnskapen.

I denne utviklinga hadde også omgangsskulen og omgangsskulelærarane vore ein viktig faktor. Denne skuleforma hadde trass i usle kår gjeve bygdefolket eit visst mål av kunnskap, og vore med og skapt trøng for ein betre skule.

### Omgangsskulen og omgangsskulelærarane

Ved dei ulike skulefundasane som vart vedtekne kringom i bygdene i byrjinga av 1700 talet, vart grunnlaget lagt for den vidare skuleutviklinga. Endå om mange av fundasane ikkje sette så store mål, og endå om mange av dei ikkje vart gjennomførde i den mon som var venta, så fekk i alle høve bygdene her ei ytre ramme for skuleverket sitt. Det var denne ramma prestane og andre skuleinteresserte hadde å gå etter når skulen skulle ordnast. Og det var denne ramma lærarane skulle fylla med eit brukande innhald.

I skulelova frå 1739 heitte det at bygdene skulle få i stand anten faste- eller omgangsskular. Det vart denne siste skuleforma som vart den mest vanlege i bygdene. Naturtilhøva og det økonomiske og kulturelle tilstandet i landet gjorde denne skuleforma mest praktisk. Gardane låg så spreidde og vegane var så dårlege at det var vanskeleg å samla nok born til ein eigen fast skule på ein lagleg stad i bygda. Dei økonomiske og kulturelle tilhøva gjorde heller ikkje fastskulen som skuleform mogleg. Folk flest hadde nok med å greia den daglege utkoma, og dessutan hadde dei ingen trøng til kunnskap. Å byggja skulehus og betala læraren var difor meir enn dei fleste bygder kunne eller ville makta.

Omgangsskulen var sett på som både høvelegare og billegare. Her kom læraren sjølv rundt på gardane og samla borna i grannelaget til skule. Borna fekk såleis relativt kort veg til skulen. Dei kom ikkje bort frå heimen, og skulen kom i nær kontakt med foreldra. På dei fleste gardar vart skulen halden i stova der husfolket dreiv med arbeidet sitt. Også dei vaksne kunne såleis få nytte av undervisninga.

Læraren hadde rett på mat og husvære der han heldt skule. Dette var ei form for betaling som høvde godt i naturalhushaldet sine dagar. I nokre bygder meinte dei dette var nok betaling. (1). Men i dei fleste bygder fekk lærarane noko løn i reie pengar. Endå om denne løna ofte var mindre enn løna til tenarane på garden, tykte likevel folk flest at løna var for stor (2). Dei tykte ikkje skulearbeid var noko å betala for. Dei usle kåra som vart bodne både læraren og skulen, kom til å verka inn både på verdet og verdsetjinga av denne skuleforma.

Omgangsskulen vart ulikt verdsett medan han var rådande skuleform på landsbygda. Seinare biskop Jakob Neumann skreiv i 1803 at ein måtte sjå omgangsskulane "enten som levninger frå en barbarisk Tidsalder, da man endnu ikkje havde tänkt riktig over Børneundervisningens Hensigt, Gjenstand eller Medthode, eller som Nødværge mod Brutalitet i saadanne Lande eller Egne, hvor localiteten ikkje tillader at oprette faste Skoler" (3). Om verdien av den skuleforma heiter det at «dens Grugter ere aldrig, hvad de burde være, positive, men overalt blot negative gode». På den andre sida har ein Bjørnson's

klassiske skildring av omgangsskulen og omgangsskulelæraren om lag 50 år seinare. Etter denne skildringa fekk elevane i omgangskulen både kunnskap og oppseding på ein måte som berre den beste skulen kunne gje.

Men frå om lag same tid som Bjørnson skreiv, har ein ei anna fråsegn om omgangsskulen, nemleg den som Ole Gabriel Ueland gav då odelstinget drøfte skulelova av 1860. Han hadde sjølv vore omgangsskulelærar i Rogaland i mange år, og kjende dei vanskelege vilkåra som lærarane arbeidde under. Han gav ei mørk skildring av omgangsskulen, dei tronge stovene og usunne arbeidstilhøva. Det måtte verta slutt på desse gamaldagse tungvinte skuletilhøva, meinte Ueland. I så måte samsvarar synet hans med Neumanns (3).

Det er vanskeleg å gje ei samla vurdering av omgangsskulen i Noreg. Tilhøva var altfor ulike frå stad til stad. Både lærar og born, foreldre og prest gjorde skulen til det han vart på kvar stad. Visseleg var han ein brukande veg til kunnskap og opplysing i mange bygder i samtidia. Krava i så måte var ikkje så store. Ofte vart kanskje presteskapet sin dom over omgangsskulen vel hard i forhold til tilhøva på landsbygda i samtidia. Prestar og bispar såg tilhøva ut frå andre føresetnader enn bøndene, og hadde andre målestavar når det galdt skule- og opplysningsnivået på landsbygda i samtidia nokså lik for heile landet (4). Ein kan difor i stor mon rekna med at preste- og bispefråsegner om omgangsskulen frå 1739 og utover er pålitelege kjelder.

Desse fråsegnene vitnar og om framgang og framvokster for skulen. På 1700 talet lærde såleis folk på landsbygda meir mannjamt å lesa i bok. (5). Og i byrjinga av 1800 talet vart også kunnskap i skriving og rekning meir vanleg. Trongen formeir kunnskap auka etter kvart hos bygdefolket. Denne trongen var omgangsskulen med og skapte.

Preste- og bispemeldingane i åra framover frå 1739 omhandlar likevel helst det ekstraordinære i skulen. Anten vert kanskje den heilt gode læraren nemnd eller så får ein på den andre sida ei skildring av det därlege arbeidet i skulen. Det daglege livet og det vanlege arbeidet får ein ofte lite inntrykk av. Dei meldingane som ligg føre om skulen i Rennesøy framover frå 1700 talet, er heller knappe. Det er difor grunn til å tru at skulen her ikkje merkte seg ut i noko lei. Han var truleg for det meste av medels standard og gav medels resultat.

Korleis opplysningsstilstandet var i prestegjeldet i 1730-åra, har ein lite kjennskap til. Ein har såleis ikkje noko reelt grunnlag for å vurdera den seinare utviklinga. I ei visitasmelding av biskop Kærup i 1738 heitte det berre at "Ungdommen var denne gang bedre oplyst end ved næst førre Visitats" (6). Kva tilhøve bispen har gått ut frå, veit ein ikkje. Men i eit fylgjeskriv til visitasmeldingane frå stiftet, skreiv han at ungdomen "især de lærevillige blandt dem, i god Oplysning Stand, saavidt deris Fattelse de hittil lært Luther's Catechismus Ord samt Rostochs og Bornemanns Forklaringinger har formaadet at lære". Ein kan difor rekna med at den større opplysningsa var noko meir kunnskap i religion. Korleis det stod til med

lesedugleiken blant ungdomen kan ein vanskeleg slutta seg til av denne meldinga. Kunnskap i lesing var nokså vanleg på landsbygda i Noreg i byrjinga av 1700-talet. (7). Det er grunn til å tru at dette også galde Rennesøy. Også i Rennesøy var det somme foreldre som sjølve ordna med leseopplæring for borna sine. Sokneprest Hielm fortalte såleis at somme foreldre underviste borna sjølve. (8).

Av framlegg til Hielm går det ikkje fram om han rekna med noko ordna leseopplæring av alle borna i prestegjeldet. Med den korte skuletida vart det i alle høve lite opplæring deknen kunne gje i tillegg til kristendomskunnskapen. Ein kan difor ikkje rekna med noko ordna leseopplæring i prestegjeldet før fundasen av 1754 vart sett i verk.

På denne tida heitte det og om deknen at han las godt og kunne sin barnelærdom. (9). Korleis det stod til med deknane sin kunnskap tidlegare, veit ein ikkje noko om. Men både biskop Kærup og Paludan syntest å finna kristendomskunnskapen i prestegjeldet tilfredsstillande. Såleis heiter det i meldinga til Paludan om visitasen i Rennesøy 1753 at "Ungdommen især den Konfirmerede var ikke ilde undervist". (10). Men etter visitasen i heile stiftet gav han likevel ei heller mørk skildring av skulen og opplysingstilstanden i bispedømet. (11). Frå visitasen i 1757 heiter det om Rennesøy at "Ungdommen var ikke blitt forsømt". Etter desse meldingane å døma fann ikkje bispen noko serleg å utsetja korkje på deknen eller ungdomen sin kunnskap. Den stod vel på høgd med det vanlege kunnskapsnivået i bispedømet.

Då biskop Hagerup kom på visitas til prestegjeldet i 1780, fann han ikkje skulestellet "i den beste stand". (12). Men han gav "Ungdommens Oplysning" karakteren "taalelig god". Serleg fann han ein "blindfødt der svarede fortreffelig vel". Dette var truleg ein av dei to blinde på Hodnefjell som seinare fekk så mykje å seia for det religiøse livet i bygda. (13). Bror til ein av dei blinde, Ommund Willumsen, skal ha vore lærar for John Haugvaldstad (f. 1770) (14). Han skal ha gitt borna ei solid opplæring i kristendomskunnskap, og han underviste også litt i rekning. Men det vart mindre med norskopplæringa. Kanskje av den grunn hadde alltid John Haugvaldst vanskeleg for å formulera seg skriftleg, ?. Det var truleg berre dei færreste som fekk opplæring i å skriva. Ein veit i det heile svært lite om skuleopplæringa i prestegjeldet før århundreskiftet. Også i den allmenne skulesoga finn ein få opplysningar om dette. (16). Det var ei tid då det hende svært lite innan skulesektoren i landet. Korkje riksstyret i København eller stiftsdireksjonane i Noreg syntest å ta noko serleg initiativ i skulesaker. Skulen på landsbygda i Noreg heldt difor truleg fram nokolunde i samsvar med dei retningslinjene fundasane frå 1740-50 åra hadde staka opp.

I byrjinga av 1800-talet får ein etter kvart fleire opplysningar. Biskopane Hansen og Sørensen kom i Kristiansand stift til å få meir orden på skulestellet. (17) Det vart etter kvart meir vanleg å føra bøker over skuleskipnaden i bygdene, og bispane kravde meldingar om skulestellet til ulike tider. Serleg kravde biskop Sørensen nøyaktige opplysningar om skuleskipnaden i bygdene. (18).

I ei melding frå Rennesøy til stiftsdireksjonen i 1815 heiter det i ein merknad at alle elevane kan lesa. (19). Somme av elevane har fått karakteren "Læser godt i Bog", andre at dei "Læser svagt". Av same meldinga gjekk det også fram at nokre av elevane lærde å rekna. Om ein del av elevane heitte det såleis at dei "Lægger sammen". Men det var færre som kunne skriva. Såleis fekk berre ei jente merknaden at ho kunne skriva, men det var fleire gutar som kunne denne kunsten.

Etter meldinga å døma varierte alderen på elevane frå 5 - 6 år til 14 – 15, og skulesøknaden kunne vera frå ein og opptil 66 dagar på kvar elev. Skulesøknaden var elles svært ulik i dei fire omgangsskuledistrikta. Læraren sin dugleik og personlegdom har nok vore ei medverkande årsak til dette. Interessa for skulen kunne også variera frå distrikt til distrikt. I alt har 108 gutar vore på skulen i 2837 dagar. Dette vert om lag 26 dagar skule i gjennomsnitt på kvar gut. På same tid var det 75 jenter som hadde vore på skulen i 1530 dagar. Gjennomsnittsskuletida for jentene var såleis om lag 22 dagar. Gutane nytta seg litt meir av skulen enn jentene. Likevel syntest jentene sin skulesøknad å vera god i prestegjeldet. Den vanlege meiningsa var at jentene ikkje hadde noko serleg bruk for bokleg opplæring på den tida. (20). Nokre av jentene fekk elles merknaden at dei var "svært flittige".

Dei fleste borna i Rennesøy fekk såleis mellom 20 og 30 dagar skule i 1815. Skuletida for dei fleste elevane var såleis kort. Men dette var nok den mest vanlege skuletida på landsbygda i Noreg i denne tida. (21). Likevel var skuletida for kvart barn, som nemnt, temmeleg ulik. Som grunnar for dette har ein av lærarane nemnt sjukdom og "dels andre høiverdige Aarsager", t.d. kalde dagar, korte dagar med mørke, lang veg og liknande. Det er også rimeleg å tru at mange foreldre heldt borna borte frå skulen når det var arbeid som skulle gjerast heime på garden. Men dette vart ikkje ført opp av nokon lærar som grunn for fråværet. Derimot skreiv alle at ingen hadde «nægtet at imodtage Skolen». I det heile ser det ut til at det var få foreldre i Rennesøy som nekta å gje rom for skulen. Det er såleis berre nokre få gonger nemnt at folk i bygda nekta å «imodtage» skulen. Dei få gongene dette er nemnt, har grunnen vore at dei som nekta ikkje hadde born. Berre ein gong går det fram av kjeldene at nokon har fått mulkt for dette. Det var i 1859. Då laut ein gardbrukar på Åmøy betala to spesidalar til skulekassen fordi han ikkje ville gje rom for skulen. (22).

I 1817 vart det sendt liknande melding som i 1815 til stiftsdireksjonen om skulehaldet i Rennesøy. Denne er nokså lik den førre, men det går fram av denne meldinga at fleire elevar lærer å skriva og rekna nå enn i 1815. Det var nok presten Oftedahl sitt arbeid for skulestellet i Rennesøy som nå tok til å bera frukt. Presten hadde også sjølv undervisning i skriving og rekning. Såleis fortel han i eit skriv i 1815 at han har hatt borna frå dei nærmaste gardane hos seg i prestegarden for å læra dei å rekna. (23), men så hadde det blitt misnøye med at borna var så lenge heimanfrå. Han hadde difor måttta slutta med denne opplæringa. Elles skreiv han i same meldinga at dersom skuletida hadde vorte auka frå 32 til 36 veker for dei ulike omgangsskuledistrikta i prestegjeldet, så hadde eit "Kiært Ønske" for han blitt

oppfylt. Men denne auken i skuletida kom ikkje før i 1828. Då vart skuletida i kvart distrikt auka til 36 veker, seinare til 38 veker. Det var krava i skulelova frå 1827 som skulle oppfyllast.

Lova frå 1827 sette opp skriving, rekning og song som obligatoriske fag forutan lesing og kristendomskunnskap. Men det ser ikkje ut til at alle borna i Rennesøy fekk opplæring i desse faga i åra framover. Det går fram av ei melding frå sokneprest Bessesen til stiftdireksjonen i 1837 at det dette året var 322 skulepliktige born i prestegjeldet. (24). Av desse hadde 66 lært å skriva og 20 lært å rekna på tavle. Men kvar elev lærde å rekna litt i hovudet.

I den meldinga soknepresten sende inn året etter med opplysninga til utarbeidingsa av den offentlege statistikken frå 1837, (25) skriv han at alle elevane lærde å rekna og 136 lærde å skriva. Når det gjeld skriving, var dette ein stor auke frå året før. Det er såleis grunn til å tru at skriveopplæring tok til å verta meir vanleg ved skulane i prestegjeldet i 1830-åra. Serleg var det nok gutane som fekk læra denne kunsten. Talet på elevar som fekk læra å skriva, har såleis ikkje auka noko serleg i åra framover. Såleis er det i 1843 ført opp at 122 av 314 elevar lærer å skriva. I 1853 får 130 av 328 elevar skriveopplæring. Det er såleis ikkje nokon serleg auke frå 1830-åra. (26).

Når det gjeld rekning, så vart det i 1843 ført opp at alle elevane hadde rekneopplæring. Men i 1853 er talet berre 83. Dette har truleg samanheng med at det berre er sendt inn oppgåve over dei elevane som fekk opplæring i skrifteg i rekning. Øving i hovudrekning fekk truleg alle elevane framleis.

Endå om det etter kvart vart meir opplæring i rekning og skriving, var omgangsskulen ein lese- og kristendomsskule. Det var dette som var hovudfaga, og det var desse faga det vart lagt mest vekt på. Dette går til dømes fram av ein timeplan som vart utarbeidd for Stavanger prosti i 1844. (27). Timeplanen ser slik ut:

Timerne	Nederste Afdeling	Øverste Afdeling
Time 9 – 10	Indgangsbøn og Afsyngen av et Psalmevers	
	Overlæsning paa Lectien i ABC	Overhøring av Lectien i Forklaringen eller Catechismen.
Time 10 – 10 ¾	Catechismuslectien høres udenad	Skrivning
Time 10 3/4 -11	Friqvarter	

---

Time 11-11 ¾	Indenadlæsning i A.B.C. eller på Tabellerne eller Catechismen under Lærernes m.v. ordning og Forklaring	Overlæsning paa Lectien i Bibelhistorien. Overlæsning paa Lectien i Forklaringen.
--------------	---	--

---

#### Fritime

Time 1 ¼-2 ¼	Bibelhistorien fortælles og deri examineres og overhøres.
--------------	---

---

Time 2 /1-2 ¾	Skrivning paa Tal og Bogstaver.	Tegning.
---------------	---------------------------------	----------

---

Time 2 3/4-3 ¼	Sangøvelser og Slutningsbøn.
----------------	------------------------------

---

Denne timeplanen vart truleg mønsterplan for prostiet og dermed også for Rennesøy prestegjeld, men ein har ikkje funne avskrift av planen i noko arkiv i Rennesøy.

Det er likevel rimeleg å tru at han har vore mønsterplan for omgangsskulane i prestegjeldet. Denne timeplanen er dessutan svært lik den første timeplanen for fastskulen som ein finn i skuleprotokollen i 1859. (28). Ein kan difor gå ut frå at det daglege livet både i omgangs- og fastskulen har gått så nokolunde etter denne planen i 1840 - 50 åra.

Dei bøkene som vart brukta i omgangsskulane, var først og fremst Luthers Katekisme og Pontoppidans forklaring. Det var desse bøkene presten la til grunn for konfirmasjonen. Difor galdt det å kunna mest mogleg av det som stod i desse bøkene utanåt. Det var innprentingsmetoden som vart brukta i skulen. Det galdt å kunna katekismetekstane og spørsmåla og svara i forklaringa. Alt Luther hadde peika på dette som ein brukande opplæringsmåte. (29). Det galdt om at folk lærde "den rette trua". Pietismen hadde nok i nokon mon vendt seg frå denne bokstavtreldomen. Det som vart lært, skulle også verta forstått. Likevel var det ordspugget som vart rådande utover på 17- og 1800-talet. Både lærarar, prestar og bispar spurde meir etter tekstane i bøkene enn etter om tekstane var forstått. Dette hadde både samanheng med den därlege utdanninga til lærarane og den korte skuletida. Lærarane makta ikkje noko anna undervisning enn å spørja etter boka.

Mange bispar og prestar meinte det heller ikkje var mogeleg for elevane å kunne klara å læra meir enn dei viktigaste katekismetekstane på den korte skuletida. Kunne borna dei, så kunne dei i alle høve noko. (30).

Katekisma, forklaringa, nytestamentet og liknande bøker vart nytta i leseopplæringa. Dei såkalla ABC-bøkene hadde ofte berre alfabetet i byrjinga av boka. Resten var katekismetekstar. (31). Elles kom Grøgaard si ABC og Grøgaard si lesebok i bruk i mange bygder på 1800-talet. Grøgaard meinte at ein i skulen måtte bort frå det åndlause Pontoppidan pugget. (32). Borna skulle skjøna det dei lærde. Han tok difor med noko enklare lesestoff i ABC boka. Dette stoffet kom til å verta mislika mange stader.

Grøgaards lesebok kom meir i bruk enn ABC-a. Grøgaard hadde henta historisk stoff frå Bibelen til denne leseboka. Boka vart såleis både lesebok og bibelhistorie. Lova av 1827 kravde opplæring i bibelhistorie. Ut over på 1800-talet vart difor denne boka nytta både som lesebok og bibelhistoriebok. men etter kvart kom det lettare og betre bibelsoger som vart tatt i bruk mange stader. (33).

Grøgaards lesebok vart kjøpt inn til skulane i Rennesøy alt i 1816, same året som boka kom ut. Det vart kjøpt inn fire eksemplar – eitt til kvar lærar. I 1822 vart det kjøpt inn i alt 22 bøker. Desse var meint til utlån til fattige born. Grøgaards lesebok er nemnt i skuleprotokollane heilt fram til 1870-åra. Det var såleis ei bok som vart mykje nytta i prestegjeldet.

Då fastskulen i Hausken kom i gang i 1850-åra, vart Grøgaard si bok skift ut med Knutsens lesebok på denne skulen. Denne boka var på mange måtar lettare enn Grøgaards lesebok, og ho vart bruka i mange skular i landet kring 1850. (34)

I rekning hadde dei færraste elevane lærebok. Som nemnt tidlegare, fekk dei fleste elevane opplæring i hovudrekning utover i 1830 – 40 åra, medan heller få fekk opplæring i å skriva tal og rekna. Ein av omgangsskulelærarane har fortalt at han kjøpte seg Kramers reknebok. (35). Denne boka kosta 4 ort, og han laut kjøpa henne for eigne pengar. Ein kan difor gå ut frå at det heller ikkje var mange av lærarane som hadde reknebøker.

Til skriving brukte dei fleste tavle og griffel. Av og til ser ein at skulekassen har kjøpt inn tavler og griflar til fattige born. Det har også blitt kjøpt inn papir til skriveopplæringa av og til. Det var elles opp til foreldra å skaffa dei skrivesakene til borna som dei hadde råd til. Ein kan såleis rekna med at det har blitt bruka både papir og blekk og tavler og kritt i skriveopplæringa frå 1840-åra og utover.

På timeplanane er det også oppført teikning. Om elevane har fått prøvt seg på dette faget i Rennesøy i 1840 åra, veit ein ikkje. Kanskje kan dei ha fått lov til å teikna på tavlene i ledige stunder.

I songopplæringa kom etter kvart salmodikonet i bruk på 1800-talet. I eit rundskriv i 1838 gjorde stiftsdireksjonen kjent at ingen ville få av bli godkjente som lærarar og klokkarar utan at dei kunne spela på salmodikon. (36). Ein kan ikkje finna at dette instrumentet har blitt kjøpt inn av skulekassen i Rennesøy, men ein må vel likevel gå ut frå at somme lærarar kjøpte seg dette instrumentet sjølv.

Utstyret til læraren var såleis ikkje stort. Det var ikkje mykje han skulle ta med seg frå gard til gard. Stort meir enn han fekk plass til i skrinet sitt, var det ikkje. Lærebøkene var dyre å kjøpa både for lærar og elev. Undervisninga i omgangsskulen vart nok ofte keisam både for begge partar. Mange elevar kom til å halda seg mest mogeleg borte frå skulen.

Etter lova frå 1827 hadde ikkje foreldra plikt til å senda borna på skulen meir enn nokre få gonger i veka etter at borna hadde fylt 12 år. Mange foreldre nytta seg av dette i Rennesøy. Dette meinte sokneprest Bessesen var ei av dei største hindringane for skulestellet i prestegjeldet. (37). Berre dei därlege lærarlønene var ein større vanske. Han skreiv i meldinga nemnt ovanfor at det var i alt fem elevar som ikkje hadde søkt skulen i 1836. Men dette vona presten snart ville verta retta.

I 1853 meldt at 13 elevar ikkje hadde søkt skulen. Dette skulle tyda på at talet på elevar som ikkje møtte på skulen hadde auka. Dette tilhøvet kan også ha hatt samanheng med den auka skuletida i 1827-lova. Fråværet kan også ha vorte meir nøyaktig bokført i 1830-40 åra, og utslaget på statistikken dermed vorte større. Det synest som om skulekommisjonen i Rennesøy nå vart meir oppteken av skulefråværet. Det er såleis først nå at ein finn døme på at dei vil senda skulepliktig ungdom til tukthuset for konfirmasjon.

På landsbasais varl det på 18. hundretalet mange ungdomar som måtte på tukthuset for å få den kristendomsopplæringa som var nødvendig for å kunna verta konfirmert. (38). Det var eit kongebod frå 1764 som hadde peika på denne utvegen til å læra ungdomen barnelærdomen. Utover på 1800-talet hadde det minka på talet på ungdomar som vart dømde til å verta konfirmerte på tukthuset. Det er difor interessant å leggja merke til at presten i Rennesøy var ein av dei siste prestane som ville freista denne utvegen. Tukthuskonfirmasjonen vart nemleg forboden ved lova av 1860. (39).

Det var ein gut som heitte Jakob som sokneprest Hammond melde til prostiet 14. mars 1856. (40). Presten skreiv her at Jacob, som nå var 21 år, ikkje på fleire år hadde vore tilstades på skuleeksamingane endå om han hadde fått bod om å møta. Presten hadde også fleire gonger tala med foreldra, men dette hadde heller ikkje nytta. Første gongen hadde faren sagt at ”sønnen led av saar i Hovedet” og kunne difor ikkje møta fram. Andre gongen hadde faren sagt at han ingen ting kunne gjera då guten ville gå på skulen. Presten skreiv vidare at han ikkje hadde hug til å bruka tvang, men sidan han ikkje såg nokon annan utveg, så måtte han nå be styresmaktene ”træffe saadan Foranstaltning at bemeldte Jakob kand blive konfirmeret i sin Daabes Pagt”.

Prostiet ba om nærmere opplysninger om kristendomskunnskapen til "bemeldte Jakob". I svaret sitt heldt presten fram at korkje han eller læraren visste det, men læraren hadde sagt at det "i saa henseende maate å staa maadelig til". Likevel hadde Jakob nå møtt fram på skulen eit par dagar, så presten ba difor om at saka måtte verta utsett.

Men det vart med desse to-tre dagane. I eit nytt brev til prostiet fortalte presten, at han hadde snakka med guten. Presten hadde då tilbode guten å koma til prestegarden for å få opplæring. Men dette var han ikkje viljig til. Presten meinte difor at noko laut gjerast.

Bispen gav løyve til at Jakob skulle meldast til amtet. I eit skriv til amtmannen seier presten at «uagtet det kand være mislig at anvende Tvang saa finder jeg mig dog under disse Omstendigheder beføied til nu at anmeldte Sagen, Redelig Kiærliheds tvinger meg til saaledes at søge ham meddelt ham Kundskab i den Christelige Religion, til hvad Gavn den dog skal blive ham, faar staa i hans Haand, der formaar at vække Liv i det døde».

Amtet gjekk med på søknaden frå presten, og guten vart dømd til tukthus for å bli konfirmert. Først då tok guten til å gå på skulen. Presten sökte difor amtet om utsetjing for han. Jakob kunne nemleg «til dels ved Stavning finde sig i Indenadslæsning i Det Nye Testamentet og kiende en Deel af Katekismuslæren saa nogenlunde udenad». Desse kunnskapane fann presten tilfredsstillande, og Jakob vart truleg konfirmert i 1859 utan å ha vore på tukhuset.

Kanskje hadde guten små evner, og tilhøva var truleg både fattigslege og vanskelege i heimen. Presten har vel kanskje også vore for stivbeint og kravstor i førstninga. Likevel fortel dette tilfellet noko om vanskane i omgangsskulen. Det var ikkje alltid så greitt korkje for prest eller lærar når dei møtte uvilje hos folk. Og oftast gjekk uviljen mot skulen utover læraren. Det var han som var den personifiserte skulen i omgangsskulen si tid. Det var han som var det viktigaste "meuble i Skolen" som biskop Bugge uttrykte det. (41).

Kven vart så omgangsskulelærarar? Høverstad har serleg peika på tre grunnar til at ungdomar valde dette arbeidet. (42). For det første kunne det vera folk som ikkje ville eller dugde til noko anna. Det kunne vera folk som på ein eller annan måte hadde mislukkast i livet eller som hadde kroppslege skavankar. Desse tok gjerne på seg skulearbeidet for å få seg hus og mat. Slike lærarar var nok ikkje med på å auka vyrdnaden for skulen. (43).

For det andre tok mange på seg skulearbeid for å sleppa militärtenesta. Etter "Plakaten" hadde omgangsskulelærarane rett til å sleppa eksisen dersom dei arbeidde ei viss tid i skulen. Mange såg difor lærararbeidet som ein utveg til å sleppa ei plikt dei var lite huga på. Oftast vart ikkje desse lærarane lenge i skulen. Dei slutta for det meste så snart plikttida var ute.

For det tredje var det ungdomar som valde lærararbeidet av idealistiske grunnar. Desse såg lærararbeidet som den einaste utvegen til bokleg kunnskap og utdanning i samtidia. Dei fekk låna bøker hos presten, og sanka seg såleis kunnskapar som dei elles vanskeleg kunne ha

fått. Mange av dei fann truleg også trivnad i skuclearbeidet. Dei lika å gå rundt frå gard til gard og prata med folk. Og mange lika også arbeidet med borna. Dei såg det som ei oppgåve å gje borna opplysning og opplæring.

Ein veit ikkje med visse kva som fekk ungdomar i Rennesøy til å ta på seg skuclearbeid. Årsakene kunne nok vera mange. Det er likevel ikkje noko som tyder på at det har vore reine dugløyser til lærarar. Dette ville kome fram i bispe- og prestemeldingar. Dei fleste var frå bygda og skilde seg lite ut frå bygdefolket elles. Mange av dei var sterkt religiøse, og tok oppgåva som kristendomsforkynnare alvorleg. (44). Mange valde nok skuclearbeid framfor militærteneste av religiøse grunnar. Den korte tida dei fleste var i skulen, skulle tyda på at eksisen også i Rennesøy var ei viktig årsak til at folk tok på seg lærararbeid.

Ein av omgangsskulelærarane i Rennesøy, Willum Jacobsen Hodnefield, skreiv i 1860-åra ned nokre minne om den tida han var lærar i prestegjeldet. (45). Dette kan kanskje ikkje reknast for eit historisk dokument sidan det er skrive etter minnet. Mangt kan han ha mishuga, og mangt kan ha fått ein annan dåm i alderdomen enn det var i røynda i ungdomen. Likevel gjev skriftet hans ein interessant karakteristikk av skule- og opplysningstilstanden i prestegjeldet då han var omgangsskulelærar. Ein vil difor ta med noko her.

Willum Jacobsen var fødd i 1808 på garden Hodnefjell på Mosterøy. Han fortel om sin eigen skulegang at mora lærde han å lesa. Sidan fekk han noko opplæring hos morbroren i katekisme og forklaring. Då han var 17 år skulle han "bæredes til Konfirmation". Presten la nok merke til at dette var ein flink gut, for straks etter konfirmasjonen vart han sett til lærar på Rennesøy. Men seier han, "da eg ikkje kunde regne og kuns lidet skrive, tilbød Præsten mig at give lidt Undervisning i disse Fag, førend jeg begyndte Skolen. Jeg var da hos ham en Uge, dette var alt".

Willum Jacobsen tok til som lærar i 1824, og var lærar i 7 år. Slik skildrar han skulen på den tida: «Skolen holdtes altid i det Huus hvor Familien oppholdt sig. Børnenes Antal, som søgte Skolen paa engang var almindelig 10 a 12, dog hendte det at antallet kunde stige til 30. Nogen Instruks for skolelæreren kjendte man ikke til, der holdtes Skole hele Dagen med kuns to Timers Ophold. Børnene læste alle høit, hver i sin Bog efter deres Fremgang. Under al denne Summen sad Qvindfolkene borte i Stuen og surrede med sin Rok, medens de nynnende paa en Psalme, en Vise eller en Dans. Under saadanne Omstændigheder kan man læt tænke sig en Skolemesters Gjerning just ikke var misundelsesværdig. Man kan dog ikke sige, at Folket i Almindelighed havde liden Agtelse for Skolen, hos mange gjorde man sig al mulig Flid for at det kunde være Orden og Rolighed medens Undervisningen foregikk, ligesaa ogsaa Skolemesteren næsten overalt blev behandlet med Humanitet og Velvillighed, om man havde noget at udsætte paa Bagen, skal jeg lade überørt - - - -. Om undervisninga fortel han at «det som i begyndelsen faldt mig mest besværlig ved Undervisningen var Cathekisationen ved Overhøringen av Udenadlæsningen som i Regelen foregikk hver Løverdag. Den anstrengte mig saa, især naar det kom Folk ind for at høre der paa at Sveden randt ned ad Ansigtet som om jeg stod ved et tunge arbeide».

Willum Jacobsen fortel elles at lærarløna rakk ikkje langt. Han skulle av denne løna kjøpa seg klede og sko, og dessutan kjøpte han ofte bøker og skrivemateriell til skuleborna. Det var berre interessa for skulen og opplysningsarbeidet som gjorde at han heldt ut i skulen, fortel han. Han skrev at "jeg lignede mig den bekjendte Pestalozzi der ikke havde Tanke for andet en Ungdommens Undervisning".

Willum Jakobsen tok til med ei løn på 8 spd. for året. Dette var den vanlege lærarløna i prestegjeldet i mange år. Dei første lærarane fekk truleg denne løna då skulen kom i gong i prestegjeldet i 1750-60 åra. I alle høve er 8 rdl. oppført som lærarløn i den første rekneskapen som ligg føre. Medan Oftedahl var prest, vart løna, som nemnt annan stad, auka til om lag 12 rdl. Men i dei vanskelege åra etter 1814 vart løna sett ned att. Såleis hadde ikkje skulekassen pengar til å betala ut full løn i 1916. Kvar lærar fekk difor berre fem spd. for dette året. I 1817 vart løna atta sett til åtte spd. Noko av løna vart då utbetalt i reie pengar, resten i naturalia.

Skulelova frå 1827 peika på at 20 spd. burde vera minsteløn. Dette rådet vart ikkje fylgt i dei fleste bygder. (46). I Rennesøy vart løna sett til 15 spd., men det var mange av medlemmene i skulekommisjonen som gjekk i mot denne auken. Dei såg auka lærarløn som "trykkende for Almuen". (47), men det går fram av møteboka at presten til slutt greidde å få alle med på å setja løna til 15 spd.

Denne løna vart nytta som minsteløn i prestegjeldet heilt fram til lova av 1860 kom, og amtstinget skulle fastsetja minsteløna. Skuletida var, som nemnt annan stad, i 1830-åra om lag 38 veker. Det var såleis ikkje stor vekeløn lærarane hadde. Det var difor ikkje rart at dei fleste lærarane slutta etter få års arbeid. Sokneprest Besessen skrev i den tidlegare nemnde meldinga til stiftsdireksjonen i 1837 at dersom skulen skulle ha nokon framgang i prestegjeldet, så måtte lærarane si løn "klækkeligen forhøies". Då kunne ein "med Grund haabe, at faa interesserede duelige Skoleholdere, og at beholde dem i nogen Tid". Slik tilhøva var nå skreiv han, slutta dei fleste etter eitt – eller i høgda få års teneste, og dette var til stor skade for skulen.

Somme lærarar fekk av og til alderstillegg. Då kunne løna kom opp i om lag 17 eller 20 spd. I 1842 vart det vedteke at skulehaldar Jørgen Johnsen Bjerga skulle få 17 spd. i løn. Han hadde då hatt arbeid i skulen i 10 år. Det er berre få gonger at slike lønssaker har vore drøfta i skulekommisjonen. Lærarane ser ut til å ha kome med små krav i så måte. Dei fleste var som nemnt, berre få år i skulen, og dei har funne seg i lønsvilkåra slik dei var. Mange kjende seg nok også usikre i arbeidet sitt. Dei tykte dei kom til kort. Dei våga difor kanskje ikkje å krevja meir løn for arbeidet. Dei tykte kanskje ikkje at dei hadde utdanning og føresetnader til å stilla krav om høgare løn.

Omgangsskulelærarane i Rennesøy fekk lærarutdaninga si hos presten. (48). Det var helst flinke konfirmantar presten tok til lærarar. Medan dei var hos presten, hadde dei 16 sk. dagen i kostpengar. Dette vart løyvt av skulekassen. Utdaninga kunne vera frå nokre få dagar

opptil eit par veker. Dessutan skulle presten vera rundt på skulane og rettleia lærarane i undervisninga. Det var såleis ikkje mykje opplæring lærarane fekk.

Etter utdaninga hos presten skulle dei prøvast og utnemnast av prosten før dei fekk arbeid i skulen. (49). Prost, prest og biskop kunne også setja av ein lærar dersom dei ikkje fann han dugande. Ein finn ikkje døme på at nokon lærar i Rennesøy har vorte avsett, men dei laut ofte fram til overhøyring både når bispen og prosten kom på visitas.

Biskop Sørensen prøvde alle lærarane i prestegjeldet på visitasen sin i 1821. (50). På same visitasen vart dei fleste lærarane i stiftet prøvde. Han gav dei karakterar for "Kristendoms-kundskab", "Kateketisk Gave", "Lesning", "Regning", "Sang" og Forhold". Dessutan fekk han også skriftprøver av dei. Karakterane han gav var mg – g – noegenlunde – maadelig – taalelig – slet-ikke. Bispen var nok streng med karakterane. Det var berre 10 som fekk mg i kristendomskunnskap i heile stiftet. I "Kateketisk Gåve" var det berre 3, i lesing 14 og i rekning ingen som fekk mg. I song fann han berre 2 som fortente mg og i "Forhold" berre 6. Lærarane i stiftet fordelte seg elles på alle dei andre karakterane i skalaen.

Av dei tre lærarane i Rennesøy var det ingen som fekk mg i noko fag. (51). Men det var heller ingen som fekk dei to därlegaste karakterane. I rekning fekk dei alle "maadelig". Endå om ikkje dette var nokon god karakter, så var det 32 % av lærarane i heile stiftet som fekk "ikke". Mange av desse var frå Rogaland. Ein kan difor gå ut frå at det ikkje stod så heilt därleg til med reknekunsten mellom lærarane i prestegjeldet på den tida. Noko hovudrekning kunne dei i alle høve. Dei hadde dei hatt ein flink lærar i Oftedahl. Som rasjonalist la han sikkert vekt på å gje lærarane opplæring i meir enn i lesing og kristendomskunnskap. Alle lærarane fekk «godt» i lesing og i "Forhold". Dette var dei mest vanlege karakterane bispen gav i desse faga. I kristendomskunnskap fekk to «godt» medan Maarthen Olsen Stølen fekk «temmelig godt». Lærarane ser ut til å vera därlegast i "Kateketisk Gave" eller "Forstandsøvelse". To av lærarane fekk "taalelig" og en "maadelig". Dette samsvarar elles med karakterane til dei andre lærarane i stiftet der 41 % av dei fekk frå "maadelig" og nedover i denne disiplinen. (53). I song fekk alle «godt». Ein ser at bispen vurderte lærarane i Rennesøy nokså likt. Det er ingen av dei som skil seg ut frå dei andre. Heller ikkje skil lærarane i dette prestegjeldet seg ut frå gjennomsnittet i stiftet.

Det var sikkert ikkje så greitt for lærarane å måtta stå fram til overhøyring. Kunnskapane deira var nok oftast små, og agen for presteskapet stor. Så det var nok ikkje alltid så lett å gje svar. Verst var det nok når overhøyringa gjekk føre seg i kyrkja, og folk i bygda høyrde på.

Det hende også at lærarane måtte fram til overhøyring i skulekommisjonen. I referatet frå møtet i skulekommisjonen 28. august 1826 heiter det såleis: "Efter at Provsten tillige med Sognepræsten nøie hadde undersøgt Skoleholdernes Lærerdugelighed befandtes Reimers at fortiene for Undervisning i Indenad læsning karakteren Meget godt, for Undervisning i Katekismeforklaring næsten godt. Johannes Johnsen Hodnefield for Undervisning i Indenadlæsning Temmelig godt», for Undervisning i Katekismeforklaring Temmelig godt.

Willum Jacobsen Hodnefield for Undervisning i Indenadlæsning Næsten godt, for Undervisning i Katekismeforklaring Temmelig godt. Saaledes behøver da alle fire Skolemæstere endnu noen Undervisning i Indenadlæsning forbundet med Forstandsøvelser". Det var denne disiplinen Willum Jacobsen også nemnde som den vanskelegaste i boka si. (54).

Presteskapet var stort sett nøgde med lærarane i Rennesøy. Det er berre få gonger at ein finn at nokon har fått nokon merknad om sitt "Forhold". "De er alle velagtede, hæderlige Mennesker" skreiv sokneprest Bessesen om dei i 1837. (55).

Alle lærarane i prestegjeldet var svært unge. Medelsalderen for dei var berre 22 år i 1837. Gjennomsnittsalderen for lærarane låg mellom 20 og 30 år. Det er svært sjeldan å finna lærarar i Rennesøy som var over 30 år før i 1850 – 60 åra. I så måte samsvarar dette med resultatet av Høverstad sine granskingar at det var få gamle omgangsskulelærarar på landsbygda.

Kva for resultat vart nådd med omgangsskuleforma i Rennesøy? Det var nok ikkje så mykje kunnskap elevane fekk med seg frå denne skulen. Det syntest likevel som om dei fleste av borna fekk den kunnskapen som var vanleg på den tida. Både skule og heim var med i dette opplæringsarbeidet. For mange barn og unge var den praktiske opplæringa dei fekk heime den viktigaste, men den boklege opplæringa i heim og skule vart også etter kvart meir verdsett. Såleis fortel sokneprest Bessesen i den før nemnde meldinga si i 1837, at Selskabet for Norges Vel hadde fått i stand ei boksamling i bygda. Det var også skipa eit leseselskap som syntest å fanga meir interesse enn det tidlegare leseselskapet til Heiberg. Bessesen fortel at denne «Indretning bar bidraget meget til Almendannelsens fremme». Selskabet omfattes med Interesse og Bøgerne bruges med Begjærlighet, ligesom Læselysten er stor saa Udgangen sandsynlig bliver god for denne gode Sag».

Likevel såg presten fram til "Skolevæsenets vider Fuldkommenhed". Til det meir «fullkomne» nemnde han fastskulen. Kravet i lova frå 1827 om ein fast skule i kvar bygd vart eit mykje drøfta og omstridd spørsmål i prestegjeldet i 1830 – 40 åra.

### **Fastskule ved hovudkyrkjene – lova av 1827**

Lova av 1739 hadde sett opp både omgangsskule og fastskule som høvelege skuleformer. Bygdene sjølve kunne velja kva for skuleform dei ville nytta seg av, men det vart omgangsskulen som vart den vanlege skuleforma i flest alle bygder. Omgangsskulen var billeg, lettast å administrera og høvde best i dei mange veglause og grisgrendte bygdene i Noreg. Det var såleis svært få fastskular som kom i gang i åra mellom 1739 og 1827. )1). Somme rasjonalistiske prestar hadde nok hatt planar om fastskular, men som oftast hadde desse planane stranda på motstand frå allmuge og styresmakter.

Det var serleg i somme bygder på Austlandet det hadde kome i stand fastskular før 1827. (2). Etter den off. statistikken var det i alt 121 fastskular før 1827, men i dette talet var også medrekna faste skular ved verk og bruk (3). Visseleg var dei leiande innan kyrkje og stat tidleg klår over føremonen med fastskulen (4), men korkje lovgeving eller dei økonomiske og kulturelle tilhøva på bygdene hadde gjort ei slik reform gjennomførleg.

I lova av 1827 var eit at dei viktigaste krava at det i kvart prestegjeld skulle vera ein kyrkjesongar som også skulle vera lærar ved fastskulen i hovudsokna. Såleis vart kravet om i det minste ein fast skule i kvart prestegjeld lovfest. Ein skulle difor venta ein stor auke i talet på faste skular, men denne auken syntest ikkje å koma i første delen av lovperioden. Etter statistikken vart det i det første tiåret berre kome i gang 49 fastskular på grunnlag av lovkravet (5). Det var framleis 182 prestegjeld utan fast skule, og dei fleste elevane gjekk framleis i omgangsskulen. I Kristiansand stift var det såleis berre 21 av 58 prestegjeld som hadde faste skular. Det gjekk såleis heller seint å få dette punktet i lova gjennomført. Kva var grunnane til dette? I statistikken frå 1837 vert nokre av grunnane tekne opp.. Mellom anna syntest ein av grunnane å liggja i sjølve lova. Det var ikkje plikt for prestegjeldet å få i stand fastskule før enn "de nuværende Klokkere eller Degne paa landet afgaae". Der det var tilsett klokkarar før 1827, kunne dei førebels sleppa unna lovkravet. Dette synest å ha vore årsak til at Rennesøy kunne "sleppa" unna i så lang tid. Klokkaren var her nemleg tilsett før 1827. Han var ikkje lærar, og så seint som i 1840 var han klokkar ved hovudkyrkja (6).

Skulekommisjonen her hadde såleis lovleg grunn til å koma unna kravet om fastskule heilt fram til 1840-åra. I 1837 reknar statistikken med at det var 151 klokkarar i heile landet som var fritekne for alt skulehald. I mange bygder kunne dette vera ei rimeleg orsaking for å sleppa unna lovkravet. Likevel kom mange prestegjeld ikkje til å få i stand fastskular fordi om klokkaren gjekk av. I mange prestegjeld syntes dei ikkje å bry seg om kravet i lova.

Departementet kjem i 1837 inn på dette og meiner å finna grunnen både i dårleg økonomi i bygdene og i uvilje mot å yta pengar til skulen. Denne uviljen trudde departementet kom av at "Landalmuen" trudde dei var i "Besiddelse af den Forrettighed framfor andre Borgerklasser, at deres Børn skulle opdrages paa Statens Bekostning". Bygdene meinte at dei hadde krav på stønad av Opplysningsvesenets fond til skulestellet. Mykje av det beneficerte godset høyrde frå gammalt av til kyrkjene og kyrkjeeigaren på landet. Mange meinte difor at Opplysningsvesenets fond skulle kosta alt skulestell på landsbygda. Dette var nok eit rettkome krav. Lenge fekk allmugeskulen svært liten stønad av dette fondet. Først ved stortingsvedtaket i 1842 vart stønaden til allmugeskulen auka (7). Det var då Ueland og andre bondetingmenn tok saka opp og fekk henne gjennomførd.

I samband med skulestatistikken 1837 drøfte også departementet spørsmålet om bygdefolket hadde for stor makt i skulespørsmål. Det heiter såleis at ein kan ikkje venta at folk som sjølve lite eller inkje har lært, skal forstå nytten av at borna deira får meir kunnskap. Formannskapslovene, som nett var vedtekne, hadde heller ikkje departementet noko tru på ville føra til betring av skulestellet i første omgang. "Det ligger i Sagens Natur at

communerne første Gang vilde vælge sine Formænd eller Representantar i Særdeleshed blant de Almuesmænd, der have forskaffet sig et Slags Tiltro eller Navn ved deres idelige Klager over Undertrykkelse, Mangel paa Sparsomhed o.s.v». (8). Departementet meinte likevel at dei same kommunestyra ein gong "vilde fremkalde nyt Liv i dette viktige Anliggende". Allmugen ville freista å skaffa seg ei betre skuleordning så snart han fekk skjøn for kor viktig kunnskapen var for styre og stell.

Det gjekk likevel lang tid før folk flest fekk skjøn for fordelane med ein betre skule. Difor kom gjennomføringa av lovkravet om fastskule ved alle hovudkyrkjer til å ta lang tid, og møta mykje motstand i mange prestegjeld. Mange av skulekommisjonane freista så godt dei kunne å koma unna dette kravet. Ein har døme på dette i Rennesøy. Om det ikkje kan seiast at skulekommisjon og formannskap direkte sette seg mot fastskule, prøvde dei likevel på mange slag måtar å sleppa unna dette lovkravet.

Spørsmålet om fast skule på Rennesøy var framme i skulekommisjonen første gong 6. desember 1827. Det vart i dette møtet referert skriv frå stiftsdireksjonen med spørsmål om korleis paragraf 1 i skulelova "kunde anvendes paa Rennesø Præstegjeld og hvilke Forslag Kommisjonen vilde fremføre til at etterkomme bemeldte Lovs Paragraf 2 angaaende Klokkergaard og Fast Skole". Kommisjonen svara at kyrkjeeigedomane under hovudkyrkja var bygsla vekk til unge folk. Det var difor ikkje råd å få desse til klokkgard, men kyrkja åtte ein liten gard på Østhus, 1 ½ fjerding vei (om lag 4 km) frå hovudkyrkja. Paktaren av denne garden var oppsagt fordi han ikkje hadde betalt avgifta. Det ville difor høva godt for skulekommisjonen å ta denne til klokkgard. Stovehusa på garden kunne så brukast til skulehus. Skulekommisjonen meinte at det ville høva bra med ein fastskule der. Garden låg såleis midt i eit folkerikt distrikt med 27 "Gaardmænd" og 23 "Husmænd" som ikkje budde lenger frå enn 1/8 mil. Med omsyn til eige hus for fastskulen, meinte kommisjonen at det var vanskeleg å få bygt eit slikt fordi "Præstegjeldet aldeles manglet skog, og skolecassen ei er i stand til at bestride mere end Skoleholdernes Lønninger". Kommisjonen ba difor stiftdireksjonen godkjenna framlegg om garden Østhus til klokkgard og fastskule slik at denne, "saa snart som mulig kan tage sin Begyndelse".

Stiftsdireksjonen godkjende ikkje dette framlegget. Det vanlege var at klokkgarden og fastskulen vart lagt nær hovudkyrkja, ikkje i ein utkant av bygda slik skulekommisjonen i Rennesøy gjorde framlegg om. Saka vart difor sendt attende til skulekommisjonen i Rennesøy (Møte 16/9-29.) Men skulekommisjonen heldt fast på det tidlegare vedtaket. Nokon fast skule kunne ikkje koma i stand "paa grund af Skolekassens Forfatning". Og så lenge klokken levde, kunne heller ikkje stiftsdireksjonen krevja lova gjennomførd. Klokken var kyrkjesongar ved dei 4 kyrkjene på Rennesøy og Mosterøy. Berre på Kvitsøy var klokkarstillinga kombinert med lærarposten. For dette hadde læraren 10 spd. året i løn (9). Klokken ved kyrkjene på Rennesøy og Mosterøy kom til å ha denne stillinga til midten av 1840-talet. Først då kunne stiftsdireksjonen koma attende med nye krav om at prestegjeldet skulle få i stand fast skule og klokkgard slik lova kravde.

Spørsmålet om å få i stand fastskule vart likevel teke opp i ei av annekssoknene. Det hadde som nemnt ein annan stad, kome ny distriktsinndeling i 1835. Prestegjeldet hadde nå blitt delt i 5 skoledistrikts. Ved dette hadde distrikta blitt mindre, og med det skulevegen for borna kortare. I 1837 vart denne distriktsinndelinga teken opp på nytt. Det vart nå vedteke ei omordning av distrikta slik at læraren i Kloster, Reimers, skulle halda skule i huset sitt. Til vederlag for dette skulle Reimers få ei godtgjersle for kvart år på 1 spd. 34 skilling + 90 skilling for lys og brenne. Reimers skulle ha skule i huset sitt i 35 veker. Dessutan skulle han ha 2 veker omgangsskule på Kåda og Hodnefjell.

Korleis denne første fastskulen vart tenkt ordna med omsyn til skulesøknad og liknande, er der ikkje noko vedtak om. Skulen kom heller ikkje i gang. Skulekommisjonen hadde nok ikkje spurt Reimers om han ville ha skule i huset sitt. I eit skriv året etter frå Reimers står det at "flere Omstændigheder forbød ham at give sit tilsagn om fast Skole i sit Hus paa Udsten Kloster Sogn Skoledistrikt". Skulekommisjonen vedtok difor at det ikkje skulle verta noko omregulering av skoledistrikta,. Prestegjeldet skulle ha den distriktsinndelinga som var vedteken i 1835.

I midten av 1840-åra må klokkaren ved hovudkyrkja ha slutta. Det kom nemleg då nytt krav frå stiftsdireksjonen om fast skule, klokkargard og skulehus. Skrivet frå stiftsdireksjonen vart drøfta i skulekommisjonen 23. september 1846. Det vart eit langt møte. Møteboka er såleis førd ei stund både av ordføraren, lensmannen og presten. Referatet er nokså langt, og det ser ut til at det vart brukt stor omtanke med å finna flest mogelege grunnar mot kravet frå stiftsdireksjonen. Det heiter såleis at «Skoleformandskabet erkjender gavnigheden og riktigigheden af en fast Skoles berettigelse i Præstegjældet -- men, at de nuværende Omstendigheder -- ere af den Beskaffenhed, at Udgifterne med en fast Skoles Oprettelse, sammen med Oprettelse af dertil fornødent Hus eller med leie af et saadant, i Forening med den Løn, den ansættendes Lærar burde nyde, maatte for Tiden blive Vedkommende Bidragspliktige altfor byrdefuld». Skulekommisjonen går så over til å skildra dei därlege økonomiske tilhøva som rår i prestegjeldet, og som etter kommisjonen si meining skulle gjera det klårt hvilket kommunen ikkje kunne ta på seg utgiftene med fastskulen nå. Det står i møteboka «at Præstegjældet i det sidste er hjemmøgt af en saagodtsom Total misvægst på Potatis ---, det er vitterlig at hver Mand her i Præstegjældet ikkun har erholdt 1/10 af den sædvanlige Potatis avling ---- og at det er at frygte, at mand inden kort tid i almindelighed vil komme til at savne denne Frugt i Husholdningen først som det daglige Brød, og paa grund deraf komme til at savne Paagangsmod og contante Indtægter til faste Udgifter i Husholdningene».

Potetavlינגane var ei viktig inntektskjelde for bøndene på desse øyane (10). Likevel var det vel lite truleg at stiftsdireksjonen ville godta at den därlege potethausten var god nok grunn til å sleppa lovkravet om fast skule. Dette skjøna nok skulekommisjonen. Den lova å koma tilbake til saka, når tidene vart betre. Førebels ba skulekommisjonen om utsetjing på uviss

tid. Skulekommisjonen kunne ”i den første Tid forstaaelig ei binde sig til de kommende Udgifter med Skoleholder, Bygning, eller paa anden Maade”.

Presten var ikkje samd med skulekommisjonen. Han ville ha saka om fastskulen og klokkgarden ordna så snart som mogeleg. Difor sa han seg viljug til å ta eit stykke av prestegarden til klokkgard. Skulekommisjonen tok ut på oppmåling av stykket med ein gong. Det vart målt opp eit stykke utmark på 3380 kvadratalner. Dette meinte medlemmene av skulekommisjonen var ”tilstrækkelig til ved dyrkning at føde 2 Kører og afgive almindelig Husmandsavling af Korn og Potatis”. Avgifta til prestegarden skulle vera 2 ort, men det vart ikkje gjort vedtak om kven som skulle betala – læraren eller skulekassen.

Då denne synfaringa var ferdig, vart resten av sakene utsette. ”Da dagen med det forhandlede var forløben og Mørket paafaldt, kunde man i dette Møde ikkje foretage nogen Omregulering af Distrigter eller Roder, og derfor utsettes til et senere Møde”.

Men stiftsdireksjonen godtok ikkje skulekommisjonen si grunngjeving om å få saka om fastskulen og klokkgard utsett på uviss tid. I eit nytt skriv (3/6-48) kom stiftsdireksjonen etter med krav om fast skule. Kravet var nå forma mest som eit ultimatum. Prestegjeldet skulle ha ordna med skulehus og lærarjord før året var ute.

I svaret sitt minner skulekommisjonen igjen om den därlege potethausten i 1846. Økonomien i kommunen var i det heile ring. Avlingane hadde slått feil, og hummar- og vårsildfisket hadde mislukkast. Kommisjonen meinte at folk måtte gå «fra Gaard og Grund om forøgede Byrder bliver den for Tiden paalagt med en fast Skoles oprettelse». Dei därlege økonomiske tilhøva hadde gjort at utlegg til fattigstellet hadde auka i kommunen. Kommisjonen meinte difor at den ikkje kunne påleggja folk meir utlegg nett nå.

Eit anna moment som også tala for utsetjing, var etter kommisjonen si meining, arbeidet med den nye allmugeskulelova på stortinget i 1848. Det heiter såleis i møteboka: ”Da det er denne kommisjon bekjendt at det paa næværende Storting vil blive fremsat til Behandling Forslag til ny Lov om Almueskolevæsenet paa Landet, og Kommisjonen staar i det Haab, at denne nye Lov ikke vil gjøre det til ubetinget Pligt at oprette faste Skoler”.

Presten var heller ikkje denne gongen samd med skulekommisjonen. Han har ført til i møteboka at han ikkje er samd i at saka om fastskulen skal utsetjast på uviss tid. Det bør ikkje gå lenger enn 2 år før fast skulen vert ordna, skriv han. Ei lenger utsetjing kan verta ”Menigheden meir til Byrde end til Lykke”. Kravet i lova frå 1827 må nå likevel eingong bli avgjort, meinte han.

Stiftsdireksjonen gav presten medhald og kravde at skulehus måtte vera bygt og fastskule ordna innan utgangen av året 1851. Men skulekommisjonen freista endå ein gong å vri seg unna. Det vart vedteke å søkja om løyve til å leiga eit hus på Ægrene. Dette ville falla billegare enn å bygja nytt skulehus med lærarbustad. Huset på Ægrene var til leige for 10 spd. 4 ort om året. Det var  $7 \frac{1}{2}$  alen langt og like breitt og ”saaledes maaske noget lidet i

henhold til Skolebørnenes antal som nu er 60". Men slik tilhøva var, meinte skulekommisjonen at det fekk greia seg. Det var ikkje noko rom til læraren i huset, så han skulle inntil vidare få vederlag for hus. Elles vart det også i dette møtet peika på at skulekommisjonen framleis venta på ei ny lov for almugeskulen som ville ta bort lovbotet om fastskule i kvart prestegjeld.

Men heller ikkje denne planen om å leige ei krinsstove på Ægrene vart godkjent av stiftsdireksjonen. I april 1850 kom difor saka om bygging av skulehus med lærarbustad opp både i skule- og heradstyret. Det vart nå gjort vedtak om å byggja huset. Skulestova skulle vera  $8 \frac{1}{2}$  alen utvendig i firkant og vera ferdig innan utgangen av året. Vidare vart det vedteke å søkja om eit lån på 200 spd. av Opplysningsvesenets fond, og ei gāve på 150 spd. av same fondet. Dersom prestegjeldet fekk denne gāva, skulle der også byggjast lærarbustad, elles ikkje.

Kommunen fekk både gāva og lånet. I innstillinga frå statssekretariatet heiter det at Rennesøy bør få ei løyving på 150 spd. som "Hjælp til Bestridelse af Omkostningene ved Opførelse ag et Lokale for den Lovbefalte faste Skole og sammes Lære" (11). Lånet vart gjeve med føresetnad av kommunal trygd. Etter ein del ordskeife og skriv til styremaktene vedtok kommunestyret å stilla garanti for lånet.

Kommunestyret hadde saka om fastskulen oppe til avgjerd i eit møte 16. august 1850. På same møtet vart det også valt byggjenemnd. Denne nemnda skulle få tak i material, gjera avtale med bygningsmann og i det heile ha tilsyn med arbeidet. Mykje av arbeidet skulle elles gjerast som pliktarbeid av dei skattepliktige i krinsen. Var det nokon som ikkje ville gjera det arbeidet dei var pålagde, skulle dei bøta med 14 skilling. Det skulle i det heile takast minst mogeleg av kommunale midlar til dette tiltaket, venteleg fordi det berre var ein del av kommunen som fekk nytte godt av huset. Folk i dei andre krinsane var lite huga på å vera med og bera kostnaden til fast skule for Hausken. Det vart rekna slik at sidan det var Hausken krins som fekk nytte av skulen, så skulle også denne krinsen betala han. Dei andre krinsane ville berre kosta den skulen som dei sjølve hadde. Dette var i det heile en vanleg vurderingsmåte når det galtdt kostnaden til dei første fastskulane.

Det første skulehuset på Rennesøy vart ikkje stort. Skulestova var på om lag 9 alner i firkant. Dertil kom ein liten lærarbustad på nokre få rom.

Ti inventar i skulestova ville byggjenemnda ha "Benker, 1 bord, 1 stol og en aaben Hylde til Bøgernes opbevarelse". Korkje hus eller utstyr var såleis noko framifrå. Men det viktigaste var likevel at nå kunne fastskulen kome i gang.

Huset stod ferdig hausten 1850. I dei første åra vart det vanskeleg å få dugande lærarar. Lærarposten hadde såleis kunne vore kunngjord i Stavanger Amtstidende alt i 1849 utan at ein einaste sokjar hadde meldt seg. Skulekommisjonen gjorde difor vedtak om å søkja stiftsdireksjonen om å få ein av omgangsskulelærarane til klokkar og lærar. Men dette gjekk ikkje stiftsdireksjonen med på. Det skulle tilsetjast ein seminarist i stillingen.

Om det lukkast å få ein seminarist til lærar første året, er ein ikkje så viss på. (12). I alle høve har det vore ein omgangsskulelærar konstituert i posten om lag 2 år. Ein kan såleis ikkje rekna med at det vart tilsett lærar med seminarutdanning før hausten 1853. Då hadde det året før vorte ordna slik at klokkaren ved hovudkyrkja også skulle vera klokkar ved annekskyrkjene på Mosterøy og ved kyrkja på Sørbø. Dette gjorde at klokkarinntektene auka. Løna vart nå i alt om lag 70 spd. Dette var visseleg grunnen til at 5 stykke sökte posten då han vart utlyst i 1853. Skulekommisjonen tilrådde at Knud Sælland vart tilsett. Men stiftsdireksjonen fylgte ikkje tilrådinga, og tilsette Enok Gausel. Då han døydde i 1856, sökte Sælland på ny, og denne gongen fekk han posten. Sælland var visseleg ein dugande lærar, som på mange måtar kom til å arbeida for ein betre skule i kommunen. Han var lærar ved Hausken heilt fram til 1882.

Posten ved Hausken faste skule var på 36 veker. Løna var 30 spd. for året. Noko av skuletida (4 veker) skulle haldast på gardane Eltarvåg og Rennaren. Desse gardane låg så langt borte at skulekommisjonen fann at vegen for borna vart for lang til skulen på Hausken. Difor skulle dei få nokre veker omgangsskule kvart år, og dei skulle også ha høve til å koma til fastskulen dersom dei ynskte det. Dette nytta borna seg likevel svært lite av.

Fastskulen vart delt i 2 avdelingar. Delinga skulle vera etter elevane sitt kunnskapsnivå. Etter kvart vart elevane delte i avdelingar etter alder. Berre i serlege tilfelle vart delingar etter kunnskapsnivået. Avdelingane sökte skulen til ulik tid. Det vart her ordna slik at elevane skulle koma på skulen annankvar dag. Dette var ein stor føremon framfor omgangsskulen. Elevane kom til å gå på fastskulen i lengre periodar og i lengre tid av året enn elevane i omgangsskulen som oftast berre hadde korte kurs. Dersom læraren kunne ordna med lekselesing på fridagane for fastskuleelevene, ville elevane her få ei mykje betre og meir effektiv skuletid enn elevane i omgangsskulen. Opplæringa kom såleis inn i fastare former. Læraren hadde utdanning for yrket sitt, og hadde føresetnader for å gje opplæring i andre fag enn lesing og kristendomskunnskap. Truleg var det først ved fastskulen at ein kan rekna med at det vart gjeve skikkeleg opplæring i skriving og rekning. Dei seminarutdana lærarane ved fastskulen skulle også gje vidare opplæring enn lova kravde. Såleis ser ein av skuleprotkollane at lærar Sælland har gjeve noko opplæring i soge og geografi. Han skifte også ut Grøgaards lesebok med Knutsens.

I det heile fekk folk litt etter kvart skjøn for føremonene med fastskulen. Endå motstanden mot han hadde vore stor, skjøna folk litt etter kvart at det var denne skuleforma som hadde framtida for seg. Folk var såleis meir innstilte på å få fastskular då lova av 1860 kom. Lovkravet frå 1827 om fastskule i kvart prestegjeld var såleis med å opna vegen for den store overgangen frå omgangs- til fastskule som tok til med 1860-lova. Då denne lova kom, hadde mange meir skjøn for verdet av fastskulen framfor omgangsskulen. Striden omkring dei første fastskulane hadde såleis i noko mon vore verdfull for den seinare utviklinga, endå om han syntes å skapa mykje uvilje mot skulen medan han stod på.

I Rennesøy har ein eit par døme på kor redd skulekommisjonen var å ta opp nye skuletiltak medan motstanden mot fastskulen var hardast. Såleis kom det i 1849 førespurnad frå prosten om Rennesøy ville ha ein vidaregåande almugeskule – såkalla lærlingeskule – tilknytt fastskulen. Skulekommisjonen svara at ”der ere i Præstegjældet ingen trøng til saadan høiere Skoles opprettelse”. Dei foreldra som ville ha vidare undervisning for borna sine, hadde lett høve til dette, av di Stavanger låg så nær ved. ”Kommissjonen finner derfor saadan Læreanstalts opprettelse i Præstegjældet unødvendig”. Formannen var pålagt ”ikkje at tilføie videre Besvarelse”. Så noko meir snakk om dette framlegget ville ikkje skulekommisjonen ha.

I 1853 kom det eit skriv frå stiftsdireksjonen der det blei spurt om Rennesøy kunne ta imot eit seminar til å utdana almugeskulelærarar for Stavanger og Ryfylke prosti. Det var også spørsmål om Rennesøy kunne yta tilskot til eit slikt seminar når det galdt bygging av hus o.a. Skulekommisjonen svara at det kunne nok vera gagnleg med eit sovore seminar, men prestegjeldet hadde ikkje høve til å ta imot noko slikt. Heller ikkje kunne skulekommisjonen binda almugen til noko tilskot. Elles meinte kommisjonen at omgangsskulelærarane i bygda nå kunne få tilleggsutdaning ved fastskulen. I det heile var nok skulekommisjonen lite huga på å ta på seg meir utlegg til skulestellet. Medlemmene tykte nok utlegga til fastskulen førebels var store nok. Stiftsdireksjonen skulle ikkje få høve til å tvinga inn på prestegjeldet meir utlegg enn det alt hadde.

Spør ein etter grunnen til motstanden mot fastskulen i Rennesøy, så finn ein visseleg nokre av dei same som ein peika på i innleiinga. Visseleg var det i stor mon direkte uvilje og uforstand som gjorde seg gjeldande. Dårleg potetår kunne visseleg ikkje reknast som gyldig grunn til å sleppa gjennomføra ei betre skuleordning. Dei økonomiske tilhøva i prestegjeldet var truleg ikkje fullt så därlege som skulekommisjonen ville ha dei til. Såleis seier sokneprest Bessesen i ei melding til stiftsdireksjonen i 1838, at dei økonomiske tilhøva er så gode at prestegjeldet ikkje treng stønad av Opplysningsvesenets fond. Likevel hadde skatteutlegga auka i Rennesøy i åra framover til 1850. Såleis hadde fattigkommisjonen teke til å krevja inn reide pengar i staden for naturalier til fattigstellet i 1840-åra. Mange hadde difor visseleg tykt at det vart for mykje utlegg jamt over i skattar og liknande. Ein kan difor rekna med at skulekommisjonen var utsett for påtrykk av folk mot å auka utgiftene til skulestellet. Elles hadde folk i prestegjeldet store utgifter til kyrkjebygg nett i 1840-åra. I 1846 vart det bygd ny kyrkje på Aske (13) og det vart i same åra arbeidd med planar for ny kyrkje på Hausken. Denne vart likevel ikkje bygd før i 1850-åra. Utlegga til kyrkjer og til fattigstellet såg nok fok jamt over på som mykje viktigare enn utlegg til skuleføremål. Verdet av skulen var det truleg heller få som hadde noko serleg skjøn for på denne tida. Dertil kom at sokneprest Rode (1840-1851) heller ikkje hadde så stor tillit i prestegjeldet (14). Han var truleg ikkje noko stor kraft i skulekommisjonen. Dette skulle også alle vedtaka for å sleppa unna fastskulen vitna om. Truleg har medlemmene av skulekommisjonen våga seg meir frampå enn dei før hadde gjort t.d. då Bessesen var prest.

Likevel var ikkje motstanden mot fastskulen eit lokalt fenomen. Som nemnt tidlegare, peika statistikken frå 1837 på at dette lovkravet hadde vanskeleg for å bli gjennomført over alt i landet. Etter statistikkane frå 1840 og 1853 syntest det ikkje å koma noko endring i dette. Såleis auka talet på fastskular berre med 219 skular i tida mellom 1837 og 1853. Ein må likevel rekna med at dei fleste prestegjeld hadde fått sin eigen fastskule i 1853. Mange av desse skulane hadde tilhald i leigd lokale. Av dei 419 fastskulane i 1853 var det såleis berre 291 som hadde eige hus.

Endå det gjekk seint mange stader å få gjennomført kravet frå 1827 om ein fastskule i kvart prestegjeld så bar likevel dette kravet på mange måtar bod om skuleformen i framtida. Ved lova av 1860 blei fastskulen gjort til den vanlege skuleformen for landsbygda. Gjennomføringa av 1827-lova skapte såleis grunnlaget for den seinare skuleutviklinga i landet.

## Skulen tek form 1860 – 1889

### Innleiing

Det tok lang tid å gjennomføra skulelova av 1739 her i landet. Korkje lovgjevinga eller samfunnsutviklinga kom frå først av til å skuva på gjennomføringa. I lova frå 1827 vart tankar og krav frå lovgjevinga i 1739 tekne opp på nytt. Desse prøvde styresmaktene å gjennomføra i åra framover mot 1860. Med omsyn til skulelovgjevingsarbeidet var det såleis heller lite som skjedde i dette lange tidsrommet frå 1739 – 1860. Det var eit tidsrom med lite endring i skuleskipnad og opplæringsmåtar. Vilkåra låg ikkje til rette for nokon effektiv skule.

Lærarane hadde lita eller inga utdanning. Skuletida var kort, og tilhøva i omgangsskulen slik at utbyttet av skuletida vart liten. Interessa for og tilslutnaden til skulen frå allmugen si side hadde også vore heller skral. Likevel hadde skulen vorte ein eigen institusjon på bygdene. Trass i usle år hadde skulen vore med på å gje kunnskap og opplysning til det breie lag av folket. Dette hadde igjen vore med på å gjera det mogleg for folk å fylgja med i tida.

Lesedugleik innan allmugen hadde etter kvart blitt vanleg, og kring 1850 tok mange til å verta føre til å skriva og rekna. Etter 1827 tok fastskulen til å slå rot i dei fleste bygder trass i mykje motstand. Folk såg litt etter kvart føremonene ved fastskulen framfor omgangsskulen. I mange bygder gjekk ikkje folk i lengda med på at berre hovudkrinsen hadde fastskule. Det vart etter kvart også reist krav om fastskule i andre krinsar. Skulelovgjevinga i 1860 kom til å gje ein sterkt framstuv for denne utviklinga.

Skulelova frå 1860 kom også til å byggja på eit heilt annen idegrunnlag enn tidlegare skulelover. Både i 1739 og 1827 bygde lovgjevinga på eit religiøst pietistisk grunnsyn. Dette kom til å få mykje å seia både for mål og innhald i skulen. Skulen kom i stor mon til berre å vera ein kristendomsskule med kunnskap og oppseding til religiøse livsmål. I 1850-åra hadde det gått føre seg ei ideologisk nyorientering i Noreg (1). Denne hadde mange årsaker, og kom til å få stor innverknad på heile samfunnsutviklinga framover. Dei nye ideane skapte

strid mellom gammalt og nytt på mange vis. Gamle tradisjonar og gammal konservatisme laut vika for det nye som fylgte med den demokratiske styreskipnaden og tenkjemåten som nå var i vokster i landet. For skulen førde dette til kravet om vidare verdsforståing ved sida av religionskunnskapen. Dette kravet førde til stor strid om mål og middel i skulen. Medan skulestriden tidlegare i stor mon hadde opphav i økonomiske tilhøve, vart det nå sjølv idegrunnlaget for skulen som skapte striden, endå om økonomien framleis var ein viktig stridsfaktor. Serleg på Vestlandet kom striden om det nye innhaldet i skulen til å bli hard. Dette kom av den sterke stillinga pietismen hadde her, men også andre stader i landet såg dei fylgjer av striden.

Ein kan spørja kvifor allmugeskulen laut få nytt innhald og nytt mål i 1850-60-åra. Det er nok mange årsaker til dette. For å nemna nokre, så hadde det gått føre seg ei endring i dei økonomiske tilhøva. Den industrielle revolusjonen hadde teke til å gjera seg gjeldande i industri og næringsliv. Politisk verka ideane frå februar-revolusjonen inn også her i landet. Desse gav seg mellom anna utslag i Thranerørsbla og kravet om betre kår for arbeidarar og husmenn. På same tid hadde også bøndene blitt meir medvitne om den makta dei hadde fått i stats- og kommunestyre ved lovgjevinga i 1814 og 1837.

Bondehovdingar som Ueland og Jåbæk o.a. hadde synt at bøndene kunne hevda seg i rikspolitikken. På same tid voks skjønet for at bøndene laut ha kunnskap både for å kunna styra seg sjølv og for å stå på høgd med embetsmennene. Meir kunnskap var eit vilkår for at bøndene på ein god måte kunne nytta ut den makta dei etter lovgjevinga hadde fått. Mange opplysningsvener hadde sett med redsle på den store tilslutnaden Marcus Thrane fekk. At folk kunne gå med i ei slik rørsle, såg mange som eit prov på kor därleg opplysningstilstanden var. Likevel hadde vyrdnaden for bøndene og bygdekulturen vakse i og med dei romantiske straumdraga i åra før 1850. Dette var også også med på å auka sjølvmedvitnet til bøndene.

I nær samanheng med desse straumdraga stod grundtvigianismen. Denne kom til å gje inspirasjon til vokster for bøndene på mange område og til norsk nasjonalkjensle i det heile. Grundtvig sine idear om det nasjonale, om den "glade kristendomen" og om "det levande ordet" i skule og oppseding fekk mykje å seia både politisk, religiøst og pedagogisk gjennom siste halvparten av hundreåret.

I motsetning til grundtvigianismen stod pietismen med strenge lovkrav. Pietismen hadde i mangt blitt sameint med haugianismen til ein konservativ ortodoks retning. Denne hadde sine fremste talsmenn ved universitetet innan det teologiske fakultet med Gisle Johnson til førar. Han hadde godteke haugianarane si lekmannsforkynning, på same tid som haugianarane heldt fast ved kyrkjelæra (2). Ut over bygdene var det såleis ikkje noko større motsetnad mellom kyrkja og lekmannsrørsbla lenger.

Religionsopplæringa i skulen hadde vore med og grunnfest den pietistiske innstillinga i folket (3). Dei religiøse og moralske krava i katekisme og forklaring hadde blitt ein moralsk faktor

og så sterkt knytt til skule og oppsedingsarbeid at nye tankar på dette feltet hadde vanskeleg for å vinna fram. Kravet om nytt ide- og utdaningsinnhald i skulen måtte difor møta stor motstand og gje grunnlag for meiningsskifte og strid. Denne striden ovra seg i ulike former og på ulike måtar rundt om i dei fleste bygder. I Rennesøy hadde lekmannsrørsla vunne sterkt fotfeste før 1850. Rørsla var her avgjort pietistisk med strenge religiøse og moralske krav. Her hadde John Haugvaldstad, dei blinde på Hodnefjeld og andre sett djupe merke på det religiøse livet. Serleg var John Haugvaldstad leiaren for det haugianske innslaget som her utkrystalisert stod diamentralt motsett grundtvigrørsla. Sjølv hadde Haugvaldstad eit "fortrykt utseende , en klynkende stemme" som endå til Hans Nilsen Hauge reagerte mot. "Dette ditt væsen er tatt, ikke gitt", skal Hauge ha sagt til Haugvaldstad. (4). Men for dei som fylgte Haugvaldstad, vart han det store føredømet i å kage over verda som ein jammerdal. Livet skulle takast alvorleg og en frisk lått vart sett på som synd. Dette sette også merke på synet på skulen og dei ymse faga, noko som kom tydeleg fram i lesebokstriden seinare.

Om pietismen stod sterkt i Rennesøy, så voks også her fram eit radikalt innslag. Det tok til i Landboforeningen der ein fann fleire radikale menn. Noko direkte innverknad frå grundtvigianismen finn ein ikkje i Rennesøy, endå om somme av medlemmene i Landboforeningen syntest å vera påverka av grundtvigianske tankar.

Alt i 1830-åra hadde det kome i stand ei ny boksamling i Rennesøy. Leseselskapet til Heiberg hadde som før nemnt døydd ut av mangel på interesse og av religiøs motstand. Det var Norges Vel som nå stod bak dette arbeidet. Sokneprest Bessesen fortel i ei melding i 1837 at denne boksamlinga vart mykje nytta. Truleg var Landboforeningen ei vidareføring av dette opplysningsarbeidet. Foreningen skulle mellom anna spreia kunnskap om betre driftsmåtar innan jordbruket. I Rennesøy kom mange av medlemmene til å bli føregangsmenn når det galdt nye dyrkingsmåtar, husdyrhald og liknande. Det var også medlemmer av denne foreininga som sette i gang arbeid for å få i stand betre kommunikasjonar for post og samferdsle med Stavanger. Somme tok også til å halda blad og kjøpa bøker. Både avisene og bøkene gjekk på omgang blant medlemmene.

I 1860-70-åra vart Landboforeningen møteplass for unge radikale menn som diskuterte politikk og aktuelle spørsmål i samtidia. Det vart stor likskap mellom denne foreininga og Jåbæks bondevennforeiningar. Formannen i Landboforeningen heldt såleis bladet "Folketidende" som Jåbæk gav ut. I Rennesøy kom denne foreininga til å ta opp arbeidet for ein betre skule. Mange av medlemmene kom med i bygdestyringa og fekk såleis mykje å seia i alle skulespørsmål. Det var også dei som tok opp striden for eit friare syn og vidare innhald i skule og oppseding. Det var såleis dei som tok opp arbeidet for å få innført Jensens lesebok i Rennesøy. I det heile var Landboforeningen møteplass for framstegvenlege radikale menn i bygda. Det vart difor eit motsetningstilhøve mellom denne foreininga og leiarane for lekmannsrørsla i bygda.

Det var såleis mange stridsspørsmål som kveste seg til å åra framover. Mange nye innslag i bygdesamfunnet førde med seg mykje nytt i høve til tidlegare tider. Nye tankar og idear pressa på og kom til å bryta med det gamle og tilvande. Motsetningane tørna saman på ulike område, og ofte kom dei skiftande stridsfaktorane til å vera saman. Politisk strid førde ofte med seg religiøs og pedagogisk usemje. Embetsmenn og bønder, seinare også høgre og venstre, kom til å stå mot einannan i dei fleste spørsmål som vedkom religion og skulespørsmål. Synet for verdet av ein god allmugeskule var likevel i framgang innan alle samfunnslag, noko stortingsdebatten i 1859 vitnar om. Dei fleste tingmennene gjekk inn for den nye skuleordninga (5). Og med denne lova tok den norske allmugeskulen på landet til å få si form. Det kom i dette lovverket inn nye tankar og idear som seinare skulelover kom til å byggja på og utvikla vidare.

### **Verknader av 1860-lova**

Skulelova 1860 skapte på mange måtar eit systemskifte i landsskulen. Somme har kalla lova epokegjerande. (1). Ein vil difor ta eit stutt samandrag av denne lova. For oversynet vert det turvande å koma inn på synsmåtar som har vore nemnde tidlegare, medan andre kjem att i kapitel seinare. Det kan likevel vera av verdi for arbeidet med denne oppgåva å dra opp- og samla- nokre allmenne synsmåtar ved inngangen til denne nye lovperioden.

Skulen fram til 1860 hadde vore ein kristendomsskule. Leseopplæringa var berre ein del av kristendomsopplæringa. Konfirmasjonen var målet for skulen. Kor mykje borna skulle læra, var i høg grad avhengig av presten. Den kristendomskunnskapen han kravde innlært til konfirmasjonen, var hovudsaka. I dei aller fleste bygder var dette Luthers katekisme og Pontoppidan forkjøring. Kunne ein desse bøkene på rams, så var kunnskapsmålet rekna for nådd. Folk flest meinte at kristendomsopplæring kombinert med opplæring i lesing var det einaste ein skulle ha i skulen. (2) Dette var turvande for konfirmasjonen som for mange berre hadde ein rein praktisk verdi. Ein laut vera konfirmert for å kunna reknast som fullverdig samfunnsmenneske. Mange bønder såg difor berre på skulen som ein stad der borna skulle få opplæring i kristendom. Di fortare borna kunne få den turvande kunnskapen i religion, di betre. Mange tok difor imot omgangsskulen med mothug og hadde litra interesse for å gje hus og mat til læraren. Serleg for dei som ikkje var religiøst oppglødde, vart skulen sett på som uturvande strev og unyttige utlegg.

Ved skulelova av 1860 fekk skulen både nytt innhald og ny form. Den allmenne skule- og opplysningsinteressa tok også til å vakna blant allmugen. Dette hadde mange medverkande årsaker, men for skulen og folkeopplysninga hadde arbeidet til Hartvig Nissen og Ole Vig svært mykje å seia. I høg grad var det desse mennene som førebudde lova av 1860. (3)

Sjølve lova var i høg grad Nissen sitt verk. Ho var i mangt radikal, men bygde likevel på eit realistisk grunnlag. I motsetnad til tidlegare skulelover gav ho von om å bli gjennomført i

praksis. Dette vitnar om Nissen sitt skjøn for det som var turvande og på same tid gjennomførleg i samtidia.

Lova førde til ein rik utviklingsperiode i landsskulen. I det ytre merkar ein serleg at det kom fart i omskipinga av skulen frå omgangs- til fastskule. Bygdene fekk betre krinsskipnad og svært mange stader vart de bygt skulehus. Dette førde med seg aukande økonomiske utlegg for kommunane. Tidlegare lover hadde lagt alle økonomiske utlegg byrder på bygde sjølv. Det nye var at stat og amt tok ein stor part av utgiftene på seg.

Samfunnet sin rett og plikt til å syta for opplæring og oppseding av samfunnsborgarane vart stadfest i lova. Likevel vart ikkje makta og styringa av skulen teken frå bygdene. Det var i samsvar med Nissen sitt syn at skulen skulle vera for folket og styrast av folket. Folket sjølv skulle styra i skulen innanfor den ramma som lova sette opp, og folk skulle bli interesserte i skulen. Difor var det ein føresetnad for tilskot frå staten at kommunane hadde fått skulen i stand etter minstekrava. Det vart difor i bygdene si eiga interesse å få skulestellet i stand etter lova. Dertil kom også direkte stønad til vanskelegstilte kommunar. Det var amtstinget som skulle betala ut statstilskota. Såleis vart det ordførarane frå dei ymse bygdene som skulle stå for fordelinga. Dette førde nok til konkurranse bygdene i mellom om å få skulestellet i så god stand at dei kunne få statsstønad.

Det meste av statsstønaden gjekk i dei fleste kommunane til bygging av skulehus. I Stavanger amt var Amtstinget sterkt interessert i at det vart bygt skulehus. (4). Det var sjeldan at amtstinget gav avslag på søknader om tilskot til bygging. Dei kommunane som gjekk i brodden med bygging av skulehue, fekk både pengar og lovord. Ved bygging av skulehus fekk bygdene ofte ein betre krinsskipnad. I mange høve vart skulen delt i 2 eller fleire avdelingar.

I Rennesøy vart klassedelinga betre i skulen etter kvart som skulehus og krinsstover blei tatt i bruk. Borna gjekk på skulen annan kvar dag. Slik kunne skuletida bli meir kontinuerleg gjennom lengre tid. Saman med heimelekser, vart dette ei mykje betre ordning enn dei korte kursa med lang fritid innimellom som ein hadde hatt i omgangsskulen. Ved at borna vart plasserte i 2 avdelingar, vart det heller ikkje så stor skilnad i alder og kunnskapsnivå hos elevane. Dette var med og la tilhøva betre til rette for ei effektiv undervisning.

Skuleplikta vart ikkje auka noko serleg med den nye lova. Men på grunn av betre klassedeling, kunne skuletida nå bli betre utnytta. Dertil gav lova høve til å setja i gang friviljug vidaregåande undervisning for eldre elevar. Dette nytta dei fleste kommunane seg av. Mange stader kom den friviljuge opplæringa til å gå saman med den pliktige opplæringa. Etter skuleprotokollane i Rennesøy gjekk born heilt ned til 9-årsalderen til friviljug undervisning. Det ser ut som om denne opplæringa litt etter kvart glei over til å verta rekna for pliktig undervisning. (5) Dette førte til at den vidaregåande opplæringa ikkje gjekk stort vidare enn den vanlege opplæringa i allmugeskulen.

Ei viktig endring ved lova 1860 var at skulen nå vart skilt organisasjonsmessig frå kyrkja. Før hadde det vore bispane og prestane som hadde hatt alt ansvar og all makt i skulespørsmål. Bispane hadde såleis hatt tilsyn både med kyrkje- og skulestellet innan bispedømet. I mange høve hadde bispane naturleg nok sett kyrkjespørsmål framfor skulespørsmål. Det var Nissen sin tanke at skulen skulle få eigne tilsynsmenn som hadde skulespørsmål til sitt einaste arbeidsfelt. Framleggelsen om skuledirektørar i kvart stift hadde skapt diskusjon då lova var til behandling i Stortinget, men til og med Ueland hadde gått inn for denne skipnaden. (6) Skuledirektørembetet kom til å bli det Nissen hadde tenkt. Skuledirektørane kom i åra framover til å verta dei fremste talsmennene for den nye lova.

I Kristiansand stift var F. Chr. Wolff skuledirektør heilt fram til 1902. (7) Han hadde eit stort embetsdistrikt, men han var ofte på reis og sende stadig ut oppmodingar og rundskriv om korleis denne nye lova skulle gjennomførast. Lova hadde nok ikkje blitt gjennomført i den grad i stiftet utan kommunane hadde fått dei opplysningane om pengetilskot, planleggingsarbeid og liknande som Wolff sende ut. Dei stadige påminningane om lova, og rettleiingane om korleis lova kunne gjennomførast i praksis, vart til framskuv for arbeidet til skulekommisjonane. Det var turvande at kommisjonane fekk slike påminningar og rettleiingar. Det var ikkje å venta at dei lokale styresmaktene kunne ha skjøn på dette.

I ei melding til Stavanger amtsting i 1862 skreiv stiftsdireksjonen at ingen av kommunane i amtet hadde søkt om tilskot til å "høine Almueskolen og til Arbeidsskole, et Vidnesbyrd om hvor lidet Skolevæsenets Udvikling inden Amtet er fremskreden". (8) Dei fleste skulekommisjonane hadde nok lite kjennskap til innhald og fordelar med den nye lova så kort tid etter at ho var vedteken. Skulekommisjonane laut vekkast for å få skjøn for dette. Det var ikkje minst skuledirektørane sin innsats som gjorde at folk litt etter kvart fekk syn for ånd og tanke i skulelova, og dei vart såleis med og skapte interesse for skule og opplysningsarbeid i større mon enn før.

Denne interessa synte seg ikkje minst i interessa for kveldsskulane. Etter at stat og amt gav tilskot til kveldsskulane, fekk dei stor søknad i mange bygder. (9) Dette var tilfelle også i Rennesøy. Både eldre og yngre tok kurs på kveldskulane for å få elementær opplæring i norsk, skriving, rekning. Serleg utover i slutten av 1870- og i 1880-åra var søknaden til kveldsskulane stor i kommunen. Ein må sjå dette som utslag for trong til meir opplæring i allmenndanande fag.

Det nye målet og innhaldet skulen fekk med 1860-lova, tok såleis til å bli allment akseptert blant folk i 1870/80-åra. Det hadde blitt eit anna syn på skulen utover i bygdene. Han skulle ikkje lenger berre gje kristendomsundervisning, men skulle også gje allmenn livsorientering og opplæring for livet.

Det var Nissen sitt encyklopediske syn som vart grunnlaget for fagkrinsen i 1860-lova. (10) Han meinte med dette at skulen skulle vera allmenndanande. Skulen skulle gje folket

opplæring til livet og for livet. Nissen ville ha ein kristeleg/ borgarleg skule i staden for den snevre kristendomsskulen ein før hadde hatt.

Det var dette som kom til å skapa den største usemja ved 1860-lova. Folk var vane med at skulen berre skulle vera religionsskule. Det tok derfor fleire år før det nye føremålet og nye innhaldet i skulen vart allment godteke. I praksis var det P.A. Jensens lesebok som stod for det nye i skulen. Striden kom difor til å stå om boka skulle takast i bruk eller ikkje. Men trass i mykje motstand vann boka litt etter kvart fram, og dei nye faga og det vidare føremålet vart allment godteke.

Dei vidare føremålet og dei nye faga skulen fekk ved 1860-lova, sette også større krav til lærarane. Det var ikkje lenger nok med utdaninga dei fekk hos presten. Seminarutdaning var kravet for å få stilling ved krinsskulane. Men med alle dei nye skulekrinsane vart det stor mangel på lærarar mange stader. Ein laut i lange tider nøya seg med "erstatningslærarar". Desse hadde oftast ikkje noko serleg utdaning,. Mange hadde berre eit kurs som lærarlærling hos ein dugande lærar. Etter kvart fekk fleirtalet av lærarane seminarutdaning. Denne utdaninga vart gjort betre og vart meir samordna med reglementet i 1869. (11)

Eit stort framsteg var det også at lærarinner kunne få stilling i skulen. (12) Dette var med og gjorde opplæringa for elevane i dei ulike aldersstega betre enn før. Dessutan gav lærarinne mange stader opplæring i handarbeid for jenter. Utetter i 1870-90-åra var det såleis mange skular som tok til å gje opplæring i både sløyd og handarbeid. Det vart også gjeve opplæring i gymnastikk. Tamefaga hadde likevel vanskeleg for å vinna fram i skulen på 1800-talet. Det vart først i det 20- hundreåret at desse faga kom meir med i fagkrinsen.

Den betre utdanninga var eit grunnlag for høgare løn. I åra framover frå 1860 vart såleis lærarlønene auka litt etter kvart. Stavanger amt kom til å liggja etter dei andre amta i så måte. På same tid vart det bygt mange lærarbustader rundt i bygdene som del av skulehusa. Mange lærarar fekk også lærarjord. Alt dette var med på å auka lærarane sin sosiale status, og gav både skulen og lærarane større autoritet og vyrnad. Lærarane vart ikkje lenger rekna mellom dei lågaste samfunnsklassane, og lærararbeidet tok til å bli sett på som like viktig som anna arbeid på landsbygda.

Skulelova verka også stimulerande på lærarane sjølve. (14) Det vart såleis aukande interesse for skule og skulearbeid mellom lærarane. Mange tok kurs, eller på annan måte prøvde å gjera seg meir dugande for arbeidet sitt. Dette kan ein sjå i programma til lærarlaga som vart skipa i 1850-60-åra. (15) På lærarlagsmøta drøfta lærarane saker som hadde med skulen og skulearbeidet å gjera. Betre opplæringsmåtar, nye fag, skuleforsøming og liknande vart faste programpostar på lærarlagsmøta. Fram mot hundrearsskiftet kom også løns- og pensjonsspørsmål med. Avisene gav fyldige referat frå mange av lærarlagsmøta. Dermed vart kjennskapen til skule og skulespørsmål større blant folk. Det vokste fram ein lærarstand som var meir medviten om den viktige stillinga dei hadde i samfunnet. Dette gjorde at

lærarane rundt i bygdene kunne setja fram krav med større tyngd om betre utstyr og meir tenlege hjelphemiddel i skulen.

Når det gjeld sjølve opplæringa, syntest denne å bli meir livsnær enn tidlegare. Det tidlegare åndlause leksepugget med oppramsing av ord utan forståing, vart smått om senn avløyst av ei vektlegging på at det borna lærde, skulle dei også skjøna. (16) Undervisninga vart difor ikkje så turr og keisam som før. Det vart freista å skapa liv over undervisninga, og borna skulle få lærestoff som dei hadde føresetnader for å skjøna og bruka. Det var ikkje minst Jensen si lesebok som førde til desse endringane i skulen. Ved utvalde stykke frå norsk folke- og samtidsdikting fekk borna lærestoff som dei kunne skjøna og som dei kunne glede seg over. Men det var dette som braut med det gamle og tilvande. Det vart difor dette lesestoffet som serleg skapte strid då leseboka skulle innførast i kommunane.

### Lesebokstriden

Blant "Undervisningsgjenstandene" i 1860-lova var ført opp "Udvalgte Stykker af Læsebogen, fornemmelig saadanne der angaa Jordbeskrivelse, Naturkundskab og Historie". Det var dette punktet som gav allmugeskulen eit vidare innhald, og som braut med tidlegare tradisjon. Skulen hadde nok også tidlegare gjeve opplæring i andre fag enn kristendomskunnskap, såleis i rekning og skriving, men det hadde vorte lagt lite vekt på desse faga. Kristendomskunnskap var det sentrale faget i skulen. Andre fag kom i bakgrunnen. Det nye var at skulen skulle vera allmenndanande. Han skulle ikkje lenger vera ein rein kristendomsskule med berre konfirmasjon som mål. I staden skulle han gje opplæring for livet og læra borna å orientera seg i nåtid og samfunn. Allmugen skulle få opplysning til å verta medvetne borgarar i eit demokratisk samfunn. Det var desse tankane Hartvig Nissen og Ole Vig hadde arbeidd for. (1)

Likevel var ikkje paragrafen i seg sjølv så radikal. I 1827-lova hadde det vore peika på at undervisninga burde gå vidare enn til "de første Elementer" og "udstrækkes til flere almeennyttige Gjenstande" der tilhøva låg slik til rette. I Grøgaards lesebok hadde der også vore nokre få sider med ikkje religiøst stoff. Det vart difor den nye leseboka som kom til å gjera lova radikal. Ho samsvara med ånda i lova og med dei tankane som låg bak henne. "Loven og leseboken forholder sig til hverandre som form til indhold". (2) Det vart såleis leseboka som kom til å gje lova innhald og retning. Saman vart dei eit "tidarvende i vårt folks kulturelle liv". (3)

Stortinget hadde alt i 1859 løyvt pengar til å gje ut ei lesebok med stykke frå geografi, naturkunnskap og historie. P.A. Jensen fekk til oppgåve å få dette leseverket i stand. P.A. Jensen var påverka av grundtvigianismen og opplysningstankane i tida. (4) Dette kom i høg grad til å setja sitt merke på leseboka. Han braut radikalt med det gamle tradisjonsbundne synet at borna skulle berre lesa religiøs litteratur. Det hadde vore vanleg meinig at borna berre skulle lærar å lesa for å kunna lesa religiøse skrifter. Både Nissen og Vig hadde

tidlegare halde fram kor uheldig det var å bruka katekisme, nytestamente og liknande til øvingsstoff i lesing. Dette hadde vore til like stor skade både for leseopplæringa som for kristendomsopplæringa, hevda Nissen. Og Vig meinte at borna ikkje lærde seg ordforråd som kunne høva til lesing av aviser o.a. (5)

Leseboka var stort sett i samsvar med dei retningslinene som Nissen og Vig hadde drege opp. Nissen hadde såleis lagt fram sine synsmåtar i 1851 etter studieferda si til Skottland. (6) Og Vig hadde i "Maanedsskrift for lærere og andre Opdragere" hatt ein artikkelserie i 1855 om "Hvorledes bør et læseverk for Almueskolen være indrettet?" (17) Vig hadde såleis vore med og førebudd læseverket ute blant folk. Han hadde gjennom desse avisinnlegga gjeve mange lærarar ein tokke av korleis ei lesebok burde vera. Og det synte seg at mange av lærarane kom til å gå inn for Jensens lesebok. Læseverket til Jensen bygde på idear som var førebudde og sette fram av Vig, endå om Jensen sjølv ikkje hadde lese Vig sin artikkelserie før boka var ferdig. (8)

P.A. Jensen si lesebok fekk eit anna innhald enn tidlegare lesebøker. Forutan at leseboka braut med den tidlegare tradisjonen at det religiøse lesestoffet skulle vera einerådande, gav han boka ei anna pedagogisk oppbygging. I første bind tok han såleis inn lette stykke som kunne interessera born, t.d. eventyr, segner o.l. Han prøvde å finna stoff som var høveleg for born og som kunne fanga deira interesse. Likevel var ikkje boka lettlesen. Mykje stoff ville ein i dag finna lite høveleg for born og for vanskeleg for dei. Dette kom av at boka også var tenkt til lesebok for vaksne. Sjølve namnet "Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet" bar bod om dette. Det har vorte nemnt at i denne tittelen låg der eit program som var sermerkt for Grundtvigianismen. (9) Boka skulle vera med og binda saman heim og skule. Heimane skulle bli interesserte i skulen, og læraren skulle vera folkelærar. Boka hadde såleis eit siktepunkt ut over skulen. I skulen skulle leseboka tena to føremål. Ho skulle vera både lese- og lærebok. Dette vart kritisert like etter at boka kom ut. (10) Det vart då hevda at boka ikkje høvde godt som lærebok i lesing. Boka vart likevel ei god byrjing for orienteringsfaga. I desse faga gjorde ho "sig sjølv overflødig, idet der ved dens brug fremløkkedes særskilte lærebøger i de nevnte fag, og var saaledes et middel til at løfte skolen et godt trin høiere opp". (11) Alt i 1870-åra tok det til å koma ut eigne lærebøker i orienteringsfaga. Leseboka var ei rettesnor for desse bøkene både i innhald og form.

Leseboka kom ut i 1863 på J.W. Cappelens forlag. Ho var på førehand gjennomgått og godkjend av ein kommisjon der fleirtalet var geistlege. Boyesen har skrive at det i boka vart teke omsyn til den religiøse oppsedinga og dei kyrklelege interessene. (12) Likevel kom det til å syna seg at det vart frå religiøse krinsar at innvendingane mot boka vart sterkest.

Boka kom i handelen 1863, og interessa var stor alt på førehand. (13) Utgjevinga var ei offentleg sak, og folk visste om at boka skulle koma. Forlaget fekk mange førespurnader og mange tingningar før ho var prenta.

Då boka vart send ut frå forlaget, vart ho heller godt motteken. Mange sende forlaget rosande omtale av henne. Men der var også dei som mislikte boka. Somme prestar melde frå om kyrkjelydar som ikkje ville ha boka. (14). Det tok ei stund før motstanden for alvor vakna. I mellomtida hadde svært mange skulekommisjonar kjøpt boka til skulane. I Rennesøy vart det tinga 10 eksemplar i 1864. Men alt året etter var striden i gang. Det kom skriv til skulekommisjonen "undertegnet av fleire" med krav om at "denne bog fjernes fra Skolen". Vart ikkje det gjort, ville foreldra halda borna borte frå skulen. Med 7 mot 4 røyster vedtok skulekommisjonen at boka ikkje skulle brukast. Kommisjonen bøygde seg for kravet. Røystetalet gjev eit inntrykk av korleis meiningane stod mellom folket i bygda og. På den eine sida hadde ein berarane av den haugiansk-pietistiske tradisjon som såg på verda som noko mindreverdig, ein "Jammerdal" som det galdt å stengja ute og verna seg mot. (15). Skulen skulle vera ein kristendomsskule. "Verdslege" fag ville føra til avkristning. Difor reiste dei seg til motstand mot den verdslege ånda som skulelova ved leseboka ville tvinga inn i skulen med makt.

På den andre sida hadde ein medlemmene i Landboforeningen. Desse hadde orientert seg om aktuelle spørsmål i tida. Dei heldt Jåbæk sitt blad "Folketidende", kjøpte bøker og diskuterte politiske spørsmål. (16). Det ser ut til at dei såg det som ei viktig oppgåve å få innført Jensens lesebok i kommunen. Dei fekk folk i skulekommisjonen til å målbera kravet på nytt. Saka om innføring av leseboka vart reist att i 1866. Men resultatet vart også denne gongen negativt. "Skolekommisjonens Pluralitet ærklærer sig ubetinget mod Indførelse og brug af Jensens Læsebog i det den ønsker at de endnu faaer bruge Læsebøgerne Grægaard og Knudsen, hvilke fremdeles benyttes". Det kom nå til å gå ti år før det kom nytt framlegg om å få innført Jensens lesebok. Dei som arbeidde for boka, skjøna nok at motstanden i bygda førebels var for sterkt. Det var også i åra kring 1870 at striden var kvassast overalt i landet. (17) Kanskje har dei difor vilja venta for å sjå utfallet andre stader før dei tok saka opp på nytt.

Leseboka kom til å skape strid i dei fleste bygder i 1870-80-åra. Dette vart ein av dei hardaste pedagogiske stridane som har vore i landet. (18). Bygd etter bygd nekta å ta ei så "verdsleg" bok i bruk. Serleg var det eventyra og stykka frå den nyare litteraturen som skapte motstand. Dette var «lettsindige» stykke som «i staden for at lede de Små paa Gudfrygtighets Vei, meget mere maatte lede dem bort derfra». (19). Borna kunne også verta freista til å le i skulen. Dette ville vera "uanstændig". I det heile meinte mange at boka ikkje var i samsvar med den kristne vedkjenninga og den Augsburgske konfesjonen. Difor ville boka vera skadeleg for born og føra til fritenkjeri (20) og såleis øydeleggja "kristendommens kjerne". Endå dette var ein religiøs strid, så var det ikkje presteskapet som stod fremst i striden. Mange prestar var mot leseboka, men det var også svært mange som ville ta henne i bruk. Det var tilfelle i Rennesøy. Formannen i skulekommisjonen, presten Lange (1861-70) og Thygesen (1876-83) gjekk både inn for at boka skulle brukast i skulen. Striden var i stor mon reist av det kristne lekfolk. (21).

På same måten som prestane hadde ulike meningar om boka, hadde også lærarane ulikt syn. Mange av lærarane hadde heller ikkje kunnskap og utdanning til å bruka henne.

Spørsmålet om leseboka vart drøfta på mange lærarmøte. I 1865 drøfta Skolelærerforeningen for Jæderens Provsti og Stavanger by, læreboksspørsmålet på årsmøtet i Sandnes. (22). Ordsiktig var avgrensa til det reitn prinsipielle – om boka var i samsvar med kristendommen eller ikkje. Meiningane stod mot einannan, men ved avrøystinga var det berre 3 av dei 60 lærarane som røysta mot boka av religiøse omsyn.

Noko som var med og kvesste striden, var at det ikkje fanst noko anna lesebok med det faglege innhaldet lova kravde. (23). Mange skulekommisjonar kjende det difor som eit press at dersom dei ikkje tok boka i bruk, så braut dei skulelova. Det å bryta ei lov var for mange eit samvetsspørsmål endå om dei ikkje alltid hadde vore så nøye med å fylgja alt i skulelovene. (24). Opplæring i orienteringsfaga skapte også vanskar for skulekommisjonen i Rennesøy. Etter at vedtaket om at Jensens lesebok ikkje skulle brukast, vart det bokført at sidan «de gamle Læsebøgerne ere udslidte, henvender man sig til Stiftsdireksjonen med Forespørgsel om hvad som er at foretage». Skulekommisjonen stod nok i eit dilemma her. Å kjøpa inn lesebøker som ikkje vart godkjende, var kommisjonen lite interessert i.

Medlemmene i skulekommisjonen var også klåre over at dei sette seg utover lova. Dei har vel difor vona at stiftsdireksjonen skulle koma med framlegg om ei anna bok. Men noko tilråding om dette frå stiftsdireksjonen har ein ikkje funne i arkivet. Heller ikkje er det løyvt pengar til innkjøp av Grøgaards eller Knudsens lesebøker. Ein kan difor rekna med at skulekommisjonen har late foreldra sjølvé kjøpa lesebøker som var å få, og at fattigborn har mått greidd seg med dei gamle utslitne bøkene.

Talet på kommunar som tok leseboka i bruk, auka etter kvart. Styremaktene pressa på for å få innført leseboka så lova kunne bli gjennomført. Skulekommisjonane freista løysa spørsmålet på ulike måtar. I somme bygder fekk dei mulkt dei som gjekk til skulestreik. (25) Andre stader vart det valt revisjonsnemnder som skulle sjå gjennom leseboka og klistra svart papir over dei lesestykka dei mislikte. (26) I Egersund vart det skipa ein "antilesebokskole" som kom til å vera i gang i fleire år, endå skulen på mange vis ikkje heldt mål. (27) I Høyland hadde dei teke leseboka i bruk, men på grunn av motstanden måtte skulekommisjonen gjera vedtak om at "de indkjøpte Bøger bliver at indrages og malificeres". I Jarlsberg melde mange seg ut or statskyrkja på grunn av "verdsleggjeringa" av skulen. (28) Det vart her skipa eige kyrkjesamfunn med eigen skule.

For å dempa striden tok styremaktene opp arbeidet for å revidera leseboka. Alt i 1865 vart boka revidert av P.A. Jensen, i samråd med Nissen. (29) I føreordet til dette opplaget gjekk P.A. Jensen i mot den kritikken som var reist. Han meinte at striden bygde på vankunne og fordom, og at prestane og lærarane måtte gjera sitt beste for å få boka innført. Det ville vera det beste midlet til å "bibringe Almuen en sundere og riktigere Betragtning". Likevel tok han ut "Dyre Vaa" av Welhaven og nokre av dei andre stykka som hadde vekt mest forargning. Og i tredje utgåva (1868) var også andre av dei "verste" stykka borte. Mellom dei

"Børneeventyret" av Jørgen Moe som P.A. Jensen meinte burde ha opna auga på dei "Aandssvage". I det heile vart leseboka mykje moderert i dei nye utgåvene. Dette, saman med press frå styremaktene om å ta boka i bruk, førde litt etter kvart til at ho vart bruka i fleire og fleire skular, noko som dei store opplagstala viser. (30) Striden om leseboka stilna av omkring i landet i slutten av 1870-åra.

Framgangen leseboka hadde hatt rundt i landet, gjorde nok sitt til at dei som ville ha boka innførd i Rennesøy, prøvde seg på nytt. I 1876 sende Rennesøy og Mosterøy Landboforening eir føreteljing til skulekommisjonen om å ta i bruk Jensens lesebok i skulen. Saka kom føre i skulekommisjonen 6/6-1876. Her vart referert at Landboforeningen hadde «uttalt seg enstemmig for Indførelse af den siste Udgave af Jensens Læsebog». Landboforeningen meinte nok at den siste utgåva var så moderat at ho burde kunne tolast av motparten. I same møte låg føre skriv frå kyrkjesongar Sælland. Han "udtaler Ønskeligheden af Jensens Læsebogs Indførelse". Sælland tok såleis eit klårt standpunkt i striden. Ein har ikkje inntrykk av at han var nokon ivrig opplysningsven eller grundtvigianer. Truleg har han gått i inn for boka av pedagogiske omsyn og for å få gjennomførd skulelova. Skulekommisjonen såg nok på fråsegna hans som eit verdfullt dokument i saka. Han var lærarane sin representant i skulekommisjonen og kommisjonen rekna han visseleg for ein autoritet når det galdt pedagogiske spørsmål. Han hadde lenge vore den einaste læraren med seminarutdanning i kommunen.

I dette møtet vart det vedteke at "den efter offenleg Foranstaltning af Jensen Udgivne Læsebog antages som Læsebog for Almueskolen i Rennesøy Skolekommune". Vedtaket var samrøystes, men motstanden melde seg snart på ny. Det var serleg frå Mosterøy motstanden kom. På dei andre øyane ser det ut til at folk godtok vedtaket.

I møte (17/7-1877) låg føre protest frå 39 "opsiddere" på Hodnefjell, Kåda og Haugvaldstad mot leseboka. Klaga vart sendt til stiftsdireksjonen til fråsegn. I svaret kravde stiftsdireksjonen å få grunngjeving og nærmare utgreiing av det dei hadde å klaga på i leseboka. Samstundes bad stiftdireksjonen skulekommisjonen om å halda fast på tidlegare vedtak. Formannen i skulekommisjonen kalla inn foreldra i Kådakrinsen til eit møte der dei skulle grunngjeva klagen. I nytt møte i skulekommisjonen vart grunnane lagt fram. Hovudinhaldet var: Jensens lesebok "indeholdt Fabler, hvilke ansees som stridende mod Guds Ord og ledet til Ungdommens Fordærvelse, at en letsindig Ånd vilde befordres ved brug af samme at naar Apostlenes Ord i 2 Tim. 4,4 taler mod den Benyttelse. Istedentfor Jensens Læsebog ønskes Læsebog for den Kristelige Skole og Hjem for den private Borgerskolen i Christiania". Foreldra hadde såleis ei bok å setja i staden for Jensens. I så måte skil striden seg her ut frå somme andre stader der dei ikkje hadde framlegg om noko anna bok. (31). Læsebog for den Kristelige Skole og Hjem hadde kome ut i 1866, og ho hadde teke med stoff frå geografi, naturkunnskap og historie, slik som lova kravde. Denne boka har nok vorte nytta i staden for Jensens lesebok ymse stader. Men ho var turr og keisam så i lengda kunne ho ikkje stå seg i konkurransen med Jensens lesebok.

På same møtet i skulekommisjonen vart det lese skriv frå dei som ville ha Jensens lesebok i Kådakrinsen. I dette vart det lagt fram ynskje om ”at beholde Jensens Læsebog i Skolen og Misnøie med den nye foreslårde Læsebog”.

Det vart ikkje gjort noko vedtak i skulekommisjonen. Heile saka vart send til stiftsdireksjonen. I februar året etter var saka framme på ny. Skulekommisjonen skreiv då til stiftsdireksjonen at dei som var mot den nye leseboka, var eit lite fleirtal. Om lag like mange ville ha boka. Skulekommisjonen rådde difor til at Kådakrinsen fekk ha den leseboka dei ynskte dersom stiftsdireksjonen kunne godkjenna ei slik ordning. ”Skaden er større ved Striden end ved Forddelen ved Jensens Læsebog”. Det går elles fram av møteboka at striden hadde spreidd seg til Askekrinsen også. Det var kome protest frå ”52 Opsiddere i Aske Kreds mot Jensens Læsebog”. Her ville dei og ha Læsebog for den Kristelige Skole og Hjem. Skulekommisjonen gjorde ikkje noko vedtak, men ba stiftsdireksjonen ta avgjerd.

Saka kom attende frå prosten med påteikning om at skulekommisjonen måtte gjera eit vedtak før prosten sende saka vidare til stiftsdireksjonen. Saka kom så opp i nytt møte (22/2-1878). Det vart då først referert skriv frå ”Opsiddere” på Sokn om å få ha Jensens lesebok. Dette viste at ikkje alle i Aksekrinsen var mot boka. Skulekommisjonen gjorde då vedtak, mot ei røyst, at ”da det antages at Opposisjonen mod den indørte lesebog hviler på altfor uklare Beveggrunde til at der kan tages Hensyn til, kan Skolekommisionen ikkje indgaa nogen Ombytning av samme”.

Stiftsdireksjonen stadfestet dette vedtaket, men rådde til at «man ved Læsebogens Benyttelse i Skolen Aldeles forbigaar de Stykker som haver vakt Anstød og væsentlig holder sig til de Afsnidt som indeholde de i Loven omhandlede Læregjenstande». Stiftsdireksjonen prøvde såleis å logne striden ved eit slag kompromiss. Dette var klokt og noko begge partar var best tente med.

På Mosterøy var det på garden Hodnefjell dei tok opp striden mot den nye leseboka. Frå denne garden har så motstanden spreidd seg til Askekrinsen. Derimot samla dei seg ikkje til nokon serleg motstand på Rennesøy og Kvistøy. Rett nok var det ein mann på Rennesøy som sende protest mot boka, men han ser ut til å ha stått åleine. Boka vart teken i bruk på fastskulen etter vedtaket i 1876. Truleg har læraren der, Sælland, fått folket med seg. På Kvitsøy ser det ikkje ut til å ha vore nokon motstand i det heile. Folk var frå gammalt av meir frilynde der. (32)

Det var på Mosterøy at striden var hardast. Motsetnaden i livssyn var størst her. Folk på Hodnefjellsgarden var kjent for å ha eit heller sterkt pietistisk livssyn. Men på grannegarden Voll, budde den mest radikale mannen på øyane i den tida, David Edland. Det var han som hadde skipa Landboforeningen og vore formann der i alle år. Han hadde også vore ein føregangsmann innan jordbruksforetaket, kom med i heradstyret, vart ordførar og kom på mange måtar til å gjera seg mykje gjeldande i kommunepolitikken. Det var difor naturleg at desse motsetningane gjorde striden serleg kvass på Mosterøy. Mange foreldre nekta å senda

borna sine på skulen medan striden var som verst. Uviljen mot skulen gav også andre utslag. Såleis var det fleire foreldre på Kåda og Hodnefjell som nekta å vaska skulehuset.

Striden dovna etter kvart av. Året etter, 1879, i møte 20/2, låg det føre fråsegn frå foreldra på Hodnefjell om at dei etter ville la borna gå på skulen, men at ”de dog ønskede at de Stykker af Læsebogen som hadde vakt mest Anstød, maatte overspringes under Læsningen i Medhold af Stiftsdirektionens Skrivelse i den Anledning”. Dermed var hardaste skulestriden i Rennesøy i tidbolken fram til 1900-talet over. Då vart det meiningskilnad når det galdt målspørsmålet. Likevel vart målstriden ikkje på nokon måte så hard som lesebokstriden.

I Rennesøy vart det heller ikkje nokon strid om byte av forklaring. Dette var eit spørsmål som skapte strid mange stader i siste halvparten av 1800-talet. (33) Fram til 1898 var Saxtorphs Udtog af Pontoppidans Forklaring” brukta i skulen i Rennesøy. Men dette året vart det etter oppmoding frå lærarane vedteke at Sverdrups forklaring skulle brukast. Det vart halde avrøystingar rundt i krinsane. Sverdrups forklaring fekk fleirtal alle stader. Presten, Hersleb Sverdrup, var ein slektning av forfattaren av boka. Presten hadde stor autoritet i prestegjeldet, og sidan han gjekk inn for boka, var det få som våga å laga noko strid. Pontoppidans forklaring hadde på denne tid overlevd seg sjølv. Hardaste striden om forklaringa var derfor slutt dei fleste stader i landet. Noko grunnlag for strid om forklaringa i Rennesøy var det ikkje endå om mindretallet for Pontoppidan var heller stort i somme skulekrinsar.

Av dei pedagogiske stridane på slutten av 1800-talet var det einast lesebokstriden som kom til å gjera seg serleg gjeldande i Rennesøy. Når lesebokstriden kunne bli så hard så seint som i slutten av 1870-åra, viser det at dei konservative kreftene i skulen var nokså sterke. Kommunen vart ein at dei siste kommunane der innføringa av leseboka skapte strid. I 1880 var leseboka innførd mest alle stader i landet (33). Ein av dei kvassaste pedagogiske stridane på slutten av 1800-talet var dermed over.

Ser ein striden i samanheng landet over, kan ein undrast over kvar grunnen var til at denne boka skapte slik røre. Skrondal kalla lova og leseboka eit tidarvende i vårt folks kulturelle liv. Dette tidarvende kunne ikkje gå føre seg utan strid. Med lova av 1860 og leseboka kom nye ideal inn i skulen. Medan oppsedinga før hadde prøvt å få borna til å ”fornekta verda”, skulle nå borna lærest opp til å leva livet på ein meir naturleg måte. Livet skulle levast i staden for å fornekta. Borna skulle lærest opp til å greia seg i livet og glede seg over det. Dei skulle bli dugande og medvetne samfunnsborgarar som kunne nytta den demokratiske fridomen. Det var denne ”verdsleggjeringa” opposisjonen mot leseboka freista å hindra. Og opposisjonen var grunna på lang tradisjon. Skulen hadde gått ut frå kyrkja, og pietismen hadde forma målet og innhaldet i skulen. Dette hadde sett sitt merke på opplæringa. Folk hadde i 1860-70-åra vanskeleg for å skjøna at skulen også burde ha ei anna oppgåve, eit verdsleg daningsinnhald.

Striden mot leseboka fløkte seg saman med andre stridsspørsmål i samtida.

Grundtvigianismen vart av mange sett på som ein fare for heile det religiøse livet i Noreg. Grundtvigianarane gjekk til åtak på Pontoppidans forklaring. Dette gjorde dei nok ut frå både religiøse- og pedagogiske omsyn. Ikkje minst deira syn på forklaringa kveste striden. Mange såg grundtvigianismen, striden mot Pontoppidan og innføringa av leseboka som samverkande faktorar. Dette hadde dei på mange måtar rett i. Ei anna sak var at dei overvurderte faren ved innføringa av den nye leseboka. Landet vart ikkje avkristna slik mange meinte om denne boka vart teken i bruk. Elles var heile samfunnsutviklinga nå komen så langt at kravet om eit nytt åndsinnhald i skulen ikkje var til å stogga.

Det nye i handel og næringsliv, i politikk, i vitskap og ved dei nye kommunikasjonsmidla og liknande kravde alt saman eit vidare daningsgrunnlag i skulen. Mindre "verdsleg" opplæring enn lova av 1860 gav påbod om, kunne det ikkje vera i skulen dersom folket vårt skulle kunne fylge utviklinga i andre land. Dette galtdt både kulturelt og materielt. "Leseboki førte eit friskt vér frå den store verdi inn i umgangsskulen og dei tusen heimar der denne skulen fann husrom. Innhaldet studde alt som kunne kallast eit naturleg manneliv" (34). Skulen kunne nå saman med "Selskabet til Folkeopplysningens fremme"驱ra verkeleg folkeopplysning. Denne opplysningsverksemda var turvande for å gjera folket i stand til å nyta den demokratiske styreforma det hadde fått i 1814, og som var ført vidare ved formannskapslovene av 1837. Difor såg dei som stridde for gjennomføringa av den nye skulelova, striden mot leseboka som ein kamp mot samfunnsutviklinga. Og difor laut også striden førast til ende.

Kva vart så resultatet av striden? Det viste seg at trass i motstanden, så vart boka teken i bruk i aukande omfang. Dei store oppлага som vart sende ut frå Cappelens forlag i 1860-70-åra viser det. (35). Både boka og striden var med på å kalla fram gøynde krefter i folkelivet. Radikale tankar tok etter kvart til å vinna fram på mange område i samfunnslivet. Og det nye innhaldet i skulen vart etter kvart godteke i stadig vidare krinsar. Lesebokstriden var kanskje også med og auka trongen etter kunnskap i det breie lag av folket. Eit vitnemål om dette var at kveldsskulane vann fram nett i 1870-80-åra. (36) I Rennesøy kom kveldskulane til å få svært stor tilslutning kring 1880-åra. Truleg har leseboka og striden om den vore med og skapt denne trongen. Det er såleis eit visst samvar mellom søknaden til kveldsskulane og striden om leseboka. Der striden mot leseboka hadde vore hardast, ser det ut til at søknaden til kveldsskulen vart størst, kva nå enn grunnen kunne vera.

Den nye leseboka var i det heile ei stor pedagogisk vinning for den norske skulen. Ikkje minst kom leseboka og lova til å bli ein vekkjar for lærarane. Interessa deira for skulen og oppsedingsspørsmål auka mykje i åra etter 1860. Det var som om lova hadde skapt «en intens interesse hos lærerstanden for å dyktiggjøre seg best mulig og løfte skolearbeidet opp på et høyere plan enn det var før». (37) . Denne nyvekte interessa er også referata frå lærarmøta eit vitnemål om. Desse vitnar om stor iver for pedagogiske og kulturelle spørsmål i åra framover. (38)

I det heile førde lova og leseboka med seg ei avgjerande endring i den norske allmugeskulen. "Landets skolestuer hadde slått vinduene opp mot naturen og folkelivet, mot diktning og fortids historie, mot nyttig kunnskap og nutids samfunn. Og for folkeskolens morsmålsundervisning var det skapt en tradisjon som skulle bli rikere enn de fleste av andre land". (Boyesen).

P.A. Jensens nyskaping av leseboktradisjonen i Noreg vart ført vidare av Nordahl Rolfsen og Torbjørn Egner. Stoffet i lesebøkene er lagt opp til å høva for born. Leseboka skal appellera til tanke- og kjensleliv på same tid som ho skal gje nyttig kunnskap. Få bøker har vel hatt så stor innverknad på skulen i Noreg som Jensens lesebok.

### **Overgang til faste skular – skulehusbygging**

Det nye føremålet og innhaldet som skulen fekk ved 1860-lova, skapte mykje strid kringom i landet. Men på den andre sida såg det ut til at den ytre oppbygginga av skulestellet gjekk lettare nå enn før. Folk var meir viljuge til å yta pengar for å få i stand ei god skuleordning. Medan skuleframvoksteren frå 1739 og framover til 1860 i stor mon hadde blitt hindra av økonomiske vanskar, så syntest denne hindringa å bli mindre i tida etter 1860. Likevel var nok framleis pengevanskane den største hindringa for ytbygginga av skulen i dei fleste bygder. Men motstanden mot skulen var ikkje så stor som før.

Dette hadde mange årsaker. For det første hadde utviklinga mot pengehushald på bygdene gjeve bøndene meir pengar mellom hendene. Det aukande skjønet for nyten av opplæring og skule førde difor etter kvart til at folk syntest dei kunne bruka meir pengar til slike føremål. Det var likevel den nye stønadsordninga frå stat til amt som vart den mest avgjerande faktoren for utviklinga innan skulesektoren (1).

Skulelova gav kommunane rett til like stort tilskot som dei sjølve ytte til skulen etter at minstekrava i lova var oppfylte. For kvart amt skulle det vera ein amtsskulekasse. Til amtsskulekassen skulle statstilskota betalast inn, og amtstinget skulle stå føre løyvingane. Det var Nissen som hadde kome med framlegg om denne ordninga. (2) . Staten skulle ikkje lenger berre gje skulelover og la bygdene sjølve syta for gjennomføringa av dei. Staten skulle sjølv ta sin del av utlegga til skulestellet. Fattige kommunar skulle hjelpast. Og kommunar som viste interesse for utbygginga av skulen sin, skulle premierast. Kommunane fekk såleis interesse av å få skulen i så god stand at dei kunne få statstilskot.

Stønaden skulle serleg gjevast til bygging av skulehus, innkjøp av lærarjord, alderstillegg for lærarane og liknande. (3) Lova gjorde fastskulen til normalordning. Alle stader der minst 30 skulepliktige born kunne koma til same skulen kvar dag, skulle skulen haldast i eige skulehus eller i leigt lokale. Berre der tilhøva var serleg vanskelege, kunne kommunane halda på omgangsskulen som skuleform.

Tilskotsordninga og kravet i lova om faste skular kom til å setja stor fart i overgangen frå omgangs- til fastskular rundt omkring i landet. Denne overgangen var elles kome godt i gang alt i 1850-åra ved gjennomføringa av 1827-lova. Endå om fastskulen ved hovudkyrkjene hadde kome i stand etter mykje motstand mange stader, så hadde likevel folk litt etter kvart fått skjøn for kor mykje betre fastskulen var enn omgangsskulen. Folk i andre krinsar ville ha like god skuleordning som hovudkrinsen. Og tilskotet frå amtsskulekassen gjorde utlegga mindre. Mange skulekrinsar kom difor til å gå inn for å få fastskule.

Lova av 1860 vart ein veldig framskuv for fastskulen på landsbygda. I somme bygder var nok fastskulen normal ordning før lova kom. (4) Men dette var berre i heller få bygder på Austlandet der naturtilhøva låg serleg godt til rette. I dei aller fleste bygdene hadde dei i 1850-åra berre fast skule i hovudsoknene, medan omgangsskulen var den vanlege skuleforma i dei andre krinsane. (5).

Nokre tal vil syna utviklinga kring 1860-åra. (6). I 1853 gjekk 8210 av borna på landet i omgangsskulalar, 1870 i fastskular. I 1866 var desse tala snudd om. Då gjekk 78 % i fastskular medan berre 22 % gjekk i omgangsskulalar. Talet på fastskular auka i same tidsrommet frå 419 til 4000. Men berre tredjedelen av desse hadde eigne skulehus. Dei andre skulane heldt til i leigt lokale. Man i same perioden vart det likevel kjøpt eller bygd ca. 900 skulehus.

Samanliknar ein desse tala med oppgåver frå Stavanger amt, finn ein også same utviklingstendensen her, endå om amtet kom til å liggja etter den allmenne utviklinga i landet elles. Såleis gjekk om lag 12 % av elevane i amtet i fastskule i 1853. (7). I 1866 var talet 51 %. (8). Talet på skulehus auka i same tidsrommet frå 16 til 54 hus i heile amtet, og talet på omgangskular gjekk ned frå 421 til 305.

Tek ein føre seg denne utviklinga i Rennesøy, finn ein at kommunen i det store og heile ikkje låg etter når det galdt å få i stand faste skular og å byggja skulehus. Serleg vart 1860-åra ein stor utviklingsperiode i så måte. Endå om naturtilhøva og busetnaden her ikkje låg serleg godt til rette for ei slik utvikling, har skulekommisjonen gått inn for å få i stand fastskular så snart som råd. Det var likevel nokre få einbølte gardar som fekk ha omgangsskulalar heilt fram imot hundreårsskiftet. Det var store avstandar og därlege vegar som var årsaka til dette.

Skulekommisjonen i Rennesøy gjorde ikkje serlege endringar som galdt krinsskipnaden, men det vart bygt 8 skulehus frå 1860 til 1885. Dette vitnar om stor interesse for å få den ytre ordninga av skulen i god stand. Sokneprest Lange (1861 – 1870) var ein av pådriverane i dette arbeidet. Det var også medlemmene i Landboforeningen. Men på same tid som skulen vart bygt ut i det ytre, så var der ikkje ei indre oppbygging i same grad. I desse åra var striden om leseboka det store stidsspørsmålet. Heller ikkje når det galdt innkjøp av utstyr og læremiddel var det samsvar mellom den ytre og indre utviklinga. Skulen fekk likevel ei fastare form. Etter kvart som fastskulane kom i stand, fekk prestegjeldet den krinsinndelinga som det hadde åra framover..

Etter at fastskulen var komen i gang i Hausken i 1850-åra, var det ikkje lenge før arbeidet vart teke opp for å få fastskule i Kvitsøy. Denne øya hadde, som nemnt, blitt skilt ut som eigen skulekommune i 1841, og øya hadde heile tida etterpå lege framfor dei andre øyane når det galdt lærarløn og anna yting til skulen. Folk på Kvitsøy hadde vore interesserte i å ha ein god allmugeskule.

Spørsmålet om å få tak i dugande lærarar kom også til å fremja kravet om å få faste skular.. Skulekommisjonen på Kvitsøy ville gjerne ha ein seminarist til klokkar og lærar. Men sidan øya låg så avsides, så måtte løna opp dersom dette skulle lukkast. Det vart difor i 1855 søkt om 30 spd. av Opplysningsvesenets fond til lærarløn. Då ville lærar- og klokkarløna koma opp i alt 70 spd., og det var ei heller god løn på desse kantar (9).

Stiftsdireksjonen ville ikkje gå med på å yta pengane utan det vart ordna med fast skule. Dette ville ikkje skulekommisjonen gå med på i første omgang. Det ville nok vera «ønskelig med fast skule», men «på grund af de mislige økonomiske Omstændigheder saa de sig nødsaget til at opgive den som uudførlig idetmindste for Nutiden». Likevel har nok stiftsdireksjonen gått med på at Kvitsøy skulle få pengane. Ved kongeleg reskript av 9. januar 1857 fekk Kvitsøy 30 spd. årleg til å auke i lærarløna (10). Og i 1858 fekk dei ein seminarist til lærarar. Han må har gjort det godt der ute. Presten skreiv om han at «han har i en ganske Særlig Grad vundet Almuens Kiærlighed og Velvilje». Og for å gjera sitt til at han skulle stogga og ikkje søker seg bort, vart det i 1860 vedteke å gje han ei ekstra årsløn på 3 spd. På same møtet i skulekommisjonen vart det vedteke at det skulle byggjast nytt skulehus med lærarbustad. Dette vedtaket vart gjort med atterhald om å få 200 spd. i gave og 300 spd. i løn av Opplysningsvesenets fond.

Søknad om dette vart sendt til stiftsdireksjonen, men denne sende søknaden attende. I mellomtida hadde den nye lova av 5. mai 1860 kome. Tilskotet skulle difor gjevast av amtsskulekassen. Det vart søkt om tilskot av amtet i 1861, men det drygde ut før tilskotet frå amtsskulekassen kom i orden. Læraren døydde, og dei fekk ikkje tak i ny med seminarutdanning. Difor ville Opplysningsvesenets fond ta bort stønaden til lærarløn. Det var som om alt la seg på tverke for Kvitsøy endå om det her vart gjort mykje for å betra skulen. "Meget mere er det min inderlige Overbevisning at den skjønskomhet, sjeldne Interesse og Redebondhed til at gjøre sit bedste til Skolevesenets fremme, som i længere Tid har været paa forskjellige Maader vist av Hvidingsø Sogn, bør ihukommes frå det Offentliges Side", seier presten i sitt fylgjesskriv til søknaden i 1861.

I 1862 vart det atter søkt Stavanger amtsformannskap om 80 – 90 spd. til bygging av skulehus og lærarbustad. Det vart løyvt 80 spd. av amtet og skulekommisjonen fekk med det same lovnad om 80 spd. til "forsaavidt Lærerbolig forenes med Kredsstue" (11). I 1863 kom saka oppatt i amtstinget og då vart det løyvt 100 spd. i tillegg til bygging av skulehus i Kvitsøy. Skulehuset vart bygt i 1863. Det var den vanlege kombinasjonen av lærarbustad og skulehus med skulestove i eine enden og lærarbustad i andre. Folk på Kvitsøy vart pålagde

pliktarbeid ved bygginga. Dette vart utlikna slik at kvar husstand skulle ha eit visst tal arbeidsdagar på huset.

Kvitsøy vart såleis ein av dei fyrste krinsane i amtet som fekk bygd fastskule (12). (Då reknar ein ikkje med skulehusa ved hovudkyrkjene). Dette vitna både om interesse og framtak for skulestellet av folket på den vesle øya langt ute i havet.

I mellomtida hadde også arbeidet me å få i stand faste skular blitt teke opp i dei andre krinsane. Alt i 1861 hadde folk i Sørbø sendt inn framlegg til skulekommisjonen om at det burde byggjast skulehus der. Dette framlegget vart ikkje vedteke av kommisjonen. I staden skulle ein freista å få leigd ei stove til skulehus for krinsen. I eit møte same året (4/11-1861) vart det vedteke å leiga ei stove på Risa til 3 ort for veka. Skulen skulle vera delvis fast. Han skulle vera i krinsstova i 18 veker. I tillegg skulle læraren ha omgangsskule på til saman 7 veker og 2 dagar skift på 3 roder. Til desse rodene var lagt så avsidesliggjande gardar at skulekommisjonen meinte at borna ikkje greidde å koma til fastskulen den lovfeste skuletida. Gardane på Reianes saman med plassen Laaden skulle difor få 5 veker omgangsskule sidan her var mest born. Garden Asmarvik skulle få 1 veke og Ertenstein 1 veke og 3 dagar. Borna frå alle desse gardane skulle likevel vera pliktige å møta på fastskulen så ofte at dei til saman fekk den lovfeste skuletida på 9 veker. Det var likevel dei færraste av foreldra frå desse gardane som brydde seg med å senda borna til fastskulen den lovfeste skuletida. Mange av borna fekk såleis ikkje meir undervisning enn den ekstraopplæringa dei hadde heime på gardane.

På Mosterøy vart også arbeidet med å få faste skular teke opp. Etter krinsinndelinga i 1854 hadde gardane frå Vaula til og med Utstein Kloster vore eitt skuledistrikt (13). Dette distriktet var delt i tre roder. Bispen hadde kome med framlegg om at dette distriktet burde delast i to. Barnetalet var om lag 60 i distriket så det ville høva bra med to fastskular her, meinte han.

På møte i skulekommisjonen 15/4-1862 gjorde presten framlegg om at det skulle leigast ei krinsstove på garden Kåda for gardane frå Vaula til og med Haugvaldstad. Dette vart vedteke. Året etter baud Garmann seg til å gje gratis hus for skulen i det ytre Klosterdistriket. Dette gjekk sjølv sagt skulekommisjonen med på. Såleis hadde dei fleste skuledistrikta i Rennesøy fått i stand faste skular i 1863. Det var einast Aske og Innakleivs som framleis hadde berre omgangsskular. Dei andre skuledistrikta hadde anten faste- eller halvfaste skular.

Dei leigde krinsstovene vart i lengda uhøvelege til skulehus. Roma var for små, og inventaret for därleg. Etter møteboka å døma var det såleis berre i Sørbø at det var kjøpt inn bord og benker til krinsstova. I dei andre stovene laut dei klara seg med det inventaret eigaren fann fram.

Eigarane var også leie av ståket med skulen. Dei tykte heller ikkje at dei fekk nok i leige. Såleis sa eigaren av krinsstova på Kåda frå om at han ikkje lenger ville leiga ut rom til skulen. Skulekommisjonen fann difor ut at den beste løysinga var å få bygt eigne skulehus.

På eit møte 16. april 1866 gjorde kommisjonen vedtak om at det skulle byggjast 4 nye skulehus med lærarbustader. Det skulle byggjast skulehus både i Kloster Indre (Kåda), Sørbø, Innakleivs og Aske krinsar. Heile kostnaden vart rekna til 1200 spd. eller 300 spd. til kvart hus. Skulekommisjonen rekna med at amtet ville yta  $\frac{1}{4}$  eller 75 spd. til kvart av husa. Men framlegget fall i heradsstyret. Avslaget var grunngjeve med den därlege økonomien i heradet. Likevel gav ikkje skulekommisjonen seg. I eit møte året etter vart det vedteke å be heradsstyret om pengar slik at det i alle høve kunne byggjast skulehus med lærarbustad for indre Klosterkrinsen.

Då saka kom føre i heradsstyret 30. august 1867, vart det gjort vedtak om å byggja nye skulehus både for Kloster Indre, Sørbø, Innakleivs og på Bru eller Åmøy for Aske. Men for Aske skulle det førebels ikkje byggjast noko hus før det vart semje om kvar huset skulle stå, anten på Bru eller Åmøy. Her var meiningsane skilde. Skulehuset i Kloster Indre skulle stå på garden Kåda, i Sørbø skulle det stå på Voll og i Innakleivs på garden Hegland. Pengane som trongst skulle skaffast anten ved lån eller ved utlikning og dertil skulle folk hjelpe til med gratis arbeid "om sådant findes hensigtsmessig". Dessutan skulle skulekommisjonen søkja amtet om tilskot og stønad.

I møte 18/12-1867 vart det valt byggenemnder. Desse fekk fullmakt til å kjøpa inn materialar så langt midlar stod til rådvelde. Dei skulle også stå føre "husenes opførelse". Og i kvar av krinsane skulle dessutan "saavel Gaardbrugere som Husmænd og Strandsiddere udføre arbeide efter Bygningskommisjonens tilsigelse og til den Tid den bestemmer". Som døme på storleiken på desse husa, tek ein med måla for huset på Kåda. Det skulle, liksom dei andre, gje rom for 30 elevar. Dette huset var 16 alen langt og 10 alen breitt. Skulestova var på 10 x 10 alen. Høgd 4  $\frac{1}{2}$  alen. Lærarbustaden skulle vera på eitt rom + kjøkken og gang.

I Aske krinsen kom byggjespørsmålet til å dryga ut. Det var ikkje lett å finna nokon stad der det høvde for borna å samlast. Fjorden låg og skilde anten huset vart bygt på Bru, Åmøy eller Aske. Først i 1878 vart det semja om at huset skulle byggjast på Åmøy. Det vart ytt 1000 kroner av heradet, og resten skulle lånast i Rennesøy Sparebank med private kausjonistar (14).

Men då huset skulle byggjast, ville folk på Åmøy at det skulle byggjast lærarbustad saman med skulehuset. Dei meinte dette laut til dersom dei skulle få habil lærar. Men dette ville ikkje folk på Bru og Sokn vera med på. Dei hadde nok vore lite huga på at huset skulle byggjast på Åmøy. Borna deira kom til å få ein heller lang og vanskeleg skuleveg. Ei viss form for eigeninteresse har også gjort seg gjeldande. Folk på Bru og Sokn unte vel heller ikkje Åmøy både skulehus og lærarbustad. Og dersom Åmøy fekk både skulehus og lærarbustad,

ville skulen der bli så dyr og så god at det ville gå lang tid før dei andre øyane kunne koma med krav om eigen skule.

Folket på Bru baud seg difor til å ta mykje av byggekostnadene sjølve. Dersom dei fekk 800 kr. av amtet, og heradet tok på seg kostnaden til lærarbustad på Bru, så skulle krinsen ta resten.

Dette tilbodet frå Bru gjorde at det ikkje vart bygt lærarbustad på Åmøy. men skulehuset vart bygt etter planen i 1878. I 1880 vart søknaden frå Bru krinsen imøtekomen. Folket på Bru fekk attpåtil lovord av stiftsdireksjonen for "den Interesse og Offervillighed for Skolen som er lagt for Dagen af denne lille Kreds af Opsiddere i ganske almindelige økonomiske Forhold". Huset kosta i alt 1600 kr. Det var ei skulestova i den eine enden og ein liten lærarbustad i den andre. Lærarbustaden var heller liten og ulagleg. Difor vart det alt i 1896 kjøpt eit privathus til lærarbustad. Seinare i 1924 vart lærarbustaden i skulehuset omlaga til ei skulestova.

Såleis fekk Bru og Åmøy skulehus ca. 1880. På Åmøy vart skulen 2-delt, på Bru samla. Seinare vart også denne skulen 2-delt. Det vart ein lærar for både krinsane. Huset på Bru vart sett på den sida av øya som var nærmest Sokn. Dette var i ein utkant for folket på Bru, men huset vart bygt her fordi det skulle bli kort veg til skulen for borna på Sokn. Dei trong då berre ro over det smale Soknasundet. Byggjesakene både på Bru og Åmøy vitnar noko om korleis prestisjeomsyn og ser-interesser gjorde seg gjeldande ved kringsregulering og skulehusbygging. Men på same tid får ein også eit inntrykk av korleis offerviljen og interessa for skulen hadde auka. Det var berre 30-40 år sidan striden mot fastskulen ved hovudkyrkja var på det hardaste. I den tida var det ikkje snakk om å ofra meir til skulen enn folk var heilt nøydde til. Å ta på seg det meste av arbeidet og utlegga til eit skulehus, ville då vore utenkjøleg. At folket på Bru tok på seg ei slik oppgåve berre få år seinare, viser noko av den endring i innstilling som hadde gått føre seg, endå ein i dette tilfelle også må ta bygdeinteresser og prestisjeomsyn med i biletet.

Skulehusa på Åmøy og Bru måtte også føra til endring i krinsane på Mosterøy. Det som var att av Aske krinsen, var for lite til eigen skule. Og vegen til skulehuset på Kåda var for lang for borna frå Aske. Det måtte difor ei omordning til av skulekrinsane på Mosterøy.

I 1882 kom denne saka opp i skulekommisjonen. Det vart då vedteke at øya skulle delast i 2 krinsar. Skulehuset på Kåda skulle flyttast til Kloster, og nytt hus byggjast på Vaula for gardane frå Aske til Kåda. Gardane frå Haugvaldstad til Utstein Kloster skulle høyra til Klosterkrinsen.

Det nye skulehuset på Vaula var eit stort hus for si tid. (15). Kostnandsoverslaget var på 1709 kr. Det var det største skulehuset som til den tid hadde blitt bygt i kommunen. Dette huset skulle også vera kombinert skule- og lærarbustad. Skulestova som var rekna til om lag 30 elevar var heller stor (24 x 23 fot). Lærarbustaden var på 2 stover, kjøkken og 2 salar ovanpå. Eine salen vart teken i bruk til kommunelokale, mellom anna til møta i heradstyret.

Lærarbustaden var i bruk til 1929, og skulestova vart i mange år brukt til rom for den friviljuge framhaldsskulen. Den obligatoriske skulen fekk tilhald i nytt skulehus i 1939.

Det siste store tiltaket i denne byggjepersonen var det nye skulehuset i Hausken krins. Her hadde det første faste skulehuset i prestegjeldet frå 1850-åra etter kvart blitt for lite og utenleg. Saka om nytt skulehus var første gong føre i skulekommisjonen i 1883.

Kommisjonen seier at «det nuværende Skolehus paa Hausken på anses aldeles utilstrækkelig baade med Hensyn til Skoleværelset og med Lærerboligen». Det vart difor gjort framlegg om å byggja nytt skulehus med lærarbustad. Huset vart kostnadsrekna til 1874 kr. Det skulle vera 13,9 m. x 7,21 m. x 7,21 og med høgd under taket 2,82 m. Lærarbustaden skulle vera på to rom + kjøkken og gang.

I søknaden til stiftsdireksjonen om tilskot klaga skulekommisjonen over at heradet hadde fått lite av amtet til all nybygginga. Det vart såleis nemnt at til skulehuset på Vaula hadde amtet berre gjeve 800 kroner, og det hadde ikkje ytt noko til flytting av skulehuset frå Kåda til Kloster. Skulekommisjonen peika på at i «løbet af 5 aar er opført 4 nye Skolehus hvorav 3 med familiebolig, med en Udgift af over 7000 kr. samt et femte flyttet et lengere Stykke vei». Rennesøy høyrde ikkje til dei "iformuende kommuner". Heradet fekk difor berre vanleg statstilskot til bygging av skulehus og liknande, medan mange andre kommunar i amtet fekk ekstraløyving til oppbygging av skulestellet (16). Statstilskotet til Rennesøy var likevel heller stort i høve til andre kommunar i amtet. Dette tyder på at kommunen har hatt store utlegg til skulestellet i høve til andre. Den store skulehusbygginga er eit vitnemål om dette.

Naturtilhøva og den spreidde busetnaden gjorde at det laut byggjast heller mange skulehus i denne kommunen i høve til folketalet. På grunn av den spreidde busetnaden og dei dårlige vegane kunne ein ikkje koma heit bort frå omgangsskulen. Både i Hausken og Innakleivs (Hegland) krinsar var det nokre gardar som hadde omgangsskule fram mot hundrearsskiftet.

Natur- og bustadtilhøva i amtet var slik at omgangsskuleforma framleis laut brukast mange stader. Dårlig økonomi hadde også mykje å seia. Serleg galdt dette Ryfylke. I 1896 hadde såleis Hjelmeland ennå 17 omgangsskular og berre 2 fastskular (17). Men ser ein på utviklinga for heile amtet i tidsrommet 1861 til 1890, så ser ein betre framgangen. Talet på skulekrinsar er gått ned frå 495 til 413. Talet på skulehus er auka frå 32 til 231, og talet på omgangsskular er gått ned frå 426 til 76 (18). Det hadde såleis vore ei stor investering når det galdt skulehusbygging i amtet. Den nye stønadsordninga påverka nok i høg grad denne utviklinga. Amtstinget løvvde jamtover 1000 spd. til bygging av lærarbustader og skulehus i dei første 15 åra etter at lova kom. Frå 1875 til 1889 varierte løyvingane frå om lag 1000 til 6000 kroner. (19) Amtstinget syntest å vera sterkt interessert i at det vart bygt skulehus. Mange av ordførarane stod også på for å få skulehus, men somme gjorde det dei kunne for å spara på lærarlønene (20). Skuledirektør Wolff hadde også stor ære for denne utviklinga. Han var stadig på farten for å hjelpe kommunane med krinsreguleringar, planar for skulehus o.a.

Bygging av alle skulehusa i år etter 1860 var eit økonomisk lyft for mange kommunar, likeeins for for staten og for heile samfunnet. Ein ser såleis at medan utgiftene til skulestellet steig med om lag 300 % for kommunane i perioden 1853 til 1866, var auken 900 % for staten (21). Dette viser noko av den farten det var kome i utbygginga av skulestellet ved 1860 lova. Når det gjeld overgangen frå omgangs- til fastskule i heile landet, ser ein at talet på faste skular auka med 2825 i tida frå 1853 til 1890 (22). Tale på omgangsskuledistrikt gjekk i same tidsrommet ned med 1780, frå 2012 i 1853 til 232 i 1890.

Mange stader førde skulehusbygginga med seg mange praktiske problem. Bygging av skulehus hadde ikkje nokon tradisjon, og det var få personar som hadde noko greie på slike byggearbeid. For å hjelpe kommunane sende departementet ut plantekningar med rettleiingar for korleis skulehus kunne byggjast. (23). Det var ulike planar for ulikt elevtal. Og i dei fleste planane vart skulehuset delt i skulerom og familiebustad. Elles gav departementet rettleiingar om korleis tomta for huset burde vera, storleiken på klasserom i høve til elevtal m.m.. Det vart til dømes rekna med 100 kubikkfot luft til kvart skulebarn. I høve til rom som tidlegare vart nytta til undervisning for omgangsskulen, var dette eit stort framsteg (24). Dei stovene som vart brukte til omgangsskule, var nok ofte både usunne og helsefarlege for elevane.

I planane frå departementet var det også detaljerte utgreiingar om korleis bord og benker skulle plasserat, om oppvarming, ventilasjon m.m. Skuledirektørane brukte nok desse pålanane mykje når dei gav råd og rettleiing til kommunane om bygging av skulehus. Mange av skulehusa vart difor bygde etter desse planane (25).

Ein veit ikkje om desse typeplanane vart lagt til grunn for skulehusbygginga i Rennesøy. Men skulehusa som vart bygde etter 1860, har nokså lik grunnplan og form. Dette kan ha hatt samanheng med at byggjenemndene har vorte samde om ein viss grunnplan og ei viss form på husa som skulle byggjast, men det ser ikkje ut til at det har vore usemje i skulekommisjonen om storleiken på husa. Det er difor rimeleg å tru at skulekommisjonen har lagt departementet sine typeplanar til grunn for skulehusbygginga. (26)

Skulehusbygginga og overgangen frå omgangs- til fastskule skaut stor fart frå 1860 og utover. Føremonene med fastskulen i høve til omgangsskulen vart meir allment kjende. Ein fekk ei betre skuleordning enn den ein hadde hatt før. Ein fekk ei skuleordning som ein seinare kunne byggja vidare på. I mange bygder skapte likevel denne overgangen nye vanskar som det mange stader tok lang tid å løysa.

### **Ymse vanskar med fastskulen**

Etter lova av 1860 skulle kvart herad inndelast i skulekrinsar. Denne krinsdelinga kom mange stader til å skapa ordskifte og strid. Før hadde det vore ein fordel å laga omgangsskuledistrikta så små som mogeleg. Då vart det lettare for læraren å koma rundt i

distriktet. Skuletida kunne verta lenger i kvar rode, og borna fekk kort veg til skulen. Men ved overgangen til faste skular galdt det om å gjera krinsane så store som mogeleg. Dette gjorde barnetalet ved skulane større, og det gav høve til klassedeling. (1) Utgiftene til skulehus, lærarløner og liknande vart også relativt mindre di fleire garder som sokna til same skulen.

Skulevegen skapte ofte vanskar når krinsinndelinga skulle avgjerast. Sentraliseringa førde ofte med seg at borna frå dei ymse heimane fekk svært ulik skuleveg. Vurderinga av kva som var lang skuleveg kunne også variera frå bygd til bygd. Det kunne såleis skifta frå ein halv til halvannan fjerdingveg. (2) På same måten kunne vurderinga av kva som var vanskeleg veg vera ulik. I somme bygder laut borna ta seg fram til skulen gjennom brattlendte lier, over svaberg, steinurder og ulende, medan born i andre bygder kunne fylgje relativ gode vegar. Ofte var det likevel ikkje vegtilhøva som vart mest avgjerande. Dei som budde avsides eller hadde vanskeleg veg til skulen, kunne gjerne setja si ære i å koma fram til skulen, medan born heldt seg borte der vegtilhøva var betre.

Skulevegen hadde jamt over mykje å seia for plasseringa av skulehuset. Krinsregulering og skulestad kom difor til å skapa bitter strid mange stader. Ofte vart det skuledirektørane og embetsmennene i departementet som fekk til oppgåve å sameina dei ulike synsmåtane. (3) Eigeninteresser og gammal fordom gjorde seg nok også gjeldande ved val av skulestad.

Dei som var mot sentralisering, hadde sine gode grunnar for det. Vegane var dårlige, klede og fotty ringt for born som gjerne skulle ta seg fram lange vegar til skulestaden. Fordelane ved fastskulen var greie for heimar som låg nær skulehuset. Verre var det for dei som låg langt borte. For dei var omgangsskulen den beste skuleforma. Her kom læraren sjølv til gards. Skulen gleid inn i kvardagslivet på ein naturleg måte. Husfolket kunne ta seg av borna når kleda var våte eller i andre høve når borna trøng hjelp.

Borna som skulle til fastskulen, laut utstyra med klede, skor, og mat for heile dagen. Var skulevegen lang og ulendt, så var det gjerne ikkje kjekt for foreldre å senda borna i veg. I kystdistrikta laut gjerne borna i båt for å koma til skulestaden- Dette kunne skapa store vanskar ved krinsregulering og avgjerd om skulestad.

For ein øykommune som Rennesøy var sjøen ei hindring for god krinsinndeling. Serleg var det i Aske sokn at sjøvegen skapte vanskar. Her var fire øyar å velja mellom til skulestad, Åmøy, Bru, Sokn og Aske. Om det var lett å leggja Aske til ein krins på Mosterøy, vart det like fullt vanskeleg å finna lagleg plass for Sokn, Bru og Vestre Åmøys. I ein utkant låg garden Rossnes, om lag 4 km. frå fjorden mellom Bru, Sokn og Åmøy. Det er ikkje å undrast over at folk i Bru sette mykje inn på å få eige skulehus for øya, og var viljuge til å ofra noko for ei slik ordning. Med skulehus på Vestre Åmøy og på Bru var det berre borna frå Sokn som måtte i båt til skulestaden, men sjøvegen var heller stutt.

Skulekommisjonen i Rennesøy for varsamt fram ved krinsreguleringane. Første tida var det tilknytta omgangsskulalar til alle fastskulane på sjølve Rennesøy. Læraren hadde den lengste

skuletida ved fastskulen, men kom også til å ha noko skule på einbølte gardar. Den obligatoriske skuletida på desse gardane var ikkje lang. Gardane Eltarvåg og Rennaren, som hørde til Hausken krins, fekk i lang tid berre 4 veker skule i året. Det same fekk borna på garden Asmarvik i Sørbø krinsen og Dale, Sel og Skjørvestad i Heggland skulekrins.

Dale og Sel var dei gardane som hadde omgangsskuleordning lengst i prestegjeldet. Først i 1892 vart Skjørvestad skilt frå og lagt til Heggland skule. Dale og Sel vart eigen skulekrins, med 9 veker samla skule i leigd krinsstova. I 1930-åra vart desse gardane lagt til Hausken skulekrins.

Til 1890-åra hadde elevane frå gardane Eltarvåg, Rennaren, Dale, Sel og Skjørvestad høve til å koma til friviljug undervisning ved Hausken skule. Borna frå Eltarvåg nytta seg av dette, men etter dagbøkene å døma var det berre i eit par tilfelle at borna frå gardane Dale, Sel og Skjørvestad møtte til fastskulen. Foreldra har nok vore redde for at dersom dei sende borna til den friviljuge undervisninga, kunne det føra med seg krav frå bygdestyringa om at alle borna skulle møta ved fastskulen.

I realiteten fekk borna frå desse einbølte gardane berre 1/3 av den skuletida dei andre borna i kommunen kunne få. Med fastskulen vart det såleis visse overgangsvanskar med ulik opplæringstid for borna nær fastskulen og for avsidesliggende gardar.

Ein annan vanske ved overgangen frå omgangsskule til fastskule var spørsmålet om hus og kost for læraren. Så lenge det var omgangsskule, skulle læraren ha kost og hus der han heldt skule. Då det vart fast skule, var det mest praktisk at læraren fekk vederlag for hus og kost i reie pengar. Dette var ei fylge av fastskulen som folk mange stader var sterkt imot.

Spørsmålet om hus og kost for læraren kom skapte motstand mot å skipa faste skular. (4) Folk var imot alle kontante pengeutlegg endå om dei kunne vera mindre enn verdien av naturalytingane.

Etter lova kunne skulekommisjonen avgjera om læraren skulle ”nyde Koshold og Herberge in Natura eller Pengegodtgjørelse derfor”. Kommunestyret kunne også – med godkjenning av stiftsdireksjonen – avgjera om desse utlegga skulle takast av kommunekassen eller om dei skulle utliknast på kvar krins. I dei fleste bygder var det krinsane som laut bera utlegga til kost og hus. Dette vart rekna som den mest rettvise ordninga.

I Rennesøy vedtok skulekommisjonen at læraren skulle ha godt gjersle for kost og hus i reie pengar i krinsar med fast skule. Dette braut med det gamle tilvande. Folk sette pengeverdet høgare enn verdien av naturalytingane. Mange syntes å vera svært lite huga på å betala for kosthaldet til læraren med pengar. Dei ville slik som før heller gje han hus og mat.

Det var serleg på Mosterøy det vart strid om dette. Då dei fekk krinsstova på Kåda, vart kostpengane kravde inn, men folk på Hodnefjell og Haugvaldstad nekta å betala. Dei hadde sagt frå til skulekommisjonen om at dei ville slutta å senda borna på skulen om dei laut betala kostpengar til læraren. Læraren skulle gå rundt frå hus til hus og få maten sin som før.

Saka var føre i eit møte i skulekommisjonen 1863. Presten opplyste at han hadde kalla foreldra inn til eit møte på Haugvaldstad. Der hadde dei sagt frå at dei ikkje lenger ville la borna gå på fastskulen i krinsstova på Kåda, og ”under ingen Omstændigheder betale kosthold i penger”. Presten hadde på dette møtet late foreldra røysta over ei fråsegn om at dei ville ha fastskulen på Kåda etter vedtak i skulekommisjonen 2/22-1862 og betala 10 skilling veka i kostpengar, eller ei fråsegn om at dei ville ha att omgangsskulen. Ved røystinga hadde 10 valt omgangsskulen medan 5 hadde røysta for fastskule med kostpengar. Men skulekommisjonen heldt fast på tidlegare vedtak om fastskule og kostpengar, endå det går fram av møteboka at meiningsane var skilde og verdsetjinga av fastskulen ulik. Heradstyret var samd med skulekommisjonen og fastsette kostpengene til 40 sk. av kvar skyldmark. Med desse vedtaka stilna striden av. Motstandarane våga ikkje å setja seg opp mot vedtaka i skulekommisjonen og heradstyret. Desse utlegga var likevel med på å skapa uvilje mot skulen og læraren. Dette vart kanskje eit moment i lesebokstriden som kom til å verta hard i denne krinsen nokre år seinare.

Verdsetjinga av kostpengane til læraren var elles ulik. Fekk omgangsskulelæraren hus og mat på gardane, vart dette verdsett til 1 spd. for veka. Men når kommunane skulle yta pengane, vart kostpengane sett til 2 eller somme stader 3 ort (5). Det var såleis ikkje med nokon velvilje folk gav pengar til hus og mat for læraren. Dette hadde nok samanheng med vurderinga av læraren og arbeidet hans i den tida, og at folk generelt hadde lite reie pengar.

Fastskulen førde også med seg reint praktiske vanskar. Såleis vart det spørsmål om kven som skulle ta seg av reinhaldet av skulestova, leggja i omnen om morgenon og liknande. Etter lova kunne det veljast tilsynsmenn for kvar krins. I somme bygder vart det arbeidd ut instruks for desse mennene (6). I Rennesøy var det tilsynsmennene og lærarane som fekk til oppgåve å ordna det slik at vaskinga vart gjort etter tur av foreldra i krinsen. Dersom nokon nekta, skulle arbeidet utførast av andre. Dei som nekta, skulle i så fall bera alle utlegga. Det var likevel somme som nekta, men tilsynsmannen og læraren våga lite gjera.

Det var ikkje alltid så lett når grannar og vyrde menn i bygda nekta å gjera dette arbeidet. Det varelles ikkje så ofte det vart gjort reint i skulestovene. Skulehusa skulle vaskast annan kvar veka, og elles så ofte lærar og tilsynsmann meinte det trongst. Når det galde å leggja i omnen, vart det ordna slik i somme krinsar at dei eldste gutane i skulen skulle møta etter tur og leggja i omnen om morgenon. I andre krinsar hadde læraren dette som plikt. Det syntes seg snart meir praktisk å leiga folk til å utføra dette arbeidet. Dette vart meir vanleg i 1880-åra då skulestellet etter kvart kom inn i fastare former.

Fastskulen førde såleis med seg ymse vanskar i overgangstida. Men desse vart litt etter kvart løyste, og fastskulen som skuleform viste seg meir og meir overlegen i høve til omgangsskulen. I omgangsskulen hadde skuleforsømingane vore ein serleg stor vanske og vore med på å gjera denne skuleforma lite effektiv. Denne vansken laut også fastskulen stridast med. Det vart difor eit av hovudproblema i tida etter 1860 å få skuleforsømingane

ned. Eit effektivt skulestell føresette at borna skulle vera på skulen i den tida dei hadde rett og plikt til det.

### **Skuleplikt og skuleforsøming**

Lova av 1860 drog ikkje opp klare retningsliner for kor mange år borna skulle gå på skule. Skuleplikta varde framleis frå 7-8 årsalderen til konfirmasjonen. Kor mange år borna hadde plikt til å gå på skulen, var såleis noko uvisst. Den vanlege konfirmasjonsalderen var i 14-15 års alderen på landet. Men alderen på konfirmantane kunne ymsa alt etter om presten fann at borna hadde nok kristendomskunnskap til å bli konfirmerte eller ikkje.

Den årlege undervisningstida for kvart barn vart heller ikkje auka noko serleg. For krinsar der skuletida var i samsvar med 1827-lova, trong det ikkje bli noko serleg endring. I 1853 hadde det gjennomsnittlege talet på skuledagar vore ca. 100 på kvar avdeling i dei faste skulane for heile landet. (1) For omgangsskulane var same talet 50,1. Dei same tala for Rennesøy var 108 og 64,5. Borna i Rennesøy hadde såleis høve til å gå fleire dagar på skulen i 1853 enn det som var gjennomsnittet for heile landet. Likevel hadde ikkje alle elevane plikt til å møta på skulen alle desse dagane. Etter lova var det nok at elevane møtte opp eit par dagar i veka frå 12-års alderen av. Ein må difor rekna med at det var få born over 12 år som gjekk på skulen alle dagane som var sette opp for avdelinga eller for omgangsskulen.

Den nye lova kravde at skuletida skulle vera lik for alle i allmugeskulen. Den årlege skuletida vart sett til 54 dagar i delt- og 72 dagar i samla skule. Samanliknar ein desse tala med gjennomsnittstala frå 1853, ser ein at det var serleg i alle dei udelte omgangsskulane at den årlege skuletida jamt over laut aukast. I fastskular med klasssedeling kunne jamvel skuletida setjast ned, og endå vera i samsvar med lova. Likevel vart det ved svært mange fastskular ordna med friviljug undervisning utover den pliktige skuletida. (2) Mange stader vart den pliktige- og friviljuge undervisninga skilt lite ut frå einannan. Det fleste elevane kom til å fylgja begge delar. Likevel hadde ikkje skulekommisjonane rett til å krevja at borna gjekk på skulen meir enn *dei lovfast 9- eller 12 vekene*.

I Rennesøy vart spørsmålet om krinsinndeling og skuletid for krinsane etter 1860-lova oppe i eit møte i skulekommisjonen 4. nov. 1861. Som nemnt ein annan stad, vart den gamle rodeinndelinga av omgangsskuledistrikta lagt til grunn for denne første krinsinndelinga. Det vart difor svært mange krinsar i kommunen, og barnetalet i mange av krinsane vart lite. Det vart difor vedteke å søkja dispensasjon for skuletida i nokre av krinsane der barnetalet var lågt. Såleis vart det for krinsar med 13-14 born vedteke ei skuletid på 8 veker. På Sokn var der 7 born. Her vart skuletida sett til 6 veker. I dei fleste andre krinsane var likevel barnetalet så høgt (frå om lag 18 elevar og oppover) at skuletida vart sett til 12 veker. For fastskulen på Hausken vart skuletida sett til 9 veker for kvar avdeling. Dertil kom 8 veker friviljug skuletid. For krinsstova på Sørbø vart også skuletida sett til 9 veker for kvar avdeling. Den samla skuletida for Rennesøy skulekommune, vart etter dette på i alt 153 veker og 2 dagar.

Etter kvart som krinsane vart slegne saman til større einingar, og krinsstover og skulehus vart tekne i bruk i 1860-åra, vart det etter kvart ordna slik at dei fleste borna i kommunen hadde høve til å koma på skulen den lovfeste skuletida. Såleis vart det samla veketalet for heile kommunen auka til 156 veker i 1865, og til 161 veker i 1872. Det vart serleg borna på dei einbølte gardane på Rennesøy og borna på øyane Bru, Sokn, Åmøy og Brimsø, som ikkje hadde høve til å få den lovfese skuletida. Det var dei serlege naturtilhøva for desse stadene som her gjorde seg gjeldande. Og stiftsdireksjonen gjekk med på at borna her fekk kortare skuletid enn dei etter lova skulle ha.

Stiftsdireksjonen hadde etter lova høve til å gje dispensasjon for skuletida i krinsar der barnetalet var lite og tilhøva vanskelege. (3) Med får elevar i klassen vart det rekna med at borna fekk større utbytte av opplæringa. Dette skulle vega opp for den kortare skuletida. I mange bygder vart likevel ei kortare skuletid ofte regelen i staden for unnataket. (4) Både busetnad, lange og därlege vegar og økonomiske tilhøve gjorde det vanskeleg for mange kommunar å gje alle borna den skuletida dei hadde rett på etter lova. Difor vart det i tida framover frå 1860 mange born som ikkje hadde høve til å få den lovfeste undervisningstida. I Rennesøy var det såleis i 1872 17 born av 227 som ikkje kunne få den lovfeste skuletida på grunn av lokale tilhøve. (5). Dette tilsvrar om lag 7,5 %. Same året var det om lag 14 % av elevane i heile landet som ikkje kunne få den lovfeste undervisningstida. (6) Det var serleg tilhøva i Nord-Noreg som gjorde at prosenten blei så høg for heile landet. Variasjonane i dei ulike landsdelane var store

Den pliktige skuletida for kvart barn var heller ikkje lang, men likevel altfor lang for mange. Fråværet kom til å vera svært stort ved mange skular. Det kunne henda at born ikkje møtte på skulen ein einaste dag i heile året. Dette tilhøvet vart betre etter kvart som den allmenne opplysninga auka. I 1861 var det om lag 3 % av alle skulepliktige born i heile landet som heilt heldt seg borte frå skulen. I 1880 var det 1,3 % og i 1890 0,75 %. (7) Skulekommisjonane hadde løyve til å gje foreldra mulkt, og elles å prøva med andre tvangsmiddel å få borna i skule. Man skulekommisjonane kunne ikkje slik som før senda borna på tukthuset for å få dei underviste og konfirmerte der.

I mange bygder var det likevel ikkje denne forsøminga som skapte dei største vanskane. Verre var den ujamne skulesøknaden som det var ved mest alle skular. Borna kunne såleis vera borte frå skulen både dagar og veker utan lovleg grunn. Same kor godt den ytre skuleskipnaden var ordna, så ville skulkinga vera til skade for ei effektiv undervisning. "Ingen ting elles formaar for eksempel saaledes som forsømmelserne at bryte Lærerens kraft, nedslaa hans mot og slukke iverren og kjærligheten til hans kald". (8)

Det var klårt for alle som hadde interesse for skule og folkeopplysning, at skulle skulen bli i stand til å fylla si oppgåve, så laut skuleforsømingane ned. Det vart difor freista både med makt og med lempe å få til ei endring. Enda om dette syntest å vera vanskeleg mange stader,

så vart likevel forsømingane mindre for kvar tid i 1870-80-åra. I lengda verka trugsmålet om bot og straff og allmenn opplysning og større skjøn for verdet av skulearbeidet medverkande årsaker til å få forsømingane ned.

Det var jamtober stor skilnad på heimane korleis dei kjende seg bundne av lova om skuleplikt for borna sine. Av dei skuleprotokollane som ligg føre i Rennesøy, går det fram at det var somme heimar der borna sjeldan blei sende til skulen. Dette går att år etter år. Somme av borna var borte frå halve og opptil heile skuleår. Frå andre heimar var frammøtet bra.

Skulekommisjonen i Rennesøy arbeidde for å få forsømingane ned, og gjorde mange vedtak om dette. Her som elles i stiftet syntest det å ha vore ein auke i forsømingane i 1860 åra. (9) Skulekommisjonen tok difor i bruk dei verkemiddel som den etter lova hadde rett til å bruka. Såleis vart det i 1863 gjort vedtak om at foreldre som heldt borna borte frå skulen halve skuletida, skulle betala mulkt. På same møtet vart fire foreldre ilagde bøter. Ein gut hadde berre møtt 16 av 54 skuledagar.

Denne framgangsmåten må ha blitt kritisert i bygda. For neste år modifiserte skulekommisjonen dette vedtaket. Det vart då vedteke at foreldra skulle få åtvaring først. Dersom det ikkje hjelpte, skulle dei betala mulkt. Same dagen fekk 6 foreldre åtvaring. N.N. for dottera Elen, "som paa Aar ei have søgt Skolen. N.N. «sine Børn Toralv, Laurits og Thomas som aldeles forsømmer Skolen». N.N. for sonen «Cornelius der kun nogle faa Dage have søgt Skolen». For nokre av foreldra syntest åtvaringa å hjelpa, for andre ikkje. Såleis er det nokre av dei same foreldra som også året etter får åtvaring fordi borna ikkje møter på skulen. Det var også andre foreldre som fekk åtvaring. Det heiter i møteboka m.a. at N.N. "advares endnu en gang fordi Ole og Jacob fremdeles forsømme og ei lader dem fremmødde". N.N. for Tobia og N.N. for Serine «som haver forsømt 25 dage af 54».

I åra framover er det stadig slike saker refererte i møteboka. Skulekommisjonen åtvara, truga med mulkt, sende tilsynsmennene til foreldra o.l. Såleis vart ein tilsynsmann send til N.N. "viss Barn have forsømt 34 af 54 Skoledage". Saman med læraren skulle tilsynsmannen gå og halda fram for foreldra "det utilbørlige i dette Forhold". Korleis læraren og tilsynsmannen vart mottekne, veit ein ikkje. Det var nok ikkje alltid lett å gå i slike oppdrag. Mange foreldre syntest å vilja stå for borna si skuleonge sjølve. (10) Skulekommisjonen i Rennesøy tok ikkje lett på dette problemet. Såleis vart det gjort vedtak om at kommisjonen skulle få melding frå lærarane kvart kvartal slik at den til kvar tid kunne ha oversyn over fråværet ved skulane.

Skulekommisjonen tok denne saka alvorleg. Skuleforsømimgane hadde vore heller store i Rennesøy. I 1878 var fråværepresenten om lag 20 for Rennesøy medan han var om lag 15 for amtet og landet elles. Ti år etter var fråværepresenten ca. 15 % for Rennesøy, medan dei tilsvarande tala var om lag 12 % for amtet og 21 % for heile landet. (11) Ein må ta omsyn til at desse tala inneheld både lovleg og ulovleg fråvære. Tala er likevel så store at ein må rekna med mykje skulking. Mange foreldre hadde nok også vanskeleg for å skilja kva som var

lovleg og ulovleg fråvære. Trong dei borna til arbeid heime, vart i mange høve dette arbeidet rekna for viktigare for borna enn skulearbeidet. Mange foreldre hadde lite kunnskap sjølve, og meinte at borna deira ikkje trond ha noko meir.

Grunnane for fråværet kunne vera mange. Skuledirektørane har i årsmeldingane sine i åra frå 1860 ofte drøfta dette spørsmålet. (12) Dette viser kor opptekne tilsynsmennene for skuleverket var med denne saka. Noko allmenngyldig årsak syntest ikkje å vera lett å finna. Årsakene skifte frå stad til stad. Det var nok mange medverkande årsaker som gjorde seg gjeldande.

I Rennesøy syntest ikkje lang eller vanskeleg skuleveg å vera nokon grunn til stort skulefråvære. Veglengda kunne vera frå fire til ein kilometer og endå mindre, men like ofte skulka borna frå heimar nær skulen som frå heimar med lengre og meir vanskeleg skuleveg. I dei fleste tilfelle må ein rekna med uvilje mot skulen hos born og foreldre var ei viktig årsak. Annleis kan ein vel ikkje sjå det når same foreldre får åtvaring år etter år. I eit einskilt høve såg det ut som om forsøminga gjekk att i slekta frå far til son. I det heile gjekk det lang tid før skuleplikta vart allment akseptert. På gardar der den religiøse interessa var liten, var det ofte også skralt med skuleinteressa. Kanskje syntest ikkje desse foreldra at det var turvande med alt katekismepugget borna mått i gjennom. Praktisk arbeid kunne vera mykje nyttigare. Dessutan hende det at borna verkeleg trøngst heime. Under sildefisket til dømes var dei fleste vaksne manfolk frå øyane på fiske. Serleg dei eldste skulepliktige borna kunne då vera til god hjelp heime på gardane. Ofte reiste også dei eldste borna sjølve på fisket, og brydde seg lite om heile skulen. (13)

Dårleg økonomi i heimen spela nok også ei viss rolle når det galdt å vera borte frå skulen. Foreldre som hadde lita råd til å kjøpa skor og klede til borna, lika ikkje å senda borna på skulen av otte for at kameratane ville verta leie mot dei og gjera narr av dei fordi dei hadde därlegare klede og skor enn andre. Skulebøkene var og dyre, så mange syntest ikkje at dei hadde råd til å kjøpa dei. Fattigborn kunne få bøker på skulen, men desse var ofte i därleg stand, og dessutan fekk borna eit "fattigdomsstempel" på seg ved å ta mot slike bøker. Slike årsaker kunne nok også vera med og halda borna borte frå skulen.

Opplæringsformene og arbeidsmåtane i skulen kunne også vera årsaker til skuleforsømingane. Mange born kunne ha både redsle og mothug mot skulen. Krava i kristendomskunnskap var store. Serleg for born med små evner kunne det vera vanskeleg å læra det som stod i Luthers katekisme og Pontoppidans forklaring. Riset var heller ikkje langt unna dersom eit barn ikkje kunne leksa, endå om viljen til å læra var aldri så god.

Fråværet frå skulen varierte frå barn til barn. Mange born møtte trufast fram til skulen, og somme av dei forsømde ikkje ein einaste dag gjennom heile året. I ein av krinsane i Rennesøy var det såleis fem born som ikkje forsømde skulen i året 1869, ein berre ein dag, to to dagar og fire i tre dagar. Men i same krinsen var det born som berre møtte på skulen to dagar i heile året. Forsømingsprosenten kunne såleis variera frå 10 % til 30 % i krinsane. I

somme høve hadde fråværet samanheng med læraren. Hos nokre lærarar var fråværet stort, og endrast ikkje om dei underviste i ulike krinsar. Hos andre lærarar var fråværet lite. Læraren sin autoritet og dugleik har nok såleis påverka fråværet.

Etter dagbøkene å døma er det liten skilnad på fråværet i fastskulane og i omgangsskulane. I somme omgangsskular kunne fråværet vera svært lite, medan det var større i andre. Det viser seg at forsømingane gjekk fortast ned ved fastskulen i Hausken krins. Dette hadde nok samanheng med læraren der. Han hadde seminarutdanning, og det ser ut som om skulearbeidet har vore livskallet hans. Lærar Sælland har også ført dagboka sers fint. Han har nøyne merkt av fråvære. Av bokførsla hans er det difor lett å rekna ut prosentvis forsøming for klassane. For øverste avdeling første halvår 1859, var fråværet 28,7 %. Ein elev hadde ikkje søkt skulen i det heile, ein annan hadde vore borte 34, ein 33, to 25, to 24 og ein 23 dagar. For to av borna er det ikkje merkt av forsøming i det heile. Skuletida var 54 dagar og det var 29 born i klassen. I nederste avdeling var barnetalet 30. Her var fråværet 30,9 %. Om 11 av borna i klassen står denne merknaden: "Følgende Børn have søgt Skolen blot nogle faae Dage i dette Halvaar. Nr.11 har aldri søgt verken denne eller nogen anden Skole. Alle de her anførte Børn med Undtagelse af nr.4 der er lidet og sygelig, have saavidt mig bekjendt god Helbred". Om 4 av borna heiter det «Husmænds Børn hvis Foreldre ere fattige». For desse 11 er det ikkje gjeve opp talet på forsømde dagar. Resten av klassen – 19 elevar – hadde ein forsømingsprosent på over 30. Dette er eit vitnemål om dei vanskane læraren hadde å stri med. Det må ha vore svært vanskeleg å få til noko ordna undervisning under slike tilhøve.

I omgangsskulen på Eltarvåg var ikkje tilhøva så ille. Her var det 9 born som gjekk på skule i 18 dagar. Ingen av dei hadde forsømt. Sælland har skrive at "Disse Børn har læst sine foresatte Lekser for mig flere Gange, i Regelen hver eller hveranden Månad, deels paa Eltervåg, deels paa den faste Skole". Det kunne såleis sjå ut til at skulesøknaden var betre på ein liten omgangsskule enn ved fastskulen. Det var likevel så stor skilnad på skuletid og elevtal at tilhøva vanskeleg kan samanliknast. Og i andre små omgangsskular i kommunen kunne fråværet vera heller stort endå om skuletida også her var kort.

Fråværet ved fastskulen går ned i 1860-70-åra. Forsømingsprosenten var om lag 30 i 1859. I 1863 var han 20,7 og 1878 11,3 %. Når det gjeld den friviljuge undervisninga, så syntest fråværet å vera nokså likt både for den obligatoriske- og den friviljuge skuletida. Dette skulle ikkje vitna om at borna fylgte den friviljuge undrevisninga av så stor interesse. Truleg var den pliktige og friviljuge opplæringa blanda saman slik at foreldra ikkje skilde den eine frå den andre. Den friviljuge undervisninga vart truleg av mange foreldre sett på som pliktig. Mange foreldre sende difor borna til skulen når det høvde – og det var skule – og heldt borna heime når dei trong dei der. Denne ujamne skulesøknaden skapte nok vanskar både for den obligatoriske- og friviljuge undervisninga.

I Rennesøy var det nok ein seig kamp frå lærarane og skulekommisjonen mot skuleforsømingane. Først i slutten av 1880-åra og i byrjinga av 1890-åra synest fråværet å ha

kome ned på eit meir rimeleg nivå. Skulekommisjonen hadde gjort det den kunne for å få denne utviklinga til å gå i rett lei. Av og til hadde skulekommisjonen prøvt med mulkt, men oftast vart åtvaring nytta.

Det store skulefråværet var etter mange si mening eit spørsmål om opplysning. Foreldra laut få opplysning om at skulegong var både ein rett og ei plikt som var til bate for barnet. Dette var spørsmål som ofte vart drøfta på årsmøta til lærarforeiningane. (14) Årsmøtet til Stavanger Amts Lærerforening i Haugesund i 1880 drøfta til dømes dette spørsmålet. Emnet her var: «Hvad har skolens foresatte og lærerne i landdistrikterne at gjøre for at fremme en god skolesøgning?». Konklusjonen av diskusjonen vart at ein måtte arbeida for å vekkja godhugen for skulen ikkje minst ved å koma i kontakt med heimane.

Etter mange si mening hadde overgangen til fastskular vore med og minka den gamle kontakten mellom heim og skule. Både born og foreldre såg i byrjinga på denne nye skuleforma som ein ny institusjon som dei kjende seg framande for. Det vart difor først då fastskulen hadde vakse seg inn i folks medvet som ei naturleg skuleform at foreldra fekk auga opp for verdet av denne, og for skulen i det heile. Etter kvart som dette synet vann fram, minka også forsømingane. Såleis gjekk den samla gjennomsnittlege forsømingsprosenten for heile landet ned frå 17,7 % i 1875 til 10 % i 1890. (15) Om denne prosenten ennå var altfor høg, så gjekk det trass alt framover.

Skulen fekk litt etter litt større autoritet og tiltru blant folk. Dette gjorde at fråværet i skulen minka. Lærarane fekk etter kvart betre utdanning og betre løns- og arbeidsvilkår. Lærarstandet fekk difor med tida auka tilgang på dugande folk. Dette auka vyrdnaden for lærarane og for heile skulen. All framgang i skulen hadde i stor mon samanheng med eit opplyst lærarstand som hadde utdanning og interesse for arbeidet sitt, og som hadde rimelege løns- og arbeidsvilkår. I så måte kom dei nye lærarane til å skilja seg ut frå dei tidlegare omgangsskulelærarane.

### **Utdaning og lønsvilkår for lærarane**

Fram til 1860 hadde den vanlege utdaninga for omgangsskulelærarane vore eit lite kurs hos presten eller kyrkjesongaren ved hovudkyrkja. Dessutan var det nokre såkalla lærarskular somme stader i landet. (1) Av slike var det i Rogaland Den Riibergske skule på Jelsa og Anne Eegs skule i Koparvik, både frå slutten av 1700-talet. (2) Føremålet med desse skulane hadde vore å utdana omgangsskulelærarar. Frå Den Riibergske skulen kom det svært få omgangsskulelærarar (3). Skulen vart nedlagt så tidleg som i 1837.

Skulen i Koparvik fekk større søknad. Han vart ved kongebrev i 1838 gjort til lærarskule, og fekk offentleg stønad frå 1860-åra. (4). Mange lærarar i omgangsskulane i Rogaland fekk si utdaning der heilt fram til 1883 då skulen vart nedlagt. Kursa var på eitt år. Stiftseminara skulle utdana lærarar for fastskulane. Opplæringstida var der to år. Holt seminar var

seminaret for Kristiansand stift. I 1853 hadde 53 lærarar i stiftet seminarutdaning. Same året hadde dei 52 prestegjelda i stiftet 78 fastskular. (5) Ein kan såleis rekna med at dei fleste prestegjelda i Kristiansand stift hadde lærar med seminarutdaning på denne tida.

Den første læraren i Rennesøy med seminarutdaning vart som før nemnt tilsett i 1850-åra. Dei andre lærarane i prestegjeldet på den tida hadde truleg ikkje meir utdaning enn den dei hadde fått hos presten. I dei kjeldene som ligg føre, er det ikkje noko som tyder på at nokon hadde gått på skulen i Koparvik. Kvitsøy fekk lærar med seminarutdaning i 1858, og hadde lærar med seminareksamen i tida seinare. Dei gode løns- og arbeidsvilkåra på Kvitsøy gjorde det sikkert lettare å få lærar med god utdaning endå øya heller låg avsides.

Etter lova av 1860 skulle lærarane ved alle krinsskulane ha seminar- eller lærarutdaning. Dersom det var uråd å få kvalifiserte folk, kunne det bli tilsett lærarlærlingar som hadde eitt år praktisk kurs hos ein dugande lærar. Lærarar som ville skipa til slike kurs, måtte bli autoriserte av stiftsdireksjonen, og dei fekk betaling for kvar elev dei hadde. (6) I Rogaland var det i 1860-åra fleire lærarar som hadde lærarlærlingkurs (7). På same tid vart det sett i gang ein lærarskule i Egersund i tida 1863 til 1867. Både lærarskulen og utdaninga av lærarlærlingar var berre krisetiltak som styresmaktene sette i gang. Det var meiningsa at stiftseminara litt etter litt skulle overta alle lærarutdaning. Omkring 1880 fekk dei fleste lærarane utdaninga si ved desse seminara. Men i 1890-åra vart det også skipa mange friseminar rundt omkring i landet. (8)

Lærarnauda i 1860-åra kom som ei fylgje av overgangen til fastskular, og dei aukande utdaningskrava til lærarane som skulelova sette. Løns- og arbeidsvilkåra var heller ikkje slik at læraryrket lokka så mange til å kosta på seg utdaning. I Stavanger amt var lærarlønene låge jamført med landet elles. Difor vart det mest uråd å få lærarar i mange bygder. (9). Lærarar med utdaning søkte seg til bygder der løns- og arbeidstilhøva var betre, og andre tok heller anna arbeid som var betre betalt enn læraryrket. Det var først i 1870-åra at bygdene i Stavanger amt fekk fleire lærarar med seminarutdaning. I landet elles vart det i 1860-70-åra etter kvart færre lærarar som ikkje hadde seminarutdaning. I heile landet var det såleis i 1861 1068 eller om lag 30 % av dei tilsette lærarane som hadde eksamen frå seminar, 1737 var utan seminarutdaning. I 1875 var tala 2786 eller om lag 85 % med eksamen og 486 utan. Samanliknar ein desse tala med oppgåver frå Stavanger amt, så var det her i 1863 75 eller om lag 47 % lærarar som var fast tilsette, medan 83 berre var mellombels tilsette. Desse siste hadde ikkje meir utdaning enn "de videst komne av deres disiple". I 1871 var det i Stavanger amt 218 lærarar. Av desse var 77 eller 35 % utan lærarprøve og 49 var berre tilsette mellombels fordi det ikkje var råd å få lærarar som kunne tilsetjast i fast post. (10)

I Rennesøy var det berre Hauske og Kvistsøy som hadde seminarutdana lærarar i 1860-åra. At ikkje dei andre lærarane hadde slik utdaning, har nok verka inn på folks verdsetjing av skulen. Lærarane fekk ikkje autoritet så lenge dei ikkje hadde stort meir kunnskap enn dei flinkaste elevane, noko som etter gav seg utslag i stor forsøming.

Skulen kunne vanskeleg bli god med lærarar utan utdanning og med därlege økonomiske kår. Arbeid ved sida av læraryrket vart ofte det viktigaste for dei fleste. Ein kan difor rekna med at mange lærarar utan utdanning synte heller lita interesse for skulen.

Få gonger ser ein at lærarane har reist tiltak eller krav i noko lei. På eit møte i skulekommisjonen i 1860 vart det referert eit skriv frå lærarane T. Olsen og J. Hodnefjeld der dei krev ein lønsauke på 8 spd. eller i ”modsat Fald vil have sin Afsked frå 31.okt. d.a.” Den eine, T. Olsen, fekk 5 spd., den andre fekk ikkje tillegg. Likevel ser det ikkje ut til at nokon av dei har slutta i skulen Den som syntes å vera mest aktiv av lærarane, var kyrkjesongar Sælland. Han var misnøgd med lærarbustaden og lærargarden han hadde. Gong på gong reiste han krav om få lærargarden oppdyrka og uthusa vølte. Skulekommisjonen stod på hans sida, men avslaget får kommunestyret var like årvisst som lærar Sælland sine krav. Saka om lærargarden hadde elles skaffa kommunestyret mykje bry. Lærargarden var ein part av prestegarden, utskilt frå denne. Det vart mykje brevskifte mellom kommunestyret, prost, stiftsdireksjon og departement om korleis dette skulle ordnast (11). Serleg var det detaljspørsmål om hamnegang, gjerdeplikt og liknande som skapte vanskar. Først i 1863 vart utskiljinga i orden.

I dei andre krinsane vart det ikkje aktuelt med lærarjord før fram mot hundreårsskiftet. Det var berre lærargarden på Hauske som tilfredsstilte det minstekravet lova sette med omsyn til lærargardar. Likevel vart det bygt lærarbustader i samband med skulehuset i dei fleste andre krinsane. Om desse lærarbustadene ikkje nett var så store og fine, så var dei likevel fleire lærarar i Rennesøy som hadde lærarbustad enn det som var vanleg i heile amtet. Såleis var det i 1880 50 % av lærarane i amtet som hadde kommunal bustad. (12) I 1882 då skulehuset på Vaula vart bygt, fekk alle krinsane i Rennesøy lærarbustad. Når det galdt lærargardar, var det same året 10 % av lærarane i amtet som hadde slike. (13) Ein kan såleis rekna med at det berre var klokkarane ved hovudkyrkja som hadde gard i dei fleste bygdene i amtet. Dei fleste andre lærarane var utan. Dette kan kanskje ha samanheng med det stadige skifte av lærarar og mangel på kvalifiserte lærarkrefter mange stader. Spørsmålet om lærarbustad og lærargard hadde nok mykje å seia for om krinsane skulle få lærar med utdanning eller ikkje.

Det ser også ut til at det i somme krinsar var serleg vanskeleg å få lærarar med utdanning. I Rennesøy var til dømes Sørbø krinsen ofte ute og lyste i blada etter lærarar med utdanning. Såleis vart det lyst etter lærar både i 1862 og 1864, men ingen med lærarutdanning søkte. Alt i 1857 hadde det kome søknad frå Sørbø til skulekommisjonen om læraren kunne få klokkarstillinga ved kyrkja (den læraren ved Hausken hadde). Læraren kunne då få betre løn. Men skulekommisjonen gjekk ikkje med på søknaden. Kommisjonen var truleg redde for å ta frå kyrkjesongaren ved Hausken denne inntekta. Sørbø krinsen kom då med krav om å verta utskilt frå resten av prestegjeldet og såleis bli eigen skulekrins, slik Kvitsøy hadde fått gjort i 1841. Men skulekommisjonen fann ikkje nokon grunn til ei slik utskiljing.

Etter at Søbø-krinsen fekk fast krinsstove (skule) i 1861, rekna krinsen med at dei skulle få lærar med utdanning. Men som nemnt, lukkast ikkje det. I 1866 vart det igjen lyst etter lærar

med seminarutdaning. Heller ikkje då melde nokon søker seg. Ein eldre lærar som hadde vore omgangsskulelærar i bygda frå 1836 – 1852, og sist frå 1862, melde seg som søker til posten. Men det vart då sendt protest frå krinsen mot å få vedkomand til lærar.

Skulekommisjonen innstilte då Villum Naadland frå Ombo til posten, og ba stiftsdireksjonen ta avgjerd. Naadland hadde ikkje lærareksamén. Stiftsdireksjonen gav likevel løyve til mellombels tilsettjing. Året etter (1867) vart lærarposten attre lyst ledig. Naadland sökte på nytt, og vart tilsett og godkjend av stiftsdireksjonen. Han vart lærar i Sørbø i 20 år, heilt fram til 1887. Først då vart det tilsett lærar med seminarutdaning. Naadland ser ut å ha greitt seg bra som lærar. Han vart ein av leiarane for det religiøse arbeidet i krinsen. Han fekk difor ein viss autoritet blant folk, noko som verka inn på vurderinga av arbeidet hans i skulen. Det vart ikkje gjort freistnad på å få lærar med utdaning i krinsen før Naadland sa opp stillinga i 1887. Men då hadde det også blitt lettare å få lærarar med seminarutdaning.

I dei andre krinsane finn ein så tidleg ikkje liknande tiltak for å få seminarutdana lærarar, endå om det vart avertert etter slike lærarar år om anna. Her er det for det meste bygdefolk som har vore lærarar i nokre få år, og så slutta. Dei har nok ikkje hatt den utdaninga lova kravde. Men sidan det ikkje var andre lærarar å få, laut ein nytta dei som var viljuge til å ta ein slik jobb..

Først i byrjinga av 1870-åra tok krinsane i Rennesøy til å få seminarutdana lærarar. Det vart også fleire lærarar som sökte når postane vart lyste ut. Såleis vart lærarpostane for Kåda og Aske utlyste i 1870. Det melde seg 8 søkerar med lærareksamén, 3 til Kåda og 5 til Aske. I Kåda krinsen vart Ole Nilsen Nerheim tilsett. Han hadde karakteren "duelig". Alt i 1875 reiste han utan å seia opp posten. Kanskje var det lesebokspørsmålet som skapte så mykje strid og la så store vanskar for skullearbeidet at han reiste frå alt saman.

I Aske freista dei å få tilsett ein lærar utan utdaning. Det kom skriv til skulekommisjonen frå fleire foreldre om at dei ville ha T. Olsen til lærar. Men skulekommisjonen tok ikkje omsyn til kravet. Thor Henrik Sørensen vart tilsett. Han hadde karakteren «Meget duelig», men han tok ikkje imot posten. Varamannen Johan Nyhre tok i mot (fødd i Bø prestegjeld 1/3-1850). Lærar Myhre er nemnt i eit møte i skulekommisjonen 2/1-1871. Der vart då referert eit skriv frå han, der han spør om "Kost og Logi", om løyve til å halda skule i ferietida, og så "spørgsmaal med Hensyn til de udvalgte Stykker i Læsebogen". Det vart svara at formannen skulle ordna med kost og hus. Om dei andre spørsmåla står det berre stutt og greitt: "Mod 1 Stemme. Skolelærer Myhre har i dette Stykke at holde sig loven etterrettelig". Kva som er meint med dette vedtaket, er ikkje godt å seia. P.A. Jensen si lesebok var ikkje innført i kommunen på denne tida så difor var det nok ikkje så godt for læraren å "holde sig loven etterrettelig" når det galldt orienteringsfaga i skulen. Truleg står "loven" her for skulekommisjonen sine avgjerder. Det var Knudsen og Grøgaard sine lesebøker som framleis var i bruk, og i desse var der heller lite av det loven kravde av geografi, naturkunnskap og historie. Myhre har nok arbeidd for å få innført Leseboka. Såleis har han i dagboka for Aske krins frå 1870 skrive: "Paa grund af Indvendinger frå Foreldrenes side ere ingen udvalgte

Stykker af "Læsebogen" blevne foredragne i Skolen af mig 1870". Myhre vart heller ikkje verande lenge i kommunen. Same året som Nerheim reiste frå Kåda krinsen, reiste også Myhre. Ein veit heller ikkje grunnen til at han reiste så snart. Truleg hadde han utdaning til å få betre post enn den han hadde i Aske. Her var det ikkje bygt skulehus, så skulen gjekk framleis på omgang mellom øyane Aske, Bru, Sokn og Åmøy.

I Hegland krins hadde dei lærar utan utdaning til 1879, då Peder Sværen vart tilsett. Sværen kom i staden for Tjerand Olsen som hadde vore lærar i ymse krinsar i kommunen heilt frå 1850-åra. Olsen hadde ikkje noko utdaning, men det ser ut til at skulekommisjonen har bruka han der dei ikkje fekk annan (14). Han har truleg vore ein påliteleg mann som har gjort sitt beste i skulen. At mange gjekk inn for å få han tilsett i Aske krinsen 1870, skulle vitna om at dei såg seg tente med han. Mest hadde det nok å seia at folk kunne vera trygge for at han ikkje brukte Jensen si lesebok. Det var nok her som andre stader at det var dei seminarutdana lærarane som ville bruka Jensens lesebok (15). Mange bygdefolk såg det difor kanskje som ein fordel å få bygdefolk til lærarar framfor dei med seminarutdaning.

Likevel fekk dei fleste krinsane i slutten av 1870-åra lærarar med noko utdaning. Frå Koparvikskulen kom to lærarar i kommunen. Den eine, M. Hammer, vart lærar i Kåda krinsen i 1875. Då skulehuset på Vaula vart bygt i 1882, fekk han storskulen bådei Vaula og Kloster (Kåda) . Ei lærarinne hadde småskulen. Saman med den andre læraren frå Koparvikskulen, Anders Risa, var han på eit lærarkurs i Kristiansand i 1877. Kommunen ytte reisepengar og fritt opphold då dei var på kurset. Risa fekk også fri vikar, medan Hammer skulle ta att den tapte skuletida seinare.

Risa hadde blitt lærar i Aske krinsen i 1876. Då Åmøy og Bru fekk eigne skulehus, vart han lærar i desse krinsane heilt fram til 1889. Hammer kom til å halda fram i Kloster og Vaula krinsar til 1897. Han var etter tradisjonen ein solid mann som tok skulearbeidet alvorleg. Såleis ville han ikkje gjera seg upopulær i krinsen når deg galdt leseboksaka. Av skuledagboka går det fram at han brukte "Læsebog for Kristelig Skole og Hjem" heilt fram til 1885. Først då tok han i bruk Jensens lesebok. Dette fortel noko om kor varsam han var av di han hadde arbeidet sitt i ein krins der mange av foreldra hadde vore sterkt imot denne boka.

Det tok altså om lag 20 år før Rennesøy fekk lærarar med utdaning som lova frå 1860 kravde. Same tendensen gjorde seg som nemnt også gjeldande i heile amtet.

Det var lønsstriden i Stavanger amtsting som i stor mon var med og skapte mangelen på kvalifiserte lærarar i amtet. Etter lova av 1860 skulle kvart amtsting fastsetja ei minsteløn for lærarane i amtet, men først skulle stiftsdireksjonen koma med framlegg. Stiftsdireksjonen hadde rekna ut at gjennomsnittsløna var 60 – 80 skilling for veka i amtet tidleg i 1860-åra (16). Stiftsdireksjonen gjorde framlegg om ei minsteløn på 1 spd. Dette gjekk ikkje amtstinget med på. Mange av ordførarane var redde for at lønsauken ville skapa uvilje mot skulen rundt i bygdene. Det vart difor vedteke at løna skulle vera 4 ort for veka i dei 5 første åra og 1 spd. i dei neste 5. Deretter skulle det koma ny lønsregulering. På same tinget vart

alderstillegga sette til 10 og 15 spd. etter 7 og 15 års tenestetid (17). Desse lønnene skulle gjelda frå første januar 1862. Men vedtaket vart ikkje godkjent av stiftsdireksjonen. I eit skriv til amtet peikar stiftsdireksjonen på at berre eitt amt – Lister og Mandals – har sett lågmålet til 1 spd. Vekeløna elles i landet låg mellom 1 spd. 60 sk. og 2 spd. Ein kunne difor ikkje venta å få lærarar til amtet med den minsteløna amtstinget hadde sett. Stiftsdireksjonen gav ei skildring av kor vanskeleg det var å få lærarar i ymse bygder i amtet (18). Og etter ei lang utgreiing om kor uheldig ei for låg lærarløn ville vera, gjorde stiftsdireksjonen framlegg om ei minsteløn på 1. spd. 24 sk. Men då saka kom føre på amtstinget, vart det vedteke at "Lavmaal af Løn for Lærerne ved den lavere Almueskole paa Landet fastsettes til 1 spd. pr. Skoleuge frå 1ste Januar 1863 at regne". Alderstillegga vart dei same som etter tidlegare vedtak.

Amtet kom derfor i åra framover til å ha lågare lærarløn enn dei fleste andre amt i landet (18). I 1867 var gjennomsnitts årsløn for lærarar i Stavanger Amt 240 kr., medan fleire av dei andre amta hadde dobbel så høg årsløn (19). Det var berre Nordre Bergenhus som hadde litt lågare (233 kr.). Likevel tykte dei styrande i mange kommunar i Stavanger amt at minsteløna var sett for høg (19). Såleis var det somme kommunar som sette løna til 3 ort. Andre heldt på minsteløna, men for å få utgiftene ned, søkte dei om å få setja ned veketalet.

Ein finn ikkje døme på slike krumspring i Rennesøy. Stiftsdireksjonen hadde i slutten av 1860 sendt rundt førespurnad om lærarløner og om det var lærarar som hadde utdanning til å få alderstillegg etter lova. På møtet i skulekommisjonen der dette skrivet låg føre, vart det vedteke at lærarane ved omgangsskulen skulle få ein lønsauke på 3 ort.

Omgangsskulelærarane fekk dermed 15 spd. 1 ort og 20 sk. året for 34 skuleveker. Læraren ved fastskulen skulle framleis ha 30 spd. for 36 veker. Elles hadde han utdanning nok til å få alderstillegg, men han hadde ikkje nok tenestetid. Difor var han ikkje blant dei første lærarane som fekk alderstillegget i amtet (20).

Då amtstinget sette minsteløna til 1 spd., vart denne løna nytta i Rennesøy. Dei fleste lærarane i kommunen fekk såleis ein relativt stor lønsauke. Løna vart om lag 30 spd. for kvar. I tillegg til vekeløna kom også kostpengar. Stiftsdireksjonen gjorde i 1863 framlegg til skulekommisjonen om at kostpengane vart sett til 4 ort for veka, og dette vart vedteke. Det vart noko ordskifte om kyrkjesongar Sælland skulle ha denne godgjerdsbla sidan han hadde lærargard og fekk klokkarinntektene, men resultatet vart at han skulle få kostpengar tilliks med dei andre. For lærarane var auken av minsteløna og kostpengane eit stort framsteg. Alderstillegga etter 7 og 15 år som amtskulekassen skulle betala, var og ein god lønsauke.

I 1873 skulle lærarlønen igjen regulerast i amtet (21). Stiftsdireksjonen hadde etter sendt førespurnader til skulekommisjonane, og dei fleste gjekk inn for å setja opp lågmålet. Stiftsdireksjonen gjorde framlegg om 1 spd. 60 sk. for veka, men amtstinget gjekk ikkje med på framlegget: "Et for høit ansat lavmål turde virke til, at skolen i hjemmet blev ildeset, hvilket vilde være til ubodelig skade", heitte det. Lågmålet vart difor sett til 1 spd. 24 sk. Rennesøy hadde vore blant dei kommunane som gjekk inn for stiftsdireksjonen sitt framlegg.

Skulekommisjonen vedtok difor at løna skulle vera 1 spd. 60 sk. for Rennesøy. Såleis kom vekeløna til å liggja over lågmålet fastsett av amtet. I det heile gjekk skulekommisjonen Rennesøy inn for stiftsdireksjonen sine framlegg om lærarløn og alderstillegg. Såleis vedtok skulekommisjonen i 1875 at alderstillegga skulle vera 20 og 30 spd. etter 5 og 10 år, medan amtstinget sette alderstillegga til 15 og 25 spd. same året. Dette vitnar om interesse for å betre lærarane sine lønsvilkår i Rennesøy i denne tida. Likevel var det berre eitt år at vekeløna kom til å liggja høgare enn lågmålet for amtet.

Vedtaket i amtstinget i 1873 vart ikkje godkjent av stiftsdireksjonen for meir enn 1874. Samstundes vart spørsmålet sendt til skulekommisjonane til ny fråsegn. Skrivet låg føre i Rennesøy skulekommisjon 12/3-1874. Svaret var at «Skolekommisjonen anser det nødvendigt at lavmalet for Lærernes Løn for dette Amt bliver i 1 spd. 60 sk.». I alt hadde 24 kommunar uttala seg positivt til framlegget frå stiftsdireksjonen (22). På same tid sende stiftsdireksjonen melding til amtstinget om at dersom løna vart auka, ville statstilskotet bli så stort at amtet ville ikkje få nemnande auka utlegg. Det vart difor vedteke at løna skulle vera 1 spd. 60 sk. frå 1. jan. 1875.

I 1876 kom det eit tillegg i vernepliktlova om å gjera slutt på lærarane si fritaking frå verneplikta ved å gjera skuleteneste i 7 år. Dette i tillegg til at lågmålet i Stavanger amt var høgare enn nokon annan stad, ville etter stiftsdireksjonen si meining verka uheldig for skulen. Fleirtalet av skulekommisjonane var imot å setja opp lågmålet. Ein av dei kommunane som var positivt innstilt, var Rennesøy. Skulekommisjonen svara at det var "høist ønskelig" å setja opp lærarløna frå 6 til 8 kr., slik stiftsdireksjonen gjorde framlegg om.

Det vart eit kvast ordskifte om denne saka på amtstinget både i året 1877 og 1878 (23). Både gongene vart framlegget om 8 kr. i vekeløn nedrøysta. Det var serleg to prestar som var mot å auka lågmålet. Dette fekk skuledirektør Wolff til å uttala at «det var uhyggelig at høre saadanne uttalelser fra den kant» (24). Også Stavanger Amtstidende gjekk til harde åtak på fleirtalet i amtstinget. Stavanger Amt «blive det eneste Amt i Landet, hvor Lærerne fremdeles skal staa paa Sultekur», skriv bladet (25). Først i 1879 vart det vedteke at lågmålet skulle vera 8 kr. for lærarar og 5 kr. for lærarinne. Samstundes vart godtgjersla for hus og kost sett til 3 kr. skuleveka for lærarar og 2. kr for lærarinne. Amtet hadde i 1880 likevel den lågaste medels årsløna (26). I Stavanger amt var såleis årsløna 464 kr. i gjennomsnitt medan ho i Akershus var på 829 kr. I det heile var nok vilkåra for lærarane heller därlege på Vestlandet samanlikna med andre landsdelar. Difor var det mange av lærarane her som kom til å slutta tidleg med lærararbeidet og gå over i andre yrke. Det var både i Kristiansand og Bergen stift at denne avgangen var størst.

Etter 1860-lova var det stiftsdireksjonen som skulle tilsetja lærarane etter innstilling frå skulekommisjonen. Ein lærar kunne også bli avsett dersom skulekommisjon, prest og stiftsdireksjon var samde om det. Læraren hadde likevel rett til å forsvara seg. Såleis fekk lærarane ved krinsskulane ei mykje sterkare rettsleg stode enn omgangsskulelærarane før hadde hatt (27).

I Rennesøy finn ein ikkje døme på forfylgjing eller hard framferd mot nokon av lærarane. Tvert imot syntest skulekommisjonen å arbeida for lærarane sitt beste. Såleis såg ein at skulekommisjonen gjekk inn for å auka lærarlønene på ei tid då dei fleste andre skulekommisjonar var imot. Også når det galdt pensjonar, var skulekommisjonen positivt innstilt. Lærar Sælland ved fastskulen på Hausken søkte i 1878 om permisjon for skuld därleg helse. Han baud seg til å stilla vikar med seminarutdaning. Han fekk permisjonen, og Thomas Austbø skulle vikariera i posten. Sælland vart ikkje frisk nok til å byrja på skulen att. Han søkte og fekk permisjon år etter år. I 1882 ville han byrja å skula att endå han ikkje var frisk. Dette var ikke folk i krinsen huga på. Det vart krinsmøte, og her vart det vedteke å senda føreteljing til skulekommisjonen om at Sælland burde få pensjon. Både skulekommisjonen og heradstyret gjekk med på det. Det vart ytt 50 kr. for året frå kommunen, og dessutan skulle det søkjast om pensjon av Opplysningsvesenets fond. Av dette fondet fekk Sælland 250 kr. året slik at han saman med den kommunale pensjonen hadde 300 kr. året. Dette var ein heller romsleg pensjon for ein lærar i den tida. Både krinsen og bygdestyret gjekk svært taktfullt fram i denne saka. Dette skulle vitna om at dei sette pris på ein mann som hadde ofra heile si arbeidskraft i skulen si teneste.

### **Indre tilhøve i skulen**

I omgangsskulen var oftast alle elevane samla i same klassen, og dei møtte på skulen til same tid. Det var difor svært vanskeleg for lærarane å gje høveleg undervisning for dei ulike aldersstega. Skuleroma var for små og tronge til at klassane kunne delast i grupper med ulik undervisning. Lærarane hadde heller ikkje i noko utdaning og skjøn for å ordna undervisninga i grupper. Oftast dreiv elevane på med sitt alt etter det kunnskapsnivået dei hadde. Såleis kunne alle elevane til same tid lesa høgt i kvar si bok. (1) Berre dersom elevtalet var svært lågt, kunne opplæringa i omgangsskulen bli effektiv. Dette hadde t.d. Ueland peika på i stortingsdebatten i 1859. Han sa då at berre når det var 4-5 born i ein krins, kunne omgangsskulen vera ei tenleg skuleform. Men dersom elevtalet vart om lag 30, så laut skulen vera fast. (2)

Fastskulane la grunnlaget for ei betre og meir effektiv opplæring. Skuleroma vart større og betre utstyrte. Undervisninga vart ikkje uroa av at gardsfolket kom og gjekk. Likevel kom undervisningsmåtane frå omgangsskulane til å halda fram i fastskulane. Elevane i mange av fastskulane vart ikkje delte opp i avdelingar som kom på skulen til ulik tid. (3) Lærarane fekk såleis framleis til same tid ansvaret for alle årskull frå 7-8- til 14-15-årsalderen. Serleg dersom klassane var store, kunne det vera vanskeleg å få til ei ordna undervisning. I mange tilfelle vart difor undervisninga framleis heller rotut.

Eit viktig vilkår for ei effektiv undervisning var difor at alle elevane ved same skulen vart delte opp i avdelingar eller klassar som kunne koma på skulen til ulik tid. I så måte hadde fastskulen på Hausken fått ein god klassekipnad alt i 1850-åra. Denne skulen hadde heile

tida vore 2-delt og elevane gjekk på skulen annankvar dag. Kvar klasse var igjen delt i to. Såleis var det fire oppadstigande klassar. Klasse A var for dei minst komne elevane og klasse D for dei lengst komne. Elevane vart delte i klassar etter dugleik. I praksis vart dette oftaast etter alder, men det var også unntak. Såleis kunne 13-14 år gamle elevar somme gonger gå i klasse A eller B saman med yngre og mindre komne elevar.

Etter skuleskipnaden i kommunen frå 1861 skulle også skulen i krinsstova på Sørbø vera 2-delt slik som i Hausken. Dei andre skulane i kommunen skulle framleis vera samla. Men etter vedtak i skulekommisjonen 26. mars 1863 skulle klassane delast når barnetalet vart over 24. Dette førde til at også skulen i Kåda krinsen vart 2-delt. Og då skulehuset på Heggland vart bygt i 1867, vart også skulen her klassedelt. Det gjekk lengst tid før Aske-krinsen fekk klassedelt skule. Barnetalet på desse øyane var så lite at dei, som før nemnt, fekk dispensasjon for skuletid. Først då skulehusa vart bygde på Bru og Åmøy kring 1880, vart skulane 2-delte. Barnetalet var likevel så lite at det vart vanskeleg for desse skulane å halda på den 2-delte skuleforma i åra framover.

Men med desse unnataka for Aske krinsen og for dei små omgangsskulane på Rennesøy, fekk dei fleste krinsane i kommunen heller tidleg klassedelte skular samanlikna med mange andre stader. (4) Vedtaket om deling av klassar på over 24 elevar hadde mykje å seia. Lova hadde såleis berre peika på at eit elevtal på 30 kunne høva for klassedeling. Det var sokneprest Lange som i Rennesøy gjekk i brodden for ei betre klassedeling. Han var nok klår over at borna fekk mykje større utbytte av undervisninga i klassedelte- enn i samlar skular. I klassedelte skular kunne borna gå på skule annan kvar dag i minst 18 veker i året. Elevane kunne få meir heimearbeid enn i skular der borna gjekk på skulen kvar dag. Det vart heller ikkje så stor skilnad i alder og kunnskapsnivå. I 2-delte skular kunne elevane såleis bli opptekne med skulearbeid lenger tid av året.

Ved dei samla skulane og i omgangsskulane gjekk oftaast elevane på skulen kvar dag i visse periodar av året. Mellom desse periodane hadde dei ikkje skule. Det hadde difor lett for å gløyma det dei hadde lært. Det vart såleis lite samanheng i opplæringa ved slike skular. Det går likevel fram av somme skuleprotokollar i Rennesøy at nokre av lærarane i dei samla skulane og omgangsskulane har gitt elevane lekser i tida mellom to skuleperiodar. Dette var nok meint å skapa betre samanheng i undervisninga.

Av dagboka frå 1859 ser ein at lærar Sælland har gitt borna ved omgangsskulen på Eltarvåg slike lekser. (5) Han har også av og til samla borna mellom skuleperiodane og høyrt dei i leksene. Men korleis borna har greidd å læra desse leksene står det ingen ting om. Truleg var effektiviteten av ei slik opplæring ikkje så stor utan foreldra kunne sjå etter og rettleia borna.

Eit viktig spørsmål for mange lærarar var kor mange timer dei skulle bruka på kvart fag, og kor mykje det var venta at borna skulle læra i dei ulike faga. Lova av 1860 sette berre opp kva fag det skulle undervisast i. Det var opp til dei einskilde skulekommisjonane og lærarane å setja opp timebytte for dei ulike faga, og avgjera målet for undervisninga. Allmugeskulen

kom såleis til å mangla einskap og plan for undervisninga i åra framover. Lærarane hadde i mange år ikkje annan instruks enn den frå 1834. (6) Det var heller ikkje reglar for inn- og utskriving av eleva. Såleis kunne elevar ta til på skulen midt i året, og dei kunne også bli utskrivne til ulike tider. (7)

Det var heller ikkje faste reglar om kva tid på året skulen skulle haldast. Her var det også skulekommisjonen som hadde avgjersla. I den første tida var også skuledirektørane så opptekne med den ytre organiseringa av skuleverket at dei tok seg lite av dei indre tilhøva. (8) Først i 1870-80-åra såg det ut som om skuledirektørane tok til å interessera seg for den indre oppbygginga av skulen. Såleis vart det i 1874 laga eit framlegg til undervisningsplan for allmugeskulen. I dette framlegget var det også tatt med framlegg til timebyte og timeplanar. Dette framlegget var likevel berre meint som ei rettleiing. Skulekommisjonane og ikkje minst lærarane hadde stor fridom til å ordna undervisninga på sin eigen måte. Kvar lærar hadde difor framleis rett til å leggja mest vekt på det faget han tykte var mest turvande. Dette gjorde at kristendomskunnskap fekk størst timetal. Det var dette faget som var det viktigaste eksamensfaget når presten kom på overhøyring.

Ein kan ikkje sjå at skulekommisjonen har vedteke nokon sams undervisningsplan for skulane i Rennesøy. Lærarane stod såleis fritt når det galdt organiseringa av undervisninga. I 1860-70-åra vart det ved dei fleste skulane ført dagbøker. Desse inneheld mellom anna kva for fag det blei undervist i og kor langt ein var komen i dei ymse faga. Men det er ikkje gitt opp kor mange timer kvart fag har hatt. Nokon fast timeplan kan ein heller ikkje finna før i 1880-åra. Det er heller ikkje noko felles i undervisningsopplegget for skulane i kommunen. Ein kan difor rekna med at kvar lærar har tatt så mykje med frå kvart fag som han sjølv syntest var turvande utan å ta omsyn til noko fast timebyte for faga. Ein vil her ta noko med frå dagboka i Hausken krins første halvår 1863 for å gje eit døme på kva for fag det vart undervist i og kva for mål som vart sett for opplæringa i denne skule dette året.

I nederste avdeling i klasse A hadde elevane lært: "deels Stavning paa Tebellen efter Schouheydens ABC, deels lidt Reenlæsning". Vogts mindre bibelhistorie hadde blitt brukt i bibelsoge. Denne boka var rekna for å vera ei god lærebok, og mange skular hadde tatt henne i bruk. (9) Læraren hadde i dette faget fortalt serleg frå Det gamle testamentet. Somme elevar hadde også lært litt utanåt. I forklaringa hadde nokre av borna lært litt av 1. parten i katekisma. Det var Saxthorpe Udtog av Pontoppidans forklaring som vart bruaka.

I rekning hadde det blitt undervist i "Tallære, anskueliggjort ved Pinde, Prikker, Linier o.s.v., samme også lidt Talskrivning paa Tavlen samt lidt Hovedregning". Det er såleis av interesse å merka at læraren har brukta ymse åskodingsmiddel til å gjera rekneopplæringa skjønleg for borna. Det er første gongen ein finn slike hjelpe middel nemnt i skulen i Rennesøy.

I klasse A var det i alt 9 elevar. Alderen på dei kunne variera frå 8-11 år. Nokolunde same alderen hadde også elevane i klasse B. Her var det 9 elevar, frå 9-11,5 år, men det var også ein elev som var over 14. Som nemnt tidlegare, vart elevane delte i klassar etter dugleik.

Eleven som var over 14 år, hadde vore mykje borte, så han hadde nok ikkje hatt kunnskap nok til å bli flytta opp i ein høgare klasse.

Når det galdt faga i klasse B, så hadde læraren fortalt litt frå Det gamle testamentet, men mest frå Det nye. Alle fem partane i katekisma var gjennomgått, og borna "læste tillige Sentensierne". Dessutan hadde borna lært "nogenlunde nøiagttig Læsning i Vogts mindre Bibelhistorie, hvorefter sættes indenadlektier til hver Skoledag". Noko serskilt lesebok blir såleis ikkje bruka på dette klassesteget. Det var framleis bøkene i kristendomskunnskap som vart bruka til lesebøker.

I rekning hadde målet vore å læra borna addisjon og multiplikasjon "ubenævnt". Andre fag vart ikkje nemnde for denne klassen. Ein må likevel gå ut frå at borna må ha hatt skriving på tavle. Elles legg ein merke til at song ikkje er nemnt. Likevel må ein rekna med at det er blitt songe ein del i samband med den andre undervisninga t.d. i kristendomskunnskap. Av ei inventarliste for 1864 går det også fram at det var to salmodikon ved skulen. Det er difor grunn til å tru at læraren har drive noko songopplæring også, men at han ikkje har funne grunn til å føra denne undervisninga inn i protokollen. Elles har også presten vore på skulen og hatt overhøyring av klassen to gonger dette halvåret. Truleg var det han som var med og avgjorde om ein elev skulle flyttast opp ein klasse eller ikkje.

I den øverste avdelinga eller 2.klassen var også elevane delte i to klassar. Klasse C hadde brukt Nytestamentet til lesebok, men denne klassen hadde også hatt "nøiagttig Læsning af Gothiske og tildeels Lathinske Stykker i Knudsens Læsebog". Ein legg såleis merke til at det i denne klassen vart brukt eiga lesebok. Knudsens lesebok syntest å ha blitt tatt i bruk tidleg i fastskulen på Hausken, medan Grøgaards lesebok vart nytta ved dei andre skulane i kommunen. Truleg var det lærar Sælland som tok Knudsens lesebok i bruk då han vart tilsett i 1856.

Målet i kristendomskunnskap i klasse C var å læra borna noko både frå Det gamle- og Det nye testamentet, og elles å repetera litt frå dei same bøkene. I forklaringa vart 2. parten lesen og repetert. Men dei yngste og "de mest tungnemme have gaaet de Spørgsmaal forbi som Læreren har oppgivet". Det vart såleis ikkje kravt like mykje kunnskap av alle elevane.

I klasse D hadde elevane gjennomgått nokolunde same lærestoffet som i C. Dei hadde dessutan fått øving i å lesa "de lettere Stykker af Gothiske og Lathinsk Skrift i Feragens Haandskrifts Læsebog". I rekning hadde både klassane rekna "Blandede oppgaver Reguladetri med hele Tal". Elles går det fram at forsøminga var større i denne avdelinga enn i den første. Dette kom sikkert av at borna nå var så store at foreldra kunne ha nytte av dei heime. Dette hadde også vore lovleg før. Men som nemnt tidlegare, kravet 1860-lova at opplæringstida skulle vera lik for alle åra i allmugeskulen.

I den friviljuge skulen var opplæringstida 48 dagar. Denne undervisninga skulle delast på to periodar, og borna skulle gå på skulen kvar dag. I 1863 varde 1.periode frå 19. jan. til 18. feb. Den andre perioden varde frå 14. nov. til 15. des. Dette var ei lagleg tid for dei eldste borna

sett i høve til gardsarbeid og fiske. Dette året hadde også born frå andre skulekrinsar på Rennesøy og Mosterøy lov til å koma til denne opplæringa så langt det var plass. Men etter namna å døma var flest alle elevane frå Hausken krins. Etter kvart som krinsstover og skulehus vart tekne i bruk, vart det også lagt nokre veker friviljug undervisning til dei andre krinsane.

I den friviljuge skulen kom også historie og geografi med i fagkrinsen. I Noregs soga blei det såleis undervist i "de viktigste Begivenheder, især om Kristendommens Indførelse, muntlig fortalt frå Harald Haarfager til Borgerkrigene i Norge. Efter Sigvart Pettersen". Året før (1862) hadde dei gjennomgått "lidt om Grækerne og Romerne, Korstogene o.s.v.". Det ser ut som om læraren har ymsa år om anna mellom Noregs- og verdssoge.

I «Jordbeskrivelser» var følgjande gjennomgått: «jordens Skikkelse, Bevægelse o.s.v. samt undervisning paa Kartet over Skandinavien, Norges Jordbeskrivelse». Både historieboka til Sigvart Petersen og geografien til Platou var mykje nytta lærebøker i 1850-60-åra. (10) Både var rekna som gode bøker i samtidia. Petersen skreiv også historie forteljingar i Jensens lesebok, og var rekna for ein dugande historieforfattar. (11)

Når det galdt morsmål, gjekk ein også litt lenger i den friviljuge skulen. Elevane fekk såleis opplæring i "Begyndelsesgrundene om Setninger, Ordklasser o.s.v.". Det var Dansk Sproglære av Dr. Bojesen som vart nytta til lærebok. Elles hadde også elevane hatt "enkelte smaae Stiilopgaver f.Ex. at gjengive korte Fortællinger". Læraren hadde i denne opplæringa nytta som handbok Hansøns "Stof til Skriftlige Opgaver".

For faget rekning vart det berre nemnt at elevane lærde noko brøk. Elles vart det berre vist til nokre nummer i rekneboka som var gjennomgått. Kva for reknebok som vart nytta, står det ikkje noko om. Truleg var det Feragens reknebok.

I skriving ser det ut til at elevane har lært å skriva både gotisk og latinsk skrift. Det same gjorde også elevane i den obligatoriske skulen. Ein veit ikkje kva tid dei latinske bokstavane vart tekne i bruk i skulen i Rennesøy, men i 1850-åra vart desse bokstavane tekne i bruk i skulane mange andre stader i landet. (12) Ein kan difor rekna med at lærar Sælland tok til med opplæring i denne skriftypen då han vart lærar ved fastskulen i 1856. Ein ser at han sjølv har nytta latinsk skrift både i skuleprotokollen og elles når han av og til førde møteboka for skulekommisjonen. Av skuleprotokollen frå 1859 og utover går det tydeleg fram at det blei gitt opplæring i latinsk skrift ved skulen på Hausken.

Ein kan likevel ikkje rekna med at dei andre lærarane i kommunen gav opplæring i dei latinske bokstavane så tidleg som kring 1860. Til det hadde dei altfor dårlig utdanning. Først kring 1870 kan ein rekna med opplæring i både skriftypane rundt på dei andre skulane. Men dei latinske bokstavane vart litt etter kvart meir og meir nytta. I 1892 gjorde difor skulestyret vedtak om at denne skriftypen skulle vera hovudtypen. Det skulle ikkje lenger gjevast nemnande opplæring i gotisk skrift på skulane i Mosterøy og Rennesøy.

I skriving og rekning har ein før nemnt at elevane brukta tavler til å øva seg på når dei skreiv tal og bokstavar, og til å rekna på. Ein veit ikkje om penn og blekk har blitt brukt i nemnande mon. Dette måtte foreldra i tilfelle skaffa sjølve, og mange tykte kanskje at dei ikkje hadde råd til det. Ein veit heller ikkje kva tid stålpennen kom i bruk i skulen i Rennesøy. I andre skular i landet vart stålpenner tatt i bruk i 1850-åra. (13), men det går ikkje fram av dei føreliggjande kjeldene kva tid stålpennen tok til å bli nytta i skulen i Rennesøy. Det er likevel grunn til å tru at somme elevar, i alle høve i den friviljuge skulen, brukta papir og penn og blekk i skriveundervisninga utover i 1860-70-åra. Men heilt fram til 1880-åra var det mange medlemmer av ymse kommunale nemnder som måtte ha hjelp når dei skulle skriva namnet sitt i møtebøkene. (14)

I 1863 var det i alt 25 elevar som var med i den friviljuge undervisninga på Hausken og Sørbø. Som nemnt tidlegare, var det berre desse to krinsane som hadde slik opplæring dette året. Alderen på borna kunne variera frå 8 til 14 år. Fordelinga såg slik ut:

8 år: ....1 elev

9 " : .....2 "

10 " : .....1 "

11 " : .....6 "

12 " : .....8 "

13 " : .....7 "

Det var såleis ikkje elevar over 13 år. Denne opplæringa var tenkt som ei vidaregåande opplæring for eldre og flinke elevar. Det var nok vanskeleg å gjera denne opplæringa effektiv når born frå alle alderssteg og med ulik kunnskap, skulle vera med. Skulekommisjonen freista å bøta på dette. Det vart såleis vedteke i 1871 at born under 11 år ikkje hadde lov til å møta fram til den friviljuge undervisninga. Dette betra nok tilhøva litt i Rennesøy, men idet store og heile går det fram at denne opplæringa kom til å skilja seg lite ut frå den obligatoriske undervisninga i skulekrinsane i åra framover. Det var berre Hausken skule som syntest å ha god friviljug opplæring, men her hadde også læraren best utdanning.

Talet på elevar som var med i den friviljuge undervisning auka i åra framover. Om lag ti år etter (1874) fekk såleis 72 elevar friviljug opplæring i kommunen. (15) Dette tilsvara om lag 1/3 av det samla elevtalet. Denne auken hadde nok samanheng med at i tillegg til Hausken hadde friviljug undervisning også blitt lagt til dei andre krinsane etter kvart som krinsstover og skulehus vart tekne i bruk. Elevgrunnlaget var såleis større i 1874 enn i 1863.

Korkje i den friviljuge skulen eller i den obligatoriske syntest det å ha blitt gitt opplæring i naturkunnskap før i 1880-åra. I alle høve ikkje meir enn det som stod i lesebøkene. Og då det var Grøgaard og Knudsen sine lesebøker som mest vart nytta i skulane i Rennesøy utover i

1860-70-åra, så kunne det ikkje bli så mykje opplæring i dette faget. I eit møte i skulekommisjonen i 1876 vart det referert eit skriv frå stiftsdireksjonen der denne minte om ymse hjelpemiddel til undervisninga i det metriske systemet og for naturkunnskap.

Skulekommisjonen ville ha hjelpemidlane i rekning, men "ansaa det mindre nødvendig at anskaffe Veggtavler frå Dyreriget da ingen Naturhistorisk Undervisning gives i Almueskolen".

Ein har før vore inne på at presten kom rundt i skulane og hadde overhøyring. Det går fram av skuleprotokollane at det serleg var kristendomskunnskapen borna vart prøvde i. Det vart kvart år vart repetert i dette faget. Noko repetisjon i dei andre faga er ikkje nemnt i skuleprotokollane. Det er likevel grunn til å tru at presten også prøvde borna i rekning og morsmål og kanskje også i orienteringsfaga. Ved slike overhøyringar vart læraren og presten truleg samde om kven av elevane som skulle flyttast opp i høgare klassar, og som eventuelt kunne utskrivast frå skulen.

Kva for kunnskap som i røynda vart kravd av elevane, veit ein svært lite om. Dette kravet kunne nok skifta frå lærar til lærar, og vera ulikt for dei ymse prestane. Ein kan likevel gå ut frå at det meste av katekisma og forklaringa laut kunnast, og også ein del forteljingar frå bibelsoga. Men det var også tungnæme elevar som slapp med mindre kunnskap. Det nok ulikt korleis dei ulike lærarane såg på elevane si evne og deira vilje til å læra. Med den vesle utdaninga mange lærarar hadde, er det rimeleg å tru at mange hadde heller lite skjøn for at borna hadde ulike evner. Oftast vart det vel rekna med at det var viljen som var veik dersom eit barn ikkje kunne leksa. Likevel hører ein ikkje så mykje om kroppsleg refsing i landsskulen. I så måte var det kanskje meir av dette i byskulane. (16) Ein finn i alle høve ikkje noko om kroppsleg refsing i møtebøkene for skulekommisjonen i Rennesøy før i 1891. Men då i samanheng med den nye skulelova. Det vart då gjort vedtak om at heile skuletilsynet skulle vera tilstades dersom nokon av elevane skulle straffast. Dette vedtaket vart likevel straks etter endra til at det var nok at ein annan lærar, eller ein frå tilsynet var tilstades.

Kva utbytte hadde så elevane av undervisninga i åra frå 1860? Dette har ein også svært få opplysningar om. Det er likevel grunn til å tru at elevane etter kvart fekk større utbytte av skulegonga enn dei hadde hatt før. Både den aukande interessa for skulen blant folket i bygda, og dei betre utdana lærarane skulle tyda på det. Dertil skulle ein også tru at den betre ytre organiseringa av skulen med fastskular og klassedeling skulle leggja tilhøva til rette for ei betre og meir effektiv undervisning. Det er difor grunn til å tru at noko av den meiningslause og tankelause utanåtlæringa som hadde vore rådande i omgangsskulen i så lange tider, etter kvart tok til å koma bort. (17) Den monotone oppramsinga av skriftstader, forteljingar frå bibelsoga o.l. ga etter kvart plass for ei betre forståing av lærestoffet. Det vart også gjort meir for å gjera lærestoffet åskodleg for borna. Såleis vart det i mange bygder kjøpt inn hjelpemidlar til undervisninga. Rennesøy syntest å liggja etter i så måte. Det var ikkje her samsvar mellom innkjøp av læremiddel og liknande og det kommunen kosta på den ytre ordninga av skulen.

Av ei liste over lærermiddel i Hausken faste skule 1864 får ein eit inntrykk av det (utstyret) skulen hadde av undervisningsmateriell:

Bibel: ..... 2 st.  
Ny Testamentet: ..... 2 st.  
Grøgaards Læsebog (udslitte): ..... 12 st.  
Hersleb, Bibelhistorie: ..... 1 st.  
Knudsens læsebøger: ..... 12 st. for ubemidl.  
Historiske Udtog: ..... 1 st.  
Berlins Naturlære: ..... 1 st.  
Bønnebog for Skolen: ..... 1 st.  
Platou Jordbeskrivelse: ..... 1 st.  
Godtkjøbsatlas: ..... 1 st.  
Feragen Regnebog: ..... 2 st.  
Veiledning til Hovedregning (Olsen): ..... 1 st.  
Kingos Psalmer: ..... 1 st.  
Skolelov af 5/60: ..... 1 st.  
Jodkers Regnetabeller 1.ste, 2.dre,  
3.dje, 4.de med Faciter: ..... 1 st.  
Regnetavler: ..... 9 st.  
Danske Forskrifter: ..... 28 Plader  
Lathinske Forskrifter: ..... 28 Plader paa Pap.  
Psalmodikon: ..... 2 st.  
Læratabeller: ..... 16 st. paa Pap.  
Bibelhistorie, Vogts: ..... 3 st. bruges  
til Udlaan til Fattige Børn.  
Vægkart over Scandinavien (Schavensens Prahls.)

Dette var utstyret på den best utstyrte skulen i kommunen. Ein kan rekna med at dei andre skulane ikkje var såpass bra utstyrte. Så lenge desse var omgangsskular, hadde det truleg blitt kjøpt heller lite utstyr til dei. Om noko vidare auke i undervisningsmateriellet vart det heller ikkje i åra framover. På budsjetta er det berre ytt nokre få spesidalar (frå 1876 5 kr.) årleg til inventar og utstyr i skulane. Ein kan rekna med at det meste av desse pengane gjekk til å setja i stand det utstyret som ein hadde, og til å våla på skulehus og klasserom. Serlege innkjøp av læremiddel er i alle høve aldri blitt bokført.

Andre kommunar i amtet såg ut til å ha større sans for læremiddel etter søknadene om amtstilskotet å døma. I tida 1862-1868 var det Rennesøy som hadde søkt om minst tilskot til læremiddel av alle kommunane i amtet – unnateke ein kommune som ikkje hadde søkt i det heile. (18) Rennesøy hadde i desse åra berre fått 12 spd. i tilskot. Andre kommunar t.d. Suldal hadde fått opptil 140 spd. Først i 1890-åra tok dei til å kjøpa inn nok meir utstyr til skulane i Rennesøy. Men det vart først i det 20-hundreåret, i mellomkrigstida, at det kom utstyr av nemnande omfang.

Elles er det av interesse å merka at søknader om tilskot til læremiddel frå 1860-70-åra var størst frå kommunar der det var lærarorganisasjonar. Dette skulle tyda på at lærarane etter kvart vann fram med krava sine rundt i bygdene. I Rennesøy syntest ingen av lærarane i 1860-70-åra å koma med nokre serlege krav for skulen. Ingen syntest heller å vera engasjerte i aktuelle samfunnsspørsmål. Mange var nok med i det religiøse livet i bygda, og mange gjorde sikkert godt arbeid i skulen.

I 1880 vart den første lærarinna tilsett i kommunen. Etter lova av 1860 hadde kommunane høve til å få i stand småbarnskular med kvinnelege lærarar. Frå 1869 fekk også kvinnene høve til å få post i dei lågaste klassane i allmugeskulen. (19) Somme kommunar hadde også innført handarbeidsundervisning for jentene ved somme skular. (20) Denne opplæringa vart lagt til lærarinnekostnaden.

Spørsmålet om å tilsetja lærarinner i Rennesøy kom opp i samband med innføring av handarbeid for dei eldste jentene i barneskulen. I tillegg skulle den første opplæringa i allmugeskulen bli lagt til lærarinnekostnaden. Saka var oppe i skulekommisjonen i 1880. Det vart her vedteke at krinsane sjølve skulle få avgjera denne saka. Spørsmålet kom difor opp til avrøysting i krinsane. Berre i Vaula og Kloster fekk framlegg fleirtal. Dei andre krinsane var imot. Skulekommisjonen vedtok difor at det skulle tilsetjast ei lærarinne i desse to krinsane. Lærarinna skulle ha skule for dei minste borna i både krinsane, attåt handarbeidet, medan læraren skulle ha storskulen.

Posten vart utlyst, og det meldte seg seks søkerarar. Skulekommisjonen ville tilsetje ei kvinne frå bygda, Elisabeth Edland. Ho hadde ikkje lærarutdaning, men ho hadde eit amtskulekurs. Dei andre søkerane hadde lærarutdaning. I grunngjevinga skreiv skulekommisjonen at dei ville ha Elisabeth Edland i posten fordi ”man kjendte hende som en sjeldan flink og begavet Pige”, og fordi det vart rekna med at ho ville vera i posten i lengre tid enn dei andre

søkjarane sidan ho var frå bygda. Stiftsdireksjonen gjekk med på dette. Elisabeth Edland kom til å ha posten til 1892 då ho vart tilsett som reisetalar i "Det Norske Totalavholdsselskab". Ho vart ei av dei første kvinnelege foredragshaldarane i landet, og vart ei landskjend kvinne innan fråhaldsarbeidet. (21)

I 1887 vart det vedteke at det ved skulane i Hausken og Sørbø skulle verta sett i gang småskular for born mellom 6-8 år. Skuletida skulle vera 12 veker. Undervisningsfaga var lesing, hovudrekning i samband med talskriving, kristendomskunnskap og song. Ved desse skulane vart det likevel ikkje tilsett lærarinner førebels. Dei andre lærarane skulle dela desse timane mellom seg. Men året etter vart det vedteke at Heglnad skulekrins også skulle få småbarnskule. Og her vart det tilsett ei lærarinne. Då skulen etter 1889-lova vart delte i småskule og storskule, vart det vanleg at lærarinner hadde småskulen i dei fleste krinsane.

Tanken om å la lærarinner overta undervisninga av dei yngste elevane og handarbeid for jentene, tyder på at skulekommisjonen ville freista å gjera dei indre tilhøva i skulen betre. Skulehusbygginga og krinsinndelinga var i 1880-åra førebels ferdig. Og hardast striden omkring Jensens lesebok var slutt. For å gjera undervisninga ved skulane i kommunen meir einsarta vedtok skulekommisjonen ein sams timeplan. Denne timeplanen vart vedteken på eit møte 2.nov.1883, og ser slik ut:

Timeplan vedteken på møte 2/11-1883. Sak 4.

Den lovbefalte Skole med 2 Afdelinger.

ØVERSTE AFDELING				NEDERSTE AFDELING		
Mandag	Onsdag	Fredag	Lørdag	Tirsdag		
Torsdag						
8-9 Forkl.	Bibelh.	Forkl.	8-9	Katek.	Bibelh.	
9-10 Læs.	Læs.	Læs.	9-10	Læs.	Læs.	
10-11 Geo.	Hovedregn.	Geo.	10-11	Geo.	Hovedregn.	
1-2 Regn.	Bib.for.	Reg.	1-2	Regn.	Læs.	
2-3 Skri.	Skri.	Ret.sk.	2-3	Skr.	Skr.	.
3-4 Læs.	Sang.	Eva.læs.	3-4	Læs.	Sang.	

Den lovbefalte Skoles 1.Afdeling.

	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag
8-9	Forkl.	Bibelh.	Forkl.	Bibelh.	Forkl.	Bibelh.
9-10	Læs.	Læs.	Læs.	Læs.	Læs.	Læs.
10-11	Skriv.	Skriv.	Skriv.	Skjønnnskr.	Skriv.	Evang.læs.
1-2	Regn.	Regn.	Regn.	Regn.	Regn.	"
2-3	Geo.	Bib.læs.	Geo.	Bib.læs.	Geo.	"
3-4	Læs.	Sang.	Skri.	Sang.	Regn.	"

Den frivillige Skole

Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	
Forkl.	Bibell.	Norsk	Forkl.	Norsk	Bibell.	8-9
Læsn.	Norsk	Læsn.	Norsk	Skriv.	Norsk	9-10
Geogr.	Geogr.	Geogr.	Sang	Geogr.	Hovedr.	10-11
Regn.	Regn.	Regn.	Regn.	Regn.	"	1-2
Norsk	Norsk	Norsk	Naturk.	Naturk.	"	2-3
Naturk.	Sang	Skriv.	Skriv.	Regn.	"	3-4

---

«Ifølge instruksens §5 bestemmes at Børnene hver Time Gives en lidet Frihed paa 5-10 Minutter til Forfriskelse og Skolestuens Udluftning».

Som det går fram av desse planane, er det berre geografi av orienteringsfaga som har serskilde timer i den obligatoriske skulen. I 1882 hadde det også blitt kjøpt inn tellurium og ymse kart og liknande til skulane. Seinare vart også Rones: Geografiske tabellar kjøpte inn. Opplæringa i historie var truleg lagt til lesetime. Opplæring i naturfag vart nok også gjeven i samband med lesing. Elles er det av interesse å merka at naturkunnskap er komne med på timeplanen for den friviljuge skulen. Så vidt ein veit, har det ikkje blitt nytta serskilde lærebøker i nokon av orienteringsfaga. Ein kan difor rekna med at opplæringa ikkje har gått serleg utover det lærestoffet som stod i lesebøkene og det læraren fortalte. Elevane har heller ikkje fått karakterar i desse faga. (22)

Elles legg ein merke til at song er komen med på timeplanen. Songopplæringa kunne nok skapa ymse vanskar i nokre av krinsane. Såleis klaga medlemmene i skulekommisjonen frå Sørbø over songopplæringa i eit møte i 1888. Lærar Bjelde i Sørbø brukte ei songbok «som paa grund af sit Indhold (hovedsagelig Fædrelandssange) vækker Mishag hos en stor Del af Kredsens Befolkning». Dei meinte salmeboka var den mest høvelege songboka i skulen. Skulekommisjonen vedtok å kalla inn til eit krinsmøte for å drøfta denne saka. Krinsen sjølv skulle få avgjera om dei ville ha ”Sange for Skolen og Hjemmet” ved Kristoffer Hagen til lærebok i skulen. Det var denne bokar lærar Bjelde nytta. Krinsmøtet vedtok samrøystes at dei ikkje ville ha denne boka. På same møtet vart det også kritisert at Bjelde nytta fele i songopplæringa. Dette var eit instrument som lite høvde i skulen, meinte dei. Lærar Bjelde må i det heile ha vore litt for radikal for folket i Sørbø. Heilt til han reiste frå krinsen i 1895, vart det ført klage på han i skulekommisjonen år om anna. Såleis vart det i 1888 klaga over at borna i Sørbø fekk lesa mindre i Testamentet enn elevane ved Hegland og Hausken skular. Det vart også klaga over at han hadde teke til med ein liten landhandel i krinsen. Dette meinte medlemmene i skulekommisjonen ville gå ut over skulearbeidet. Men etter det eldre folk fortel, skal ikkje Bjelde ha brydd seg så mykje om klagemåla. Han let borna framleis syngja i Hagens songbok.

Det vart også klaga over den nye ABC-boka i Sørbø. Medlemmene av skulekommisjonen frå denne krinsen gjorde framlegg om at Grøndahls ABC skulle bytast ut, og den gamle katekisme ABC-a takast i bruk att. Dette gjekk ikkje dei andre i skulekommisjonen med på. Framlegget vart nedrøysta. Men skulekommisjonen ba lærar Bjelde om at dei borna som var komne lengst i lesing, måtte få lesa innaboks i katekisma.

Det var såleis framleis somme som meinte at skulen mest mogeleg skulle vera ein kristendomsskule. Likevel var ikkje dette eit allment syn blant folk i bygda på den tida. Mange hadde fått syn for verdet av ein allmenndanande skule. Dei verdslege faga i skulen hadde etter kvart blitt viktige for mange. Dette viser ikkje minst den store søknaden det vart til kveldsskulane i kommunen frå 1880-åra og utover.

### Kveldsskulane

Tida utover i 1870-80-åra sette større krav til allmenn opplysning. Med betre arbeidsmåtar og reiskapar hadde fritida blitt større. Stortinget løyvde i 1875 1200 spd. til vidare opplæring for landsungdom som hadde gått ut av allmugeskulen. Av denne summen skulle 600 spd. nyttast til amtskular og dei andre 600 til kveldsskulular rundt i bygdene. (1)

Det viste seg snart at summen til kveldsskulane vart altfor liten. Difor kom det ikkje i gang så mange skular første året som amtsformannskapa hadde rekna med. I Stavanger amt hadde 8 kommunar søkt om tilskot i 1875. (2) Først året etter vart statsløyvingane så pass store at alle kommunane kunne få søknader innvilga.

Det vart straks klart at det var stor interesse for kveldsskulane utover på landsbygda. Alt første vinteren 1875-76 var det kveldsskular i gang i dei fleste prestegjeld. (3) Og mange skulekrinsar hadde ikkje fått søknadene om tilskot til slike skular innvilga. Talet på kveldsskular var i alt 728 for heile landet. Elevtalet ymsa mellom 13 og 23 i gjennomsnitt pr. skule i bispedøma. Likeeins ymsa lærarlønene frå om lag 16 til 30 sk. pr. time.

Talet på elevar synte såleis at det var stor interesse for kveldsskular. Mange på landsbygda hadde etter kvart skjøna at den kunnskapen dei fekk i allmugeskulen, var for liten. Dei måtte få meir kunnskap om dei skulle koma på høgd med andre samfunnsgrupper i samtidia. Aukande politisk interesse nett i desse åra vart og ei av drivkraftene til trangen etter meir kunnskap. På alle område kom kunnskapskravet med som ein realitet. Med meir handel og økonomisk samkvem fekk folk meir bruk for å kunna skriva og rekna. Det vart difor på desse faga kveldsskulane kom til å leggja mest vekt på.

I Rennesøy var det Landboforeininga som gjorde opptaket til å få i stand kveldsskulular. Arbeidet til denne foreininga hadde nett i desse åra teke til å visa igjen når det galdt det økonomiske tilhøvet i bygda. (4) Såleis hadde nye jordbruksmetodar blitt tekne i bruk. Bøndene hadde teke til å驱a skiftebruk. Avlingane auka, og nye metodar innan husdyrhald var tekne i bruk. Serleg var det storgarden på Utstein som her viste veg. Med dampbåtane kom ordna ruteferdsel til og frå Stavanger. Det vart nå lettare for bøndene å få selt jordbruksvarene.

I det heile vart det medlemmene i Landboforeningen som gjekk føre både innan jordbruk og betre samferdsle. Det var i samsvar med alt deira arbeid elles at dei prøvde å opna veg for alle som trøg meir kunnskap. Som tidlegare nemnt, kom kravet om å ta i bruk Jensens lesebok i barneskulen også frå Landboforeningen. Dette kravet saman med initiativ på andre område, må ein sjå som uttrykk for dei kulturelle og økonomiske interessene denne foreininga representerte.

Løyving til kveldsskulane kom som sak i Rennesøy skulekommisjon 31. jan. 1876. Det vart då gjort følgjande vedtak:

- a) Gutar og jenter skulle få gå på kveldsskulular.
- b) Kveldsskulane skulle få haldast 2 gonger i veka.
- c) Fag: "Retskrivning, Modersmaalet deriblant indbefattet Gramatik, Regning".

Vidare heiter det at "Læreren bør ogsaa i Aftenskolen foredrag, og om mulig gjengive Afsnit af Historie samt noget Geografi".

Kveldsskulane skulle haldast i skulestovene for fastskulane (i Rennesøy og Mosterøy). I Bru og Åmøy skulle skulen vera i det huset der allmugeskulen var til kvar tid. Krinsane skulle sjølve syta for lys, varme og reinhold slik som for den obligatoriske skulen. Lærarløna var 20 sk. (67 øre) timen. Av lærarløna dekka staten ¾. Utlegga for kommune vart såleis ikkje store.

Søknaden til kveldsskulane vart stor. Serleg på Mosterøy var det mange som melde seg. Hausten 1876 vart det meldt til skulekommisjonen at skulehuset på Kåda var overfylt, og at det var fleire som ville gå, men som ikkje fekk plass. Det vart difor vedteke at det skulle leigast rom hos ein privatmann på Aske, dermed vart det 2 klassar på Mosterøy.

Om søknaden til kveldsskulen på Mosterøy kan ha samanheng med lesebokstriden som vart avslutta i desse åra, er ikkje godt å seia. Utruleg er det ikkje at denne striden auka trøngen til meir kunnskap. Medlemmene i Landboforeningen arbeidde nok for å få folk til å gå på skulen. Dei mest drivande medlemmene i denne foreininga budde på Mosterøy.

Etter dei oppgåvane som ligg føre, var det gutane som var elevfleirtalet ved kveldsskulane. Dette gjeld både i Rennesøy og i dei offisielle statistikkane. Derimot heldt gjentene betre ut når dei først hadde begynt. (5) For Rennesøy hadde dette samanheng med dei ulike fiskeperiodane, t.d. hummar- og vårsildfisket. Det var folk i alle aldrar som sökte kveldsskulane. Serleg var det mange eldre som vart elevar på dei første kursa i slutten av 1870-åra. Skuledirektør Wolff nemnde dette i ei melding til departementet. Han trudde dette kom av at dei eldre ville setja seg inn i det nye desimalsystemet som var teke i bruk nett på denne tida. (6)

Tidlegare er det nemnt at 2 av lærarane i kommunen var på lærarkurs i Kristiansand i 1877. Truleg var det eit slikt ”meterkurs” desse lærarane var med på. Søknaden til kveldsskulane var også stor i dei krinsane der desse lærarane heldt skule.

Mange lærarar hadde nok små føresetnader for å driva kveldsskulekursa. Dette var eit problem som skuledirektørane var inne på i dei første meldingane om kveldsskulane. (7) Det var altfor mange av lærarane som hadde for liten utdanning til å ta på seg undervisning av vaksne elevar. Dei økonomiske føremonene med å vera lærar på kursa var heller ikkje store. Timeløna kunne vera ned til 30 øre pr. time. (8)

Kveldsskulane kom mange stader til å førebu dagskulane eller framhaldsskulane. Såleis vart det vedteke at kveldsskulen på Hausken skulle verta dagskule for elevar som nett hadde gått ut av allmugeskulen. I møteboka frå 16/4-1885 står: «Da aftenskolen ansees mindre tilfredsstillende, besluttedes denne forandret til Dagskole». Det vart vedteke å søkja stiftsdireksjonen om tilskot til 5 dagars dagsskule.

Kveldsskulane kom til å halda fram i dei andre skulekrinsane. Interessa for kveldsskulane var i det heile stor i Rennesøy. Søknaden til skulane var jamt over større her enn i dei fleste andre bygdene i amtet. I skuleåret 1883-84 var det såleis 7 kveldsskular i kommunen med over 100 elevar. Berre Høyland hadde fleire skular med fleire elevar enn Rennesøy. (9) Timefordelinga for dei ymse faga var dette året sett opp slik: (Tala for Kvitsøy i parantes.

Norsk munnleg: 75 (20) timer

Rekning: 80 (18) "

Skjønnsskrift:	18 (0)	"
Geografi:	4 (0)	"
Historie:	8 (0)	"
Song:	Ingen	"
Andre fag:	Ingen	"

Det offentlege tilskotet var 108 kroner for Rennesøy og Mosterøy og 22 kr. for Kvitsøy, medan det kommunale tilskotet var 30 kroner og 5 kroner. Dette viser kor billege kveldsskulane var for kommunen, og forklarar kvifor kommunane gjekk inn for å setja i gang så mange ulike skular.

Ser ein på fagkrinsen, går det tydeleg fram at rekning, morsmål og skriving var hovudfaga. Ein legg også merke til at kristendomskunnskap ikkje er med i fagkrinsen. Dette skulle visa at andre fag enn kristendomskunnskap nå vart sett på som viktige. Orienteringsfaga hadde heller ikkje stort rom. Seinare kom endring i dette. Såleis hadde geografi og song 12 timer i ei melding om skuleåret 1887-88. (11) Av den same meldinga går det fram at det framleis var mest kveldsskular i Mosterøy. Her var 3 skular dette året med 39 elevar, medan Rennesøy hadde ein skule med 32 elevar. Kvitsøy hadde ein skule med 13 elevar. Elevtalet hadde såleis minka i høve til skuleåret 1883-84. Endå om denne minkinga i elevtalet kunne ha samanheng med med opprettninga av dagskulen i Hausken, så var det likevel tydeleg at interessa for kveldsskulane tok til å bli mindre i 1890-åra.

Kva var så grunnane til at interessa for kveldsskulane tok til å minka? Ein av dei viktigaste grunnane var nok mangelen på kvalifiserte lærarar. Dertil var det nok vanskeleg at interessa for meir opplæring kunne halda seg i lang tid når bygdeungdom skulle ta denne opplæringa ved sida av det daglege arbeidet. Dessutan vart høve til vidare skulegang etter kvart betre. Ein har alt nemnt dagskulen som kom i gong i Hausken i 1885. Og i 1888 vart det vedteke at Mosterøy skulle ha to dagskular. (12) Ein skulle vera i Vestre Åmøy krins og den andre skulle vera i Vaula. Begge skulle vera på fem veker á 36 timer. Fylgjande timeplan vart vedteken:

Modersmaalet:	.....	12 timer
Regning:	.....	12 "
Bibelforklaring:	.....	3 "
Geografi:	.....	3 "
Historie:	.....	3 "
Skrivning:	.....	2 «

Song: ..... 1 "

---

I alt:

36 timer

Kvitsøy fekk også ein framhaldsskule (eller dagsskule) i 1890-åra. Alle desse skulane vart årvisse til fram mot hundreårsskiftet. På Rennesøy og Mosterøy kom framhaldskulekursa til å gå på omgang mellom krinsane. Dette var ei betre skuleordning enn kveldsskulane for ungdomen i bygda.

Utbrygginga av amtskular, ungdomsskular og folkehøgskular gav også bygdeungdom høve til vidare utdanning. Amtskulen for Ryfylke gjekk såleis på omgang mellom kommunane. I 1893 hadde denne skulen tilhald i Vaula krins på Mosterøy. Mange gåverike bygdeungdomar kunne difor ta seg vidare utdanning ved desse skulane. Kveldsskulane kunne i lengda ikkje halda seg som høveleg skuleform. Likevel vart det år om anna halda kveldsskulekurs i prestegjeldet heilt fram til 1930-åra. Mange ungdomar i bygda fekk verdfull kunnskap på desse kursa.

Kva verdi hadde kveldsskulane? Desse skulane kom på mange måtar til å føra med seg ei ny innstilling til skulen på landsbygda. Folk gjekk på skulen av fri vilje. Dette var noko heilt nytt i mange bygder. Elevane fekk lesa dei nye bøkene til Bjørnson, Ibsen o.a., og mange samtidsspørsmål vart nok også diskutert i skuletimane eller på vegen til og frå skulen.

Interessa for kveldsskulane var eit resultat av 1860-lova. Denne lova var med og skapte den trangen etter kunnskap hos bygdefolket som kveldsskulane freista å stetta. På same tid bar desse skulane bod om grunnlaget for den neste skulelova. – Ein folkestyrt skule bygd på folket sine eigne interesser for skule- og opplysningsarbeid. - Den demokratiske tanken i 1860-lova, som Nissen hadde målbore, vart såleis ført vidare ved 1889-lova.

## Ny skulelov 1889 – utsyn og avslutning

I tida mellom 1860 og 1889 hadde landsskulen i Noreg på mange måtar fått si form. Den skuleskipnaden som etter kvart var kome i stand på landsbygda, vart grunnlaget for den seinare utviklinga. Såleis hadde skulen i denne perioden fått fast tilhald i eige hus i dei fleste bygder. Omgangsskulen vart etter kvart mindre og mindre nytta som skuleform. Mange av fastskulane hadde også i tida framover blitt delte i fleire klassar. Lova av 1889 kom til å skunda på denne utviklinga. Den klassedelte skulen blei gjort til normalordning. Såleis skulle kvar skule delast i to høgder – småskule og storskule.

I Rennesøy hadde klassedelinga kome godt i gang alt før den nye lova kom. I 1890-åra og utover på 1900-talet gjekk denne utviklinga vidare. Hausken skule vart først 3-delt i 1890, seinare 4- og 5-delt. Dei andre større krinsane på Rennesøy og Mosterøy vart også etter kvart 3-delte. Skulane på Bru og Åmøy vart 2-delte, og berre skulen for Dale og Sel var samla. Men på denne skulen var barnetalet svært lite. Og då vegane vart betre, vart desse gardane

lagde til Hausken krins. Såleis hadde Rennesøy og Mosterøy kommunar fått ein krinsskipnad alt før 1889-lova, som vart ståande ved lag i åra framover. (1)

Dei fleste krinsane hadde fått eigne skulehus i tida mellom 1860 og 1889. Mange av dei eldste husa viste seg etter kvart utilfredsstillande for krava i den nye lova. På Rennesøy vart det bygt nye skulehus i alle krinsane først på 1900-talet. Skulehusa på Mosterøy vart verande i bruk lenger. Først i 1933 vart det bygt nytt skulehus i Kloster krinsen og i 1939 i Vaula.

Både i Rennesøy og i landet elles gjekk ein bort frå den gamle kombinasjonen av skule- og bustadhus. Det vart i staden ordna med eigne lærarbustader med lærarjord. Det vart såleis gjort meir for å leggja dei økonomiske tilhøva for lærarane betre til rette. Kommunane ville på denne måten sikra seg dugande lærarar. Saman med betre utdanning og betre løn fekk lærarane ein høgare sosial status. Mange av dei kom med i offentlege styre og stell, og kom ved dette til å arbeida for eit betre skulestell i kommunane.

Arbeidstilhøva i skulen vart også lettare for lærarane. Medan undervisninga i tida mellom 1860-1889 hadde mangla fastleik og form, så kom den nye lova med fastare rammer. Borna skulle gå på skulen i 7 år. Konfirmasjonen vart ikkje lenger det endelege målet for skulen.

I samsvar med den demokratiske tanken lova bygde på, skulle kommunane sjølve arbeida ut planane for skulestellet. Desse planane laut likevel vera i samsvar med dei retningslinjene lova drog opp, men skulestyret kunne t.d. avgjera kor mange timer kvart fag skulle ha. Departementet sende likevel ut mønsterplanar som dei lokale styresmaktene kunne ha som utgangspunkt for eige planarbeid. (2)

Både i Rennesøy og Mosterøy vart det arbeidd ut undervisningsplanar. Desse fylgde stort sett departementet sine framlegg. Etter lova av 1889 var orienteringsfaga gjort til obligatoriske fag. Den timebytetabellen som vart vedteken for Mosterøy, var følgjande:

1. afdeling. (smaaskolen)

Kristendomskunnskap: ..... 8 timer

Modersmaal: ..... 8 "

Regning: ..... 5 "

Geografi med naturlære: ..... 1 "

Historie: ..... 1 "

Skrivning: ..... 5 "

Sang: ..... 2 "

I alt: 30 timer

## II. afdeling. (storskolen)

Kristendomskunnskap: ..... 8 timer

Modersmaal: ..... 8 "

Regning: ..... 6 "

Geografi: ..... 1 "

Historie: ..... 2 "

Naturkundskap: ..... 2 "

Skrivning: ..... 4 "

Sang: ..... 2 "

Tegning: ..... 2 "

---

I alt: 36 timer

---

Av tamefaga kom teikning med på timeplanen. Dette var det "billegaste" faget, og dei fleste kommunane valde det. (3) Både sløyd og handarbeid kom også etter kvart med i fagkrinsen. Ein har før nemnt at det alt frå 1884 var gitt noko handarbeidsopplæring for jentene i Vaula og Kloster krinsane. Kring århundreskiftet vart både sløyd og handarbeid innført i dei fleste skulane både i Rennesøy og Mosterøy. Dette såg ut til å vera fag bygdefolket var interesserte i endå om dei var relativt kotbare. Både sløyd og handarbeid vart ordna som korte kurs ved skulane.

Gymnastikk vart ikkje innført ved nokon av skulane. Dette var eit fag som det tok lang tid å få innført i skulen. Både skulestyret i Mosterøy og Rennesøy grunngav dette med at skuletida var altfor kort. Elles peika skulestyret i Mosterøy på ymse vanskar med å innføra dette faget. Det heitte at innføring av gymnastikk «befrygtes at ville støde paa en noget nær uovervindelig Modstand hos Befolkningen viss Sympati for Skolen der særlig i denne Tid, da den nye Skolelov skal træde i Kraft, gjælder at bevare». Heller ikkje var nokon av lærarane skikka til å ta på seg ei slik opplæring, meinte skulestyret. Det gjekk defor lang tid før dette faget kom med i fagkrinsen i Mosterøy og Rennesøy. Men i 1920-30-åra vart det i alle høve bygt leikeplassar ved dei fleste skulane.

Kommisjonane som arbeidde med undervisningsplanar for kommunane, gjorde framlegg om å føra inn bestemte lærebøker. Dei lærebøkene som vart nemnde i framlegget og etter kvart tekne i bruk i skulen, var fylgjande:

I kristendomskunnskab:

«Bibelhistorie» lille udgave af V.Vogt.

«Udtog af dr. Erik Pontoppidans forklaring».

«Luthers lille katekismus».

«Kirkehistorie» af dr. A. Chr.Bang.

I Modersmaal:

«Læsebog for folkeskolen og folkehjemmet».

I historie:

«Norges historie i fortællinger», af overl. Jensen.

I geografi:

«Geografi» af dr. Hans Reusch.

I Naturfag:

"Naturlære no.2" af dr. Hans Reusch.

I regning:

"Regnebog for landsskolen" af ovl. Nikolaisen.

I skrivning:

"Kapt. Vaalers forskrifter".

Nokre av desse bøkene vart likevel snart skifta ut. Såleis vart Rolfsens lesebok innført i 1894, like eins Landsmålsutgåva 1.ste. heftet. I geografi vart Horns geografibøker tatt i bruk. Pontoppidans forklaring vart skifta ut med Sverdrups forklaring i 1898. Dette bokbytet kom ikkje her til å skapa nokon serleg strid. (5)

I 1905 vart det vedteke at lærebøkene skulle vera på landsmaal, og i 1908 vart landsmaalet opplæringsmål i alle krinsane. Nokon serleg målstrid vart det ikkje. Einast i Kloster kveiktest litt strid. Krinsen gjekk over til bokmål att, og hadde dette til opplæringsmål til 1934 då nynorsk igjen vart innført.

I tida frå 1860-1889 hadde mange meint at skuletida var for kort. (6) Mange såg det som ein føresetnad for ein betre skule at skuletida vart utvida. Lova 1889 førde ikkje til store endringar i så måte. Veketalet for kvar klasse vart framleis sett til 12 veker i året, men kommunestyret kunne utvida skuleplikta til 15 veker. Både i Rennesøy og Mosterøy vart veketalet sett til 15 veker i storskulen og 13 veker i småskulen. Kommunane gjekk såleis

utover den lovfesta skuletida. Dette var også turvande når lærarane skulle greia å gje skikkeleg opplæring i alle dei nye faga. Dette vitnar også noko om det større skjønet folk etter kvart hadde fått for skulen. Motstanden mot å gjera skulen god var ikkje lenger så stor endå om det kosta pengar.

Ved lova i 1889 vart namnet allmugeskule skifta ut med folkeskule. Dette namnebytet går både på styringsmåte og føremål. Skulen skulle styrast av folket og vera til gagn for folket. Det skulle vera folket sin eigen skule som folket sjølv hadde ansvaret og interesse for. Skulen var skilt organisasjonsmessig frå kyrkja. Presten var ikkje lenger sjølvskriven formann i skulestyret. Likevel kom prestane i Rennesøy til å vera faste formenn både i skulestyret i Rennesøy, Mosterøy og Kvitsøy til i byrjinga av 1900-talet. Det var framleis dei som var mest vane med administrasjon og hadde best innsyn i skulespørsmål. Likevel kom bygdefolket meir med i styre og stell. Det kom andre dugande menn som kunne avløysa prestane i arbeidet deira for skulen.

I heile 150-års bolken frå 1739-1889 var det prestane som hadde vore føregangsmenn for skulesakene i prestegjeldet. Det var dei som hadde gjort skulen til det han var i dei ulike tidene, og mange hadde måttå stridd mot vannkunne og fordom i skulesaker. Også i det 20. århundret hadde deira ord vekt i skulesaker, men bygdefolket sjølve hadde nå leiinga og ansvaret.

Ein har avslutta dette oversynet over skulestellet i Rennesøy prestegjeld ved 1889-lova. Denne lova kom 150 år etter den første norske landsskulelova. Mangt endra seg innan skulen i dette lange tidsrommet. Lova av 1889 førde med seg visse endringar. Likevel var grunnlaget for den vidare framvoksteren av skulen lagt før denne lova kom. Tida før 1889 synest på mange måtar å vera den mest interessante delen av skulesoga i Rennesøy. Likevel vil ei vidare gransking av skulestellet etter 1889 også vera ei interessant oppgåve. Øyane i Rennesøy prestegjeld vil skapa serleg problem for skulestellet, problem som både må fantasi og kraft til for å løysa.

## **T I L V I S I N G A R**

Når det gjeld avstyttingane, sjå avsnitta Bibliografi og Uprenta kjelder.

### **INNLEIING**

- 1- Strøm: Stavanger amt s. 3.
- 2- ibid. s. 290. og Rogaland Fylkesleksikon s. 461-466
- 3- Strøm: Stavanger amt s 294 f. og Rogaland Fylkesleksikon s. 436-443
- 4- Strøm: Stavanger amt s. 294 f. eller: Rogaland Fylkesleksikon s. 418-425

### **SKULEFRAMVOKSTEREN 1739-1860**

#### **INNLEIING**

1. Heffermehl: Folkeundervisningen s. 30 f. og 47 f.
2. ibid. s. 48
3. Jørgensen: Omkring 1739 s. 54
4. Høverstad: Skulesoga s. 15 og 36 f.

### **SKULELOVGJEVINGA 1739-1741.**

- 1 Rennesøyboka s. 169
- 2 Heffermehl: Folkeundervisningen s. 99 f.
- 3 Jørgensen: Omkring 1739 s. 53 f. og Hertzberg: Bidrag s. 131
- 4 Faye: Christianssands ... s. 322
- 5 Rennesøyboka s. 64 f.
- 6 Jfr. Jørgensen: Omkring 1739 s. 59 f.
- 7 ibid. s. 57
- 8 Faye: Christianssands ... s. 316 f.
- 9 Høigård og Ruge s. 27 f.
- 10 Faye: Christianssands... s. 331
- 11 ibid. s. 330
- 12 Jørgensen: Omkring 1739 s. 58
- 13 Faye: Christianssands... 330 f.
- 14 ibid. s. 330
- 15 Faye: Christianssands.. s. 331
- 16 ibid. s. 331
- 17 ibid. s. 331
- 18 ibid. s. 332
- 19 Jørgensen: Omkring 1739 s. 67
- 20 Høverstad: Skulesoga I s. 7 og Hertzberg: Bidrag s. 139

- 21 Placat 1741 pkt. 1
- 22 Høverstad: Skulesoga I s. 8
- 23 Placat 1741 pkt. 2
- 24 Høverstad: Skulesoga I s. 8
- 25 ibid. s. 16 f.
- 26 ibid. s. 9

#### SKULEFUNDASANE OG SKULEORDNINGA I PRESTEGJELDET FRAMOVER TIL 1860

1. Hertzberg: Bidrag s. 136 f.
2. Framlegg til skuleordning for Rennesøy dat. 30/7-1742 S.A.S. pk. 94
3. Hertzberg: Pædagogikens historie s. 72
4. Jfr. Faye: Christianssands... s. 312 f.
5. Høverstad: Skulesoga I s. 17 f. og Hertzberg: Bidrag s. 136 f.
6. Hertzberg: Bidrag s. 137
7. Steen: Det norsk folks liv og historie B.6 s. 387 f.
8. Kongelige Rescripter I s. 765
9. Rennesøyboka s. 260 og 263
10. Oftedahl: Efterretninger 1817 s. 21
11. Heffermehl: Folkeundervisningen s. 99 f.
12. Framlegg til skuleordning for Ryfylke Prosti dat. 13/12-1741. S.A.S. pk. 94
13. Gran: Sandværs Saga s. 187 f. og Haugen: Folkeskolen i Førde s. 29
14. Rennesøyboka s. 170
15. S.A.S. pk. 94
16. S.A.S. pk. 94
17. S.A.S. pk. 94
18. Framlegget hadde samband med førearbeidet til lova av 1739. S.A.S. pk. 4
19. Hertzberg: Bidrag s. 126
20. ibid. s. 132
21. Holmsen og Jensen: Norges Histoire II s. 22
22. Bisp Kærups melding 1741. General-Kirke-Insp.
23. Kærups visitasreise 1741. General-Kirke-Insp.
24. Placat 21/7-1771. Sjøvæsenet. S.A.S pk. 97
25. Melding frå presten Leganger i Torvastad dat. 16/4-1742. S.A.S. pk. 94
26. Visitas i Rennesøy 8/7-1738 Genral-Kirke-Insp.
27. Christianssands bispearkiv Prot. 41
28. Heffermehl: Folkeundervisningen s. 90 f.
29. Kongelige Rescripter II s. 241
30. Skriv frå prost Meidell til amtm. 22/4-1748
31. Skriv frå stiftsamrt. Barner og biskop Kærup til amtm. i Stav. dat., 9/3-1748.  
S.A.S.pk.24
32. Melding frå Kærup 31/12-1745. General-Kyrkje-Insp.

33. Faye: Christianssands... s. 361
34. Efterord 1753 dat. 4/1-1754. General-Kyrkje-Insp.
35. Faye: Christianssands... s. 361
36. ibid. s.362
37. Den almindelige Plan og Indretning om Skolevæsenet udi Stavanger Provsti, dat. 3/9-1754. S.A.S. pk. 94
38. Stuland: Kvinnherad s. 15
39. Kongelige Rescripter II s. 241
40. Dei fleste kyrkjeeigarane i Rennesøy laut betala om lag 1 rdl. Skriv dat. 26/9-1758 og 10/12-1763. S.A.S. pk. 94 og Rennesøyboka s. 20
41. Stuland: Kvinnherad s. 18 og Haugen: Folkeskolen i Førde s. 47
42. Faye: Christianssands... s. 365
43. Brev frå Meidell til amtm. dat. 11/11-1754. S.A.S. pk. 94
44. S.A.S. pk. 94
45. S.A.K. pk. C 117
46. Brev frå sokneprest Steenbloch til amtm. dat. 23/9-1766. S.A.S. pk. 94
47. Steen: Det norske folks liv og historie. B.6. s. 396 f.
48. Amtm. Lachmann: Underretning 1765
49. ibid.
50. Steen: Det norske folks liv og historie B.6. s. 400 og 408
51. Skriv frå Stav. prosti til bispen dat. 14/9-1776. S.A.K. C 117
52. Fol. 230 b.231. Karmsund pantebok nr. 3 1756-1782. R.A.
53. Skriv frå Stav. prosti dat. 12/11-1763. S.A.K. C 117
54. Rekneskapsboka 1791-1829
55. Skriv frå sokneprest Heiberg dat. 9/7-1801 S.A.K. C. 107
56. Publiques Foranstaltninger 1798-1812, skriv dat. 8/6-1801
57. Journal, skriv dat. 30/10-1816
58. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 5
59. Høverstad: Skulesoga I s. 270 f.
60. ibid. s. 319 f.
61. Journalen, skriv dat. 9/8-1816
62. Oftedahl: Efterretninger om Rennesøy s. 22
63. Rennesøyboka s. 93 f.

## PRESTESKAPET, BØNDENE OG SKULEN – RASONALISTISKE SKULETILTAK

1. Høverstad: Skulesoga I s. 9
2. ibid. s. 20 og Hertzberg: Bidrag s. 138
3. Høverstad: Skulesoga I s. 9
4. Steen: Det norske folks liv og historie B.5. s. 180 f. og Dokk: Religiøs etisk uppsedding s. 9 f.
5. Rennesøyboka s. 195
6. ibid. s. 170-199
7. Bispevisitas 17/6-1753 General-Kirke-Insp.
8. Bispevisitas 6/8-1766 General-Kirke-Insp.
9. Brev fra Steenbloch til amtm. 17/10-1766 S.A.S. pk. 94 og Jfr. s. 38
10. Melding fra bisp Tidemand 16/12-1766 Genral-Kyrkje-Insp.
11. Brev fra Steenbloch til amtm. 23/9-1766 S.A.S. pk. 94
12. Høverstad: Skulesoga I s. 37 f.
13. ibid. s. 69 f.
14. ibid. s. 151 f.
15. Faye: Christianssands... s. 431 f. og Høverstad: Bisp Hansen og Upplysn.m. s. 7 f. og Høverstad: Skulesoga I s. 56 f.
16. Faye: Christianssands... s. 432
17. Høverstad: Skulesoga I s. 114
18. Publiques Foranstaltninger 1798-1812, skriv dat. 11/3-1799
19. Faye: Christianssands... s. 433
20. Visitas i Rennesøy 16. og 17. juni 1802. Visitasberetninger 1802
21. Faye: Christianssands .... s. 433
22. Høverstad: Skulesoga I s. 60
- 22.x. Skjema 1. Nuværende Omgangsskoleholdere i Rennesøe Præstegield dat. Hausken 21/5-1805 S.A.K. pk. C 125 x
23. Høverstad: Skulesoga I s. 114 f.
24. Faye: Christianssands... s. 434
25. Nordeide: Skulesoga s. 212
26. Faye: Christianssand... s. 434
27. Høverstad: Skulesoga I s. 212
28. Visitas i Rennesøy 16. og 17. juni 1802. Visitasberetninger 1802
29. Grue Sørensen: II s. 171
30. Premielister i: S.A.K. C 110
31. Faye: Christiananssands .... s. 442
32. Høverstad: Bisp Hansen og Upplysn.m. s. 11
33. Rennesøyboka s. 172 f.
34. Visitas 16. og 17. juni 1802. Visitasber. 1802
35. ibid.
36. Rennesøyboka s. 173

37. Haaland: John Haugvaldstad s. 20 og 74 og R.Tveteraa: Hauges venner i Rogaland s. 74
38. Faye: Christianssands... s. 440 f.
39. Rennesøyboka s. 175
40. Haaland: John Haugvaldstad s. 74
41. ibid.
42. Rennesøyboka s. 178 f.
43. ibid. s. 176 f.
44. Thrap: Bidrag til den norske kirk. hist. I s. 322
45. Rennesøyboka s. 180
46. Thrap: Bidrag til den norske kirk. hist. I s. 322
47. Ramndal: Universitetsfesten i Stav. 1811. s. 73
48. Haaland: John Haugvaldstad s. 74
49. Rennesøyboka s. 182
50. Eidsvoll 1814 s. 278
51. Rennesøyboka s. 181
52. Journal, skriv dat. 12/10-1812
53. Høverstad: Skulesoga I s. 37 f. og Neumann: Om skolevæsenet s. 45 f.
54. Hertzberg: Bidrag s. 142
55. ibid.
56. Jfr. Rennesøyboka s. 50
57. Høverstad: Skulesoga I s. 89 f., 120 f., 103 f.
58. Oftedahl: Efterretninger om Rennesøy 1817 s. 22
59. Golf. Opplysn.inter. hos Hauge og Haugian. S. 58 f.
60. Skriv frå Oftedahl dat. 27/5-1815 til stiftsdir. S.A.K. C 117
61. Brevet ligg hos Kristian Hausken, Vikevåg
62. Skriv frå amtm. Krogh dat. 29/6-1815 til stiftsdir. S.A.K. C 117
63. Holmsen og Jensen II s. 209 f.
64. Thrap: Bidrag til den norske kirkes historie I s. 327
65. Oftedahl: Efterretninger om Rennesøy 1817 s. 10-23
66. ibid. s. 21
67. Jfr. Høverstad: Skulesoga I s. 211 f.
68. ibid. s. 223 f.
69. Rennesøyboka s. 186

## OMGANGSSKULEN OG OMGANGSSKULELÆRARANE

1. Høverstad: Skulesoga I s. 23
2. ibid. s. 180 f.
3. Neumann: Om Skolevæsenet s. 32 f.  
3.x. Stortingstidende 1960 Ot. S. 392 f.
4. Høverstad: Skulesoga I s. 15, 16 f. og 234 f.
5. Nordeide: Soga om oppseding og skule s. 209 og Haugen: Folkeskulen i Førde s. 70
6. Visitas 8/7-1738. General- Kirke- Insp.
7. Jørgensen: Omkring 1739 s. 53 f. og Hertzberg: Bidrag s. 131
8. Jfr. Framlegg til skuleordning dat. 30/7-1742 s. 240
9. Skriv frå prostiet til bispen dat. 12/11-1762. S.A.K. C 117
10. Visitas 17/6-1753. Paludan. General-Kyrkje-Insp.
11. Melding frå biskop Paludan 4/1-1754 General-Kirke-Insp.
12. Visitas 21/6-1780. Hagerup. Visitasberetn. 1775-1790
13. Jfr. s. 105 og Rennesøyboka s. 178 f.
14. Haaland: John Haugvaldstad s. 9
15. ibid.
16. Høigård og Ruge s. 43 f.
17. Høverstad: Skulesoga I s. 56 f.
18. ibid. s. 66 f.
19. Indberetning om Omgangsskoleholdet i Stavanger Districht 1815. S.A.K. pk. C 125
20. Jfr. Stuland: Kvinnherad s. 27 og Norges off. statistikk 1861 s. 89
21. Neumann: Om skolevæsenet s. 50
22. Møtebok 1830-1862. Møte 25/3-1859
23. Skriv frå Oftedahl da. 27/5-1815 til stiftsdireksjonen S.A.K. pk. C 125
24. Journal, skriv dat. 27/3-1837
25. Stat. tabeller 1837
26. Stat. tabeller 1853
27. Rogaland Lærarlag s. 145
28. Skuleprotokoll for Hausken 1859-1893
29. Dokk: Religiøs etisk uppseding s. 66
30. Høverstad: Skulesoga I s. 214
31. Thrap: Bidrag til den norske kirkes his. I s. 195
32. ibid. s. 195
33. Dokk: Religiøs etisk uppsed. s. 212 f.
34. Heimen 1934-1937 s. 169
35. W.J. Hodnefields Livserindringer
36. Journal, skriv dat. 20/4-1838
37. Journal, skriv dat. 27/2-1837
38. Høverstad: Skulesoga I s. 229 f.
39. Lov om Almugeskolen 1860, § 51

40. Rennesøyboka s. 67 f.
41. Thrap: Bidrag til den norske kirkes historie II s. 116
42. Høverstad: Skulesoga I s. 169 f.
43. Rogaland Lærarlag s. 96
44. Jfr. Høverstad: Skulesoga I s. 185
45. W.J. Hodnefields Livserind.
46. Stat. tabeller 1837 s. 2
47. Møtebok 1830-1862. Møte 28/8-1826
48. Høverstad: Skulesoga I s. 177
49. ibid. s. 178 f.
50. ibid. s. 186 f.
51. Biskop Sørensen visitasprotokoll 1812. S.A.K. A.VI.2.
52. Høverstad: Skulesoga I s. 187
53. ibid. s. 187
54. Jfr. s. 86
55. Journal, skriv dat. 21/2-1837

#### FASTSKULE VED HOVUDKÝRKJENE – LOVA AV 1827

1. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 12
2. Gran: Sandsværs Saga s. 199 f.
3. Stat. tabeller 1837
4. Høverstad: Skulesoga I s. 301 og Neumann: Om Skolevæsenet s. 32 f.
5. Stat. tabeller 1837 s. 3
6. Stat. tabeller 1840
7. Bergsgård: Ole Gabriel Ueland I s. 308 f.
8. Stat. tabeller 1837 s. 4
9. Stat. tabeller 1840 s. 16
10. Rennesøyboka s. 220 f.
11. Skolekontoret-Skiping av faste skular, klokkargardar, m.m. Innstilling frå statssekretariatet da. 21/12.1851 pk. 192 R.A.
12. Rennesøyboka s. 55
13. ibid. s. 30
14. ibid. s. 186 f.

## **SKULEN TEK FORM 1860-1889**

### **INNLEIING**

1. Høigård og Ruge s. 122 f.
2. Skrondal: Grundtvig og Noreg s. 192
3. Dokk: Religiøs etisk uppsedding s. 173 f.
4. Welle: Norsk Kirkehistorie s. 206
5. Stortingstidende O.t. s. 371 f.

### **VERKNADER AV 1860-LOVA**

1. Jfr. Raabe: Norges Folkeskolevæsen. s. 27
2. Skrondal: Grundtvig og Noreg s. 249
3. Boyesen: Kampen om en lesebok s. 118
4. Rogaland Lærarlag s. 139
5. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 39
6. Stortingstidende O.t. s 543. Bergsgård: Ole Gabriel Ueland II s. 226 f.
7. Rogaland Lærarlag s. 83
8. Stavanger amt. forhand. 1862 s. 25
9. Norges off. statistikk 1875-1890
10. Høigård og Ruge s. 127 f.
11. ibid. s. 145
12. ibid. s. 147
13. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 47
14. Boyesen: J.W. Cappelen s. 423
15. Rogaland Lærarlag s. 7 f.
16. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 47

## LESEBOKSTRIDEN

1. Boyesen: J.W. Cappelen s. 395 f.
2. Boyesen: Kampen om en lesebok s. 117
3. Skrondal: Grundtvig og Noreg s. 223
4. ibid. s. 222
5. Boyesen: Kampen om en lesebok s. 120
6. ibid. s. 118 f.
7. ibid. s. 119
8. Skrondal: Grundtvig og Noreg s. 223
9. Boyesen: Kampen om en lesebok s. 124
10. Sanderud: Fra P.A. Jensen til Nord. Rolfsen s. 46
11. Feragen: Tilbagesyn s. 74
12. Boyesen: Kampen om en lesebok s. 125
13. Boyesen: J. W. Cappelen s. 408
14. Boyesen: Kampen om en lesebok s. 126
15. Skrondal: Grundtvig og Noreg s. 249
16. David Edland si dagbok
17. Boyesen: Kampen om en lesebok s. 127
18. Høigård og Ruge s. 154
19. Rogaland Lærarlag s. 116
20. Sanderud: Fra P.A. Jensen til Nord. Rolfsen s. 43
21. Skrondal: Grundtvig og Noreg s. 252 f.
22. Rogaland Lærarlag s. 116
23. Skrondal: Grundtvig og Noreg s. 256
24. Boyesen: Hartvig Nissen b.II s. 296
25. Boyesen: Kampen om en lesebok s. 128
26. Skrondal: Grundtvig og Noreg s. 259
27. ibid. s. 259
28. ibid. s. 259
29. Boyesen: Kampen om en lesebok s. 132
30. ibid. s. 131
31. Skrondal: Grundtvig og Noreg s. 256
32. Jfr. S. 68
33. Høigård og Ruge s. 159    33.x. Skrondal: Grundtvig og Noreg s. 264
34. ibid. s. 264
35. Boyesen: J.W. Cappelen s. 419
36. Jfr. Norges off. statistikk 1875-1890
37. Boyesen: J.W. Cappelen s. 425
38. Rogaland Lærarlag s. 18 f.
39. Boyesen: Kampen om en lesebok s. 134

## OVERGANG TIL FASTE SKULAR - SKULEHUSBYGGING

1. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 57
2. ibid. s. 24
3. Høigård og Ruge s. 129
4. Gran: Sandsværs Saga s. 206 f.
5. Jfr. Stat. tabeller 1853 s. 13
6. Tala er henta frå Høigård og Ruge s. 144
7. Stat. tabeller 1853
8. Norges off. statistikk 1866
9. Jfr. Stat. tabeller 1853
10. Rennesøyboka s. 78
11. Stavanger amt. Forh. 1862 s. 36
12. Rogaland Lærarlag s. 140
13. Jfr. Distriktsinndelinga i 1854 s. 259
14. Møtebok 1862-1907. Møte 5/2-1878
15. Stavanger amt. Forh. 1882 s. 294 og Sundhetsstatistikk s. 156 f.
16. Rogaland Fylke 100 år s. 71
17. Rogaland Lærarlag s. 144
18. Norges off. statistikk 1861 og 1890
19. Rogaland Fylke 100 år s. 70 f.
20. Rogaland Lærarlag s. 171 f.
21. Høigård og Ruge s. 146
22. Stat. tabeller 1853 og Norges off. statistikk 1890
23. Veil. Ved Opførelser af Almueskolebygninger i Landdistr.
24. Haugen: Folkeskolen i Førde s. 133 f.
25. Skirbekk: Gamle skulehus
26. Jfr. Grennes: Sundhetsstatistikk for norske folkesk. s. 158

## YMSE VANSKAR MED FASTSKULEN

1. Høigård og Ruge s. 147
2. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 31
3. ibid. s. 31
4. ibid. s. 30 f.
5. Rogaland Lærarlag s. 171
6. Haugen: Folkeskolen i Førde s. 144

## SKULEPLIKT OG SKULEFORSØMING

1. Stat. tabeller 1853
2. Jfr. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 39
3. Jfr. Høigård og Ruge s. 146

4. Jfr. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 38
5. Norges off. statistikk 1871
6. ibid.
7. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 37
8. ibid. s. 37
9. Norges off. statistikk 1861-1863
10. Rogaland Lærarlag s. 115
11. Norges off. statistikk 1888
12. ibid. 1861....
13. Jfr. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 37
14. Jfr. Rogaland Lærarlag s. 18 og 30
15. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 38

#### UTDANING OG LØNSVILKÅR FOR LÆRARANE

1. Nordeide: Soga om oppseding og skule s. 228
2. Rogaland Lærarlag s. 158
3. Jfr. Ætt og Heim 1958 s. 68
4. Rogaland Fylke 100 år s. 76
5. Stat. tabeller 1853 s. 8
6. Rogaland Lærarlag s. 137
7. ibid. s. 161 f.
8. Nordeide: Soga om oppseding og skule s. 228
9. Rogaland Fylke 100 år s. 77
10. ibid. s. 78
11. Skolekontoret-Skiping av faste skular, klokkargardar m.m. pk. 192 R.A.
12. Folkeskolelærernes økonomiske kår. Stat. belyst. s. 72
13. ibid. s. 72
14. Jfr. Rennesøyboka s. 81 og 82
15. Jfr. Skrondal: Grundtvig og Noreg s. 262 f.
16. Rogaland Fylke 100 år s. 76
17. Rogaland Lærarlag s. 172
18. ibid. s. 173
  - 18.x. Folkeskolelærernes økonomiske kår. Stat. belyst. s. 72
19. Rogaland Lærarlag s. 172
20. Rogaland Fylke 100 år s. 69
21. ibid. s. 78
22. Stavanger amt. forh. 1874 s. 19
23. Rogaland Lærarlag s. 174
24. Rogaland Fylke 100 år s. 79
25. Rogaland Lærarlag s. 176
26. Folkeskolelærernes økonomiske kår. Stat. belyst. s. 72

27. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 54

#### INDRE TILHØVE I SKULEN

1. Haugen: Folkskolen i Førde s. 135
2. Stortingstidende O.t. 1860 s. 392
3. Jfr. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 40
4. ibid. s. 40
5. Skuleprotokoll Hausken 1859-1893
6. Jfr. Høigård og Ruge s. 87 og Plan,-og Instrux for lærere ved Almueskolerne 1834
7. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 40
8. Jfr. ibid. s. 48
9. Dokk: Religiøs etisk uppsedding s. 225
10. Jfr. Aschehougs konversasjonsleksikon B.14 s. 975 og B.15. s. 79 og Boyesen: J.W. Cappelen s. 425 f., 140, 535 og 536
11. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 44
12. Fortalt av dosent Hans Jørgen Dokka
13. Fortalt av dosent Hans Jørgen Dokka
14. Rennesøyboka s. 89
15. Norges off. statistikk 1874
16. Rogaland Lærarlag s. 21
17. Høigård og Ruge s. 148
18. Stavanger amt. forh. 1868 s. 82
19. Høigård og Ruge s. 147
20. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 47
21. Sven Arrestad: Elisabeth Edland. Kra. 1920
22. Skuleprotokoll Hausken 1859-1893

#### KVELDSSKULANE

1. Norges off. statistikk 1875 s. XVII
2. Rogaland Fylke 100 år s. 84
3. Norges off. statistikk 1875 s. XVIII
4. Rennesøyboka s. 118 f., s. 218 f. og s. 227
5. Norges off. statistikk 1878 s. 126
6. ibid. 1877 s. 225
7. ibid. 1877 s. 125
8. Rogaland Lærarlag s. 114
9. Stavanger amt. forh. 1884 s. 49 og s. 50
10. Indberetninger om Aftensk. Ryfylke Fogderi pk. 227 R.A.
11. Kirkedep. skolestat. 1887 pk. 269 R.A.
12. Forh. protokoll for Mosterøy skolek. 1885-1932

## NY SKULELOV 1889 – UTSYN OG AVSLUTNING

1. Frå 1885 var Rennesøy og Mosterøy eigne kommunar
2. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 81
3. Høigård og Ruge s. 200
4. Jfr. Rogaland Lærarlag s. 124
5. Jfr. s. 125
6. Raabe: Norges Folkeskolevæsen s. 78

## UPRENTA KJELDER

I oppgåva vil det gå fram av samanhengen kva for kjelder frå Rennesøy som er blitt nytta. Dei fleste meldingane til og frå prestane er såleis å finna i dei ymse journalane. Meldingar som er funne i andre arkiv, har alle fått serskilde tilvisingar om kvar dei er. Vedtak og liknande i skulekommisjonane står i dei ymse møtebøkene. I oppgåva vil det gå fram av samanhengen kva for møtebok som er nytta.

Dei fleste arkivsakene som er brukte, ligg i kvelven til Rennesøy Meieri, Vikevåg. Noko ligg og i eldfast skåp på Vaula skule, Mosterøy. (**I 2019 veit eg ikkje kvar desse arivsakene er.**)

Parantesane gjeld avstyttingar brukta under "Tilvisingar".

### ARKIVSAKER SOM LIGG PÅ RENNESØY MEIERI

Publiques Foranstaltninger 28.juli 1773 til 18.juni 1798.

Publiques Foranstaltninger 2. juli 1798 til 24. februar 1812.

Journal 1812 til 20/4-1824 og 27/2-1837 til 15/8-1839.

Journal for Rennesøe Sognepræst 2/11-1843 til 20/2-1863.

Rennesøe Kalds Skoleregnskabsbog. Begyndende med Aaret 1791 til 16/9-1829. Frå 1/8-1825 også møtebok

(Rekneskapsbok 1791-1829)

Rennesøe Kalds Skole-Forhandlings Protokoll 1830 – 25/9-1862. (Møtebok 1830-1862)

Forhandlings Protokoll for Rennesøe 4de indre Sogners Skolekommission 22/12-1862 til 24/1-1907.

(Møtebok 1862-1907)

Skolejournal Houskeneidets Faste Skole, (18/1 1859 til 7/7-1893) og

Protokol over Skolehold og Skolesøgning 1877-1889.

(Skuleprotokoll Hausken 1859-1893)

Protokol over Skolehold og Skolesøgning for Rennesøe Præstegjælds Sørbø Sogn.

Faste skole: 1884-1900.

Friskolen: 1884-1889.

Dagbog for Læreren i Sørbø af Rennesøe Præstegjeld 1876-1894.

Dagbog for Læreren i Sørbø af Rennesøe Præstegjeld 1895-1922.

Rennesøe Formandskabs Forhandlingsprotokol 1875-1884. (30/9-1884 saman med Mosterøy. 1884-1899 (for Rennesøy åleine)

ARKIVSAKER SOM LIGG PÅ VAULA SKULE, MOSTERØY

Protokol over Skolehold og Skolesøgning for Rennesøe Præstegjæld Askø Sogn Skolekredse:

(1869-1883)

1. Sokn
2. Askø
3. Rosnes
4. Omø
5. Bro

(Skuleprotokoll for Aske 1869-1883)

Protokol over Skolehold og Skolesøgning for Læreren i Rennesøe Præstegjælds Skolekredse:

1.KLOSTER (1885-1914)

Dagbog for Askø Sogns Skolekredse, Bro og Omø (1885-1898)

Dagbog for Kloster Sogn. Kloster Kreds (1890-1906)

Forhandlings Protokol for Mosterø Skolekommission (15/5-1885 til 13/5-1932)

(Forh. protokoll for Mosterøy skulekommisjon 1885-1932.)

Mosterøy Formandskabs Forhandlingsprotokol 1884-1900.

PRIVAT ARKIV

W.J. Hodnefields Livserindringer dat. 25/2-1879. Tileigna Christoffer Garmann,

Utstein Kloster. Denne boka er hos Eilert G. Skanke, Utstein Kloster.

David Edland si dagbok (om Landboforeningen) er hos Dagfinn Edland, Mosterøy.

STATSARKIVET I STAVANGER (S.A.S.)

Amtmannen i Stavanger Amt. Kirken og Skolen. 1720-1759 Pakke nr. 94.

Placat 21/7-1771 Sjøvæsenet pk. 97.

STATSARKIVET I KRISTIANSAND. (S.A.K.)

Pakke C 107

" C 110

" C 117

" C 125

Christianssands bispearkiv. Prot. 41

Biskop Sørensen visitasprotokoll 1812. A.VI.2.

RIKSARKIVET. (R.A.)

General-Kirke-Inspektions-Kollegiet.

Uprotokollerede Breve og diverse Documenter.

Norge vedkommende, 1734-1753.

Indsendte Visitasberetninger fra Biskopperne i Norge 1737-1775.

Aggershus stift 1738-67.

Christiansand stift 1738-72.

(General-Kirke-Insp.)

Karmsund pantebok Nr. 3. 1756-1782.

Fol. 230 b. 231

Kanselliet- Skap 16

Pakke 102

Konduite-lister, Visitas-beretninger 1775-1790

(Visitasberetninger 1775-1790)

Kancelliet, 1.Dept.-Henlagt og Uafgjorte Saker.

Visitasberetninger-Peder Hansen, 1802.

Kirke- og undervisningsdepartementet-Skolekontoret-Journalbidrag. D-Folkeskolevesenet-Skiping av faste skular, klokkgardar m.m. O-R 1830-1889 pk. 192.

(Skolekontoret-Skiping av faste skular, klokkgardar m.m. Pk. 192)

Indberetning om aftenskoler i kurset 1883/84 Ryfylke fogderi.

Skolekontoret-Skolestatistikk 1883 pk. 277.

(Indberetning om aftensk. Ryfylke fogderi pk. 277. R.A.)

Indberetning om aftenskoler i kurset 1887/88. Kirkedep. Skolekontorets-Skolestatistikk 1887.

(Kirkedep. -skolestat. 1887 pk. 269. R.A.)

#### UNIVERSITETS BIBLIOTEKET

Amtmann Lachmann: Underretning om Almuens Opløb udi Stavanger Amt..... 1765.

Manuskript, fol. No. 312.

#### B I B L I O G R A F I.

Parantesane gjeld avsyttingane i "Tilvisningar"

Almindelige Bemærkninger til Veiledning ved Opførelser af Almueskolebygninger i Landsdistrikte. Chra. 1863.

(Veil. ved Opførelsen af Almueskolebygninger i Landdistrikter)

Aurens, Ola (skriftstyrar): Rogaland Fylke gjennom 100 år. Festskrift til Formannskapsjubileet 1937. Stavanger 1937.

(Rogaland Fylke 100 år.)

Berg, Fr. A. Wessel: Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial Breve for Norge i Tidsrummet 1660-1815

Første Bind. 1660-1746. Chra. 1841

Andet Bind. 1746-1780. Chra. 1842

(Kongelige Rescripter.)

- Boyesen, Einar: Kampen om en lesebok. Edda, bind 1. Oslo 1950  
(Boyesen: Kampen om en lesebok).
- Boyesen, Einar: J.W. Cappelen. 1805-1879. Noen blad av norsk bokhandels og kulturkamps historie. Oslo 1953.  
(Boyesen: J.W. Cappelen)
- Boyesen, Einar: Hartvig Nissen 1815-1874 og Det norske skolevesens reform. Bind II. Oslo 1947
- Bergsgård, Arne: Ole Gabriel Ueland og Bondepolitikken I og II. Oslo 1932  
(Bergsgård: Ole Gabriel Ueland)
- Dokk, Trygve: Religiøs etisk uppseding fra Pontoppidans tid til våre dagar. Oslo 1929.  
(Dokk: Religiøs etisk uppseding)
- Eidsvoll 1814 (Schnitler, Koht o.a.) Kra. 1914
- Faye, Anders: Christianssands Stifts Bispe- og Stiftshistorie. Chra. 1867.  
(Faye: Christianssands...)
- Feragen, A.M.: Tilbagesyn paa mit Liv, med et blik paa folkeskolen før og nu. (Tillægshefte til Norsk Skoletidende). Hamar 1904.  
(Feragen: Tilbagesyn)
- Foldøy, Olav: Deknar og klokkarar i Jelsa 1650-1950. Den Ribergske skule: Ætt og Heim 1958.
- Golf, Olav: Opplysningsinteresser hos Hauge og Haugianerne 1800-1860. (Hovudoppgåve i pedagogikk) Oslo 1958.  
(Golf: Opplysningsint. hos Hauge og Haugianerne)
- Gran, T.O.: Sandværs Saga. Andet bind. Kra. 1913  
(Sandværs Saga)
- Grennes, Otto: Sundhetsstatistikk for norske folkeskoler. Iverksatt av Norges Lærerforening. Kra. 1911.

(Gretnes: Sunnhetsstat. for norske folkesk.)

Grue-Sørensen, K.: Opdragelsens historie II. Gyldendals pædagogiske bibliotek. 1957.  
(Grue-Sørensen II...)

Haugen, Johs.: Om folkeskolen i Førde prestegjeld. Bergen 1925.  
(Haugen: Folkeskolen i Førde)

Heffermehl, A.V.: Folkeundervisningen i Norge indtil omkring Aar 1700. Chra. 1913.  
(Heffermehl: Folkeundervisningen)

Hertzberg, N.: Bidrag til Lands-almueskolens historie i Norge. Tillægshefte til Norsk skoletidende nr. 3, december 1900. Hamar.  
(Hertzberg: Bidrag)

Hertzberg, N.: Pædagogikens Historie samt den norske Skoles Udvikling og Ordning. Kra. 1890.  
(Hertzberg: Pædagogikens historie)

Holmsen, A. og Jensen, M.: Norges historie. Bind 2. Fra 1660 til våre dager. Oslo 1949.  
(Holmsen og Jensen: Norges historie II)

Høigård, Einar og Ruge, Herman: Den norske skoles historie. Oslo 1947  
(Høigård og Ruge)

Høverstad, Torstein: Bisp Peder Hansen og upplysningsmennerne.  
(Høverstad: Bisp Hansen og upplysn.m.)

Høverstad, Torstein: Norsk Skulesoga. Det store interegnun 1739-1827. Kra. 1918.  
(Høverstad: Skulesoga I)

Haaland, Erling: John Rasmussen Haugvaldstad. Stav. 1959.  
(Haaland: John Haugvaldstad)

Jørgensen, J.: Omkring 1739. Et bidrag til folkeundervisningens historie paa landet i Norge. Efterlatte optegnelser ved O. Kolsrud. Norvegia Sacra 1923. Kra.  
(Jørgensen: Omkring 1739)

Neumann: Om Skolevæsenet paa Landet i Norge. Egeria I, bind 2. Kbh. 1805.  
(Neumann: Om Skolevæsenet)

Nordang, Andr.: Gamle norske lesebøker. Heimen 1934-37. B.4.Oslo.

(Heimen 1934-37.)

Nordeide, Søren: Soga om oppseding og skule. Oslo 1951.

(Nordeide: Soga om oppseding og skule)

Norges officielle statistikk A.No.1. 1861-1890.

(Norges off. statistikk)

Norges Lærerforening: Folkeskolelærernes økonomiske år. Statistisk belyst. Kra. 1897.

Oftedahl, L.A.: Efterretninger om Rennesøe Præstegjeld i Stavanger Amt. (1817) Tidsskrift utgitt av Rogaland historielag nr.5, 1918. Stavanger 1918.

(Oftedahl: Efterretninger om Rennesøe 1817)

Ramndal, Lars: Universitetsfesten i Stavanger 1811. Rogaland Historielag Aarshefte 1921. Stav. 1921.

(Ramndal: Universitetsfesten i Stavanger 1811)

Rogaland Lærarlag 1850-1950. Bryne 1952.

(Rogaland Lærarlag)

Raabe, H.: Norges Folkeskolevæsen i hundrede Aar. (Kyrkje- og Undervisningsdepartementets Jubilæumsskrifter 1914. Kra. 1914.

(Raabe: Norges Folkeskolevæsen)

Sanderud, Roar: Frå P.A. Jensen til Nordahl Rolfsen. Oslo 1951.

(Sanderud: Fra P.A. Jensen til Nord. Rolfsen)

Skirbekk, Hårvard: Gamle skulehus. Utgreiing og fotografiar. Norges Lærerlags historienemnd. 1957.

Skrondal, Anders: Grundtvig og Noreg.

Kyrkje og skule. 1812-1872.

Norvegia Sacra 1929 B.

Bergen 1929.

(Skrondal: Grundtvig og Noreg)

Statistiske Tabeller vedkommende Undervisningsvæsenets Tilstand i Norge ved udgangen af Aaret 1837. Chra. 1840.

(Stat. tabeller 1837)

Statistiske Tabeller vedkommende Undervisningsvæsenets Tilstand i Norge ved udgangen af Aaret 1840. Chra. 1843.

(Stat. tabeller 1840)

Statistiske Tabeller vedkommende Undervisningsvæsenets Tilstand i Norge ved udgangen af Aaret 1853. Chra. 1857-58.

(Stat. tabeller 1853)

Stavanger amtstings forhandlinger 1862, 1882. 1868, 1874, 1884

(Stavanger amt. forh...)

Steen, Sverre: Det norske folks liv og historie gjennom tidene. Bind 5, 6. Oslo 1932

(Steen: Det Norske folks liv og historie B)

Storthingstidende. O.t. nr. 47-70, 1860. Chra. 1860.

Strøm, Boye: Topografisk-Statistisk Beskrivelse over Stavanger Amt. Kra. 1888.

(Strøm: Stavanger Amt)

Stueland, Arne: Soga um skulen aat bygdefolket i Kvinnherad prestegjeld fram til 1860. Kra. 1916.

(Stueland: Kvinnherad)

Sætherskar, Johs.(red): Det Norske Næringsliv. Rogaland Fylkesleksikon. Bergen 1950.

(Rogaland Fylkesleksikon.)

Thrap, Daniel: Bidrag til den norske kirkes historie i det nittende aarhundre. Biografiske skildringer. Kra. 1884.

(Thrap: Bidrag til den norske kirkes historie)

Tveteraas, R.: Hauges venner i Rogaland. Rogaland Historielag Aarshefte 1924. Stavanger 1924.

(Tveteraas: Hauges venner i Rogaland)

Welle, Ivar: Norges Kirkehistorie. Oslo 1949.

(Welle: Norges Kirkehistorie)

Arrestad, Sven: Elisabeth Edland. Et liv i det godes tjeneste. Kra. 19

## **Skolehistoriske aktstykker**

Forordning om Skolerne paa Landet i Norge og hvad Klokkerne og Skoleholderne derfor må nyde. 1739-

Instruction for Degne, Klokkere og Skoleholdere paa Landet i Norge. 1739.

Placat og nærmere Anordning Angaaende Skolerne paa Landet i Norge. 1741.

Lov angaaende Almue-Skolevæsenet paa Landet i Norge. 1827.

Plan, hvorefter Undervisningen og Disciplinen i Almueskolerne paa Landet skal indrettes, og Instrux for Lærere ved Almueskolerne. 1834.

Lov om Almue-Skolevæsenet paa Landet. 1860.

Lov om Folkeskolen paa Landet. 1889.

## **Vedlegg.**

### **PLAN FOR SKULEORDNING I RENNESØY PRESTEGJELD 1742**

Vaare regenters Retfærdighed og Lemfeldighed er de støtter hvorpaas Landets timelig, aandelig og til dets evige velfærd hviler, hvorfor Pligtfyldigen giøres retfærdigt og Gudfrygtig giør vaart Fædreneland Lyksaligt, vaar fromme Fader som er Kirkens omhyggelige skriftefader, lade sit ... Regiment være temperet med Retfærdighed og Lemfeldighed, begge disse, som de for Salomons Tempel var saa ... sider i        som deres Majestets Læmfældighed i sit kongelige og Christelige hjerte, udaf hvis overflødighed til Guds æres fremme, Guds Kirkes beste Kierketjeners hjælp og glæde, udkommer saa, mange vidkiærhed og Gudelige Forordning. Blant almuemand, bør indbringe et om anholdelse og Forordninger om Scolers opførelse og Scolevæsenets Fastsættelse paa Landet i Norge hvis Hellige vilmed er ønskelig saafremt der eksisterer aandelig vækst i sær med henseende til Scolegang bliver de huge.... ogsaa....

Intet kunde da været nærmere, intet til Christi Kirkes opbyggelse tienligere, end vaar velsignede Konges Gudelige Forordning om norske Scoler af 23 Januarg 1739. Men da den indeholder vanskeligheder i enkelte omstændigheder indtraadte en ny Kongelig Forordning allernaadigste Moderation af 5 te May 1741 hvorudi Kongens Lemfeldighed i henseende til Undersaatternes Lydighed og den ganske særlig til vedkommendes egen Samvithighed.

Af        Lygdighed af Forordningens 3 Punct følger da herved til Approbation min ringe Betænkning, andgaaende Scolevæsenets Fastsettelse udi det mig Allernaadigst Anbetroede Rennesøe Kald som bestaar af 5 Sogner alle paa plaserede Øer Beliggende, og med vanskelige Fiørde omringede.

1.	Houschen Hovedsogn der har 22 Gaardmend	50 Decimantes
2.	Sørbøe Annex	" " 12 "
3.	Ascøe Annex	" " 9 "
4.	Udsteen Closter	" " 5 "
5.	<u>Hviddingsøe Annex</u>	" " 6 "

### 54 Gaardmend 129 Decimantes

Hvad de 4 første Sogner: Houschen, Sørbøe, Ascøe og Closter anbefalinger, ligger i en Kvadrat ikkun en –  $\frac{1}{2}$  Miil og mindre fra hinanden, af 1 til  $1\frac{1}{2}$  Miils distanse fra Stavanger, da .... hver af disse Sogners Gaardbrugeres Mend, baade at besørge sine egne Børns saa og bekoste de fattige Børn Scolegang, hver for sit Sogns fattige, hvad enten de sender dem til Stavanger at oplæres eller hente Skolemesteren hjem til sig i huset.

Skoleholder eller Omgangskolemester Kand paa disse seprarende Øer ei med saa god Frugt og Fremgang være Constituert dels for medelst Fjordenes Vanskilighed, dens stormende Høster og kolde vinterter til vanskeligt enten for Skolemesteren til Børnene at komme eller for disse til hannem. Dels for medelst Indbyggernes faste modvillighed til at forunde saadan Carl med fornøden Kost og Brændefang etc. De har tilsvarende krindløse, og gandske vist ingen Herligheder, ingen Huuse, ingen udgifter for og Trang til Sckole, saa er det hvor Bonde skal tage sin Skat, Landskyld, og finde fornøden til det daglige Huusholdnings udkomme. Og saa naar vanskelige Avlinger som indtræffer Guds villie at saadan har her været, da holdt det mange betrædeligt nok at subsistere med Gaarden, som maa give til deres Mind-Portion især naar der til Tider er med stort børnetal befænget.

Her er i mit Kald ere ikkun faa gangske fattige Børn, ligesom her af mangel paa Brændefang, kand sig vanskelig undsætte mange Husmænd som ellers paa det faste land hvor næringen kand være bedre for dem og blaat faa af herboende Husmand er saa vederhæftige selv at bekoste deres Børns Scolegang.

Den Tilvoksende Ungdom her i Kalder, der ei alle kand Læse i Bog, er ei talrig men at Præsten som habil og vigilant Degns hjelp ganske vel kand overkomme deres undervisning naar til befalet Confromation skal prærareris.

Imidlertid maa sig til samtlige Ungdoms faste Ydmygt proponere efter det, sognefolkets slette tilstand formaaer ei nogen omgangsskolemestere at underholde, og disse 4 sogners Ungdom kan vanskulig afholdes uddelt i Distrikter da det til Informationens Lykkeligere fremgang indføres og jæfnligen hvistfornøden at Øfrigheden vilde beordre 2 Møder om Ugen for Degnen og skal af Ungdommen paa hver Gaard af Præsten Udnæfnes, hver onsdag og løverdag fra Michelsdag til 1. Søndag i Faste, saa efter en Uges mellem Vaarvinden og Høstvinden. I fasten paalægges at møde i Kirken under Prediken saa at er distrikte Undgom møder Onsdage 2 det distrikt Løverdag, 3 de district andre Onsdag og saa fremdeles indtil det gaar.

Efter slig Inddeling i Distrikter, eller Bygdelag bliver ikkun et møde maanetlig til ingen hindring for Ungdommen eller den Forældre og Husbonden.

Derfor skulde Degnen og Ungdommen hver Søndag bekomme til Catechisionstid efter Prædikken indfinde sig for Præsten med betenkning for hvad de foregaaende Uge har læst og lært, samt kunde forelægge dem hvad andre nødvendige ydelser de i deres lærdom skylder til nærmeste maaneds møde, ialfald at der sig ud spørge.

Som efter dette maatte Præsten i sit embedes Pligt særlig at indfinde sig til den Gaard som Ungdommen var tilraadet at møde, baade for at adhøre Degnens Methode til at Informere, saa og animere de Unge til Lydighed og Lærvillighed.

Fra disse skulde den Confirmerede og andre Udgifte som har været til Guds bord og exempelvis hvad erfares, alt for mange efter Confirmation og Altergang siden har forsømt Catechisationen, forglemme Catechisme og agtet derefter Bogen som en unødvendig eiendom, dermed at de da enter søger til andre Handlinger eller ei lægger sig god formaning til eftertanke, og bøn om at der i kommende Tider skulde udnytte Lærdommen, samt ligesom de ved sin dimission fra Præsten maatte valediere Bogen, og de ved Confirmation skulde bevart saa Confirmerede i Lærdommen at de senere, og uden Repition og det indplantede aldrig kunde extirperes.

End var det hellig at den uden billige Aarsager absenterer sig fra dem tilsagde Møde, bleve mulkterede med 2 skillings ærlæggelse til Scholecassen for hver gang hand eller hun ei er tillært, det vilde føre til Foragt, og vilde forøge forbrydelsens Grovhed.

Ei heller ubillig at de i distriktet boende Mænd Alterverede med hinanden at give Degnen et tarvelig Middagsmaaltid hver dag hand for den Catechisme samt er ham behjelpelig naar han refser, med Skyds frem og tilbage. Hvilket alt er taaleligt, og kand uden nogen forarmelse da afstanden fra hans Hus til hans district ei er af længere vei end han jo ogsaa Vinters da, kand om morgenens fare fra sit hus og adfinde sig for sit embede, og være hjemme igjen. Er det til Lands ei Udgifter fælder Sagen, hand ingen vanskelighed, for brug af Apostlenes Heste, da der jo paa Rennesøe er saagodtsom ikkun en Sabbats reiselengde at færdes paa. Præsterer Degnen noget ved Ungdommens Pligtige og opbyggelige forelæsning, findes det vel dermed Gunstig og Øvrigheden det retmæssig at hans Løn i andledning af Scholeforordningen forbedres saa at i det sted Degnen her før faar ikkun 2 sk. af hver Mand, kand da blive dobbelt saa meget af hver Gaardbruger og at faa de faste skilling af hvert Barn som hand til dets forestaaende Confirmation hidtil med møie har faaet ind.

Dette Forslag som berører bemeldte 4 Sogners Situation er baade gavnligt og nødvendig der som Øfrighed bifalder betydningen og glæder sig i det faste Haab at Deres høiærværdighed Biscoppen og Deres Velrværdighed Prosten skal paa sine Visitaser deraf fornemme frugterne. Hviddingsøe Annex er længst Beliggende baade fra Præst og Degn 1 Miil og vid Havet fra de andre Kirkesogner hvor de andre nævnte sognefolk uforudnævnt, som nogen Gudfryktige skikkelige og til end mer oplyst almue, hvor Forælderne har baad Guds

Kundskab og Kiærlighed saaledes ogsaa hvad got exempel, gavnlig formaninger og betimelige forelægninger indplantes i deres Børn.

Serligt minder saasom dette Lands Indbyggere til der af historiens skrift belyser mange fremmede tjenere der indkommer til Dem fra andre Meningheder og samtalera af samme fornemmer meget til deres Barns lærdom og Christendomsstykkers grunde. Des foruden om Forældrene lærer Børnene at læse i en Bog, gaar de dog siden om Lærdom er fornøden, at forklare i rigtig Grad det læste, Særlig naar de anmeldte sig til Confirmation og dette særlig nogle, om ei alle, de Børn og Forældre bekvemme til, saa er og Distanceen mellom dem og Præsten samt den paa Rennesøe boende Degrn, saa lang, at der kand ei for nogen af os give nogen manudustion uden hver 5. eller 6. Uge, da der holdes Prædikke, og hva Grund kand 1 times forelæsning hver 6. Uge bygge til Lærdom vid saadan.

For hvilke undere kand mange Ingenius eller Juridicum finder varighed i at strax staa i den grad fast hva der kand være sagt?

Jeg priser Guds Sandhed og efter nogle Aars erfarenhed altsaa kund Guds Kundskab bør læres rigtigere paa dette Land blandt tjenerne og særdeles deres Børn. Dersom det maatte behage Øfrigheden at Constituere paa Præstens Forstag en Scholemester til Hviddingsøe, som der kunde have sit tilhold og tillige være Degn der til Kirken, og nyde hvad Degnen der faar tillige, men der som til hans ophold dette blev utilstrækkelig, skulde han nem faae nødvendig tillegg i Lønnen ved Almuens og Præsten overveielse med hindanden, da Hand og udenom Schole-Tiden kunde have god Jelp til Næring af fiskerne.

Samme Person kunde paa Søn- og Helligdage da ingen Prædikken vare der ude, læse Evangelii Forklaring af Huus Postillen for almuen i Kirken. Hvilket arbeide Præstens Medhjelper hidentil har fast uden Belønning. Og efter Læsningen med Degnen tilhørende Pshalmers Sang. Catechisme for Ungdommen 1 time om Vinteren og 1 time om Sommeren. Og saa en til de andre 4 Sogne værende Degne skulde ikke ved Hviddingsøe sogns bortgang fra sig, miste sit Brød nogen afgang kund naar hand med forplasserede Ungdom holder Møde og herfor tilbørlig regulaire det hand med Hviddingsøe mister, hand mer letterlig igjen erakter noget af disse 4 Sogners Scholecasse.

Scholekassen.

Hertil kommer Kirekeiernes andtatte Quantum 2de Ort af Houschen Hovedkirke og 16 skilling af de 4 Annex Aarlien. Dertil Collecter Aarlien, lyspenger. Min andel som offer i dette lidet Kalde faa Integter, og mange Udgifter, endog til mine egne Børns Scholegang, kand ei blive mer end 1 Rigsdaaler aarlig, nemlig 1 Ort til Hovedkirken og 16 skilling til første Anne Scholecasse. Herfor kunde nogen som tjener for fuld Løn give 4 sk. eller 5 sk. til Scholecassen.

Collect til Cassen helst ved Maria Bebudelses Tid da pligter tjenestetagende og annæmme sin Løn lovformelig indkrevet. Enhver Casse bliver at betiene af nogen af Sognets betryggende Mænd som kand skrive og holdt rigtig Bog over Intect og Udgifter og hertil saadan Mand som paa en Gaard at træffe kunde det blive Cassen til fordel om Sognemændene kunde alternere med Husholdelse og paa det dertil bestemte Maade skulde finde sig hermed uden redebon befænget Udgift til vederlag for opsyn og overpaa give fuldgod forsigtighed tilkiende. Ellers skulde Casseholderen for Cassens tilstand aflægge til Præstens Medhjælper sandfærdigt Aarsregnskab.

Disse mine enfoldige Forslag andgaaende Scholevæsenet og det gennemførelse som er mig Anbetret Ungdommens Indretning som ydmygt oversendes til høistbydende behagelige Resolution. Hidentil og fremdeles i Suganidrasus (s. 244) korte Tid er og bliver min inderlige Bøn for Guds Kirke, us ustandselig for Zion, at Herren vid sin Naade vil opbygge og udbrede dens Grændser. For Guds Salvede, Kirkens Høiste Fader, den Zion Konge vil stadtæste Hans Kongelige Throne, velsigne Hans Mænd og alle hans Gudelige Forordninger, saa vaar Gudlige Øvrighed gives Lyksalig Fremgang til alle Deres Høivigtige Forordninger.

Endelig for mine Medarbeidere og mine Børn at findes værdige til at arbeide i Hans Vingaard, vil Selv naadelig til vaar krankelige planter give Væksten. Saa at finde Naaden planter Gud, saa Væksten og vi omsider naar denne stridende Kirke skal opløses maatte findes plantet for Guds Herligheds Andsigt i den Triumferende, det Himmelske Paradis.

Housken Præstegaard

den 30te July, 1742.

Søren Hielm

Framlegga frå prestene i prostiet er godkjent av Amt. De Fine 13. september 1742 etter tilråding av prosten Winther. I si påskrift seier prosten at det sikkert er sant når prestane (de gode Mænd) meiner det må "vises Skaansomhed" ved gjennomføringa av "Placat 5.May 1741", at "det ikke anderledes kand være I henseende til Situationen".

Underskrive av Winther 12. sept. 1742

#### SKULEFUNDASEN 1754

3/9-1754, den almindelige Plan og Indretning om Skolevæsenet udi Stavanger Provstie.

Endskiønt den tilform i Prostiet efter Kongl. Allernaadigst Befaling er givet en slags Indretning til Skolevæsenet udi Stavanger Prostie saaledes at hvert Præstegield skulle have sin Indretning for sig selv, hvilket er formet af den daværende Amtmand Herr Justitsraad De Fine som af Stiftets Øvrighed og af Dem er bleven apprøbert. Dog som man maa finde ganske utilstrækkelig til at naa det Maal og Ønsker, som saavel i den Kongelige allenaadigste

Forordning af 1739, som den i 1741 aller naadisgt indgivne Placat lægger for Skolevæsenets Istandsættelse i Norge, intenderes og sigter til, nemlig Ungdommens Grundige Undervisning, udføres saa fornødne, men dog for alt mange, høyst savnede Saligheds Kundskap naar høyedle og velbaarne Herr Amtmand De Tillisch som dette Steds Høytforordnede Provst og Magister Claus Winther, Provst over Stavanger Provsti og Sognepræst for Stavanger og Ranneberg Menigheder ligemed Præsterne udi Prostiet som alle være nærværende.

Saa og Kongl. Mayst. Foged over Ryfylke Fogderier ved Ædle Christopher Garman nævnt i Conferense med hverandre til sammen paa Kongsgaarden her udi Stavanger den 3de September 1754, og med hinanden overlagt, hvorledes det saa fornødne Skolevæsen paa bedste Maade kunde indrettes og sættes i stand udi Stavanger Provstie, saaledes at i dette Provsties Præsteskab kunde have saa meget Egalite og Lighed i Ungdommens Undervisning, saavel i at læse som at lære at kiende den Treenige Gud til siden at være præparerede i Den Hellige Daabs Løfte kunde siges frem. Og paa samme tid give efterfølgende Præster til mindre at indstudere og fastsætte:

### **1.Om Skoleholderne.**

Hvor mange det skal være i et hvert Præstegield og hvor stor deres Løn skal være: Udi Stavanger Præsteskab bliver 2de Skoleholdere nemlig en i vaar Frue Sogn og den anden i Ranneberg Annex. Udi Rennesøe Kald tvende. Udi Strands Kals trende, nemlig 1 i Strands Hovedsogn og 2de i Hølle Annex. Udi Findøens Kald bliver ligeledes tvende Skoleholdere.

2.Enhver af disse Skoleholdere nyder for det første en Løn aarlig 10-12 Rd., dog ikke kommer, alt arbeide med Ungdommens Undervisning og falde tørt og vansklig uten at nogen Skoleholder bliver erstattet noget andet sted, hvor Sognet og Ungdommen skal undervises, maa hand lade sig finde med mindre Løn eftersom Sognepræsten finder billigt. Den ommeldte Løn bliver dem aarlig betalt inde tvende Terminer, nemlig straks før Juul og straks før Santhanstid.

3.Skal Skolholderne i den Tid hand gaar omkring i Bygderne og paa Gaardene for at Undervise Ungdommen efter Skoleinstructionens 23 Post, saa skal hand ha hver Indfordringsskab, værelse, seng, samt Kost og Varme, dog saaledes som almuen alt formaar, og til Skoleholderens efter Placat 5te Post skal antages, saadan som enhver tid er anvendt til Bøndernes Kost og Levemaade, ligesom Skoleholderen saa længe hand staar i sin Tieneste nyder den Frihed som Skole-Indstruktionens 23. og Forordningens 10. Post tilholder.

**II. Om Skolecassens aarlige Indkomster hvoraf Skoleholderne skal Lønnes, om fornødne Bøger kjøbes til Skolen og alene til fattige Discipler.**

1. Enhver Jordbrugernde, enten hands Brug er stort eller lidet, enten hand haver Børn eller ikke, indbetaler aarlig til Skolecassen 10 sk. Dem ærnære sig af Skibsrederier 16.sk. Husmand og Inderster, ingen uden almisser indtagende, betaler aarlig 4 sk.

2. Den Sognet Lønnede Visiterer, Gæstgiverier eller ..... betaler aarlig 1 Ort og 8 sk. eller noget efter hvers Leylighed og skriftligen har faaet udtryd herfor.

3. Hvor meget der skal svares aarlig af de Gaardeiere som Proprietairer Kaldet, kand deres tjeneste endnu ei fastsætte men først være til enhvers Gavmildhed og Gudelige Hiertelag i mod saa nyttigt og til fulde ei være i opbyggelse fornøden, hvad da og i alfald, de skulde binde sig aarlig til Skolecassen og endmere, endskiønt deres Tienestfolk ikke maatte være frie for at yde Skolen, naar slik maatte erholdes.

4. For hver Hovedkirke paa Landet betales der 2 Ort, af hver Annex 16 sk., alt efter Ligning Anno 1740 den 6 Augusti er givet af Stiftet, Forøvrigt i følge Skoleforordningens 33 Post ligeledes bliver og efter samme Forordning 34 Post alle Lyseholder Penge inntekt til Skolecassen. Fristen for indbetaling fra Forordningens Publications Dato, har at bli bestemt at Kirke-ejerne siden den tid ikke har forordnet Lys til Kirkerne, men betale til et hvert Præstegields Skolecasse.

5. Det vilde og blive en god Hielp for Skolevæsenet, om och Tavle Pengen som hidentil var blevne sendte til Christiansands Latin Skole, maatte efter Placatens 1ste Post herefter komme ethvert Præstegields Skolecasse til nytte.

6. Enhver Degn eller Klokker paa Landet som af ham eller andre eragtes antagen at være tillige Skoleholder, betaler aarlig til Skolecassen 1 Rd.

7. Betaler og enhver Præst noget aarlig til sit Calds Skolecasse, nemlig Provsten Magister Winther betaler aarlig 2 Rd. til Vaar Frue Sogn. Herr Hamstrup 2 Ort og 16 sk. til Vaar Frue Sogn og 2 Ort 16 sk. til Ranneberg. Og Klokker Smidt 2 Ort til Vaar Frue Sogn. Herr Stabell 1 Rd., Herr Krogh 2 Ort, Herr Steenbloch 2 Rd., Herr Hielm 3 Rd., bestemt for enhver af dem aarlig til sit eget Præstegields Skolecasse.

8. Hvilke Inuleter og Pengebøder hvorom der findes i Forordningens 32 Post, saa og af dem som vise sig gienstridige og modvilligen tage imod Skolevæsenet samt at underholde af Skoleholderne, og forsømmer sin pligt for sine Disciple, kommer det alt sammen sit Præstegields Skolecasse til nyt, ligeledes den i Forordningens 32 Post ommeldte Kirkepenge med videre.

9.Efter Forordningens og Placatens 3de Post bliver saaledes Tieneste Piger som Tieneste Drenge tilholdt at yde aarlig til Skolens Casse noget. Man da mand endnu ikke tilfulde kand vide Cassens Indkomster eller Manko, maa det forblive hermed indtil videre.

10.Ommeldte Penger eller Aarlig Contigent betales af enhvers vedkommende udi 2det Terminen, nemligen halvdel ved Michaelis Tid og en halvdel Paasketid og efter Placatens 4de Post i ethvert Sogn paa Landet, indkræves af 2de dertil beskikkede Mænd. Dette kand antages som i saafald Stricte skulle yde och erholder Friheder som kommer samme hand der gjør Regnskab til Præsten og tillige indbringer en Liste paa modvilliges restante hvilket Præsten siden sender til vekommende Øvrighed, som besørger det uestaaende inddrevet efter Placat 4de Post.

11.Paa det, at ikke saa nyttig verk længere skal blive udsatt, bliver nu paa førstkommende Michelis Tiid at indkræve et aars Skoleløn hvoraf saa hver Skoleholder til Juul nyder halvaars Løn om fornøden Bøger Kiøbes til Skolen og til fattige Disciplers støtte.

### **III.Om Skoleholderne og deres Pligt og Embede.**

1.Ingen maa antages til Skoleholder uden hand af Præsten eller Provsten findes bekvemme og dygtig: At hand først forstaar at læse rent og tydelig indem Bøgerne, have enforldig dog tydelig Forstand paa Caatechisme Forklaring og salighedens orden og til lige kand nogenledis skrive samt finde beqvem til at lære og undervise. Dernæst maae hand være af Christeligt og ustraffelig Liv og Levnet og bevandt til den Kost og Levemaade som holdes paa Landet.

2.Saafremt Præsten bestem af Prædikestolen giver hvad Tid Skolen skal holdes paa enhver Gaard i Bøgden, maa Skoleholderen strax forføye sig ved samme og samle til sig alle Børn som fornemmelig kand komme til Skolen om Morgenens og hiem igien om aftenen. Skulde derfindes saadanne Forældre som for længere vei vilde sende sine Biørn til Skolen for at blive over om natten, maa hand ej erklære sig villig imodtage samme Biørn til Undervisning, men saadanne Forældre skriftlig forelægge derom.

Skoleholderen forbliver og paa det samme stæd, indtil hand er tilsagt af Præsten at flytte til et andet.

3.Enhver Skoleholder bør føre nøye Indseendte med at ingen af de Biørn som bør søger Skolen ickun af billig Aarsag bliver borte. Og paa det hand for en hver hand finder Forsømmelig borte, bør hand være forsynet med et ..... paa Biørnene.

Befindes nogen uden Skællig Aarsag at forsømme Skolen, maa hand først skrive i skikkelighed derom og formane Forældrene til at slig ikke jentages. Endeligen hand for Præsten som fortføret med saadanne modvillige Forældre efter Forordningens 17de Post, her befordre Skoleholderen sælf at see igennem Fingre med forsømmelige Biørn og

modvillige Forældre, bliver hand derfor tilholdt og straffed efter Skoleforordningen og Instructionen.

4.Ingen Skoleholder maae trække nogen betaling for Biørnernes Undervisning end den tilstaaede Løn med mindre nogen skuled enganere særdeles Undervisning for sine Biørn i at skrive og Regne, da som i saafald nogen slig kunne formodes. Dog maae at de andre Biørns Undervisning ikke forsømmes, og at de der antages til at skrive, maa være vel bevandret i Christendommens Kundskab.

5.Saalænge Skoleholderne opholder sig paa Gaardene i Bøygden, er hand efter Instruktionens 22de Post paa alle Søn- og Helligdage, der ingen Tieneste er ved Sognetes Kirke sammen samle ey allene unge menn og gamle til det stæd hovr hand er og da først synge med dem aandelige Pshalmer, og endeligen tillige læse den sædvanlige Textes Forklaring af en Huspostil og synge Pshalmer og endelig til sidst holder hand en foldig Catecisation for at yde Tieneste i Sognet.

Møder hand til Kirken og der samler de unge Biørn, skal de med ham passende opføre sig i Guds Huus og er ham behjelpelig med at oplæse Pshalmerne.

6.Den almindelige Skoleholder Tiid bliver fra Micaelis undtil Paaske eller til Vaarvinden. Siden begynder Skolen igien fra Vaaren indtil Slaatten. Men paa den Tiid Bonden er i Vinden bliver for det første ingen Skole holdt. Indhøstens Tiid maa Skoleholdere være tilladt med sit arbeide paa landet at anforordne sig noget, naar hand ikkun med Ungdommen Flittigen gaar til Kirken.

7.Hvad videre angaar en Skoleholders Pligt i sit embede fordres hand skal forholde sig med Lydighed mod sine Foresattes Øvrighed, medsynderlig omsorg for Børnenes Undervisning ved at foregaa dem med Christelig Levnets Compas, samt, hvorledes hand om morgenens skal begynde Skolen med Bøn og Guds Paakaldelse og ligeledes med Madbøn, alt dette kand findes af Skole Instructionen, hvorfor og en hver Skoleholder maa fortienes med et Copie af den samme at hand kand erfare hvorledes hand i sit Embede sig haver af forholde.

#### **IV.Om Præstenes Tilsuin med Skolevæsenet.**

1.Enhver Præst har først og fornemmelig at antage til Skoleholder den der har beskaffenhed hvorom tilform er omtalt i Sognepræsten, kand føre nøye indseende med at Skoleholderen med raad og Understøtning om nogen Vanskelighed skulde møde ham.

2.Paa det at det bedre kand ske andsetter Prästerne Medhjelpere som i sit District lade oppsøge Ungdommen fra 7-8 Aar og søger saa mange hand erfarer at søge Skolen endog om hand har været til Confirmation, derom hand ei kand læse i Bog hvilket Recomanderes til Skoleholderen at hand deraf bedre kand faae hand paa et fast stæd for at imodtages til Undervisning, og tillige oplade hans sind til ikkun mer forsømmelighed.

Item ingen Børn som ere under 7 Aar bør søge Skolen, uden naar han er kommet til  
skiunsomhed at hand lærer at kiende Bogstaverne, dog ikke efter end Skolen holder paa  
med samme for de andre.

3.Præsterne skulde Flittig besøge Skolerne for at erfare Skoleholdernes Flid og  
Vindskibelighed og ei indgive forfremmelse med mindre hand findes skikket, og kand være  
nyttig, om end ringe, bliver tilholdet at tage Skrivebøger med sig til Kirken og Prædiken saa  
at Præsten særdeles om Vinteren, naar ingen Catecisation holdes, kunde erfare  
Kundskaberne.

4.Saa ofte Skoleholderne skal flytte fra sin Gaard i Bøygden til den andre maa Præsten gjøre  
samme bekjendt af Prædikestolen saa at Undervisningsstedet kand være vidende om baade  
hvem der skal tage ham i sit Huus saa og hvad Ungdom paa samme stæd skal søger Skolen.  
Og for Præsten tillige at see til at Skoleholderen længst holder sig paa de stæder i Bøygden,  
hvor det skiønnes mest fornøden, dog saaledes at alle i almindelighed kand faae støytte af  
ham og at hand ikke snakker indbyrdes om de andre.

5.Om nogen skulde værge sig vidt at tage Skoleholderen i sit Huus, efter Præstens tillysning,  
eller være modvillig mod at sende sine Børn, maae Præsten først lade dem advare om sin  
Forgaaelse og hvis samme ikke kand erkjendes, handles med saadanne modvillige efter  
Forordningens 17de Post og afkræves en Skat at indrives.

6.Om nogen skulde tilbyde sig at vilde besørge sine Børns Undervisning kand samme tillades,  
dog med det vilkaar at hand først giver sin aarlige Contigent til Skoleholderens Løn og  
Skolehold. Da der er høyst fornøden at hver Mand bærer Byrden med den anden, samt bør  
de anmeldes for Præsten af hvert Børns Foreldre at Præsten maa examinere samme hvorom  
hand dertil findes at Børnene tiltager i sin sande Kundskab. Det samme maa og staae, om  
Forædrene self vil undervise sine Børn.

7.En som fornemmer sig saa vidt at være kommet i Christensome Kundskab at hand kunde  
fritages fra længere at søger Skolen, maa paa tid og stæd, om Præsten tilspørger, møde i  
Skolen en eller tvende gange om Ugen for at lade sig overhøre af Skoleholderen, hvor vidt og  
hvordan hand befinder sig i Christendommens Lærdom.

8.Da enhver Præsts hensigt maa være at Guds Saliggjørende ords Kundskab kand komme  
tydelig udi Menighedne, maae Klokkerne over alt paa Landet, om de ere Skoleholdere eller  
ey, tilholdes, saa vidt mulig er, ikke at forsømme en tilbørlig Catecisation for at for at Unge  
kand andmelde sig eller atrående sig til Confirmation.

9.De fornødne Bøger til fattige Børn, Huspostille og Bibel, Men for det første Det nye  
Testamentet til enhver Skoleholder skal kjøbe af Skolecassens Penger maae Præsten see til  
at samme Bøger paa en fin Maade indbindes og Bøgerne ikke uden til grundig fattige Disciple  
udlaanes. Ligeledes og at Skolens Bøger ikke fortabes eller bortkommer. Og maae saadann

fattige Børn siden maatte enten flyttes bort i andet Sogn eller kommet saa vidt at de kunde fortiene noget, skal de enten levere Bøgerne tilbage, eller og kiøbe andre hvors stæd.

10.Paa det at alt kand gaa ordentlig til maae enhver Præst i sit Præstegield betiene Medhjelperne eller Oppebesvarelse Mænderne med en Liste paaskrevet navnene, af hvilke enhver især skal indkræves Penge til Skolecassen inden sin Direction og Tilsyn, modtage Skolens Penge af vedkommende, og derfor qvittere, betale Skoleholderen sin Løn, kiøbe fornødne Bøger og holde rigtig Regnskab over Indtægt og Udgifte, hvilket Regnskab hand engang om aaret, nemlig strax efter St.Hans da indsender til Provsten som baade self skal eftersee alt og tillige fremvise det for Amtmanden.

Skolerne tager over alt sin begyndelse udi første Uge efter Michaelis dag. Paa hvad Dag og Gaard skal nærmere betientgiøres af Prædikestolen og efter denne Plan bliver Skolevæsenet i alle Provstiets Præstegield.

### **Godkjenning**

Den Skoleunderretning fra Stavanger Provsti bliver hermed approberet udi alle dens Poste og Pungter, til alle vedkommende ærbødige efterlevelse. Og som den Afskrift bliver efter Dags Orginalen, der i stæden for den nubemeldte, henlagt udi Stavanger Amts Archiv. Saa vil det paaligge Provstiet om at besørge vedkommende Skrivelse fornødne riktige Orginal Poster og udskrifter videre sendt til Deres vedbørlige efterrettelighed; Ligeledes og samtidig at opfordre om videresendte Afskrifter her af til forvaring udi Stiftet.

Christiansand 13.januar 1764.

Adeler

Stiftamtmann

Ole Thideman

Bisp

## **Distriktsinndeling og krinsskipnad**

1. På slutten av 1700-talet tre lærarar. Distriktsinndeling ukjend.
2. Sokneprest Heiberg sitt framlegg 1801. (Ikkje vedtatt).
  1. Distrikt. Ullesnes 2 veker, Nordhus 2, Mehus 2, Østhus 2, Skjørvestad 2, Brimsøe 2, Gangenes 2, Hegland 4, Ask 2, Hodne 2, Rolaldstad 2, Førsvoll 2, Bjerga 2, Sel 1, Dale 2, Vig 1, Berge 1, Dalaker 1, Austbø 4, Eltarvåg 1, = 37 veker. X)
  2. Distrikt. Rosnes 2 veker, Vareberg 5, Hegreberg 3, Bru 4, Sokn 4, Akse 5, Vaula 2, Dysjaland 2, Voll 2, Hodnefjell 4, Kåda 1, Haugvaldstad 3, = 37 veker (Haugvaldstad delt).
  3. Distrikt. (Kvitsøy). Ystebø 2, Håland 4, Meling 4, Naustvoll 3, Nordbø 4, Austsida 4, Reianes 4, Bø 3, Voll 2, Galta 4, Risa 3, = 37 veker.
  4. Distrikt. Seglem 1, Steinsland 1, Stokdal 1, Hommersvoll 2, Sørbø 4, Ertenstein 2, Nordbø 6, Håvarstein 3, Helland 6, Litledal 2, Asmarvik 2, Haugvaldstad 1, Finnesand 1, Garmanslund 1, Sorgenfri 1, Kloster 2, Fjøløy 1, = 37 veker.
3. Frå 1813. 4 lærarar. Truleg har distriktsinndelinga vore slik sokneprest Heiberg gjorde framlegg om.
4. Distriktsinndelinga frå 1825.
  1. Distrikt:
    1. Rode: Håvarstein 3 veker, Vik 1, Berge 1, Dalaker 1, Austbø 4, Eltarvåg 1, Nordbø 6, Ertenstein 1, = 18 veker
    2. Rode: Sørbø 4, Hummervoll 2, Stokdal 1, Steinsland 1, Risa 3, Asmarvik 1, Voll 2, Galta 6, = 20 veker-
  2. Distrikt:
    1. Rode: Ullesnes 1, Nordhus 2, Mehus 2, Østhus 2, Skjørvestad 2, Roaldstad 1, Hodne 2, Aske 3, Hegland 4, Gangenes 1, Brimsøy 2, Førsvoll 1, Bjerga 2, Sel 1, = 26 veker
    2. Rode: Dale 2, Hausken prestegard 1, Helland 6, Litledal 1, = 10 veker
  - x) Namna er normaliserte.
3. Distrikt:

1. Rode: Rosnes 1, Vareberg 5, Hegreberg 3, Bru 5, Sokn 4, = 18 veker

2. Rode: Aske 5, Vaula 2, Dysjaland 2, Voll 2 = 11 veker

3. Rode: Reianes 4, Bø 3, Seglem 1 = 8 veker

4. Distrikt:

1. Rode: Hodnefjell 6, Kåda 1, Haugvaldstad 4, Finnesand 2, Kloster 2, Sorgenfri 1, Fjøløy 1 = 17 veker.

2. Rode: Kvitsøy 4, Nordbø 4, Meling 4, Håland 4, Ystebø 4, Hvidding 3, = 23 veker.

5. Distriktsinndeling frå 1836.

1. Distrikt: Håvarstein, Vik, Berge, Dalaker, Austbø, Eltarvåg, Nordbø, Ertenstein, Hommrevoll, Sørbø, Steinsland, Stokdal, Risa, Asmarvig, Litladal, Helland.
2. Distrikt: Ullesnes, Nordhus, Medhus, Østerhus, Skjørvestad, Roaldstad, Hodne, Ask, Hegland, Gangenes, Brimsø, Bjerga, Sel.
3. Distrikt: Rosnes, Vareberg, Hegreberg, Bru, Sokn, Aske, Vaula, Dysjaland, Voll, Galta, Reianes.
4. Distrikt: Utstein Kloster, Fjøløy, Finnesand, Haugvaldstad, Kåda, Hodnefjell.
5. Distrikt: Kvitsøy.

6. Frå 1842 vart Kvitsøy skilt ut. Ein fekk då desse distrikta:

1. Distrikt: Håvarstein, Berge, Vik, Dale, Sel, Hertil alle gardane "Innakleiva".
2. Distrikt: Rosnes, Vareberg, Hegreberg, Bru, Sokn, Aske, Vaula, Dysjaland, Voll, Kåda, Hodnefjell.
3. Distrikt: Kloster, Sokn + Reianes, Galta, Voll, Bø, Seglem og Asmarvik av Sørbø.
4. Distrikt: Hummervoll, Stokdal, Steinsland, Ertenstein, Sørbø, Nordbø, Austbø, Dalaker, Eltarvåg, Litledal og Helland.

## 7. Då den faste skulen vart bygt i Hausken krins vart det ny distriktsordning:

Til fastskulen vart lagt gardane: Hausken, Helland, Litledal, Nordbø, Austbø, Dalaker, Berge, Vik, Håvarstein. Hertil Eltarvåg med omgangsskule. 12 vekre og 3 dagar. Skulen skulle ta til 14 dagar etter nyttår og slutta 2 dagar før jul. Feriar: 1 veke i påskehelga, 4 dagar i pinse, 3 veker i våronna, 3 veker i slåtten, 2 veker i haustonna.

I omgangsskuledistrikta skulle skulen ta til seinast 6 veker etter nyttår og vera ferdig innan 2 dagar før jul. Fritida som for den faste skulen.

Omgangsskuledistrikta vart ordna slik:

1. «Østre Skoledistrikt. 1ste Rode 8 Opsiddere og 8 Ukers Undervisningstid indbefattet Gaardene Bjerga, Roaldstad, Sæhl og Dale,

2dre Rode 16 Opsiddere 15 Ugers Undervisningstid, indbefattet Gaardene Hodne, Ask, Hægland, Gangenes, Brimsø,

3de Rode med 11 Opsiddere og 11 Uger 2 Dager Undervisningstid indbefattet Gaardene Skjørvestad, Østhus, Mehuis, Hordhuus, Ullenæs.

Distriktet 24 Uger 2 dager.

2. Sørbø Distrikt 1ste Rode med 16 Opsiddere 16 Uger 5 dager. Undervisningstid indbefatter Gaardene: Asmervig, Seglem, Risa, Hummervold, Stokdal, Steensland, Sørbø, Ertensteen.

2dre Rode med 15 Opsiddere og 17 Uger 4 dager Undervisningstid indbefattet Gaardene: Reianes, Galta, Vold og Bø.

Distriktet 34 Uger 3 dager.

3. Skoledistrikt. 1ste Rode med 11 Opsiddere og 10 Uger 3 dager. Undervisningstid indbefatter Gaardene Askø og Vaufle.

2dre Rode med 11 Opsiddere og 12 Ugers Undervisningstid. Indbefattet Gaardene Sogn og Bro.

3de Rode med 12 Opsiddere og 12 Uger Undervisningstid, indbefatter Gaardene Hægreberg, Vareberg og Rosnes.

Distriktet 34 Uger 3 dager.

4. Kloster Distrikt 1ste Rode med 4 Opsiddere og 10 Ugers Undervisningstid indbefatter Gaarden Udsteen Kloster.  
2dre Rode med Opsiddere 12 Uger Undervisningstid indbefattet Gaardene Finnesand, Haugvaldstad og Kodde.  
3de Rode med 10 Opsiddere og 12 Uker 3 dager Undervisningstid indbefatter Gaardene Hodnefjeld samt af Askø Sogn Døskeland, Vold.

Distriktet 34 Uger 3 dager”.

Den ovannemnde distriktsinndelinga vart vedteken på eit møte i skulekommisjonen 23/6-1854. Same dagen vart fastsett kor mange dagar kvar skulle ha skulen. Dei fleste 1 veke, andre 1 veke 3 dagar. Andre berre 3 dagar. Lengst skriver Petersen på Voll med 2 veker og 2 dagar. ”Skolen holdes 2 Ganger om Aaret i hver Rode med  $\frac{1}{2}$  paa hver”.

5. I 1861 vart krinsdelinga og veketalet sett slik. Etter vedtak 26/3-1863 skulle skulane delast i klassar når barnetalet kom over 24 elevar.

For 1865 finn ein denne klassedelinga i dei ymse krinsane:

Hausken faste skule 1ste klasse 9 veker

2dre    "    9    "

Frivillig    8    = 26 veker

Eltarvåg. Samla skule                          4    "

Læraren hadde                                  30 veker

## 8 Krinsinndeling frå 1861.

- A. Krinsstove på Risa. Skulen i Krinsstove i 18 veker.  
«Børnene deles efter Ferdigheder i 2 Afdelinger efter sædvanlig Fordeling». Hertil gårdane Reianes, Asmarvig og Ertenstein. På Reianes krinsstove med plassen Låder. 5 veker skule.  
«Børnene tilpligtes til bekvem tid at søge Kredsstuen for nogen Uger saa at hvert Barn faar mindst 9 Uger Skole vert Aar. Det bemerkes at Børnenes Antal under Kredsen Reianes er blot 9».  
Asmarvig, Ertenstein får 1 veke og må gå resten på krinsstova på Risa. Samlet skuletid 25 veker 2 dagar.

B. Hausken Skoledistrikt bestaaende af Hausken Skolekredse i Forening med Eltervaag og Renneren. Børnene fra disse gaardene kan deltag i Undervisningen i Kredsstuen indtil det Lovbestemte Antal Uger opnåes.

C. Rennesø Østre Skoledistrikt (Innakleivs).

Distriktet har 3 krinsar + Brimsø.

1ste Skolekreds. Førsvold 8 Uger.

Børnenes Antal kun 13. Andragende om dispensation.

2dre Kreds. 12 Uger. Hodne Gangenes.

3de " Skjørvestad til Ullenes 12 Uger.

I samtlige omgangsskole”.

D. Askø Skoledistrikt (32 Uger). Omgangsskole.

4 Kredse med 4 Dagsskole i 4 Kredse.

- a. Askø Skolekreds med 8 Uger. Børnenes Antal 13, derfor dispensation. Selvig som har tilhørt denne Kreds, bekvemmst for Fremtiden henlægges til Kloster Kreds.
- b. Sokn, skoletid med for Tiden 7 Børn 6 Uger og forresten at behandle efter § 6.
- c. Bro Skolekreds 12 Uger.
- d. Omøen Kreds 8 Uger. Børnenes Antal 13. Til sammen 34 Uger.

E. Kloster Skoledistrikt. «Distrikte har hidtil været delt i 3 Roder, men Biskopen bestemte ved Bispevisitatsen 21/9-61 at der for Fremtiden skulle deles kun i 2 Kredse og da med Kredsstue om der fandtes 30 Børn i nogen af Kredsene. Bygges eller leies ikke Kredsstue bliver Distriket at dele i mindre Kredse.”

Det var vanskelig å få tenleg krinsstove i Kåda eller Haugvaldstad krinsen. Dei heldt difor fast på 3 krinsar som svara til 3 roder før.

1. Vold Skolekreds indbefattende Vold, Døskeland, Hodnefjeld og Plasen Selvig
2. med 12 Uger Skole.
3. Haugvaldstad Skolekreds indbefattende gaarden Kodde, Finnesand og Haugvaldstad. 12 Ugers Skole og 18 Skolepligtige Børn.
4. Kloster Skolekreds indbefattende Gaarden Kloster med Underbrug. 14 Skolepligtige Børn og 8 Ugers Skole”.

Frå 1862 vart dette distriket delt i to.

9. Etter vedtak 26/3 1863 skulle klassane delast når barnetalet vart over 24. For 1865 vart vektalet fordelt slik: Hausken

Hausken Faste Skole 30 veker

1ste Klasse 9 veker

2dre " 9 "

Friviljug 8 "

Eltarvåg 4 " samla skule

30 veker

Sørbø krins:

1ste klasse 9 veker

2dre " 9 "

Samla skule 10 " (av dei 3 veker friviljug)

28 veker

Kloster, Indre 1ste klasse 9 veker (Delt skule på grunn av barn tal, 30 born)

(Dysjaland, Voll, Hodnefjell, 2dre " 9 "

Finnesand)

Kloster Ydre. (Kloster og Fjøløy) 12 " samla skule. Krinsstove hos Garman

30 veker

Aske Kreds Aske 8 veker

Sokn 6 "

På omgang Bru 10 "

Samla skule Åmøy 10 "

34 veker

Østre Indre (Innakleivs) 34 veker Omgangs.

I alt 156 veker

I 1872 er vektalet i Aske auka med 3 veker og Østre Indre (Innakleivs) med 2 veker.  
Vektalet i alt 161 veker.

1883. Krinsordning.

Hausken Kreds      18 veker lovfest (9) 2 klassar

(9)

12 " friviljug

30 veker

Sørbø Kreds      18 veker      (9) 2 klassar

(9)

12 " friviljug

30 veker

Hægland Kreds      18 veker

9     " friviljug

4     " Brimsø omgangsskule

7 " Dale og Sel     "

38 veker

Bro og Omø Kreds      Bro 18 veker

Omø 18 "

36 veker

Kloster Kreds      18 veker

Vaula     "      18 "

36 veker

## 10. Krinsinndeling frå 1890.

Mosterøy.    Vaula krins (40 born)

2 delt skule    15 veker storskule (lærar)

12 "    småskule (lærarinne)

27 veker

Kloster krins. (34 born)    15 veker storskule (lærar)

12 "    småskule (lærarinne)

27 veker

Åmøy krins (29 born) Storskule 15 veker

Småskule 10 "

Bru krins (24 born)    Storskule 14 veker

Småskule 12 "

Lærarar i storskulen i begge krinsane.

Lærarinne i småkulen.

Stort sett heldt denne ordninga fram til 1916 då Vaula krins vart 3 delt med eigen lærar. 40 veker. Kloster krins 2 delt med 30 veker.

## Rennesøy 1890.

Krinsskipnad. Sørbø krins. 2 delt

15 veker pliktig + 6 veker friviljug skule.

15 "    skule i 1ste klasse.

Lærarposten på 21 storskule + 9 småskule veker.

Lærarinnekost eller hjelpe-lærarpost på 6 veker.

Hausken krins (72 born) 3 delt skule.

15 veker skule for kvar av dei øvste klassane. Lærar i storskule.

12 veker for 1ste klasse.

Lærarinne i småkulen.

Hegland krins. (53 born) 2 delt skule

15 veker for kvar klasse.

Hertil 6 veker friviljug i tillegg til øvste klasse.

Brimse-Dale og Sel fekk 1892 skule for seg med 9 veker i Dale og Sel (samla skule) og 9 veker i Brimse.

Skuletida vart auka med sløyd i kvar av krinsane, men elles var skuleordninga den same til i mellom krigsåra.

### **Utdrag av nokre skulebudsjett.**

*Skoleregnskab pro Anno 1791.*

Rd. O. S. <u>Debet.</u>	3de Skoleholdernes Løn 24	- -	<u>Kredit</u> 135 Gaardmand a 10 s = 14	- 6
			14 Huusmand a 4 "	= 0- 3- 8
			Lysholdepenge	4- 0- 0
			Tavlepenge	1- 0- 0
			Hr. Johan Garman	0- 3- 0
			Præsten	0- 3- 0
An Saldo. Cassen til gode	<u>29- 3- 10</u>		Cassens Beholdning	<u>32- 3-12</u>
	<u>53- 3- 10</u>			<u>53- 3-10</u>

*Skuleregnskaben 1815.*

Indtægt	Spd. Ort. Sk.	Udgift.	Spd. Ort. Sk.
Forrige Aars Cassebeh.	22 - 2 - 5	1/6 Skoleholdernes løn	
140 Gaardmand a 10 sk.	27 - 2 - 1	Udbetalt som i forrige Aar	
16 Huusmand a 4 sk.	1 - 1 - 8	Knud Samuelsen Risa	12
Lysholdepenger	7 - 1 -	Truls Johannesen Nordbø	12
Tavlepenger	19 - 1 - 8	5/6 Asbiørn Pedersen Eieldøen	12

Avg. av kirkesangeren	4 - 0 - 0	Cassens Beholdning for dette Aar	43 - 4 - 8
Hr. Provst Heibergs Contigent	0 - 5 - 0		
Sognepræstens	<u>5 - 0 - 0</u>		
	<u>91 - 4 - 8</u>		<u>91 - 4 - 8</u>

Rennesøe d. 31. December 1815

Oftdahl.

Budgett 1853.

Lønninger til den faste Skoles lærer 30 spd.

" " 4 omg. Skoleholdere a 15 sp. 60 "

" " Regnskabsføreren 2 "

Til Bøger og Skrivematerialer (for et og  
andet fattig Barn) anslaas omtrent at ville medgaa 5 "

Til Avertisiment i Morgenbladet angaaende

Besættelsen av Skolelærerposten ved den faste

Skole og Kirkesangerposten 1-22½

98 spd.-22½


*Budsjettframlegg 1873.*

a. Læreren ved Hausken faste Skole	30 Uger a 1 Spd. = 30 Spd.
b. " " Hausken Indre	36 " " 1 " = 36 "
c. " " Sørbø Kredsskole	28 " " 1 " = 28 "
d. " " Askø "	37 " " 1 " = 37 "
e. " " Kloster Kredsskole	30 " " 1 " = 30 "
f. Havnegang for 2 koer for Selland	3 "
g. Afgift af Skolejorden	4 "
h. Tilfældige Udgifter	14 "
i. Husleie godtgjørelse for Læreren i Aske 1972	<u>3 "</u>
	185 Rd.
j. Tilbygg på skulehuset (Bilag)	<u>14</u>
	<u>199 -</u>

*Skulebudsjett for 1883.*

a. Lærernes Lønning 173 Uger a 8 kr.	= 1384 kr.
b. Afgift af Skolejord og Havnegang (Hausken)	= 28 "
c. Til indrodelse af et Værelse ovenpaa i skolehuset paa Hegland	= 40 "
d. Inventarium	= 30 "
e. Skolesogn til fattige Børn	= 12 "
f. Tilfældige Udgifter	= 20 "
g. Sellands Pension for 1883 af Skole kassen	= 50 "
h. Til afbetaling paa Laanet til Omø Skolehus	<u>= 200 "</u>

1764 kr.





Sigmund Sunnanå (f. 1932) er frå Mosterøy. Etter å ha jobba med gards- og snikkararbeid fekk han befalsutdanning, tok lærarutdanning på Stord, examen artium som privatist ved Stavanger katedralskole, magistergrad i pedagogikk ved Universitetet i Oslo og Statens forvaltningshøgskole. Han har vore lærar i folke- og framhaldsskolen i Hetland kommune, Rogaland, lektor i pedagogikk ved Stord lærarskule, konsulent, dagleg leiar og formann i Lærarutdanningsrådet, rektor ved Stavanger lærarhøgskole, Skoledirektør/ Utdanningsdirektør i Rogaland. Leiar eller medlem i ei rekke offentlege komitear eller utval, skrive artiklar i bøker og tidsskrift og innlegg i aviser. Blei pensjonist i 2002 etter å ha hatt leiarstillingar i staten i 34 år. Som pensjonist mellom anna vore redaktør for Skolehistorisk årbok for Rogaland og redigert heimesida: [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no). Er heidra med Kongens fortjenestemedalje i gull. Svein Helgesen har skrive biografien: Vandring mot varden. Sigmund Sunnanå - liv og virke. Forlaget Horisont, 2012.